



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

LANGTIDSPLAN FOR MILJØVERNAVDELINGA 1987 - 1990



MILJØVERNAVDELINGA

Fylkeshusa Tlf. 072-58000
6400 MOLDE

Rapport nr. 1 - 1987

ISBN 82-7430-001-7

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

*LANGTIDSPLAN FOR MILJØVERNAVDELINGA
FOR PERIODEN 1987 - 1990*

Rapport nr 1 - 1987
ISBN 02-7430-001-7

INNHALDSFORTEGNELSE
FOR SAMANDRAG AV LANGTIDSPLANEN

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
1. NATURVERN	1
2. FRILUFTSLIV	3
3. VILT	5
4. FERSKVASSFISKFORVALTNING	7
5. VASSFORUREINING	8
6. AVFALL	11
7. STØY	14
8. VASSFORSYNING	15
9. VASSDRAGSFORVALTNING	16
10. ADMINISTRASJON OG RESSURSAR	18

SAMANDRAG AV LANGTIDSPLANEN

Sjølve langtidsplanen er på vel 170 sider. Miljøvernavdelinga har lagt vekt på å lage ei utfyllande utgreiing om status og utfordringar for fagfelt avdelinga arbeider med. Dette for at planen òg skal tene som referanse og informasjonskjelde. Ved framtidige rulleringar vil planen bli komprimert og gjort meir handlingsretta.

Det er fleire tilhøve ved miljøvernavdelinga som gjer langtidsplanlegging vanskeleg. Det største problemet er at mesteparten av tida til dei fast tilsette går med til gjeremål som er pålagt etter lov- og regelverket, og til å møte eller å tale i telefonen med partar i saker som er under behandling. Det er berre ein liten del av dei fast tilsette sin innsats som kan underleggjast prioritering etter ein behovsanalyse. Oppgåver som er prioriterte på ein slik måte må vi prøve å få utført ved hjelp av konsulentar og engasjert personale. Men her er uvissa om framtidige løyvingar eit stort problem.

Langtidsplanen skal først og framst tene miljøvernavdelinga sitt eige behov. I framtida vil årsplanar, årsbudsjett og langtidsbudsjett bli baserte på langtidsplanen.

Planen vil bli rullert i takt med fylkesplanen, og miljøvernavdelinga sine bidrag til denne vil bli basert på langtidsplanen.

På denne måten bør vi kunne leggje fram for fylkesplansekretariatet betre og meir gjennomarbeidde vurderingar og prioriteringar for fagområda naturvern, friluftsliv, vilt, ferskvassfisk, vassdragsforvaltning og dei ymse formene for forureining.

Formålet med LTP er først og framst å auke effektiviteten i avdelinga ved å fordele ressursane og innsatsen på dei ulike oppgåvene etter ein gjennomtenkt plan.

LTP skal gje grunnlag for:

- prioritering av arbeidsoppgåver innanfor dei einskilde saksområde
- prioritering mellom saksområde
- prioritering av ressurstilgang til dei einskilde saksområde og arbeidsområde

Når det gjeld prioritering av oppgåver og framdrift, vil ein i LTP òg ta omsyn til den nytta kommunar, fylkeskommunen og statlege sektororgan kan ha av resultat og informasjon som miljøvernavdelinga vil skaffe fram gjennom sitt arbeid.

Planperioden er 4 år. Den vil bli rullert i takt med fylkesplanen, og første planperiode er frå 1987 til 1990.

1. NATURVERN

Naturvern er primært eit statleg ansvar, politisk styrt av Stortinget. Fleire sider ved naturvernet er bunde i internasjonale avtalar og konvensjonar. På mange måtar er det duka for konflikt mellom dei overordna, langsiktige verneinteressene og lokale næringsinteresser og kommunane sine krav til sjølvråderett.

Ved miljøvernavingdelinga er det ikkje noko fagleg skilje mellom arbeidet med naturvern og friluftsliv. Ei gruppe på 4 personar arbeider med desse to hovudfelt, og naturverninspektøren er fagleg leiar av gruppa. Skjønsmessig går 2,1 årsverk med til naturvern og 1,9 årsverk til friluftsliv.

Dei 2,1 årsverka til naturvern går stort sett med til å ta hand om arbeid som er pålagt avdelinga gjennom lover og regelverk eller pålagt av Direktoratet for naturforvaltning eller Miljøverndepartementet. Dei viktigaste av desse oppgåvene er:

- Administrative oppgåver og sakshandsaming i samband med vernetiltak samt skjøtsel og drift av verna område.
- Administrative oppgåver og sakshandsaming i samband med alle former for arealplanlegging og naturinngrep.
- Administrative oppgåver og sakshandsaming av konsesjonssøknader på fiskeoppdrett, kraftutbygging og kraftleidningar.
- Naturverninteresser i samband med samla plan for vassdrag.

MÅL

Naturvern er eigentleg ein kontinuerlig prosess og ikkje eit arbeid mot endelege mål. Like fullt er det mogleg å sette opp mål for arbeidet. Nedanfor er dei viktigaste måla avdelinga vil arbeide for i planperioden:

- Sikring av naturtypar, planter, dyr og fuglar ved områdevern.
- Forvaltning av verna område slik at verneverdiane blir oppretthaldne eller om mogleg betra.
- Fremje omsyn til naturvern og økologi i arealplanlegginga.
- Sikring av vassdrag som økosystem.
- Fremje omsyn til naturvern i jord- og skogbruk.
- Betre kunnskapen om naturen gjennom forskning og overvaking.
- Betre informasjon om naturvern.

TILTAK

Gjennomføring av dei fylkesvise verneplanane med etterfølgjande skjøtsel av dei verna områda er dei viktigaste tiltaka for å oppnå dei to første utfordringane. Vi reknar med å komme langt i dette arbeidet innan 1990.

Verneplanane vil berre dekkje ein liten del av vårt areal, og mange små, verneverdige område må ein prøve å sikre gjennom den kommunale arealplanlegginga. Vi arbeider for dette gjennom merknader til arealplanar og ved informasjon til kommunane. Her bør vi satse meir på informasjon for å auke interessa for naturvern i kommunale organ.

Vassdrag er særst viktig for dei lokale økosystema rundt om i fylket. Det er viktig å halde ved like kantvegetasjon så vel som variasjonsrikdom og biologisk produksjon i sjølve vass-strengen. Vi arbeider for dette gjennom saksbehandling av forbyggings- og senkingssaker og arealplansaker. Men det er eit mål å vinne forståing for dette innan jordbruket. Det bør setjast att eit vegetasjonsbelte mellom dyrka mark og vass- eller elvekanten.

Dei tre siste måla må vi arbeide for ved å skaffe betre kunnskap om korleis naturen fungerer, om kva som er til gagn og kva som er skadelig, og la denne kunnskapen bli ført vidare til grunneigarar og andre som er med på å avgjere korleis naturen blir brukt.

Dei viktigaste hjelpemidla i arbeidet for naturvern er det mynde og ansvar som er pålagt fylkesmannen i lover og regelverk som styrer arealbruk og naturforvaltning. Statlege tilskottsordningar og informasjonsarbeid er andre viktige hjelpemiddel.

Det blir løyvd pengar av Stortinget som er øyremerkt til ymse former for naturvern. Med dei nye, høgare erstatningane Staten må betale grunneigarane for områdevern, vil spesielt gjennomføringa av dei fylkesvise verneplanane bli dyr.

2. FRILUFTSLIV

I framtida vil vi truleg få meir og meir fritid og dermed auka behov for rekreasjon og friluftsliv. Fleire og fleire av oss bur i byar og dette fører til eit auka behov for å bruke delar av fritida ute i kontakt med fri natur. Omsyn til både helse og trivsel krev at vi tek vare på friluftslivet og utviklar det vidare som ein verdfull del av vårt livsmønster.

Det offentlege friluftslivarbeidet bør derfor fremje:

- Friluftsliv for alle
- Friluftsliv i nærmiljøet
- Friluftsliv i harmoni med naturen

Friluftsliv for alle inneber for det første å oppretthalde friluftsliv som ein sentral del av livsmønsteret hos den vanlege nordmann, og for det andre å leggje til rette for auka friluftaktivitet blant dei grupper som i dag driv lite friluftsliv, slik som eldre, funksjonshemma og småbarnsforeldre.

Friluftsliv i harmoni med naturen inneber å stimulere dei aktivitetane som gjev liten slitasje på naturen, og som gjer sitt til å auke forståinga av kor viktig det er å ta vare på naturverdiane.

Det er viktig å prioritere det enkle friluftslivet i nær kontakt med naturen og med små krav til fysisk tilrettelegging og personleg utstyr.

Den allmenne rett til fri ferdsel er ein grunnleggjande føresetnad for friluftslivet slik det har utvikla seg i Noreg. Det er vesentleg at denne retten blir oppretthalden.

Tilhøva for friluftsliv er gode i Møre og Romsdal, alle som ønskjer det kan glede seg over eit rikt tilbod på friluftsliv og naturopple-

ving innan rimeleg avstand frå heimen. Den største utfordringa ligg i å ta vare på dei gode friluftstilboda vi har.

Ei viktig oppgåve i planperioden er å få til regionalt samarbeid om friluftslivet. Miljøvernavingdelinga meiner fylket bør delast opp i 8 regionar som er sett saman av kommunar som soknar til dei same friluftsområda. Interkommunalt samarbeid bør etablerast gjennom regionale friluftsråd.

Kvart friluftsråd bør få ein sekretær på heil tid som blir betalt ved statstilskott og ved bidrag frå kommunane. Ved sida av vanleg sekretærarbeid bør sekretæren arbeide med planlegging og skjøtsel av friluftsområde og tale friluftslivet si sak i kommunane innanfor regionen.

MÅL

Miljøvernavingdelingas mål for sitt arbeid med friluftsliv er:

- Sikre tilstrekkelege areal med omsyn til kvalitet og storleik for at alle i Møre og Romsdal som ønskjer det skal ha høve til eit variert og stimulerande friluftsliv i rimeleg avstand frå heimstaden.
- Betre tilkomsten til friluftsområda og leggje tilhøva til rette for at flest mogleg kan få høve til å bruke dei.
- Auke kommunane si interesse for å ta vare på dei lokale friluftssinteressene gjennom arealplanlegging og andre tiltak.
- Betre samarbeidet med organisasjonar som har interesser innanfor friluftslivet.
- Redusere uønskt aktivitet innanfor friluftsområde. Dette er som oftast ulike former for bruk av motorkjørety.

TILTAK

Miljøvernavingdelinga vil arbeide for at handlingsplanen for friluftslivet blir gjennomført. Etter siste rullering er planen redusert slik at den har eit ambisjonsnivå som er i samsvar med løyvingane av statstilskott dei siste åra. Handlingsplanen vil medverke til ei utvikling i retning av å oppfylle dei to første måla lista opp ovanfor.

Ein vil prøve å sikre friluftssinteressene gjennom behandling og merknader til arealplanar og kommuneplanar. Ved sida av å halde fram med påverknad av kommunane på denne måten bør miljøvernavingdelinga satse på informasjon.

Ein annan måte å påverke lokal politisk haldning til friluftssinteressene er å gå meir systematisk ut for å finne alliansepartnerar i lokalmiljøa. I den samanhengen er det fleire lag og organisasjonar som peikar seg ut.

Det nasjonale målet om å fremje dei enkle formene for friluftsliv i pakt med naturen står i konflikt med auka bruk av motorisert ferdsel i friluftsområda. Miljøvernavingdelinga vil difor halde fast på ei restriktiv linje når det gjeld motorisert ferdsel i utmark.

Miljøvernavingdelinga arbeid med friluftslivet vil bli utført av fast tilsett personale og betalt over det ordinære budsjettet til avdelinga. Det vil gå med om lag 1,9 årsverk i året og over halvparten av dette går til sekretærarbeid for fylkesfriluftsnemnda.

Miljøvernavingdelinga vil ha bruk for ein del ekstra midlar for å setje i verk EDB-registeret over friluftsområde FRIDA og til rullering av handlingsplanen for friluftslivet.

3. VILT

Grovt sett kan ein dele mykje av arbeidet med viltspørsmål inn i to hovudfelt etter målsetjinga eller formålet med arbeidet. Det eine feltet går naturleg inn under omgrepet naturvern og omfattar ei rekkje tiltak for å sikre artsmangfaldet i den høgare faunaen. Den andre delen av arbeidet går ut på å gjere dyrelivet sin totalnytte for menneska størst mogleg, t.d. gjennom å leggje forholda til rette for hausting, påverke produksjonen for visse artar og hindre at artar gjer skade av ulik art. Av desse to arbeidsfelta skal det første gjevast prioritet der tiltak kan gje konflikhtar mellom målsetjingane. Som oftast vil det likevel ikkje vere motsetning mellom vern og ei aktiv utnytting av dyrelivet slik dette saksfeltet vert forvalta her i landet.

Miljøvernavingdelinga har tilsett ein person fast til arbeidet med vilt. Mykje av kapasiteten går med til oppgåver som er pålagt av overordna fagorgan eller som følgjer av lover og regelverk. Slike oppgåver tek rundt 0,8 årsverk og omfattar m.a.:

- Ivaretaking av viltomsyn i areal- og inngrepssaker.
- Sturviltforvaltning
- Økonomiforvaltning
- Informasjonsverksemd og rettleiing
- Prosjektadministrasjon
- Faglege konferansar
- Jegerprøva
- Faglege fråsegner i ulike høringssaker
- Diverse saksbehandling etter viltlova

MÅL

Ut frå dei målsetjingar som er sette for arbeidet med vilt frå sentralt hald, og dei spesielle utfordringar som krev løysing her i fylket, kan det vere naturleg å peike på fire målsetjingar for viltarbeidet dei næraste åra:

- Styrkje vernet av viltet sine leveområde
- Optimalisere sturviltforvaltninga tilpassa naturgrunnlaget
- Betre ålmenta sin tilgjenge til jakt
- Kartleggje og redusere konflikhtar mellom vilt og næring

TILTAK

Av aktuelle tiltak som vil bli prioriterte for å møte dei utfordringane som er nemnde, er det naturleg å trekkje fram følgjande:

1. Biotopvern

For å oppnå eit betre vern av viltet sine leveområde er ein komen i gang med å utarbeide eit viltområdekartverk for fylket. Dette vil bli nytta både i vanleg forvaltning under løpande behandling av ulike plan- og utbyggingssaker hos viltorgana og stilt til rådvelde for planorgan og andre som driv aktivitetar i utmark som kan påverke viltet. Av biotopverntiltak som vil bli utførte som prosjekt etter planen, inngår arbeid med å få viltomsyn inn i skogbruket sine driftsplanar, vern og skjøtsel av vinterområde for hjort, samt trygging av andre utsette viltlokalitetar som ikkje blir fanga opp av tiltak etter naturvernlova.

2. Tiltak innan storviltforvaltninga

Som eit ledd i den ordinære forvaltninga vil det bli satsa på å informere viltnemndene om ei god og målretta storviltforvaltning der m.a. avskytingsopplegg og valdorganisering vil stå sentralt. Informasjon til jaktlag og jegerar vil òg bli prioritert. Innsamling av jegerobservasjonar under elgjakta og vårteljingar i regi av viltnemndene når det gjeld hjort vil bli systematiserte og bygde ut for å overvake bestandane. Av prosjekt vil det bli sett i gang arbeid med å kartleggje korleis hjortejakta er organisert rundt om i fylket, og eit anna prosjekt som skal vise korleis denne jakta reint praktisk blir driven.

3. Tiltak for å betre ålmenta sin jakttilgang

Ei oppstarta undersøking vil vise korleis den aktuelle situasjonen i fylket er på dette feltet, og samtidig gje svar på behovet for vidare tiltak. Særleg aktuelt vil det vere å arbeide med å starte nye utmarkslag, få til samarbeid mellom eksisterande lag, endre regelverket for laga slik at det blir meir i tråd med jegerane sine ønske og betre kunngjeringa av tilbodet. Hovudinnsatsen vil bli lagt på småviltjakt, men ein tek òg sikte på å kome i gang med eit prosjekt som tek opp utleige av storviltjakt som tema. Fylkesutmarkslaget vil vere ein naturleg samarbeidspartner i desse prosjekta.

4. Reduksjon av viltskadar på næringsinteresser

Arbeidet med erstatning for hjorteviltskadar er delegert til fylkesmannen og vil gje auka arbeidsoppgåver. Det vil bli prioritert å leggje hovudinnsatsen på den forebyggjande sida når det gjeld viltskadar generelt. Personleg kontakt med skadeutsette er her viktig både for å kartleggje omfanget og årsak til eventuelle skadar, for å informere om tiltak og årsakssamanhengar, og om mogleg heve tålegrensa hos skadeutsette. Dette gjeld både beiteskadar, rovviltskadar og skadar på akvakultur. Det meste av arbeidet med tiltak innan feltet vil truleg måtte utførast som ledd i løpande forvaltning, men ein vil setje i gang eit prosjekt som særleg skal kaste lys over omfang og årsaker til hjorteskadar i skog.

For å kunne følgje opp langtidsplanen og få gjennomført dei prosjekta som det er gjort greie for, vil det vere nødvendig å få tilført ekstra ressursar som tilsvarar rundt fire årsverk i løpet av planperioden.

Dette gjer ein rekning med å få gjennom løyvingar frå viltfondet.

4. FERSKVASSFISKFORVALTNING

Pr 1.1.1987 er det berre fiskerikonsulenten som er fast tilsett for å arbeide med dette hovudfeltet.

Da han tok opp arbeidet i 1983, viste det seg at dei administrative og forvaltningsmessige oppgåvene som gjorde seg gjeldande langt oversteig eitt årsverk i året. Arbeidsmessig har fiskerikonsulenten vore på etterskot frå den dagen han starta.

Dette tek vi som eit teikn på at ferskvassfiskforvaltning lenge har vore forsømt, og at vi har eit stort etterslep av uløyste oppgåver.

Problema som lakseparasitten Gyrodactylus salaris har ført med seg har ført til mykje ekstra arbeid. Av dei 28 angripne lakseelvane i landet ligg heile 18 i Møre og Romsdal. Direktoratet for naturforvaltning har laga ein handlingsplan for tiltak mot parasitten for perioden 1987 - 1996. Administrasjonen av tiltaka i Møre og Romsdal vil bli fiskerikonsulentens si oppgåve.

I planperioden vil fiskerikonsulentens sin innsats vere fullt ut belagt med oppgåver som allereie er bestemt gjennomført. Dei kan summerast opp slik:

Administrative oppgåver som stamfiskeløyve, fredingssoner ved elveutløp, elveforbygging og -senking, vassuttak frå elvar og spørsmål om minstevassføring, osb.	0,5 årsverk
Administrasjon, rettleiing og informasjon i samband med tiltak mot G. salaris	0,4 årsverk
Oppgåver i samband med settefiskanlegg, smittefare, oppdrettsfrie soner osb.	0,3 årsverk

Til saman blir det meir enn eitt årsverk.

Det viser seg at på grunn av den store innsatsen på tiltak mot G. salaris må fiskerikonsulentens ha hjelp av engasjert personale for å makte sine administrative oppgåver.

MÅL

I tillegg til dei administrative oppgåvene nemnde ovanfor, har miljøvernavingdelinga tre store mål for planperioden innan dette fagfeltet:

1. Framgang i arbeidet med å utrydde Gyrodactylus salaris.

Dette vil bli gjort i samsvar med handlingsplanen som er laga av Direktoratet for naturforvaltning. Arbeidet vil bestå av kontroll og overvaking av både smitta og ikkje smitta elvar, planlegging og gjennomføring av rotenonbehandling og etterkontroll av behandla elvar. Målet er at parasitten skal vere utrydda innan 1996.

2. Fiskebiotopisk kartlegging av elvar og vatn i Møre og Romsdal.

Her i fylket har vi store ferskvassfiskressursar som ikkje er godt utnytta eller ikkje utnytta i det heile. For å kunne planleggje ei økonomisk og biologisk gunstig forvaltning og nyttegjering av desse ressursane må dei registrerast. I 1987 blir det nye vassdragsregisteret (Regine) sett i drift og da har vi ein god reiskap til å registrere dei fiskebiotopiske tilhøva i elvar og vassdrag. Når registreringa er gjort, må vi saman med kommunane, grunneigarane, fiskeforeiningar osb utarbeide planar for forbetringstiltak, skjøtsel, kortsal osb.

3. Kompensasjonstiltak for å bøte på skadar på fisken ved kraftutbygging.

I vassdrag som er utbygde til kraftformål, er utbyggjaren pålagt på ymse måtar å bøte på skadar utbygginga påførte fisken. Miljøvernavingdelinga ønskjer å gå gjennom alle kraftkonsesjonar for å sjå på kva krav til kompensasjonstiltak som er til stades, korleis desse er sett ut i livet, kva nytte dei har gjort, og eventuelt kva som kan gjerast betre. I samband med dette arbeidet bør det òg utarbeidast planar for endringar eller nye tiltak og leggje desse fram for forvaltninga (Direktoratet for naturforvaltning) som har fått makt til å påleggje dei ulike regulantane å koste granskingar og ymse tiltak i samsvar med vilkår som er gjevne i konsesjonar.

RESSURSAR

Som vist ovanfor har miljøvernavingdelinga ikkje eigne ressursar som er nok til å dekkje dei administrative oppgåvene innanfor dette hovudfeltet. Alle dei tre tiltaka som er omtala ovanfor må finansierast ved ekstra løyvingar og gjennomførast av engasjert personale eller ved hjelp av konsulent.

1. Stortinget har løyvd pengar til handlingsprogrammet mot Gyrodactylus salaris, og det er rimeleg at miljøvernavingdelinga sin innsats i programmet blir betalt av pengane som er løyvde til dette formålet. Beløpa som bør overførast til miljøvernavingdelinga i planperioden ligg mellom kr 360.000,- og kr 400.000,- i året.
2. Fiskebiotopisk kartlegging av elvar og vatn er eit fiskefremmande tiltak som bør finansierast av fisketrygdavgifta. Beløpet er på vel kr 300.000,- i året frå 1988.
3. Kompensasjonstiltaka for kraftutbygging bør betalast av kraftselskapa. Men det vil krevje mykje arbeid for å få klarlagt premissane og å kome til forståing med kraftselskapa om desse spørsmåla. Til det er gjort, bør desse utlegga finansierast av fisketrygdavgifta. Det dreiar seg om vel kr 300.000,- i året frå 1988.

5. VASSFORUREINING

Fylkesmannen har fått til oppgåve å passe på forureining etter Forureiningslova når det gjeld kommunale kloakkutslepp og avfallsanlegg. Fylkesmannen har dessutan tilsynsoppgåver etter fleire forskrifter gjevne i medhald av Forureiningslova.

Som den som tek seg av forureining skal fylkesmannen ha oversikt over kor forureina vatnet er. Møre og Romsdal er prøvefylke for lokal overvaking av vatn i samband med statleg program for forureiningsovervaking.

Dei viktigaste oppgåvene miljøvernavinga har når det gjeld fagfeltet vassforureining er:

- Behandling av kommunale utsleppssaker. Dette gjeld sektorplanar og søknader om utsleppsløyve.
- Vurdering av forureiningsspørsmål i samband med oversiktsplanar og reguleringsplanar.
- Behandling av søknader om etablering av fiskeoppdrettsanlegg.
- Tilsyn og kontroll med forureining frå landbruket.
- Behandling av låne- og tilskottsaker, godkjenning av kommunale vedtak om kloakkavgift (og renovasjonsavgift).
- Overvaking av forureiningssituasjonen.

Arbeidet blir utført av VAR-gruppa. VAR-gruppa består av 4 personar, med fylkesingeniøren som fagleg leiar. I alt 3,6 årsverk går med til oppgåver knytte til hovudfeltet vassforureining. Mesteparten av arbeidsoppgåvene oppstår uavhengig av avdelinga si eiga prioritering og er derfor meir eller mindre bundne. Oppgåvene har i dag så stort omfang at det ofte oppstår restansar og lang saksbehandlingstid.

Det er vanlegvis gode resipientforhold i Møre og Romsdal. Mesteparten av busetnad og aktivitet ligg nær kysten og fjordane. Utslepp fører derfor vanlegvis til få ulemper, og ofte har dei lokal karakter. Det er likevel ein del unntak. Forureining frå landbruket fører i mange vassdrag til stor ulempe og konflikt med andre brukarinteresser. Landbruksforureining, kloakkutslepp og ymse typar industriutslepp (medrekna fiskeoppdrett) fører til ulempe i enkelte fjordar med dårlege strumforhold og lita utskifting av vatn.

Enkle granskingar som Fylkesmannen har gjennomført viser at mange av terskelfjordane i fylket periodisk eller meir permanent har så lågt oksygeninnhald at det t.d. ikkje er leveleg for fisk. Forholdet er enno dårleg kartlagt når det gjeld omfang, frekvens og årsaker. I fleire av fjordane må situasjonen karakteriserast som naturleg/naturgjeven. I andre fjordar er det klårt at utslepp og forureining kan ha innverknad. Det er behov for å arbeide vidare med dette for å få klårlagt kva som er årsak og kva som skjer ved auka eller minska belastning. Spesielt i fiskeoppdrettssammenheng knyter det seg stor interesse til dette spørsmålet, men og når det gjeld kloakkutbygging og behov for evt høggradig reinsing. Eit viktig moment er òg å få fram meir opplysningar som avklarar kva verknader reduserte oksygenverdiar i djuplaget i terskelfjordane har på det biologiske system.

Møre og Romsdal er førebels lite utsett for og påverka av sur nedbør.

Utsleppet frå Sunndal Verk er det einaste store industriutsleppet vi har i fylket. Sunndalsfjorden er for tida granska som ein del av eit nasjonalt program som SFT gjennomfører. Om to år veit vi meir om verknadene frå dette utsleppet. Industrien elles har i dag mindre utslepp,

eller utslepp som relativt lett blir brote ned og omsett. Utslepp frå slik verksemd har difor meir akutt og lokal innverknad. Mesteparten av industrien er konsesjonsbehandla. Fiskeforedlingsindustrien er berre delvis teken opp til behandling.

Møre og Romsdal er eit av dei største fiskeoppdrettfylka i landet. Fiskeoppdrett fører med seg til dels store utslepp/belastning på grunn av fôrspill og ekskrement.

MÅL

I det vidare arbeidet med forureiningssaker i Møre og Romsdal bør det takast sikte på:

- å oppretthalde, evt å re-etablere, ein tilfredsstillande kvalitet på vassressursane slik at naturleg biologisk aktivitet kan gå føre seg, og at evt interesser som gjeld helse, rekreasjon, vassforsyning og næringsmessig utnytting kan tilfredsstillast.

Eit viktig delmål er gjennom overvaking m.m. å få betre kunnskap om forureiningssituasjonen og om kva konsekvensar denne fører til. Det må òg avklarast kva som skjer dersom det blir gjennomført tiltak, eller om belastninga aukar.

Eit anna viktig delmål er å få meir planmessig grunnlag for å vurdere tiltak mot forureining. Dette gjeld både for val av løysing og val av tempo for gjennomføring av tiltak innanfor ulike forureiningskjelder.

Landbruksforureining representerer kanskje det største problemet når det gjeld forureining i Møre og Romsdal. Å redusere utslepp og lekkasjar frå siloanlegg og gjødsellager må ha høg prioritet.

Eksisterande forureining frå fiskeoppdrett må reduserast, samtidig som at det ved nyetablering og utviding blir sett vilkår som gjer at forureining ikkje fører til skadelege konsekvensar.

TILTAK

Det står att store investeringsoppgåver i mange kommunar når det gjeld kommunal kloakkutbygging. Fram til 1990 bør likevel dei fleste store utslepp til ferskvatn vere sanerte ved overføringsanlegg til sjø, eller ved etablering av reinseanlegg.

Innan 1990 er det aktuelt å byggje høggradig reinseanlegg for eitt utslepp til sjø (Åse, Alesund kommune). Elles i fylket vil det innan 1990 vere behov for å byggje eit fåtal siloanlegg for å redusere ulemper ved hovudutslepp i byar og større tettstader.

For å få eit godt nok grunnlag for å prioritere tiltak innanfor kloakksektoren i kommunane er det nødvendig at kommunane utarbeider/reviderer sine kloakkrammeplanar. Desse planane bør ofte omfatte resipientplanar, utsleppsplanar som omfattar alle utslepp til dei aktuelle resipientane (medrekna utslepp frå industri, landbruk og fiskeoppdrett). Slike samla utsleppsplanar vil vere viktige grunnlag for vidare planlegging av sjøområda, medrekna planlegging av etablering av fiskeoppdrettsanlegg, skaldyranlegg m.m.

Landbruksforureininga bør reduserast ved planfast renovering av eksis-

terande anlegg, og ved etablering av betre driftsrutinar som gjer at tradisjonelle forureiningskomponentar frå landbruket blir nytta som gjødsel eller som fôr.

RESSURSAR

Som tidlegare nemnt går det meste av arbeidsinnsatsen i VAR-gruppa til bundne oppgåver. Ei medverkande årsak til dette er at fylket har 38 kommunar og at det er vanskelege/tidkrevjande kommunikasjonar, at det er relativt mykje landbruk, mykje fiskeoppdrett og mange fiskeforedlingsanlegg i fylket.

Mesteparten av dei administrative oppgåvene vil bli dekte av fast tilsett personell. Silokontroll (0,4 årsverk) vil som tidlegare bli dekte ved engasjert personell, og betalt av miljøvernadvelinga sitt eige budsjett.

Talet på søknader om etablering av fiskeoppdrettsanlegg har auka dramatisk. Etablering av fiskeoppdrettsanlegg har store konsekvensar både når det gjeld vassforureining og overfor andre fagfelt innafor miljøvernadvelinga sitt arbeidsområde. Behandling av slike saker må for ein stor del gjerast av engasjert personale for å unngå restansar eller uakseptabel lang behandlingstid. I planen er det oppført 1 årsverk i 1987. Fram til 1990 er behovet for ekstrahjelp til saksbehandling planlagt redusert til 0,6 årsverk, medan ekstrahjelp til kontroll og overvaking vil auke til 0,4 årsverk - til saman 1 årsverk.

Det er behov for eit betra EDB-verkty for lagring m.m. av overvakingsdata. Miljøvernadvelinga har sagt seg interessert /villig til å stå for dette arbeidet. Det er sett opp 8 vekeverk i 1987. Det er føresetnaden at dette må finansierast av SFTs budsjett til overvaking (kap 1441, post 62).

Møre og Romsdal er prøvefylke for overvaking av vasskvalitet. Ordninga med prøvefylke for overvaking av vasskvalitet er mellombels. Ut frå røynselene med ordninga så langt er det ønskjeleg at ordninga blir permanent og at det på bakgrunn av eit sterkt aukande dokumentasjonsbehov i samband med fiskeoppdrett og vurdering av evt høggradig reinsing, skjer ein vesentleg auke av rammene i forhold til dagens situasjon.

6. AVFALL

Fylkesmannen har fått til oppgåve å passe på forureining etter Forureiningslova når det gjeld kommunale kloakkutslepp og avfallsanlegg. Fylkesmannen har dessutan tilsynsoppgåver etter fleire forskrifter gjevne i medhald av Forureiningslova.

Arbeid med avfallsspørsmål blir utført av VAR-gruppa. VAR-gruppa består av 4 personar, med fylkesingeniøren som fagleg leiar. I alt 0,6 årsverk går med til oppgåver knytte til hovudfeltet avfall.

Arbeidet innan dette feltet har til no vore mest konsentert om kommunalt avfall, løysingar for det, medrekna initiering og deltaking i planlegging av (interkommunale) løysingar, behandling av låne- og tilskottsøknader, godkjenning av kommunale vedtak om avfallsgebyr, behandling av søknader om dumping av massar og båtar.

Andre oppgåver som ein òg har, men som ein berre periodisk eller unn-

taksvis har engasjert seg i, er arbeid med produksjonsavfall (tilrettelegging for deponering eller attvinning) eller spesialavfall (oppsamlingsystem for bilvrak, etablering av mottaksplassar).

Mesteparten av arbeidsoppgåvene oppstår uavhengig av avdelinga si eiga prioritering og er derfor meir eller mindre bundne. Arbeidsoppgåvene blir utførte parallelt med andre oppgåver som VAR-gruppa har, og er derfor påverka av den totale arbeidsbelastninga. Oppgåvene har derfor i dag så stort omfang at det ofte oppstår restansar og lang saksbehandlingstid.

Arbeidet med å etablere løysingar etter forskriftene for innsamling, behandling og deponering av forbruksavfall er kome ganske langt. Det er etablert, eller er under etablering, interkommunale løysingar som dekkjer til saman 3/4 av kommunane. Dette gjer vidare planleggingsarbeid enklare, også på grunn av at dei etablerte interkommunale avfallsselskapa er organisasjonar som meir aktivt og med større ressursar og interesse kan løyse planleggings- og utbyggingsoppgåver.

Interkommunale selskap hjelper også til med rasjonalisering av behandling av avgiftsvedtak, både i kommunane og hos fylkesmannen. Dessutan vil interkommunale selskap føre til meir rasjonell planlegging av andre oppgåver enn kommunalt avfall/forbruksavfall. Spesielt vil dette kunne gjelde kloakkslam.

MÅL

I det vidare arbeidet med forureiningssaker i Møre og Romsdal bør det takast sikte på:

- å unngå at det oppstår nye avfallsproblem
- å redusere eksisterande avfallsproblem
- å få til attvinning av avfall der dette synest riktig ut frå omsynet til miljø, ressursar og økonomi.

Eit viktig delmål er å fullføre arbeidet med å få etablert forskriftsmessig innsamling, behandling og disponering/deponering av forbruksavfall i fylket. Interkommunale løysingar bør framleis vere eit sentralt element i dette arbeidet.

Innan 1990 bør det vere etablert ordningar for innsamling, behandling, bruk eller deponering av kloakkslam. 75 % av slammet skal innan 1990 vere behandla m.m. i godkjend ordning. Berre 20 % av slammet skal deponerast i godkjent djupvassutslepp (som naudløysing). (I 1990 vil mesteparten av kloakkutsleppa i fylket framleis vere ureinsa).

Avfall som representerer smittefare (sjuk/daud oppdrettsfisk, avfall frå utanlandske turistskip m.m.) må snarast samlast opp, transportrast og behandlast på ein forsvarleg måte forureiningsmessig, helsemessig og veterinærmessig.

Innan 1990 bør det vere etablert ordningar for og utarbeidd god nok lokal orientert informasjon om innsamling m.m. av spesialavfall.

Attvinning av avfall bør gå føre seg der dette er miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg. Viktige avfallstypar som bør bli vurdert attvunne fram mot år 1990 er papp, papir, kartong m.m. og matavfall.

TILTAK

Sjølv om det er etablert eller er under etablering mange interkommunale avfallsselskap, står det att store investeringsoppgåver i transportopplegg og behandlingsanlegg. Delvis vil dette gjelde vidare utbygging til meir avansert behandling av avfall, betre reinsing m.m.

Viktige tiltak fram mot 1990 vil dessutan vere å avslutte eller omdefinere bruken av eksisterande behandlingsanlegg som skal leggjast ned når det gjeld mottak av kommunalt avfall. Somme av desse plassane vil vere aktuelle som lokale plassar for avfall som ikkje representerer ulemper når det gjeld forureining og hygiene (byggningsavfall, spesielle typar produksjonsavfall m.m.)

Det mest aktuelle tiltaket for etablering av ei tilfredstillande ordning for mottak/behandling av spesialavfall er i første omgang spesielt godkjende operatørar i kombinasjon med enkle oppsamlingsplassar basert på container-systemet, lokalisert og drive av avfallsselskap/kommune i dei tre byane.

I tillegg til eksisterande godkjende ordningar (delvis djupvassutsløpp) for kloakkslam, og som erstatning for ukontrollerte ordningar utan godkjenning, må det etablerast nye ordningar basert på slamlaguner eller mekanisk avvatning. På grunn av høge transportkostader vil dette vanlegvis vere kommunale stasjonære løysingar eller interkommunale mobile løysingar.

Ved etablering av fleire interkommunale løysingar/selskap vil ein etter kvart kunne rette innsatsen meir bort frå "førstehjelp" til innsats for å få til stadig betre løysingar. Dette vil også omfatte område som ein ikkje tidlegare har engasjert seg særleg i. Men ein vil vere avhengig av å etablere prosjekt med ekstern finansiering for å få gjennomført viktige oppgåver.

I 1987 (og delvis 1988) er det avsett tid til utgreiing av løysingar for mottak og behandling av sjuk/død oppdrettsfisk. Møre og Romsdal er mellom dei største oppdrettsfylka i landet, og behovet for løysingar er prekært. Det er allereie etablert styringsgruppe til prosjektet i samarbeid med fiskeoppdrettarar, industri, fylkesveterinær. Vi har enno ikkje fått midlar til sjøve utgreiingsarbeidet. Søknad er sendt Miljøverndepartementet (ressursavdelinga). For å gjere det klårt er ressursbehovet til denne planlegginga sett opp under engasjert personell - 20 vekeverk.

I 1987 er det ført opp eit prosjekt som gjeld registrering av eksisterande slambehandlingsløysingar, planar m.m. Dette prosjektet vil vere eit reint konsulentoppdrag. Det er søkt om finansiering av Miljøverndepartementes budsjett, kap 1448, post 63. Søknadssummen er kr 240.000 - oppført i skjema 20 vekeverk.

I 1988 og 1989 er det og avsett tid til initiering og planlegging av løysingar for attvinning av matavfall frå storkjøken. Her er førebels ikkje sett opp noko ekstra behov. Ein har tidlegare gjort visse sonderingar av mengder matavfall og transportopplegg. Dersom det her må gjennomførast noko større prosjekt, vil ein evt måtte ta opp spørsmål om finansiering.

I 1988 er det oppført eit prosjekt som går ut på å registrere eksisterande mengder og løysingar for spesialavfall. Prosjektet bør ta sikte på å kartleggje situasjonen i fylket slik at ein kan vurdere i kva

grad oppsamlingssystemet for spesialavfall fungerer og kva behov det er for betre løysingar, lokal informasjon m.m. Prosjektet må gjennomførast i samarbeid med SFT, Trondheim Renholdsverk (regionansvarleg), industri og kommunar/avfallsselskap. Det er ført opp 20 vekerverk.

I 1989 er det ført opp eit prosjekt som gjeld utarbeiding av ein avfallsplan for Møre og Romsdal. Ved utarbeiding av handlingsplanen blei ein stadig konfrontert med problemet at det ikkje ligg føre nokon systematiserte data for avfallsmengder og løysingar. Arbeidet med avfallsplan bør organiserast som eit konsulentoppdrag, med representantar frå fylkeskommunen, industri og kommunar/avfallsselskap i styringsgruppa.

7. STØY

Fylkesmannen har det statlege ansvaret med å passe på støy i samband med planar etter plan- og bygningslova og veglova. Fylkesmannen sitt ansvar omfattar vegtrafikkstøy, flystøy, jernbanestøy, skytebanestøy, industristøy og støy frå andre kjelder som inngår i arealplanar.

Arbeidet blir utført av VAR-gruppa. VAR-gruppa består av 4 personar, med fylkesingeniøren som fagleg leiar. Mindre enn 0.1 årsverk går med til oppgåver knytte til hovudfeltet støy. Arbeidsoppgåvene blir utførte parallelt med andre oppgåver som VAR-gruppa har. Arbeidsinnsats innanfor hovudfeltet støy er påverka av den totale arbeidsbelastninga i gruppa. Arbeid med plansaker har hatt høg prioritet, og det har difor vore relativt kort behandlingstid og lite restansar.

Det har ikkje vorte utført ei tilfredstillande kartlegging av vegtrafikkstøy i fylket. Ei registrering som er gjennomført i samband med Norsk Vegplan 1986-1989, viser at det i 1980 var det meir enn 4000 bustader langs riksvegnettet som hadde meir enn 60 dB(A) støynivå utan dørs. Støyulempene kan òg ha eit vesentleg omfang langs mange fylkesvegar og enkelte kommunevegar utan at det ligg føre data for det.

I Møre og Romsdal er det i dag 3 stamflyplassar, ein kortbaneflyplass i drift og to kortbaneflyplassar under planlegging. For kortbaneplassane er det utarbeidd felles flystøysonekart. For stamflyplassane er det gamle støysonekart etter CNR-metoden. Det blir no utarbeidd nye og betre støysonekart etter EFN-metoden. Ved alle stamflyplassane representerer flystøy ein viss konflikt for eksisterande arealbruk i nærleiken, samt for planlagt arealbruk.

Jernbanestøy er eit lite problem i Møre og Romsdal.

Ved konsesjonsbehandling av enkelte skytebanar er det blitt registrert konflikt med anna arealbruk i området på grunn av støy. Ein må rekne med at dette problemet også vil vere sannsynleg ved mange eksisterande skytebanar som ikkje er konsesjonsbehandla. Det ligg ei stor utfordring i å lokalisere nye skytebanar slik at evt støyulemper kan bli akseptable.

Det er ikkje utført noka registrering av evt industristøy i fylket. Knappe areal og gradvis industrialisering har ført til at industrien mange stader i fylket ligg kloss inntil bustadhus. Røynsle frå behandling av reguleringsplanar syner at dette framleis ofte skjer.

MÅL

Generelle mål for tiltak mot støy er

- å hindre at det oppstår nye eller auka støyproblem
- redusere eksisterande støyproblem.

På bakgrunn av den makt som er delegert til fylkesmannen, er det ikkje råd førebels å konkretisere andre mål enn å praktisere gjeldande retningslinjer i samband med behandling av planar etter plan- og bygningslova og veglova.

TILTAK

Innsatsen er stort sett styrt av kor mange plansaker som til kvar tid er til behandling. Arbeidet innanfor hovudfeltet støy blir gjort av dei fast tilsette i VAR-gruppa. I aktivitetsplanen er det ført opp 4 vekeverk i 1987, aukande til 6 vekeverk i 1990.

Ved revisjon av handlingsplanen synest det naturleg å vurdere behov for å få kartlagt eksisterande støysituasjon, med hovudvekt på vegtrafikkstøy. Ei slik kartlegging vil vere eit viktig grunnlag for meir planmessige tiltak for å løyse problem innanfor fagfeltet. Ei slik kartlegging vil også vere eit sentralt element når det gjeld å skape forståing for problemet hos lokale planleggarar og politikarar. Ei slik forståing vil vere viktig for at omsynet til støy kan bli ivareteke på lokalt initiativ ved den kommunale planlegginga.

8. VASSFORSYNING

Vassforsyningsoppgåver som er pålagde fylkesmannen med heimel i lov og regelverk er:

- handsaming av hovudplanar for vassforsyning
- godkjenning av vassverk som rører ved fleire kommunar
- avgjersle etter vassdragslova når det gjeld vassforsyning
- legalitetskontroll med kommunale vedtak om vassforsyning
- godkjenning av kommunale vass- og kloakkavgifter
- vurdering av kommunane sine budsjett og låneopptak

Vassforsyningssakene utgjer ikkje noka stor belastning for miljøvern-avdelinga. Det gjeld eit fåtal saker som har med ekspropriasjon etter vassdragslova å gjere og enda færre saker som har med godkjenning av vassverk å gjere. Det som tek mest tid, er godkjenning av kommunale vass- og kloakkavgifter og vurdering av budsjett og låneopptak. Som kjent er det heile 38 kommunar i Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal fylke har gode naturvilkår for å kunne byggje ut god og påliteleg vassforsyning til innbyggjarane sine for ein rimeleg kostnad. Det er i grunnen ei skam at det er vanleg å lese i avisene at drikkevattnet må kokast eller at husmødrer klagar over at dei korkje får ungane eller kleda reine i vatnet som kjem ut av springen. Det er

mykje som må gjerast på dette feltet.

MÅL

Målet er å skaffe innbyggjarar og verksemdar i fylket påliteleg forsyning av vatn med høg hygienisk kvalitet og til akseptabel pris.

TILTAK

Ansvar for vassforsyninga ligg primært hos primærkommunane. Fylkeskommunen er ansvarleg for planlegging på fylkesnivå og for rettleggstenester til kommunane.

Fylkeskommunen i Møre og Romsdal har prioritert vassforsyninga høgt, og i 1983 la kommunen fram ein samla plan for drikkevassforsyninga for fylket. Planen er følgt opp med informasjon og kurs for dei som arbeider med vassforsyning i kommunane. Planavdelinga i fylkeskommunen har stor kompetanse på vassforsyning.

Fylkesmannen ser positivt på arbeidet fylkeskommunen gjer for å betre vassforsyninga, og støttar arbeidet gjennom behandling av planar og som medarrangør til informasjonsmøte osv.

Dårleg økonomi i kommunane er nok hovudårsaka til at arbeidet med å betre vassforsyninga ikkje går så bra som ønskjeleg. Men mykje kan truleg gjerast ved å effektivisere eksisterande anlegg og betre oversikt/styring av inntektssida.

I miljøvernavdelinga er arbeidet med vassforsyning delt mellom vassdragsforvaltaren og VAR-gruppa.

I langtidsplanperioden reknar miljøvernavdelinga med å bruke frå 0,2 til 0,3 årsverk på vassforsyningsfeltet.

9. VASSDRAGSFORVALTNING

Etter gjeldande lovverk og retningslinjer er fylkesmannen pålagt forvaltningsoppgåver i samband med:

- søknader om konsesjon for vasskraftanlegg, kraftlinjer og oppdrettsanlegg.
- planar om elveforbygging, terskelbygging, elvegrusuttak og vassuttak.

Av pålagde, men meir utgreiingsorienterte oppgåver står Samla Plan for vassdrag i ei særstilling, men elles står fylkesmannen fritt til i samband med andre etatar å ta opp relevante utgreiingsoppgåver.

Utanom etableringssøknader for matfisk og settefisk som belastar VAR-gruppa sterkt, varierer arbeidsmengda av lov- og regelpålagde oppgåver frå år til år.

Det som har vore mest arbeidskrevjande i 1986 og framleis vil bli det, er fullføring av Samla Plan for vassdrag, samt å få vassdragsregisteret REGINE operativt.

MÅL

Vatn og vassdrag har sentrale livsfunksjonar for både plantar, dyr og menneske, men utgjer òg ein viktig samfunnsressurs! Dagens bruk av vassdraga er bestemt ut frå ei rekkje natur- og samfunnsgjevne tilhøve, og vil såleis kunne bli endra over tid.

Aukande konkurranse mellom ulike brukarinteresser og større krav til vasskvalitet og mengder vil elles stille store krav til vassressursforvaltninga framover.

Det ideelle målet for forvaltninga av vassressursane er å få til ei forsvarleg utnytting av desse balansert opp mot omsynet til komande generasjonars valfridom og levekår.

Eit delmål er å få til ei bevisstgjerjing av vassdraga sin verdi både som økologisk system og ressurs i rekreasjons- og næringssamanheng. Dette krev kompetanseoppbygging og eit bevisst arbeid for å kome over frå bit for bit forvaltning til meir samordna forvaltning på kommune-, fylkes- og statleg nivå.

Av vasskraftpotensialet i Møre og Romsdal på om lag 10 Twh er om lag 55% utbygd, om lag 16% varig verna og om lag 10% førebels plassert i kategori I i Samla Plan.

Vassdraga i fylket som er relativt korte, men med til dels høge fall, er samansette av mange små og nokre få store.

Dette at fylket har relativt mange aktuelle prosjekt for kraftutbygging samstundes som vassdraga utgjer viktige landskapselement i vestlandsnaturen, gjer at forvaltningsoppgåvene er mange og store.

TILTAK

Miljøvernavingdelinga har til no teke seg av forvaltningsoppgåver innan naturvern, friluftsliv, fisk, vilt og forureining i samband med vassdrag.

Behovet for å få betre oversikt og auka innsats innan saksfeltet vassressursar/kraftproduksjon, har ført til oppretting av ei ny faggruppe for vassdragsforvaltning ved miljøvernavingdelinga.

Denne faggruppa skal ikkje ta over arbeidsoppgåvene til dei andre faggruppene, men ho skal supplere og oppgradere arbeidet med vassressursforvaltning på regionalt nivå.

Dei konkrete arbeidsoppgåvene som vil bli prioriterte i komande planperiode er:


- fullføre arbeidet med Samla Plan for vassdrag
- syte for at røynsle og materiale frå Samla Plan-arbeidet blir utnyttta vidare
- få oversikt over gjevne konsesjonar og manøvreringsreglement
- få vassdragsregisteret REGINE operativt i Møre og Romsdal, og ta det i bruk som kunnskaps- og stadfestingssystem

- kompetanseoppbygging i vassdragsforvaltning og energispørsmål
- vere til hjelp ved planutforming av kraftverks- og linjeprosjekt
- saksbehandle konsesjonssøknader etter vassdragsreguleringslova, vassdragslova og elektrisitetslova
- vurdere og eventuelt delta i vassbruksplanarbeid saman med fylkeskommunen og aktuelle kommunar

I langtidsplanperioden reknar miljøvernavinga med å bruke om lag 1 årsverk på vassdragsforvaltning. I tillegg er det behov for engasjert hjelp i etableringsfasen for vassdragsregisteret og dessutan midlar til nødvendig datautstyr. Til saman vil det kome på ca kr 50.000,-.

10. ADMINISTRASJON OG RESSURAR

Miljøvernavinga er ei avdeling i fylkesmannsembetet i Møre og Romsdal. Organisasjonen av embetet er vist nedanfor:



Avdelinga er administrert av miljøvernleiar Odd Høgset. Ho er ikkje formelt delt opp i seksjonar, men avdelinga er strukturert i faggrupper på grunnlag av arbeidsfordeling og fagkompetanse.

Fylkesingeniør Kolbjørn Megård samordnar det faglege arbeidet i VAR-gruppa som arbeider med forureining, avfall og støy. Fire personar er med i denne faggruppa.

Naturverninspektør Harald Ørsahl samordnar arbeidet med naturvern og friluftsliv. Fire personar er òg med i denne faggruppa.

Fiskerikonsulent Trond Haukebø, viltkonsulent Asbjørn Børset, og vassdragsforvaltar Oddvar Moen er òg faglege hovudtalsmenn for sine område.

To personar tek hand om kontorarbeidet i avdelinga. Desse er løna over Justisdepartementet sitt budsjett. Avdelinga har journalføring, arkiv og ein del andre kontortjenester saman med resten av fylkesmanns-embetet.

Avdelinga er fagleg underordna Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning. Når det gjeld forureining søkjer avdelinga råd og samarbeid med Statens Forureiningstilsyn (SFT) utan å vere formelt underlagt SFT.

Avdelinga har kontorlokale i 4. høgda i fylkeshuset i Molde. Lokala er nye og av høg standard, men dei er for små. Dei held knapt til dei fast tilsette. Allereie i 1987 må miljøvernavinga etablere ein "filial" for å skaffe kontorplass til engasjert personale og sesonghjelp.

Avdelinga har saman med fylkeskartkontoret satsa mykje på å ta i bruk EDB for å rasjonalisere og betre arbeidet. Dette arbeidet er no kome så langt at i 1987 vil alle tilsette få sin eigen skjerm og bruke den aktivt til brevskrivning og anna saksbehandling. Avdelinga disponerer eit EDB-anlegg saman med fylkeskartkontoret. Det står igjen å byggje opp dette anlegget til det har kapasitet til å fordøye alle registra, databasar og fagprogram som er under utvikling.

I statsbudsjettet har miljøvernavingane i fylka eit eige budsjettkapittel, kap 1406, og løn til fast fagpersonale, tenestereiser og andre faglege driftsutgifter er betalt over dette kapitlet. Kontorhald, kontorpersonale, utlegg til telefon, porto og liknande er betalt over fylkesmennene sitt kapittel, kap 404 i statsbudsjettet.

I planperioden vil innsatsen av fast tilsett personale bli fordelt på dei ulike arbeidsområda om lag slik:

	ÅRSVERK			
	1987	1988	1989	1990
Administrasjon og kontortjenester	3,0	3,0	3,0	3,0
1. <u>Naturvern</u>				
- planlegging og skjøtsel av verna område	0,8	0,8	0,9	0,9
- arealplansaker	0,9	0,9	0,8	0,9
- fiskeoppdrett, kraftutbygging, kraftlinjer, andre naturinngrep	0,3	0,3	0,3	0,2
- Samla plan for vassdrag	0,1	0,1	0,1	0,1
	2,1	2,1	2,1	2,1
2. <u>Friluftsliv</u>				
- friluftsliv i arealplansamheng	0,4	0,4	0,4	0,4
- sekretærarbeid for fylkesfriluftsnemnda	1,0	1,0	1,0	1,0
- organisering av regionalt samarbeid	0,1	0,1	0,1	0,1
- tilskottsordningar og saker etter friluftsløva	0,4	0,4	0,4	0,4
Informasjon	1,9	1,9	1,9	1,9
3. <u>Viltforvaltning</u>				
- administrasjon av viltnemndene	0,3	0,3	0,3	0,3
- hjorteviltforvaltning	0,3	0,3	0,3	0,3
- vilt i arealplansamheng	0,2	0,2	0,2	0,2
- prosjektadministrasjon	0,1	0,1	0,1	0,1
- viltinteresser i "samla plan", kraftlinjesaker og oljevern	0,1	0,1	0,1	0,1
	1,0	1,0	1,0	1,0
4. <u>Ferskvassfiskforvaltning</u>				
- administrative oppgåver, dispensasjonssaker forbyggingssaker, inngrep i vassdrag osv.	0,4	0,3	0,3	0,3
- vassuttak og spørsmål om minstevassføring (kraftanlegg, smoltanlegg osv)	0,2	0,2	0,2	0,2
- tiltak mot Gyrodactylus salaris	0,3	0,3	0,2	0,2
- vernetiltak for truga fiskestammer		0,1	0,1	0,1
- betring av sportsfiske, biotopforbetring	0,1	0,1	0,2	0,2
	1,0	1,0	1,0	1,0
5. <u>Vassforureining</u>				
- arealplanar, kommuneplanar og fylkesplan	0,4	0,4	0,4	0,4
- utsleppsløyve	0,8	0,8	0,8	0,8
- fiskeoppdrett, havbruk	0,6	0,6	0,6	0,6
- landbruksforureining	0,7	0,7	0,7	0,7
- overvaking av fjordar og vassdrag	0,3	0,3	0,3	0,3
- tilsyn med fiskeoppdrett	0,3	0,3	0,3	0,3
- låne- og tilskottssaker	0,1	0,1	0,1	0,1
	3,2	3,2	3,2	3,2

		ÅRSVERK			
		1987	1988	1989	1990
6.	<u>Avfall</u>				
	- administrasjon, planlegging og konsesjonsbehandling	0,2	0,2	0,2	0,2
	- lån og tilskott	0,1	0,1	0,1	0,1
	- produksjons- og spesialavfall	0,1	0,1	0,2	0,2
	- behandling av død fisk frå oppdrettsanlegg	0,1	0,1		
	- attvinning av matavfall frå storkjøken		0,1	0,1	0,1
		0,5	0,6	0,6	0,6
7.	<u>Støy</u>				
	- kontroll av vegplanar, reguleringsplanar og kommuneplanar	0,2	0,2	0,2	0,2
8.	<u>Vassforsyning</u>				
	- ekspropriasjonssaker, godkjenning av vassverk og vassavgifter	0,2	0,2	0,2	0,2
9.	<u>Vassdragsforvaltning</u>				
	- Samla plan og konsesjonsbehandling	0,5	0,4	0,3	0,3
	- saksbehandling etter vassdragslova av vassuttak (smoltanlegg)	0,2	0,2	0,1	0,1
	- setje i drift vassdragsregisteret "REGINE"		0,1	0,2	0,1
	- registrering av konsesjonar, konsesjonsvilkår, manøvreringsreglement osv.	0,2	0,1	0,2	0,3
		0,9	0,8	0,8	0,8
Samla innsats av fast tilsette		14,0	14,0	14,0	14,0

Sidan avdelinga vart oppretta i 1982 har ho fått stadig fleire oppgaver utan tilsvarande auke av den faste staben. Dette har ført til at meir og meir fagarbeid er utført av engasjert personale eller av konsulentar. Dette er dyrt, lite effektivt og kvaliteten av det utførte arbeidet varierer mykje. Mykje kunne vinnast ved å auke den faste staben av fagfolk ved avdelinga.

Arbeid planlagt utført av engasjert personale og konsulentar. Dette blir betalt over ymse fagbudsjett og ved ekstraløyvingar til prosjekt.

	ARSVERK			
	1987	1988	1989	1990
<u>Kontortjenester</u> På grunn av auka aktivitet må kontorsektoren styrkjast (kap 1406, post 01.2)	-0,4	0,5	0,5	0,6
<u>1. Naturvern</u>				
- Fylkesvise verneplanar, registreringar, vedtekter, grenser (kap 1427, post 21)	1,0	1,1	1,1	1,4
- EDNA, registrering og ajourføring (kap 1422/27, post 21)	0,3	0,3	0,1	0,1
- Truga artar, registrering og overvaking (kap 1427, post 21)	0,2	0,2	0,3	0,3
- Sluttføring av arbeid på Reinheimen, Dovre nasjonalpark og Geiranger/Herdalen (kap 1427, post 21)		0,1	0,4	0,4
- skjøtsel, oppsyn og merking av verna område (kap 1427, post 01.9 og 31.1)	1,6	2,0	3,0	3,2
	3,1	3,7	4,9	5,4
<u>2. Friluftsliv</u>				
- FRIDA, registrering og ajourføring (kap 1422/27, post 21)	0,3	0,1	0,1	0,1
- Rullering av handlingsprogrammet for friluftsliv (kap 1427, post 21)				0,3
	0,3	0,1	0,1	0,4
<u>3. Viltforvaltning</u>				
- Viltområdekartlegging, vilttiltak, viltskadar, kartlegging og planlegging av valdstruktur, osv (kap 1427, post 71)	1,0	1,0	1,0	1,0
<u>4. Ferskvassfiskforvaltning</u>				
- Generell assistanse til fiskerikonsulenten (kap 1406, post 01.2)	0,2	0,1	0,1	0,1
- Tiltak mot G. salaris, prosjektarbeid (kap 1427, post 72)	1,2	1,1	1,1	1,1
- Fiskeribiologisk kartlegging av vatn og vassdrag (kap 1427, post 72)		1,0	1,0	1,0
- Ettergransking, planlegging og tiltak i samsvar med konsesjonsvilkår i kraftverk-konsesjonar (kap 1427, post 72 og bidrag frå kraftselskap)		1,0	1,0	1,0
	1,4	3,2	3,2	3,2
<u>5. Vassforureining</u>				
- Kontroll med landbruksforureining (kap 1406, post 01.2)	0,4	0,4	0,4	0,4
- Saksbehandling og kontroll av fiskeoppdrett (kap 1406, post 01.2)	1,0	1,0	1,0	1,0
- Overvaking av fjordar og vassdrag (kap 1441, post 62.1)	0,3	0,3	0,3	0,4
	1,7	1,7	1,7	1,8

	ÅRSVERK			
	1987	1988	1989	1990
6. <u>Avfall</u>				
- Prosjektarbeid på behandling av død oppdrettsfisk, innsamling og deponering av kloakkslam, spesialavfall, attvinning og avfallsplan for fylket (kap 1448, post 21 og kap 1441, post 70)	1,0	0,5	0,5	0,5
7. <u>Støy</u>	-	-	-	-
8. <u>Vassforsyning</u>	-	-	-	-
9. <u>Vassdragsforvaltning</u>				
- Setje "REGINE" i drift, registreringar og innlegging av data (kap 1450, post 21)	0,4	0,2	0,1	0,1
- Ekstrainnsats i samband med vidareføring av Samla Plan (kap 1450, post 21)	0,3	0,2	0,2	0,2
	0,7	0,4	0,3	0,3
Samla tal årsverk med engasjert personale:	8,6	9,4	10,4	11,4

Til samanlikning har talet på årsverk med engasjert personale og konsulentar engasjert på timebasis i 1986 vore på vel 5 årsverk.

Kostnadene ved å få arbeid gjort av folk utanfor avdelinga varierer mykje. Billegast er det å engasjere kompetente fagfolk som ekstrahjelp. Med flaks kan slike fagfolk engasjerast for ein kostnad ned mot kr 6.000,- pr veke. Dette inkluderer da løn, reisekostnader og andre kostnader. Men som oftast er ikkje dyktige fagfolk ledige og villige til å ta på seg slike korte engasjement. Alternativet er å engasjere konsulentar, og da blir kostnaden frå kr 12.000,- til kr 15.000,- pr vekeverk.

Fleire av oppgåvene lista opp ovanfor er permanente og mykje kan vinnast ved å få folk i faste stillingsheimlar eller langtidsengasjerte til å gjere desse oppgåvene.

Avdelinga vil arbeide for å få nye stillingsheimlar for:

1. Ein person til å arbeide med oppdrettssaker. Avdelinga har fått nye oppgåver på denne sektoren som krev om lag 1,5 årsverk i året. Utan styrking av bemanninga kan saksbehandlingskapasiteten bli ein flaskehals for utviklinga av oppdrettsnæringa i fylket.
2. Ein person som assistent til fiskerikonsulenten. Ferskvassfiskforvaltninga krev mykje feltarbeid ved sida av saksbehandling og kontorarbeid. Det permanente arbeidsvolumet på fagsektoren her i fylket overstig no 2 årsverk i året og vil auke i tida framover.
3. Ein person som assistent til viltkonsulenten. Grunngevinga er den same som for fiskerikonsulenten. Det er spesielt behov for større innsats i planlegging og administrasjon av viltstelltiltak.

4. To personar til å arbeide med naturvern og friluftsliv. Som det går fram av tabellen ovanfor trengst det frå 3,4 til 5,8 årsverk med innleigd arbeidskraft på desse områda. Det ville vere billegare og meir effektivt å la ein del av dette arbeidet bli gjort av fast tilsett personale.
5. Ein person på halv tid til å styrkje kontorsektoren.

Om det blir oppretta nye faste stillingar i planperioden, vil det føre til ein tilsvarande reduksjon av engasjement og bruk av konsulentte-
nester.

Avdelinga freistar å halde eit høgt effektivitetsnivå, men mykje tid går med til ymse former for kurs og fagsamlingar. Det største proble-
met er likevel telefonar og besøk frå folk som har saker under behand-
ling i avdelinga. Her har vi vanskar med å etterkome kravet til god
kontakt med publikum og einskildpersonar og samstundes halde effekti-
viteten oppe.

Slik situasjonen er no, går mellom 30% og 35% av tida med til "ikkje
produktivt" arbeid. Dette er basert på to månaders føring av timelis-
ter hausten 1986. Den "ikkje produktive" delen kan synast høg. Målet
er å redusere den til 25% i planperioden.

På mange område arbeider miljøvernavingdelinga for sine interesser ved å
påverke andre offentlege organ. Dette blir gjort ved merknader til
planar, ved forhandlingsmøte og ved klage på vedtak. Dette arbeidet
blir vanskeleg om ikkje dei andre organa godtek miljøverninteressene
som reelle samfunnsinteresser. Det er difor viktig at miljøvernavingde-
linga held oppe eit godt samarbeid med dei organa som tek ymse former
for avgjerder om naturinngrep, arealbruk og andre tiltak som har med
naturmiljøet å gjere. Viktig i denne samanhengen er primærkommunane,
fylkeskommunen, Statens vegvesen, jord- og skogbruksetaten, fiskeri-
sjefen, fylkeslegen o.a.

Informasjon om miljøvern er nødvendig for å få til eit positivt samar-
beid om miljøverninteressene. Dette er nok eit forsømt felt i miljø-
vernavingdelinga i Møre og Romsdal. Arbeidsinnsatsen blir lett sett inn
på område der folk masar og tidsfristar florerer. Og det er diverre
ingen som pressar på for å få informasjon.

Avdelinga vil auke innsatsen sin på informasjon i planperioden. Spesi-
elt vil det bli lagt vekt på å få miljøvernundervisning inn i skolane,
og å aktivisere relevante foreiningar og lag.

I N N H O L D S F O R T E G N E L S E

Seksjon	Side
1. INNLEIING	1
2. HOVUDFELT OG FAGOMRÅDE	2
2.1 HOVUDFELT NATURVERN	5
2.1.1 STATUS OG UTFORDRINGAR	5
2.1.1.1 Naturtypar og økosystem	5
2.1.1.2 Truga og sårbare planter og dyr	7
2.1.1.3 Urørte naturareal	8
2.1.1.4 Kulturlandskap	9
2.1.1.5 Område som er freda i medhald av naturvernlova	9
2.1.1.6 Verneplan for vassdrag	10
2.1.1.7 Kunnskapsbehov(Datagrunnlag)	10
2.1.1.8 Informasjon	11
2.1.1.9 Samarbeid med andre etatar	11
2.1.2 MAL	11
2.1.2.1 Sikring av naturtypar ved områdevern	12
2.1.2.2 Forvaltning av etablerte verneområde	12
2.1.2.3 Fremje omsyn til naturvern og økologi i arealplanlegginga	12
2.1.2.4 Sikring av vassdrag som økosystem	13
2.1.2.5 Fremje omsyn til naturinteressene i jord- og skogbruk	13
2.1.2.6 Betring av kunnskapsgrunnlaget	14
2.1.2.7 Betring av informasjon om naturvern	14
2.1.3 TILTAK	14
2.1.3.1 Sikring av naturtypar ved områdevern	14
2.1.3.2 Forvaltning av etablerte område	15
2.1.3.3 Fremje omsyn til naturvern og økologi i arealplanlegginga	16
2.1.3.4 Vassdragssaker	16
2.1.3.5 Andre naturinngrepssaker	17
2.1.3.6 Forsking, utgreiing og utviklingsarbeid	17
2.1.3.7 Informasjon	18
2.1.4 VERKEMIDDEL	18
2.1.4.1 Områdevern	18
2.1.4.2 Forvaltning av etablerte verneområde	18
2.1.4.3 Naturvern i planlegginga	19
2.1.4.4 Vassdragssaker	19
2.1.4.5 Andre naturinngrepssaker	19
2.1.4.6 Forsking, utgreiing og utviklingsarbeid	20
2.1.4.7 Informasjon	20
2.1.5 AKTIVITETAR	20
2.1.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV	21
2.2 HOVUDFELT FRILUFTSLIV	23
2.2.1 STATUS OG UTFORDRINGAR	23
2.2.1.1 Bade- og utfartsområde	26
2.2.1.2 Vassdrag	27
2.2.1.3 Turområde	27
2.2.1.4 Hytter	28
2.2.1.5 Motorferdsel i utmark	28
2.2.1.6 Båtutfartsområde	29
2.2.1.7 Nærområde	29
2.2.1.8 Kommunane sitt ansvar	30
2.2.1.9 Samarbeid	30
2.2.1.10 Informasjon	30

Seksjon	Side
2.2.2 MAL	31
2.2.3 TILTAK	31
2.2.4 VERKEMIDDEL	33
2.2.5 AKTIVITETAR	34
2.2.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV	35
2.3 HOVUDFELT VILTFORVALTNING	36
2.3.1 STATUS OG UTFORDRINGAR	36
2.3.1.1 Organisering av viltforvaltninga i Møre og Romsdal	37
2.3.1.2 Viltet sine leveområde	38
2.3.1.3 Bestandstilhøve for viktige viltartar	39
2.3.1.4 Vilt som ressurs	41
2.3.1.5 Vilt som skadefaktor for næring	42
2.3.1.6 Jakt som rekreasjon	43
2.3.1.7 Jakt som næring	43
2.3.1.8 Hundar	44
2.3.2 MAL	44
2.3.2.1 Vern av viltet sine leveområde	45
2.3.2.2 Fagleg styrking av viltnemndene	46
2.3.2.3 Målretta storviltforvaltning	46
2.3.2.4 Betre ålmenta sitt jakttilgjenge	47
2.3.2.5 Reduksjon av konflikt mellom vilt og næring	47
2.3.2.6 Styrking av lokal kompetanse i rovviltsspørsmål	48
2.3.2.7 Betre jegeropplæring	48
2.3.2.8 Betring av jaktmoralen	48
2.3.2.9 Styrking av kunnskapen om småviltbestandane	49
2.3.2.10 Planmessig opplegg for praktiske vilttiltak	49
2.3.2.11 Betre bestandsstatus for sårbare- og truga artar	49
2.3.2.12 Plan for støtte til jaktskytebanar	49
2.3.3 TILTAK	50
2.3.3.1 Vern av viltet sine leveområde	50
2.3.3.2 Aktivisering av viltnemndene	51
2.3.3.3 Målretta storviltforvaltning	51
2.3.3.4 Betring av ålmenta sin jakttilgang	52
2.3.3.5 Kartlegging og reduksjon av viltskadar	53
2.3.3.6 Rovviltforvaltning	53
2.3.3.7 Jegeropplæring	53
2.3.3.8 Humanisering av jakta	54
2.3.3.9 Småviltforvaltning	54
2.3.3.10 Praktiske vilttiltak	54
2.3.3.11 Sårbare og truga artar	54
2.3.3.12 Plan for støtte til jaktskytebanar	54
2.3.4 VERKEMIDDEL	55
2.3.5 AKTIVITETAR	55
2.3.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV	57
2.4 HOVUDFELT FERSKVASSFISKFORVALTNING	58
2.4.1 STATUS OG UTFORDRINGAR	58
2.4.1.1 Innlandsfiske	59
2.4.1.2 Fiske etter laks og sjøaure	60
2.4.1.3 Lakseparasitten Gyrodactylus salaris	65
2.4.2 MAL	67
2.4.2.1 Komme à jour med administrativ saksbehandling	68
2.4.2.2 Stoppe nedgangen i ferskvassfiskpopulasjonane i Møre og Romsdal	68
2.4.2.3 Betre produksjonen av laks og sjøaure	69
2.4.3 TILTAK	70
2.4.3.1 Tiltak for å stoppe nedgangen i ferskvassfiskpopulasjonane:	71
2.4.3.2 Tiltak for betring av produksjon av laks og sjøaure:	75

Seksjon	Side
2.4.4 VERKEMIDDEL	76
2.4.5 AKTIVITETAR	77
2.4.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV	78
2.5 HOVUDFELT VASSFORUREINING	81
2.5.1 STATUS OG UTFORDRINGAR	83
2.5.1.1 Kommunale utslepp	85
2.5.1.2 Industriutslepp	87
2.5.1.3 Utslepp frå spreidd busetnad	89
2.5.1.4 Forureining frå landbruket	90
2.5.1.5 Forureining frå fiskeoppdrett	93
2.5.1.6 Forureining i samband med vassdragsregulering	95
2.5.2 MÅL	96
2.5.2.1 Kommunale utslepp	97
2.5.2.2 Industriutslepp	97
2.5.2.3 Kloakkutslepp frå spreidd busetnad	97
2.5.2.4 Forureining frå landbruk	98
2.5.2.5 Forureining frå fiskeoppdrett	98
2.5.2.6 Forureining i samband med vassdragsregulering	99
2.5.3 TILTAK	108
2.5.3.1 Kommunale utslepp	108
2.5.3.2 Industriutslepp	108
2.5.3.3 Utslepp frå spreidd busetnad	109
2.5.3.4 Forureining frå landbruket	109
2.5.3.5 Forureining frå fiskeoppdrett	110
2.5.3.6 Forureining i samband med vassdragsregulering	112
2.5.4 VERKEMIDDEL	112
2.5.4.1 Kommunale utslepp	112
2.5.4.2 Industriutslepp	112
2.5.4.3 Utslepp frå spreidd busetnad	113
2.5.4.4 Forureining frå landbruket	113
2.5.4.5 Forureining frå fiskeoppdrett	113
2.5.4.6 Forureining i samband med vassdragsregulering	114
2.5.5 AKTIVITETAR	114
2.5.5.1 Kommunale utslepp	114
2.5.5.2 Industriutslepp	115
2.5.5.3 Utslepp frå spreidd busetnad	115
2.5.5.4 Forureining frå landbruket	116
2.5.5.5 Forureining frå fiskeoppdrett	117
2.5.5.6 Forureining i samband med vassdragsregulering	117
2.5.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV	119
2.6 HOVUDFELT AVFALL	121
2.6.1 STATUS OG UTFORDRINGAR	122
2.6.1.1 Forbruksavfall	122
2.6.1.2 Produksjonsavfall	126
2.6.1.3 Spesialavfall	126
2.6.2 MÅL	130
2.6.3 TILTAK	131
2.6.4 VERKEMIDDEL	133
2.6.5 AKTIVITETAR	134
2.6.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV	136
2.7 HOVUDFELT STØY	137
2.7.1 STATUS OG UTFORDRINGAR	137
2.7.1.1 Vegtrafikkstøy	137
2.7.1.2 Flystøy	137
2.7.1.3 Jernbanestøy	138

Seksjon	Side
2.7.1.4 Skytebanestøy, industristøy og annan støy	138
2.7.2 VERKEMIDDEL	139
2.7.2.1 Vegtrafikkstøy	139
2.7.2.2 Flystøy	139
2.7.2.3 Jernbanestøy	139
2.7.3 AKTIVITETAR	139
2.7.3.1 Vegtrafikkstøy	139
2.7.3.2 Flystøy	140
2.7.3.3 Jernbanestøy	140
2.7.3.4 Skytebanestøy, industristøy og annan støy	140
2.7.3.5 Aktivitetsplan	140
2.7.4 RESSURSBRUK OG -BEHOV	141
2.8 HOVUDFELT VASSFORSYNING	142
2.8.1 STATUS OG UTFORDRINGAR	142
2.8.2 MÅL	145
2.8.3 TILTAK	145
2.8.4 VERKEMIDDEL	145
2.8.5 AKTIVITETAR	145
2.8.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV	146
2.9 HOVUDFELT VASSDRAGSFORVALTNING	147
2.9.1 STATUS OG UTFORDRINGAR	147
2.9.2 MÅL	148
2.9.3 TILTAK	148
2.9.4 VERKEMIDDEL	148
2.9.5 AKTIVITETAR	149
2.9.6 RESSURSBRUK OG BEHOV	149
2.10 INNSATSOMRÅDE SOM RØRER VED FLEIRE HOVUDFELT	151
3. HOVUDLINJENE I FYLKESKARTKONTORETS LTP	152
4. ADMINISTRASJON OG RESSURSAR	154
4.1 ORGANISASJON	154
4.1.1 Personale	155
4.1.2 Kontor og utstyr	156
4.1.3 Databehandling	156
4.2 LØYVINGAR	157
4.2.1 Kap 1406, miljøvernavingane i fylka	157
4.2.2 Kap 1427, Direktoratet for naturforvaltning	158
4.2.3 Kap. 1422, Naturvern og friluftsmål	160
4.2.4 Posteringsfullmakter og belastningsfullmakter	160
4.2.5 Budsjett-tilhøva i LTP-samanheng	160
4.3 SAMARBEIDSORGAN	160
4.3.1 Fylkeskommunale organ	161
4.3.1.1 Planavdelinga	161
4.3.1.2 Andre fylkeskommunale organ	161
4.3.2 Fylkesfriluftsnemnda	161
4.3.3 Statsorgan på fylkesnivå	162
4.3.4 Primærkommunar	162
4.3.5 Lag og organisasjonar	162

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
4.4 INFORMASJON	164
4.4.1 Mål	165
4.4.2 Tiltak	165
4.4.2.1 Utovervend informasjon og kontaktverksemd	166
4.4.2.2 Tiltak til styrking av informasjonsfagleg nivå	166
4.4.2.3 Tiltak til betring av miljøvernavdelinga som informasjonssentr	166
4.4.2.4 Hovudpunkt i eit meir systematisk distribusjonsopplegg	167
4.4.3 Verkemiddel	167
4.4.3.1 Kampanjar, møte og konferansar	168
4.4.4 Aktivitetar	170
4.4.4.1 Distribusjon av skrive informasjon	170
4.4.4.2 Organisering av kampanjar, møte og konferansar	170
4.4.5 Ressursbruk og -behov	170

LANGTIDSPLAN FOR MILJØVERNAVDELINGA I MØRE OG ROMSDAL

1. INNLEIING

Denne langtidsplanen er den første miljøvernavdelinga lagar. Vi har med vilje laga han utfyllande når det gjeld kapitla om status og utfordringar. Dette er gjort for at planen i framtida skal kunne tene som referanse og informasjonskjelde. Ved seinare rulleringar vil planen bli komprimert og gjort meir handlingsretta.

Planen er presentert i samsvar med rettleiaren og retningslinjene frå Miljøverndepartementet. Vi har ikkje funne det formålstenleg å dele verkeområdet til avdelinga opp i fagområde, og brukar berre inndelinga i "hovudfelt".

Planen skal først og fremst tene avdelinga sitt eige behov, men saman med liknande planar frå andre fylke vil han òg vere med på å leggje grunnlaget for ein langtidsplan for den samla nasjonale miljøvernforvaltninga.

I framtida skal detaljerte årsplanar, årsbudsjett og langtidsbudsjett bli baserte på langtidsplanen.

Planen vil bli rullert i takt med fylkesplanen, og miljøvernavdelinga sine tilføringar til denne vil bli baserte på langtidsplanen.

På denne måten bør vi kunne leggje fram for fylkesplansekretariatet betre og meir gjennomarbeidde vurderingar og prioriteringar for fagområda naturvern, friluftsliv, vilt, ferskvassfisk, vassdragsforvaltning og dei ymse formene for forureining.

Formålet med LTP er først og fremst å auke effektiviteten i avdelinga ved å fordele ressursane og innsatsen på dei ulike oppgåvene etter ein gjennomtenkt plan.

LTP skal gje grunnlag for:

- prioritering av arbeidsoppgåver innanfor dei einskilde saksområde
- prioritering mellom saksområde
- prioritering av ressurstilgang til dei einskilde saksområde og arbeidsområde

Når det gjeld prioritering av oppgåver og framdrift, vil ein i LTP òg ta omsyn til den nytta kommunar, fylkeskommunen og statlege sektororgan kan ha av resultat og informasjon som miljøvernavdelinga vil skaffe fram gjennom arbeidet sitt.

Prioriteringa av dei ymse arbeidsoppgåvene er presentert under kvart hovudfelt. Einskilde oppgåver har klare tidsfristar, og det må vere eit høgt prioritert mål at desse fristane blir haldne.

Planperioden er 4 år. Den vil bli rullert i takt med fylkesplanen, og første planperiode vil bli frå 1987 til 1990. Første rullering vil bli hausten 1988.

2. HOVUDFELT OG FAGOMRÅDE

Arbeidsområdet til miljøvernnavdelinga kan strukturast på fleire måtar. Det er naturleg å skilje mellom arbeidet med vern og forvaltning av naturen, og arbeidet med å redusere skadeleg forureining av naturen.

Det er òg naturleg å skilje mellom vern og forvaltning. Med vern tenkjer ein stort sett på klassisk naturvern der målet er å verne naturen i sin opphavlege tilstand. Med naturforvaltning tenkjer ein på fornuftig, ikkje skadeleg bruk av naturen. Arbeidet i avdelinga i samband med vilt, ferskvassfisk, friluftsliv og samla plan for vassdrag er døme på forvaltningsarbeid.

NATURFORVALTNING

Dei generelle måla for naturforvaltningsarbeidet er gjevne i m.a. Stortingmelding nr 68 (1980-81) om Vern av norsk natur, i Stortingmelding nr 36 (1978-79) og i forarbeida til særlovene som departementet forvaltar. Med bakgrunn i desse dokumenta er følgjande målstruktur sett opp for naturforvaltningsarbeidet:

Hovudmål 1: Mangfaldet og produktiviteten i naturen og naturen sitt potensiale for menneskeleg utfolding, skal oppretthaldast.

Hovudmål 2: Alle grupper av befolkninga skal ha høve til naturoppleving, friluftsliv og hausting av goda i naturen. Dette vil styrkje bandet mellom menneskja og naturen.

Hovudmål 3: Samfunnet skal ved bruk og påverknad ta omsyn til både variasjonsrikdomen og sjølvfornyingssevna i naturen. Elles skal ein ta omsyn til korleis naturen på best måte kan verke på trivselen og helsa til folk. Ein skal òg tenkje på livsvilkåra for komande generasjonar.

I LTP-perioden vil det bli lagt auka vekt på arbeidet under hovudmål 2 og 3. Departementet tek sikte på å styrkje friluftslivet, særleg i tilknytning til nærmiljøtiltak rundt dei større byane. Kommunane, fylkeskommunane og andre offentlege styresmakter vil få eit klårare ansvar for å ivareta naturforvaltningsomsyn i si verksemd. Det vil bli lagt auka vekt på informasjons- og rettleiingsaktivitetar, og gjeve sterkare fokusering på dei positive, samfunnsmessige aspekta ved miljøvernarbeidet.

Naturforvaltningsarbeidet blir delt inn i følgjande seks hovudfelt:

- naturvern
- friluftsliv
- viltforvaltning
- ferskvassfiskforvaltning
- vassforsyning
- vassdragsforvaltning

Desse hovudfelta er behandla kvar for seg i den etterfølgjande teksten. Vassforsyning må sjåast på som ein del av vassdragsforvaltninga.

Naturvern og naturforvaltning er på mange måtar kontroversielle emne. Det er generell semje om at livsstilen vår fører verda inn i ei økologisk krise. Nemnast kan sur nedbør, skogsdøden i Europa, forureining av hava osv. Internasjonalt går utviklinga i retning av at naturforvaltninga i aukande grad vil bli styrt av internasjonale avtalar.

Mange av dei skadelege naturinngrepa er så små at kvart ein enkelt inngrep ikkje har noko å seie, medan summen av mange millionar inngrep kan vere katastrofal. Eit eksempel er nedbrenning og oppdyrking av verda sine lungjer, dei tropiske regnskogane. Den oppdyrkinga kvar gardbrukar gjer tel ikkje i denne samanhengen, men det gjer summen av oppdyrkinga i Sør-Amerika, i Afrika og i Sørøst-Asia. Om nokre 10-år vil denne utviklinga skape store vanskar om ho ikkje blir stansa. Det som vi steller med i Møre og Romsdal høyrer òg med i dette biletet.

Den politiske utviklinga her i landet går mot større og større lokalt sjølvstyre. Kommunane får styre og stelle med sitt som dei vil. Men her har Stortinget teke atterhald for m.a. naturvern og viktige sider av naturforvaltninga. Dette er halde attende som eit statleg ansvar under styring av regjering og storting.

Reint organisatorisk er det her duka for konflikt mellom dei langsiktige målsetjingane for den nasjonale naturforvaltninga og den kommunale sjølvråderetten og kommunane sine krav om å kunne nytte sine naturressursar her og no. Så lenge ansvarsfordelinga er som no, vil det vere forskjellige meiningar om naturvern og naturforvaltning. Dette vil spesielt gjere seg gjeldande i Møre og Romsdal som har sær sære mykje natur å verne og å forvalte.

FORUREINING

Det nasjonale forvaltningsansvar for forureiningsspørsmål ligg i Forureiningsavdelinga i Miljøverndepartementet og i Statens Forureiningstilsyn (SFT). På fylkesnivå har Fylkesmannen forvaltningsansvaret. Kommunane har hovudansvaret for å setje i verk og å leve etter dei lover og reglar som gjeld på dette fagområdet. Det er viktig at dei 3 nivåa i forvaltninga har dei same mål og prioriteringar.

Hovudmålet for forureiningskontrollen er å verne om naturen si evne til produksjon og sjølvfornyng. Kjemiske og biologiske prosessar i naturen må ikkje skiplast på ein skadeleg måte. Variasjonen i dyre- og planteliv må oppretthaldast.

Eit anna hovudmål er å sikre at forureiningar ikkje går ut over folks helse eller trivsel.

Hovudprinsippa for å hindre skadeleg forureining er:

- førebyggjande tiltak. Potensielle utslepp må stansast ved kjelda. Dette er langt meir effektivt og billegare enn å bøte på skadane etter at utsleppet er gjort.
- reinsetiltak skal tilpassast lokale tilhøve. Førebyggjande tiltak og reinsing er dyrt. Ein skal ikkje krevje unødige tiltak der belastninga klart er under sjølvreinsingsevna til resipienten.

For å realisere desse prinsippa må kjennskapen til dei lokale tilhøva vere god, og verknaden på resipientane av ymse utslepp må vere kjende. Stikkord i denne samanhengen er:

- eit godt utbygd overvakingssystem som dekkjer resipient, belastning, anlegg osv.
- tiltaksanalysar der mellom anna kost/nytte blir vurdert.
- eit godt samarbeid mellom sektororgana er nødvendig, spesielt når det gjeld arealplanlegging og ymse former for spesialplanlegging, t.d. avløpsplanar, vassbruksplanar, resipientplanar, havbruksplanar osv.

Fagfeltet forureining er i denne planen delt opp i desse hovudfelt:

- vassforureining
- avfall
- støy

Desse hovudfelt er behandla kvar for seg i den etterfølgjande teksten.

2.1 HOVUDFELT NATURVERN

Arbeidsoppgåvene omfattar:

- Oppretting og forvaltning av verneområde.
- Freding/forvaltning av plante- og dyreartar.
- Overvaking av artar.
- Tilhøve til plan- og bygningslova.
- Tilhøve til andre styresmakter.

2.1.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Møre og Romsdal har svært variert landskap og klima. Mosaikkar dominerer ofte over større, samanhengande, einsarta naturtypar. Alt levande som planter, insekt, fisk, fuglar og andre dyr varierer med varierende landskap og klima. Følgjeleg har Møre og Romsdal eit uvanleg rikt og variert naturmiljø. Ofte er viktige funksjonar knytte til heller små og klart avgrensa einskildlokaltetar av svært høg naturvernverdi. Likevel er det visse hovudtypar som pregar natur og landskap i fylket:

Strandflatene med skjergard, øyar og flatland langs kysten.

Fjordlandskapet med bratte lier, smale strandbremmar, dalføre og djupe fjordar, og med ei veldig lokalklimatisk og topografisk spennvidde

Fiellheimen, ofte svært kupert og med utprega alpin karakter, lite av samanhengande vidder.

2.1.1.1 Naturtypar og økosystem

I dette landskapet er visse naturtypar og økosystem meir framtre-
dande og velutvikla i Møre og Romsdal enn i dei fleste andre fylke:

Lynghoi

Den vestnorske lynghoi når opp til kysten av Møre og Romsdal, og særleg i dei sørlege kystkommunane er det framleis store heiområde med typisk utforming. Her finst bl.a. karakterplanten purpurlyng på si nordgrense. Lynghoi er langt på veg eit kulturlandskap som raskt endrar karakter når dei gamle bruksformene fell bort. Dels er det gjenvekst av skog, men det skjer òg ved omfattande inngrep som oppdyrking, lebelteplanting og skogplanting.

Rike lauvskogslier

Også dette er ein vestnorsk naturtype, særleg velutvikla i sørvende fjellsider. Ei rekkje av dei sørlege treslaga har si nordgrense i Møre og Romsdal, som lind, eik, kristtorn og barlind, medan artar som alm, ask og svartor også er nær nordgrensa for typisk utforming av bestandar. Generelt har desse samfunna stort biologisk mangfald og er viktige område for kravfulle planter og dyr. Ein del av dei inngår som viktige element i kulturlandskap. Presset på denne naturtypen er mange stader stort, med skogsvegbygging og treslags-
skifte, og bilvegbygging som sentrale i arealkonflikten.

Vestnorske furuskogar

Stort sett er dette restar av tidlegare langt meir utbreidde skogstypar. Desse naturfuruskogane er ofte nokså rike når det gjeld både plante- og dyresamfunn, men dei er på vikande front, og areala med lite påverka furuskogar minskar raskt i takt med skogavverking.

Havstrender og marine gruntvassområde

Dette er ein naturleg del av strandflateformasjonane og dekkjer store areal i dei midtre og ytre øyområda, enkelte stader også inst i fjordbotnane. Slike område er særleg viktige når det gjeld marinbiologisk produksjon, som beite- og oppvekstområde for yngel av ei rekkje fiskeartar, og som hekkeområde, trekkbeiteplassar og overvintringsområde for sjø- og vassfuglartar frå vide område i Nord-Europa. Arealbrukskonfliktar oppstår i samband med utfyllingar for utbygging i strandområde, dei seinare åra også ved plassering av havbruksanlegg, dels også gjennom båtutfart.

Våtmarker og vassdrag

Dei rikaste våtmarkene finst hovudsakleg i strandflatelandskapet, der tidlegare havbotn eller jordbruk og busetnad gjev rikeleg tilgang på plantenæring. Slike lokalitetar er særleg viktige for hekkande vassfuglar, med fleire sjeldne artar i nasjonal samanheng, som dvergdykkar, fleire ender og rikser. I trekketidene og i vinterhalvåret er desse våtmarkene viktige beiteplassar for trekkande fugl. Møre og Romsdal er såleis det fylket som har størst vinterbestand av songsvaner i Noreg. Gjennom ekspansjon og intensivering av jordbruksdrift har presset på våtmarker og vassdrag auka ved senking, korrigering og forbygging av vassdrag, og drenering og oppdyrking av myrar. Skogsmyrgrøfting har og auka dei siste åra. Særleg i dei små kystvassdraga har dessutan forureiningseffekter frå jordbruk hatt negativ verknad i nyare tid. Vassdragsnaturen i fylket var opprinneleg svært variert, om enn prega av heller lågproduktive vassdrag. Kraftverksutbyggingar, smoltanlegg og andre inngrep har nok redusert talet på urørte vassdrag sterkt.

Elveøyrrar

Dette landskapselementet har vore særleg typisk utvikla i dei mange fjordbotnane i Møre og Romsdal, og sjølv om store elvedelta finst i mange av dei andre fylka, har neppe naturtypen vore eit meir sentralt innslag i andre fylke. Av opprinneleg om lag 60 godt utvikla elvedelta i fylket, er det i dag berre 3-4 nokolunde intakte elveøyrrar att. Arealkonfliktar med ulike former for utbygging trugar i dag restane av det som framleis er att.

Sjøfuglkoloniar

Som eitt av dei viktigaste gyte- og oppvekstområde for fisk langs Norskekysten, er det naturleg at sjøfuglbestanden i Møre og Romsdal er stor. Det einaste eigentlege fuglefjellet sør for polarsirkelen er på Runde. Det er det andre eller tredje største i landet, og det artsrikaste. For havhest, havsule, toppskarv, storjo, fiskemåse og kanskje raudnebbterne huser fylket vesentlege delar av dei norske bestandane. Sjøfuglbestandane har gjennomgått store endringar i ny tid. Fleire artar er komne til og er framleis i ekspansjon, som havhest, havsule og storjo, men mange av dei andre har gått atten-

de, dels som følgje av menneskeleg aktivitet. Viktigaste problemfelt er oljesøl/oljeaktivitet, fiske (både overfisking og garnfangst), havbruksnæringa (matfiskoppdrett), villmink og jakt (toppskarv). Auka ferdsel og båtutfart i hekkeområda kan òg ha gjeve utslag for visse artar.

2.1.1.2 Truga og sårbare planter og dyr

Med den rike spennvidde i naturtypar og tilsvarande rikt artsutval av planter og dyr, er det naturleg at det innafor fylket finst planter og dyr som er rekna som truga og sårbare. Med utgangspunkt i Statens Naturvernråds oversikt frå 1984, vil ein finne viktige lokalitetar for mange artar innafor desse kategoriane i Møre og Romsdal:

Planter

Fem planteartar innafor denne kategorien har vekseplassar i fylket. Av desse merkar ein seg havburkne og fjellvalmue med sentrale lokalitetar i norsk samanheng. Miljøkravet gjer ikkje desse to artane spesielt utsette for menneskeleg aktivitet bortsett frå samlarar, medan stormarihand, bendeltjønnaks og raud skogfrue nok kan vere utsette for jordbruk, skogbruk og forureining.

Krypdyr og amfibier

Blant dei sårbare og truga krypdyr og amfibier er både stor og liten salamander funnen i fylket, i eit avgrensa område i Rindal og Surnadal kommunar. Lokalitetane representerer dei beste salamanderområda i vårt land, men dei er svært utsette for inngrep frå jord- og skogbruk og for forureining.

Fuglar

Ikkje mindre enn 30 fugleartar innan dei ulike kategoriar i Statens naturvernråds oversikt opptre regelmessig i fylket, av dei 24 artar hekkande. For vandrefalk, åkerrikse, toppskarv, kongeørn, alke, lomvi, hubro, kvitryggspett, vassrikse, myrrikse og gråspett huser fylket vesentlege delar av den norske bestanden, og for songsvane, sjøorre og havelle er fylket blant dei viktigaste vinteropp-haldsstader i vårt land. Jamfør elles med ovafor nemnde oversikt. Fleire av desse artane er utsette på grunn av menneskeleg aktivitet eller inngrep i deira leveområde: Åkerrikse, vassrikse og myrrikse står i faresona i samband med jordbruk og nydyrking, toppskarv, alke og lomvi ved oljesøl og fiskereiskap, havørn, kvitryggspett og gråspett i samband med skogbruk, og songsvane som følgje av inngrep i vassdrag og tidevassområde.

Pattedyr

Av truga og sårbare pattedyrartar er 10 artar registrerte i fylket i nyare tid, og i nasjonal samanheng merkar ein seg særleg piggsvin, nise, oter og steinkobbe. For piggsvinet er truleg endringar i kulturlandskapet og driftsmåtar største problemet, medan dei tre sjøpattedyra har hatt størst problem med fiskereiskap og direkte jakt.

2.1.1.3 Urørte naturareal

Med den mosaikk naturen i Møre og Romsdal har, og med dei korte avstandane til sjø og fjell, og særleg med avgrensa låglandsareal og tett busetnad, er det lite att av det som kan oppfattast som urørte naturområde. Areala av slike område er også gjennomgåande små.

Kystområde

Urørt natur på kysten er først og fremst å finne der det er større, samanhengande skjergardsområde, som i Sandøy, Aukra og Smøla kommunar. Langs dei større øyane og på fastlandet er busetnad, fritidshus, vegar og hamner så jamt fordelte at dei urørte landområda som grensar til sjøen, stort sett er å finne langs bratte og ulendte fjell- og fjordsider. Men også desse areala har vorte utsette for inngrep dei siste åra og har minka sterkt. Vegbygging, kraftutbygging og nye kraftlinjer påverkar store område. Det same gjer havbruksanlegg i skjergarden. Men også generell auke i fritidsferdsel, med båtutfart og hyttebygging verkar meir og meir inn på urørte naturområde.

Myr- og heiområde

Fleire av kystkommunane er praga av myr og hei, men få slike område kan i dag seiast å vere urørte. Ein del kommunar har framleis etter måten store område som ein kan seie ligg nært opp til urørt natur når det gjeld desse typane. Ein kan særleg merke seg Smøla, i mindre grad Herøy, Haram, Sandøy, Aukra, Fræna og Averøy. Det skjer raske endringar i desse områda, både ved naturleg suksesjon der beitetrykk minkar, men òg gjennom ekspansjon av menneskeleg aktivitet, dyrking, skogplanting og bygging.

Skogsområda

Både barskogen (stort sett furu) og lauvskogen er sterkt oppsplitta. Dette saman med landskap og busetnad elles gjer at dei aller fleste skogsområda ber preg av kultur i sterkare og svakare grad. Urørt skog finst i hovudsak på meir ulendte og avsidesliggende stader, særleg langs bratte fjordsider og i fjelldalar. Med intensivert skogsdrift har og presset på, og forbruket av urørte skogsareal auka i form av auka avverking, treslagsskifte og ikkje minst ved eit sterkt aukande skogsbilvegnett. Auka bruk av plantevernmidde i utmarksområda kan skade den naturlege flora og fauna, medan direkte skogsgjødsling har hatt heller avgrensa omfang i fylket.

Fjellheimen

Av urørte naturtypar i fylket er det utan samanlikning fjellområda som dominerer. Sjølv om dei er sterkt oppdelte, må ein likevel konkludere med at det meste av areala frå skogbandet til høgfjellet langt på veg er urørte, anten dei ligg ytst på kysten, eller det er i grensetraktene mot andre fylke. Av større, samanhengande areal er det særleg Trollheimen, Sunndalsfjella mot Dovrefjell, og fjella mellom Romsdal og Tafjord som merkar seg ut. Fleire store kraftutbyggingsprosjekt har ført til omfattande endringar i fjellnaturen, og i dei mest attraktive områda har det vakse fram hyttegrender som somme stader legg beslag på heller store areal. Oppdyrking av myrar

og heiområde i dei lågareliggjande fjellområda fører òg til merk-
bare inngrep i tidlegare nær urørt fjellnatur.

Kvalifisert villmark

Naturleg nok er det att lite som kan gå under denne nemninga
(område meir enn 5 km frå veg, jernbane eller grender med buset-
nad). Det er berre små areal i nokre av dei mest avsidesliggjande
fjellområda, særleg langs grensa mot andre fylke: Geiranger, Ta-
fjordfjella, Romsdalsfjella, Sunndalsfjella og Trollheimen. For
fleire av desse områda ligg det føre kraftutbyggingsplanar.

2.1.1.4 Kulturlandskap

Det er lite att av det som kan kallast samanhengande kulturlandskap
av meir tradisjonell karakter. Slike område må først og fremst
søkjast i meir avsidesliggjande bygdelag, dels fråflyttingsprega
område. Av dei som bør vere av interesse i ein vidare samheng,
kan nemnast:

- Storfjorden - strandgardar frå den tidlegare busetnaden langs
dette fjordsystemet. Dei fleste er i dag fråflytta.
- Uksnøyområdet - frå den gamle kystbusetnaden, fråflytta.
- Veøya - kyrkje og prestegard, freda som landskapsvernområde.
- Geilhaugen, Tingvoll - typisk kulturlandskap på Nordmøre..
- Innerdalen - fjellgard, freda som landskapsvernområde.
- Stangvika - bygdelag med mykje av opprinneleg preg i busetnad.
- Kuli og Edøya - kystbusetnad, framleis aktivt i hevd.

Endra bruk av eldre beitemarker og kulturmarksareal, blant anna
fråflytting, fører òg til at det gamle kulturlandskapet raskt
endrar karakter og minkar i areal.

2.1.1.5 Område som er freda i medhald av naturvernlova

Verneplanen for våtmarker er den einaste fylkesvise verneplanen som
er gjennomført i Møre og Romsdal, men det har tidlegare vore gjenn-
omført vern av område som einskildsaker, både endeleg vern og mel-
lombels vern i særskilte område.

Område:	Reser- vat	Freding. område	Minne	Landsk.v. område	Areal
Raudehaugen, Vanylven	X	-	-	-	52 da.
Helgehornvatnet, Vanylven	X	-	-	-	18 "
Lillebø, Sande	-	-	X	-	-
Hallevatnet, Sande	X	-	-	-	62 "
Myklebustvatnet, Herøy	X	-	-	-	324 "
Runde, Herøy og Ulstein	-	X	-	X	2.700 "
Grimstadvatnet, Hareid	X	-	-	-	934 "
Leitet, Volda	-	-	X	-	-
Stranda, Stranda	-	-	X	-	-
Kallskaret, Norddal	X	-	-	-	900 "
Nedre Rødal, Norddal	-	-	X	-	-
Lerstadvatnet, Alesund	X	-	-	-	135 "
Ratvikvatnet, Alesund	X	-	-	-	69 "
Aukraholman, Aukra	-	X	-	-	120 "
Flat-/Furholmen, Aukra	-	X	-	-	340 "
Mordal, Molde	-	-	X	-	-
Veøya, Molde	-	-	-	X	350 "
Sandblåstvågen, Fræna(del)	X	-	-	-	260 "
Innerdalen, Sunndal	-	-	-	X	73.000 "
Skjølbergøyan, Smøla	-	X	-	-	?
<u>Administrativt freda</u>					
Stangvik presteg., Surnadal	-	-	X	-	-
Aure barskogreservat, Aure	X	-	-	-	500 "
					ca. 80.000 da.

2.1.1.6 Verneplan for vassdrag

Gjennom dei vedtekte verneplanane for vassdrag er følgjande område med i Møre og Romsdal:

Bondalsvassdraget i Ørsta	verneplan I
Norangsvassdraget i Ørsta	" I
Vesteråselva i Stranda	" III
Valldalsvassdraget i Norddal	" I
Stordalsvassdraget i Stordal	" III
Istra i Rauma	" III
Drivavassdraget i Sunndal	" III
Alvunda/Innerdalen i Sunndal	" I
Todalsvassdraget i Surnadal	" III
Søya i Surnadal	" I

Desse vassdraga ligg alle i dei midtre eller indre strøka i fylket og er på mange måtar nokså likearta vassdragstypar. Dette utvalet gjev såleis svært mangelfull dekning for variasjonen av vassdragsnaturen i fylket. Særleg manglar kystvassdrag og låglandsvassdrag.

2.1.1.7 Kunnskapsbehov(Datagrunnlag)

Ein veit nokså mykje om naturfaglege tilhøve i fylket, både når det gjeld registrering av naturtypar og når det gjeld funksjon. Likevel

er kunnskapsgrunnlaget mangelfullt på fleire felt, og ei viktig utfordring i planperioden vil derfor vere å forbetre kunnskapen, samstundes som datagrunnlaget blir gjort meir oversiktleg og lettare tilgjengeleg. Særleg på to felt er behovet sentralt:

EDNA

Få lagt inn på dataregister alle tilgjengelege opplysningar om registrerte naturvernverdiar i fylket.

Ajourføring av data

Det er etter kvart også eit sterkt behov for å få ajourført dei kommunevise registreringane av naturvern- og friluftsområde som blei gjennomførte i 1974-76. Dette både fordi det kan vere manglar i dei første registreringane, men òg fordi det har skjedd store endringar som har påverka verdien av dei ulike områda.

Forvaltningsretta forskning

Sjølv om registreringsmaterialet innan dei ulike naturtypene etter betydelege nær urørt natur av desse typene, merkar ein seg særleg kvart kan vere tilfredsstillande, vil ofte ei rett forvaltning på lengre sikt vere avhengig av at ein har kunnskap om funksjon av dei ulike element innan dyre- og plantesamfunn. På dette feltet er det framleis store manglar, og her er det fleire uløyste forskingsoppgåver.

2.1.1.8 Informasjon

I det daglege arbeidet og i situasjonar der oppfatning av og haldning til naturfag og naturverdiar blant lekfolk og ulike instansar i samfunnsapparatet kjem til uttrykk, er det påfallande ofte feiloppfatningar og mistydingar som dels gjer at argumenta om naturvern ikkje får gjennomslag, dels fører til unødige konflikhtar. Ei viktig oppgåve vil derfor vere å kunne formidle kunnskap innafor fagområdet, både gjennom undervisningssektoren og generelt.

2.1.1.9 Samarbeid med andre etatar

Gjennom ulike lover og formell sakshandsaming samarbeider naturvernsektoren med ei rekkje andre etatar. Det står likevel ikkje til å nekte at det er behov for eit breiare samarbeid med ei rekkje av etatane, og ofte på eit tidlegare stadium i dei ulike planprosessane. Dette vil i særleg grad gjelde etatar som har ansvar for større inngrepssaker, som landbruks- og skogbruksetaten, vegetaten, kraftselskap, fiskerietaten (oppdrett) og forsvaret.

2.1.2 MÅL

Målet er å oppretthalde artsmangfald av dei planter og dyr som i dag finst i fylket, og å bevare potensialet i naturtypar som kan gje grunnlag for naturleg ekspansjon av artar som i dag har forsvunne frå fylket av ein eller annan grunn, eller som det er naturleg å vente vil vandre inn.

2.1.2.1 Sikring av naturtypar ved områdevern

Å sikre eit representativt utval av dei ulike naturtypar og økosystem som finst innan fylket og i tilstrekkeleg store areal til at dei framleis skal kunne fungere. Ein skal òg gje rom for regenerering av naturtypar og plante- og dyresamfunn som naturleg høyrer heime innanfor fylket, men som av menneskeskapte årsaker er reduserte eller er trengde unna.

Å sikre store nok livsrom for truga og sårbare plante- og dyreartar til at dei kan oppretthalde levedyktige bestandar. For dyre- og fugleartar der fylket har forvaltningsansvar for vesentlege bestandar i nasjonal samanheng, må det dessutan vere ei målsetjing å verne tilstrekkeleg mange område og tilstrekkeleg stort areal til at tyngda av bestandane ein i dag har innanfor fylket er verna på lengre sikt.

Å komplettere det registreringsarbeid som står att for dei fylkesvise verneplanane som er under arbeid, og å utarbeide planar for vern og gjennomføre vern for dei naturtypar som til no er planlagt: Myr, sjøfugl, edellauskog, kvartærgeologi, rikfurusskogar og havstrand. For større naturområde vil gjennomføring av landsplan for nasjonalparkar vere eit viktig mål, men i tillegg til det også vern av eit utval av større naturområde for å sikre representative naturtypar i nasjonal- og internasjonal samanheng.

Ut frå det som er sagt ovanfor, er den konkrete målsetjinga for vern av område etter naturvernlova å sikre eit utval av alle naturtypar, plante- og dyresamfunn gjennom fylkesvise verneplanar eller andre vernetiltak.

2.1.2.2 Forvaltning av etablerte verneområde

Syte for at vernevedtaka er effektive.

Definere kva tilstand verneområda skal vere i/utvikle seg til.

Der det ikkje er i konflikt med verneformålet, legge til rette for ålmenta sin bruk av områda både i vanleg tur/opplevingssamanheng, og i undervisningssamanheng.

2.1.2.3 Fremje omsyn til naturvern og økologi i arealplanlegginga

Ved all disponering av naturressursar må det takast utgangspunkt i å oppretthalde dei biologiske produksjonstilhøva i naturen. Det vil derfor vere nødvendig å få kartfesta på ein oversiktleg måte verdi og funksjon av naturen i ulike område. Ut frå dette må siktemålet vere at

- område som har verdi for å oppretthalde mangfald og produksjon i naturen

- område som har regional, nasjonal eller internasjonal verneverdi ut frå biologiske, geologiske eller landskapsestetiske vurderingar
- område som har stor, rekreativ verdi

i arealdisponering blir avsette som naturområde.

Naturvern og økologi må inn som eitt av grunnelementa i alt planarbeid, og naturvernsektoren må inn på eit førebuande stadium i dette arbeidet. Dette gjeld innan det generelle planarbeid i kommunane (kommuneplanar, reguleringsplanar). Det er òg viktig at slikt planarbeid og omfattar sjøområde langs kysten.

Rullere dei kommunevise registreringane av naturvern- og friluftsområde frå 1976, og på basis av dette og EDNA/FRIDA få utarbeidd nye rapportar for denne sektoren.

2.1.2.4 Sikring av vassdrag som økosystem

Ei overordna målsetjing må vere å sikre dei fysiske og biologiske funksjonane av vassdraga. Forvaltninga må ta sikte på å sikre vassdraga som økosystem.

Vassdrag av nasjonal/regional interesse må bli sikra gjennom vidareføring av verneplanar for vassdrag. I tillegg vil det vere stort behov for å sikre langt fleire vassdrag ut frå meir lokale omsyn.

Forvaltninga må ta omsyn til at vassdraga er heilt sentrale landskapselement og at områda inntil vass-strengen derfor må forvaltast som ein del av vassdraget. Særleg viktig er det å arbeide for sikring av dei biologisk mest produktive områda. Det er område som i stor grad er blitt og framleis blir disponerte til andre føremål, og vern av slike område må derfor prioriterast høgt (meanderar, kroksjøar, delta, estuarier).

Ved regulering (konsesjonsfasen) eller ved andre inngrep i vassdragsnaturen må naturvernomsyn bli innarbeidd på eit tidleg stadium i planane. Ved fleirbruk er det viktig at samla uttak av vatn ikkje er større enn at vassdraget framleis kan oppretthalde sin funksjon.

2.1.2.5 Fremje omsyn til naturinteressene i jord- og skogbruk

A få innarbeidd ein praksis der det i alle naturinngrepssaker skal utarbeidast og leggjast fram vurderingar av kva følgjer eit inngrep vil få for naturverdiane og funksjonen i naturen. Dette vil òg seie at det må takast sikte på eit samarbeid med fagorgan der det ikkje har vore ein slik praksis, og der dette heller ikkje er lovfesta ut over generelle naturomsyn. Utgreiinga skal gjerast av den som gjennomfører inngrepet.

A gjere naturvernspunkt gjeldande overfor store arealbruksinteresser som jordbruk og skogbruk, oppdrettsnæring og kraftlinjebygging. Det er viktig at desse sektorane sjølve innarbeider omsynet til naturverninteresser i si planlegging og tek kostnadene med det.

2.1.2.6 Betring av kunnskapsgrunnlaget

Utvide og forbetre kunnskapsgrunnlaget for ei betra forvaltning, både når det gjeld det generelle naturvern og når det gjeld verneplanarbeidet. I planperioden må spørsmål knytte til sentrale naturtypar og økosystem i fylket bli prioriterte i dette arbeidet:

Vestnorske kystheiar, vestnorske skogslier, terskelfjordar, tidevass-soner og truga artar.

2.1.2.7 Betring av informasjon om naturvern

Hovudmålsetjinga innan informasjonssektoren må vere tosidig:

Generell informasjon om naturfaglege spørsmål, behovet for å få innarbeidd naturfagleg kunnskap i all disponering av natur til ulike føremål.

Informasjon om verneplanarbeid, både med grunngjeving av behovet for slikt arbeid, og informasjon om dei eksisterande verneområda.

2.1.3 TILTAK

2.1.3.1 Sikring av naturtypar ved områdevern

Finne fram til datagrunnlag for ei klassifisering og verdivurdering av dei ulike naturtypar og økosystem i fylket. På dette grunnlag å kome fram til eit utval av område for vernetiltak.

Med utgangspunkt i rapportane for truga og sårbare plante- og dyreartar supplere og komplettere datagrunnlaget for vurdering av desse artane sin status i fylket. På dette grunnlag utarbeide oversikter over forekomstar med tanke på områdevern.

Arbeidet med gjennomføring av dei fylkesvise verneplanane må halde fram i planperioden, og for fleire av dei ulike tema må ein ta sikte på at arbeidet blir slutført i denne perioden. Situasjonen i fylket er som følgjer:

Verneplanttype	Registrering	Framlegg plan	Høyring/ oversend.	Forvaltning (vernevedt.)
1.Våtmark	Utført	Utført	Utført	1987-90
2.Geologi mineral	"	"	"	1987-90
3.Trollheimen	"	"	"	1987-90
4.Myrtypar	"	1987	1987	1988-90
5.Sjøfugl	"	1987	1987	1988-90
6.Havstrand	"	1987	1987/88	1988-90
7.Smøla	"	1987	1988/89	1990
8.Edellauvskog	1987(suppl)	1987	1987/88	1989-90
9.Geologi lausm.	1987(suppl)	1987/88	1988/89	1990
10.Reinheimen	Utført	1987	1987/88	1990
11.Barskog	1988	1989/90	1990	-
12.Landskapstypar	1988/89	1989/90	1990	-
13.Nasjonalparkar	Utført	1987/89	1989/90	-

Ut frå dei registreringar og vurderingar som er gjorde til no, vil gjennomføring av desse verneplanane gje følgjande resultat:

Type verneområde	Antal	Areal
Små område, reservat	250	450 km ²
Større område	4	2.250 "

2.1.3.2 Forvaltning av etablerte område

Etablere oppsynsteneste i alle freda område. For å rasjonalisere dette arbeidet, vil avdelinga arbeide for å opprette oppsynsregionar i kombinasjon med oppgåver innan friluftsliv. Sjå "Hovudfelt Friluftsliv".

Utarbeide skjøtselsplanar for dei områda der det er nødvendig med tiltak for å oppnå den tilstand som er definert i verneformålet.

Merkje ferdselsruter, tilretteleggje utsiktspunkt og observasjonsgøymser, setje opp opplysningsstavler og utarbeide informasjonsmateriell.

I LTP-perioden er målet for konkrete tiltak følgjande:

Område	Skjøtsel	Info.	Obser. skjul	Merking
Hallevatnet	X	-	-	-
Runde	-	X	X	-
Myklebustvatnet	X	X	X	X
Grimstadvatnet	X	X	-	-
Lerstadvatnet	X	X	X	X
Ratvikvatnet	X	X	-	X
Veøya	X	X	X	X
Innerdalen	-	X	-	-
Sandblåstvágen	X	-	X	X
Våtmarksplanen	-	X	-	X
Geologi, mineral	-	-	-	X
Trollheimen	-	X	-	X
Myrreservatplan	-	-	-	X
Sjøfuglreservatplan	X	X	-	X
Havstrandsplanen	-	-	-	X
Edellauvskogsplanen	-	-	-	X

2.1.3.3 Fremje omsyn til naturvern og økologi i arealplanlegginga

Samarbeid med planstyresmaktene i kommunar og i fylkeskommunen for å kartleggje naturgrunnlaget og innarbeide naturvernomsyn i planleggingarbeid i ulike samanhengar: Kommuneplanar, soneplanar og reguleringsplanar. Dette inneber både at inngrepa tek omsyn til opprinneleg funksjon, og at naturområde må bli avsette under arealdisponeringa.

Innarbeide naturvernomsyn og økologiske argument i alt planarbeid. Dette gjeld arealplanar som kommuneplan, soneplan og reguleringsplan. Under slikt planarbeid må naturverdiane setjast inn i ein større samheng - innan den einskilde kommune/region. Særleg viktig for Møre og Romsdal er det å utarbeide kystsoneplanar for samordna bruk av kystområda. Grunnelementet for slike planar er å ta vare på den høge, biologiske produksjon og variasjon i desse kystområda.

Gjennomføre tilleggsregistreringar og ajourføring av tidlegare datagrunnlag og leggje dette inn på dataregister (EDNA), slik at registeret vert operativt til bruk under saksbehandling og for ajourføring og oppsummering av rapportar til kommunar og fylkeskommune og andre aktuelle fagorgan.

2.1.3.4 Vassdragssaker

Gjennomføre "Verneplan for vassdrag IV". I samband med dette også syte for å få med eit representativt utval av kystvassdrag. Samstundes er det viktig at vassdrag som naturelement kan bli innordna i arealdisponering i ulike plansamanhengar.

Under alt planarbeid må det avsetjast randsoner med naturleg vegetasjon langs alle vassdrag for å oppretthalde naturleg produktivi-

tet i og langs vassdraget, og for at det skal kunne fungere som buffer- og filtersone for forureinande tilsig.

Opprette samarbeidsavtalar mellom naturvernetaten og dei etatane som har ansvar for vassdragsreguleringar, særleg NVE sine distriktskontor, landbruksetaten og fiskerisjefen (settefiskanlegg). Ved alle inngrep i vassdrag må det krevjast relevante vassføringsdata, særleg for lågvasssituasjonar.

2.1.3.5 Andre naturinngrepssaker

Samarbeid med skogbruksetaten når det gjeld inngrep i og avverking av naturfurskogar og høgproduktive lauvskogar, treslagsskifte og skogreising på trebare område. Særlege, forvaltningsmessige omsyn må gjelde truga eller sårbare artar og -samfunn.

Samarbeid med landbrukssektoren når det gjeld arealdisponering og handtering av randsoner kring dyrkamark, både langs vassdrag og generelt. Samarbeid med denne sektoren er òg nødvendig når det gjeld verknader av jordbruksavrenning og miljøgiftbruk.

Samarbeid med fiskerisektoren om havbruksanlegg som kjem i kontakt med sårbare, marine lokalitetar med tanke på omsynet til sårbare artar generelt (skarv, hegre, havørn, oter bl.a.), og når det gjeld plante- og dyresamfunn i strandsone og gruntvassområde generelt. Gjennom settefiskproduksjon vil denne sektoren òg kunne bli ein viktig faktor når det gjeld bruk av vassdraga.

Samarbeid med andre utbyggingssetatar når det gjeld disponering av areal med høg naturvernmessig verdi, særleg med tanke på sårbare område som utfylling av gruntvassområde langs sjø og i ferskvatn.

2.1.3.6 Forskning, utgreining og utviklingsarbeid

Fullføre kartlegginga av ulike naturtypar i fylket. I planperioden er det viktig å få gjennomført dei forskingsprosjekt som allereie er skisserte i samarbeid med dei andre vestlandsfylka og vitskapelege institusjonar (Økoforsk, Universitetet i Bergen, bygdemusea, fylkeskonservatoren m.v.).

I samband med verneplanarbeid må følgjande forskingsoppgåver prioriterast i planperioden:

<u>Verneplan:</u>	<u>Reg./verdivurd.</u>	<u>Økologi</u>	<u>Forv.tiltak</u>
Kulturlandskap	1987	1987	1987/89
Kysthei	1987/88	1987/90	1988/90
Barskog	1988	1988/90	1989/90
Elveøyrrar	utført	1988/90	1989/90
Rike lauvskogslier	1989/90	1989/90	1990
Terskelfjordar	1989/90	1989/90	-

I planperioden må også følgjande arbeid følgjast opp når det gjeld sårbare og truga artar:

<u>Art/samfunn</u>	<u>Kartlegg.</u>	<u>Populajons-</u> <u>dynamikk</u>	<u>Forvaltnings-</u> <u>tiltak</u>
Havørn	utført	1987/90	1987/90
Vandrefalk	"	1987/90	1987/90
Kvitryggspett	1987/90	1987/90	1989/90
Akerrikse	1988/90	1988/90	1987/90
Songsvane	utført	utført	1988/90
Blodigler	1988	-	1989/90

2.1.3.7 Informasjon

Samarbeid med skolar og høgskolar når det gjeld datapresentasjon og tilrettelegging av kunnskap om natur og vernearbeid i fylket, t.d. rapportar, lysbildeseriar o.l.

Arrangere fylkesvise naturvernkonferansar i samarbeid med organisasjonar, gjerne temaretta innan aktuelle naturvernspørsmål.

2.1.4 VERKEMIDDEL

2.1.4.1 Områdevern

- Naturvernlova
- Vernereglar i freda område
- Skjøtselsplanar
- Innløysing av område

- Viltlova med føreskrifter

- Midlar til sakkyndig hjelp
- Vedtekter til plan- og bygningslova
- Samarbeid med interesseorganisasjonar

2.1.4.2 Forvaltning av etablerte verneområde

- Vernereglar
- Informasjon
- Oppsyn og skjøtsel
- Midlar til forvaltning

- Fagkunnskap om området
- Skjøtselsplanar

- Fagkunnskap om området
- Pengar til merking og informasjon
- Samarbeidsavtalar med skolar etc.

2.1.4.3 Naturvern i planlegginga

- Naturvernlova
- Viltlova med forskrifter
- Plan- og bygningslova
- Tilskott til planarbeid
- Friluftsløva
- Skoglova
- Informasjon

- Samarbeid med planstyresmakter
- Hanneløva
- Tilskott og delfinansiering av fleirbruksplanar

- Midlar til sakkyndig hjelp for EDNA-arbeid
- Forbetra dataregister (EDNA).
- Rundskriv og rapportar

Det er behov for retningslinjer for planlegging i kystområde, særleg når det gjeld bruk av sjøareal.

2.1.4.4 Vassdragssaker

- Vassdragslova
- Plan- og bygningslova
- Verneplan for vassdrag IV

- Viltlova med forskrifter
- Bruk av vilkår for tilskott

Det er behov for retningslinjer for inngrep i og langs vassdrag, med lovmessig sikring av randsonene langs vassdraga.

- Forskrifter og retningslinjer
- Oppdrettslova
- Vilkår i samband med tilskottsordningar
- Retningslinjer for minstevassføring

2.1.4.5 Andre naturinngrepssaker

- Plan- og bygningslova
- Viltlova
- Skoglova
- Vassdragslova
- Veglova
- Rundskriv til andre etatar
- Samarbeid med andre organisasjonar
- Samarbeidsavtalar med andre etatar som er ansvarlege for større naturinngrep

Det er behov for lovheimla krav om vurdering av naturfaglege konsekvensar av naturinngrep for sektorar som ikkje har slike krav i dag (jord- og skogbruk, utfyllingsprosjekt etc.)

2.1.4.6 Forskning, utgreiing og utviklingsarbeid

- Midlar til sakkyndig hjelp
- Grunnløyvingar til forskingsføremål
- Samarbeidsavtalar med vitskaplege institusjonar
- Samarbeid med frivillige interesseorganisasjonar

2.1.4.7 Informasjon

- Midlar til informasjonsføremål
- Samarbeid med interesseorganisasjonar
- Samarbeid med næringsorganisasjonar.
- Møte og naturvernkonferansar
- Rundskriv og informasjonsmateriell

- Samarbeid med nærings- og grunneigarorganisasjonar
- Rundskriv og informasjonsmateriell
- Samarbeid med frivillige organisasjonar
- Samarbeid med andre fagetatar

2.1.5 AKTIVITETAR

Naturvern- og friluftsgruppa i miljøvernavdelinga tel 4 personar. Det er ikkje til dagleg sett noko klart skilje mellom arbeidet med naturvern og friluftsliv, og ein ser heller ikkje nokon grunn til å definere nokon slik skilnad. Aktivitetane og ressursane i samband med naturvern må sjåast i samband med dei for friluftsliv.

Løn og driftsutgiftene for dei fast tilsette er dekt av løyvingar over det regulære budsjettet til avdelinga, kap 1406 i statsbudsjettet. Dette fangar opp den administrative innsatsen som gruppa er pålagt. Anna meir reindyrka naturvernarbeid som arbeid med verneplanar og skjøtsel i verna område er dekt ved løyvingar over naturvernkapitla i statsbudsjettet, kap 1422 og kap 1427. Arbeid finansiert over desse kapitla blir gjort av engasjert personale.

Nedanfor er aktivitetane innanfor hovudfeltet naturvern presentert i tabellform:

AKTIVITETSPLAN

	Vekeverk			
	1987	1988	1989	1990
Arbeid utført av fast tilsette i N-F gruppa				
Administrative og faglege oppgaver i samband med nasjonalparkar og verneområde, planlegging, skjøtsel, erstatningar, osb.	33	33	38	40
Administrative oppgaver i samband med arealplanlegging, naturinngrep, osb.	35	35	31	30
Administrative oppgaver i samband med konsesjonssøknader på fiskeoppdrett, kraftutbygging, kraftleidningar, osb.	12	12	11	10
Samla plan for vassdrag, verneplanar for vassdrag	4	4	4	4
Ferie, interne møte, informasjonsarbeid, kurs og fagseminar	40	40	40	40
Samla innsats	124	124	124	124

Arbeid utført av engasjert personale:

Fylkesvise verneplanar - registreringar, vurdering, utarbeiding av forslag til grenser og vedtekter	52	56	56	76
Skjøtsel, oppsyn og merking av verneområde kap 1427 post 01.9 og 31.1	84	104	156	167
Iverksetjing av EDNA, oppdatering og innlegging av informasjon om verneverdige naturområde	12	10	4	2
Overvaking, registrering og merking av truga artar	10	10	10	10
Arbeid med slutføring av verneområda Reinheimen, utviding av Dovre nasjonalpark og Geiranger/Herdalen	-	4	16	16
Samla innsats av engasjert personale	158	184	242	261

2.1.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV

Som det går fram av aktivitetsplanen ovanfor er innsatsen av fast tilsett personale på hovudfeltet naturvern om lag 2,4 årsverk (124 vekeverk). Løn og andre kostnader for denne innsatsen er dekt av det ordinære budsjettet til avdelinga, kap 1406.

Naturvernarbeidet i fylket er òg tilgodesett med midlar frå kap 1422 og kap 1427 i statsbudsjettet. Det er gjort nærare greie for kva løyvingane over desse kapitla skal brukast til i 4.2 LØYVINGAR.

Vi finn det ikkje føremålstenleg å gå inn på kva post og underpost som bør dekkje aktivitetane som må utførast av engasjert personale. Dette spørsmålet må vi kome attende til i årsprogram og -budsjett. Avdelinga vil trenge om lag kr 480.000,- i året for å dekkje dei aktivitetane planlagt utført med engasjert personale.

Som det går fram av framdriftsplanen for fylkesvise verneplanar har ein gått ut frå at mange planar skal verè klare for vernevedtak i 1989 og 1990. Det same er tilfelle for verneplanane for Reinheimen. Dette fører til at behovet for engasjert hjelp til å arbeide på desse oppgávane aukar mot slutten av planperioden. Verneplanane for utvidinga av Dovre nasjonalpark (Sunnalsfjella) og Geiranger/Herdalenområdet vil truleg ikkje bli gjennomført før etter 1990.

2.2 HOVUDFELT FRILUFTSLIV

Når ein veit at friluftslivet har mest positive sider, er det ønskeleg å ta vare på og utvikle det vidare som ein verdfull del av livsmønsteret vårt. Det gjeld både dei formene for friluftsliv der hovudvekta ligg på den fysiske aktiviteten, og som kanskje har den største helsemessige verdien, og dei formene der naturoppleving og liv i fri natur er det viktigaste. Særleg verdfullt er det friluftslivet som sameiner begge desse formåla.

Det offentlege friluftslivsarbeidet bør derfor fremje:

- Friluftsliv for alle
- Friluftsliv i nærmiljøet
- Friluftsliv i harmoni med naturen

Friluftsliv for alle inneber for det første å oppretthalde friluftsliv som ein sentral del av livsmønsteret hos den vanlege nordmann, og for det andre å leggje til rette for auka friluftsliv blant dei grupper som i dag driv lite friluftsliv, slike som eldre, funksjonshemma og småbarnsforeldre.

Friluftsliv i harmoni med naturen inneber å stimulere dei aktivitetane som gjev lite slitasje på naturen, og som gjer sitt til å auke forståinga av kor viktig det er å ta vare på naturverdiane.

Det er viktig å prioritere det enkle friluftslivet i nær kontakt med naturen og med små krav til fysisk tilrettelegging og personleg utstyr.

Den allmenne rett til fri ferdsel er ein grunnleggjande føresetnad for friluftslivet slik det har utvikla seg i Noreg. Det er vesentleg at denne retten blir oppretthalden.

2.2.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Det er etter måten god tilgang på friluftslivsareal i Møre og Romsdal, og behovet for turliv og naturopplevingar kan hovudsakeleg dekkjast innafor fylket.

Det offentlege friluftslivsarbeidet gjeld sikring og opparbeiding av friluftsområde, og tiltak for å stimulere til auka friluftsliv. Grupper med spesielle behov, som eldre, funksjonshemma, barn og småbarnsforeldre, skal prioriterast i følgje det som er sagt lenger fram. Dei har mindre mobilitet enn andre og krev derfor fleire og betre opparbeidingstiltak for å kunne nytte friluftsområda.

Avstand frå heimen til friluftsområda er ein faktor som er heilt avgjerande for friluftslivsmønsteret. Område innanfor ei reisetid på 45 minutt med eigen bil blir rekna som dagstureområde. Men vegnettet i Møre og Romsdal er oppdelt av mange ferjestrekningar, og det blir derfor også ei økonomisk grense for det som er attraktive dagsutfartsområde. Heller ikkje alle disponerer bil, slik at dagsutfartsområde vil vere avgrensa av den avstand ein kan gå til fots, evt. sykle. Det er derfor viktig å sikre nærområde til friluftsliv for alle (ca 15 minutt gangavstand frå bustaden).

For ein nærare omtale er det naturleg å dele fylket opp i regionar, ut frå naturlege einingar etter aktivitet og tilbod:

REGION A: Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.

Naturen er variert med både fjellområde og strandflater, ein del på fastlandet, men det meste er øyområde. Tallause holmar og skjer karakteriserer dette kystlandskapet. Folketalet er på 25 300. 7 bade- og utfartsområde er sikra ved erverv på til saman 428 dekar. Eit større turområde, Børevatnet-Sandviksvatnet på om lag 65 km² i Vanylven og Sande, er planmessig sikra. Eit av dei mest attraktive båtutfartsområda i fylket ligg mellom Hareidlandet og Gurskøya. Tre andre turområde er av regional interesse, og Leikongeidet og Hareidseidet står for tur for sikrings- og opparbeidingstiltak. Dei fleste vintrane må folk frå øyområda likevel rekne med å reise til fastlandet for å finne stabile snøforhold. Utbygging har lagt beslag på mykje av dei beste strandområda, og trass i lang strandlinje, er det etter kvart mangel på gode badeplassar.

REGION B: Volda, Ørsta, Stranda og Sykkylven.

Naturen i denne regionen er prega av alpine fjellformasjonar, djupe fjordar og bratte fjordsider. Busetnaden er å finne i fjordbotnar, langs smale strandbremmar og i dalføra. Folketal er 29 600. 8 bade- og utfartsområde er sikra ved erverv på til saman 702 dekar. 4 turområde er planmessig sikra: Kjellstadlia, Krøvelseidet-Reset, Bondalseidet og Strandafjellet-Sykkylvsfjellet. To større turområde står att for sikring i regionen. I tillegg kjem framlegget om landskapsvernområde for Sunnylvsfjorden (Geiranger-Herdalsområdet i nasjonalparkutgreiinga). I regionen er det uvanleg god tilgang på område for avansert fjellsport. Attraktive badeområde er ein svært knapp ressurs. Regionen vil måtte dekkje behovet for skiutfart i region A, og dels region C.

REGION C: Alesund, Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Stordal, Haram og Vestnes.

Regionen spenner frå dei flate øyane i vest, til fjellformasjonane i Ørskog-Vestnes. Folketalet er på 69 300 med halvparten i Alesund. 17 bade- og utfartsområde er sikra ved tileigning i regionen (10 i Alesund) på til saman 3652 dekar, (3143 dekar i Alesund). Det desidert mest brukte turområdet i regionen og i fylket er Ørskogfjellet-Vaksvikfjellet. Området er planmessig sikra, og det er utarbeidd plan for parkeringsutbygging og tilrettelegging. Området ligg også innanfor dagsturavstand frå Molde. På store utfartsdagar er det registrert opptil 6000 parkerte bilar på sjølve Ørskogfjellet. Fleire mindre turområde står att for planmessig sikring. Folk frå Alesund vil òg nytte turområde i region B til skiturar.

REGION D: Norddal, Rauma og Nesset.

Det meste her er fjellområde utan busetnad. Folketalet er 13 300. 3 badeplassar er sikra ved innkjøp på til saman 95 dekar. Fjellområda i regionen er friluft- og naturvernområde av nasjonal, dels internasjonalt interesse. I sør ligg Reinheimen som er foreslått verna som nasjonalpark/landskapsvernområde. Området ligg godt til rette for fotturisme gjennom eit omfattande merka løypenett og fleire turisthytter. Nord for Romsdalen ligg Eikesdal-Aursjøområdet som også er eit fotturistområde av nasjonal verdi, med løypenett og turisthytter. Om-

fattande kraftutbyggingsprosjekt berører dette området. Eit større turområde er planmessig sikra; Skorgedalen-Vistdalen. Med merka turistløyper og fleire turisthytter fungerer dette området som turområde i seg sjølv, og er ein vestleg utpost av eit turløypenett med hytter som heng saman heilt til Dovrefjell. Attraktive badeplassar er ein knapp ressurs i regionen.

REGION E: Molde, Sandøy, Midsund, Aukra og Fræna.

Dei store strandflatene i Fræna og på øyane pregar naturen, men det er og ein del skogsmark og fjell. Folketalet i regionen er på 37 100, med knapt halvparten busett i Molde by. Moldemarka på til saman 15 000 dekar, og Moldeholman er sikra ved innkjøp. 4 bade- og utfartsområde er i tillegg sikra ved innkjøp i regionen, tilsaman 700 dekar. Skarområdet og Fursetfjellet-Osmarka er dei viktigaste turområda, særleg til skiutfart. Begge er planmessig sikra. Fursetfjellet-Osmarka er også det viktigaste skiutfartsområdet for region F. Det er utarbeidd to arealdisponeringsplanar, for Fursetfjellet og for Osmarka (Sollia-Duåsen). Det står att å sikre fleire mindre turområde i ytre delar av regionen. Folk frå Molde nyttar òg Ørskogfjellet i region C til skiutfart.

REGION F: Kristiansund, Eide, Gjemnes, Tingvoll, Averøy, Frei, Tustna og Aure.

Regionen omfattar kyst- og fjordstrøk på Nordmøre. Folketalet er på 41 400. Vel halvparten er busette i Kristiansund og Frei. 13 bade- og utfartsområde er sikra ved innkjøp, 10 av desse i Kristiansund/Frei. Totalt sikra areal er på 5 011 dekar, 4 540 i Kristiansund/Frei. Det viktigaste turområdet i regionen er Freikollen-Prestmyra som dels er planmessig sikra. Det er utarbeidd eigen arealbruksplan for området. Fursetfjellet-Raudheia (dels i reg. E) er det viktigaste skiutfartsområdet for dei som ønskjer litt lengre turar. Også dette området er planmessig sikra. Det står att å sikre fleire mindre turområde av meir lokal interesse. Sjøområda mellom Averøya-Frei-Tingvoll-Tustna og Smøla er eit båtutfartsområde av regional interesse. Regionen har god tilgang på dei fleste typar friluftareal, men reiseavstanden frå ytre strøk til område med stabile snøforhold er lang og med mange ferjer.

REGION G: Sunndal, Surnadal, Halså og Rindal.

Dette er dei indre fjordstrøk og fjellområda på Nordmøre. Folketalet er 18 400. 4 badeplassar er sikra ved innkjøp på til saman 226 dekar. I regionen finst m.a. to store naturområde med internasjonale friluftssinteresser; Trollheimen og Sunndalsfjella (Grøvu). Førstnemnde vil bli verna som landskapsvernområde, medan Grøvuområdet er med i nasjonalparkutgreininga som del av Dovrefjell nasjonalpark. I begge områda er det fleire turisthytter og oppmerka turløyper. Eit tredje viktig turområde i regionen er Nordmarka, som er planmessig sikra. Det står att å sikre eit større turområde i indre delar av Halså, samt fjella mellom Sunndalen og Tingvoll. Også i denne regionen er det knapp tilgang på gode badeplassar, men regionen er likevel litt betre stilt enn resten av fylket.

REGION H: Smøla.

På grunn av den lange reisetida frå Smøla til dei andre kommunane i fylket, er kommunen åleine i sin region. Folketalet er på 2 900. 20 dekar er sikra ved innkjøp i utfartsområdet Kvistvågen. Smøla har eit

særprega flatt myr- og heilandskap som gjev lite variasjon for fotturar. Men det er vel knapt andre stader som har ein slik attraktiv skjergard til båtutfart. Av klimatiske årsaker er det dårlege tilhøve for skiturar.

Den faglege kompetansen og administrative kapasiteten i det offentlege miljøvernarbeidet er avgrensa, og ingen kommune i Møre og Romsdal har tilsett personell som har dette fagfeltet som hovudoppgåve eller ansvarsområde. Skal denne sektoren få den prioritet den har krav på, og skal måla i Stortingsmelding 68 (1980-81) "Vern av norsk natur" bli gjennomførte, er det nødvendig å etablere "grøne" stillingar på kommunenivå. Ei realistisk vurdering av staten og kommunane sin økonomi tilseier at det er lita von om at denne målsetjinga blir realisert i den næraste framtida. Spørsmålet er etter vår meining så viktig at vi må sjå på andre løysingar. For å kome i gang og som ei mellomløysing vil vi difor tilrå at det blir oppretta regionale forvaltningsorgan. Dei kan organiserast etter modell av og til erstatning for dei eksisterande, interkommunale friluftsråda som er etablerte med heimel i friluftsløva. Skal eit slikt organ fungere etter føresetnaden, må det opprettast eit sekretariat med fast tilsette som har naturfagleg kompetanse. Finansieringa må delast mellom kommunane og staten. Kommunane sin del av utgiftene med å drive dette arbeidet må utliknast pr innbyggjar. Gjennomføring av dei planlagde fylkesvise verneplanane for ulike naturtypar og større verneområde som t.d. Trollheimen, Reinheimen m.v. vil krevje ei omorganisering og rasjonalisering av oppsynstenesta i naturvernområda. Oppsyn og drift av regionale friluftsområde kan med fordel kombinerast med denne oppgåva. Sekretariatleiaren må ha naturfagleg kompetanse og i samarbeid med den einskilde kommune gje råd i natur- og friluftsspørsmål. Dette vil i første rekkje gjelde arealdelen i kommuneplanar og omdisponering av areal til andre formål. Fagorgan på regionnivå er ikkje ei ukjend organisasjonsform. Og så langt vi kjenner til er erfaringane med t.d. heradsskogmeistrar og fiskerirettleiarar for fleire kommunar positive. Skal ein miljøvernetat få full effekt, må ordninga på sikt forankrast i eit lovverk med klare reglar for arbeids- og ansvarsområde, politisk medverknad og styring, finansiering m.v.

2.2.1.1 Bade- og utfartsområde

Ein attraktiv badeplass skal ha godt klima, vere fri for forureining og ha eit bakland til leik og soling som står i høve til talet på brukarar.

Strandlinja i Møre og Romsdal er 4177 km lang. I ytre strøk er klimaet slik at badeplassane ved sjøen er eigna til badeliv berre i korte tidsrom, sjølv om topografi og arealkvalitet ligg godt til rette. Nokre av dei mest attraktive badeplassane ligg derfor ved ferskvatn. I indre strøk er fjordsidene ofte bratte, og der ein finn strandflater, er desse gjerne nytta til utbyggings- eller jordbruksformål. På elveøyane var det mange fine badeplassar, men slike område har vorte mykje nedbygde dei seinare åra. Miljøvernavingdelinga har registrert om lag 60 regionalt viktige badeplassar i fylket.

Strandområde er også attraktive utfartsområde for turgåing, leik og sportsfiske sjølv om veret ikkje innbyr til bading. Det gjeld både ved sjøen og langs vassdrag og innsjøar.

Lange strandstrekningar i fylket er nedbygde eller avskorne av riks- og fylkesveggar. Også mange av dei nye, planlagde vegprosjekta vil

føre til nedbygging av strandsoner. Ferske døme er vegen på vestsida av Valderøya i Giske og vegføringa på sørsida av Aspøya i samband med fastlandssambandet til Kristiansund.

Næringar som havbruk og oljeindustri er arealkrevjande og vil ofte etablere seg i område som er sentrale for friluftsiinteressene. Bade- og utfartsområde kan bli skadelidande både gjennom direkte arealbrukskonflikt, og gjennom ulike former for forureining. I tillegg vil slike anlegg kunne avgrense ferdsla langs stranda både til fots og med småbåt.

Fleire tidlegare gode bade- og utfartsområde er i dag øydelagde eller lite attraktive p.g.a. forureining frå industri, kloakkutslepp og jordbruksavrenning. Støy frå den aukande småbåttrafikken kan òg vere sjenerande på visse lokalitetar.

I einsskilde attraktive badeområde er det konflikhtar med andre former for friluftsliv, som seglbrett og småbåtar. Dette er ein liten konflikt sett over året, men kan vere heilt avgjerande for dei svakaste si glede av badeplassen dei få verkeleg fine dagane om sommaren.

Nokre attraktive bade- og utfartsområde er i dag stengde for ålmenta fordi tilkomsten kryssar innmark, eller dei er disponerte til hytter. I mange område er det stort behov for offentlege parkeringsplassar og tilrettelagt tilkomst.

2.2.1.2 Vassdrag

Vassdraga er karakteristiske landskapselement som er mykje nytta til friluftsliv. Det gjeld i første rekkje sportsfiske, men òg båtliv og turgåing/utfart. Sentralt for opplevingsverdien er at både sjølve vassdraget og breddene er fri for store naturinngrep.

Mange av vassdraga våre er kranse av jordbruksland slik at tilkomsten er vanskeleg. I tillegg kjem senkings- og forbyggingstiltak der elvebreddene ofte blir plastra med grov sprengstein slik at naturleg vegetasjon har vanskeleg få fotfeste att. I slike tilfelle vert naturverdien sterkt redusert, og dermed og opplevingsverdien. Ofte blir bade- og utfartsområde øydelagde.

Kraftutbygging og jordbruksforureining er òg inngrep i vassdragsnaturen som har uheldige verknader for friluftslivet.

2.2.1.3 Turområde

Attraktive turområde har oftast variert topografi og eit rikt dyre- og planteliv. For folk frå tettstadene er friluftsliv nær heimen avgrensa til små areal. Men i helgar og feriar søker folk gjerne til større område. Det viktigaste kvalitetskriteriet for turområde er god tilgang på urørt natur. I tillegg til turgåing blir områda nytta til sopp- og bærplukking, jakt og fiske. Det er god tilgang på slike område i fylket. For skiturar er snøtilhøva avgjerande. I ytre strøk varierer derfor skiaktiviteten mykje frå år til år, medan det i midtre og indre strøk er meir stabil vinter med mykje snø.

Turistforeiningane i fylket eig og driv 21 turisthytter i fjellområda. I tillegg kjem to hytter som andre turistforeiningar eig, og fleire privateigde overnattingskvarter. I 1984 var det over 10 000 overnat-

tingar på hyttene. Samla løypenett som er merka og halde vedlike av turistforeiningane i Møre og Romsdal er om lag 1 700 km.

I Handlingsprogram for friluftslivet er det registrert om lag 50 viktige turområde i Møre og Romsdal. Tre av desse er store naturområde som for ein stor del er foreslått verna i Statens Naturvernråd sin nasjonalparkplan.

Vegbygging er i ferd med å bli eit stort problem for friluftssinteressene. Det gjeld både bygging av nye bilvegar som t.d. planane om ein turistveg til Trolltindan, og alle dei mindre skogs- og anleggsvegane som reduserer storleiken på dei urørte naturområda kvart år. Miljøvernveddelinga får om lag 25 nye skogsvegplanar til handsaming i året. Skogsvegar fører òg ofte med seg intensiv skogsdrift med granplanting og sprøyting som gjer at areala blir heilt ueigna til friluftsliv. Satsinga i skogbrukssektoren får derfor negative verknader for friluftslivet.

Vasskraftutbygging og kraftlinjebygging er og vil nok enno nokre år også vere naturinngrep som kan få stor negativ verknad for friluftslivet. Skade på og innsnevring av område med urørt natur og dermed òg redusert opplevingsverdi er hovudproblema. I Samla plan for vassdrag er utbyggingsprosjekt i 19 vassdrag sett i kategori I, dvs kan konsekjonshandsamast straks. Nye, store kraftlinjer som kan kome, er mellom Giskemo i Ørskog og Stryn dersom det blir utbygging i Breheimen, og frå eit eventuelt gasskraftverk på Vågøya eller Grisvågøya og inn til ein av hovudkopplingsstasjonane. Så lenge vi skal løyse våre energiproblem med å byggje ut meir vasskraft, vil det her vere ein potensiell konflikt med friluftssinteressene.

2.2.1.4 Hytter

Dei siste åra har det vorte bygt knapt 300 hytter årleg i fylket. Dersom hyttebygginga held seg på tilsvarende nivå i åra framover, vil det i 1990 vere om lag 15 500 hytter. Situasjonen no er at det ligg føre godkjende planar der det framleis er ledige hyttetomter. Nye hytteområde blir ofte planlagde i relativt urørte naturområde som t.d. Lindalen i Sunndal og Ulvådalen i Rauma. Både eksisterande enkelthytter og søknader om nye berører ofte dei mest attraktive naturperlene. Dette gjeld både i fjellet og ved sjø og vassdrag. Med hytteområda kjem ofte andre inngrep som vegar og kraftlinjer.

2.2.1.5 Motorferdsel i utmark

Trafikken med motorkjørety i utmark har auka dramatisk dei seinare åra. I Møre og Romsdal har problema blitt særleg merkbare på Nordmøre. Av 523 registrerte snøscooterar i fylket finn ein 308 her. Naturopplevingsverdien av tidlegare attraktive turområde blir dermed redusert, og vegetasjon og dyreliv tek òg skade av uvettig bruk av terrengekjørety. Årsakene til problema er fleire, men det ligg eit stort ansvar på kommunane, som i berre liten grad har følgd opp formålsparagrafen i motorferdsellova når dei har vedteke sine føresegner.

2.2.1.6 Båtutfartsområde

Småbåtutfart stiller spesielle krav. Båtturen må ha eit utgangspunkt (småbåthamn), eit trafikkområde og eit målområde for fiske eller ilandstiging. I småbåthamna må det finnast gjestebåt plassar som besøkjande kan nytte. Trafikkområda krev attraktive fjord- og sjøareal med fri ferdsel. Landstigningsområda har ofte dei same krav til miljøet som bade plassar.

Møre og Romsdal har ein attraktiv og variert kystnatur med om lag 11 000 øyar og ei strandlinje på meir enn 4 000 km. Alle kommunane i fylket så nær som Rindal grensar mot fjord eller hav. Talet på registrerte fritidsbåtar har auka sterkt i 1970-åra, frå 5 192 i 1970 til 17 422 i 1982 og 20 311 i 1985. I tillegg til registreringspliktige båtar kjem robåtar og ein del seglbåtar, slik at det samla talet på fritidsbåtar truleg er nærare 30 000.

Av spesiell verdi må nemnast seglleia langs kysten med m.a. Ona, Bjørnsund, Håholmen og Grip som viktige samlingspunkt for båtfolket.

Alle inngrep i sjøområda og i sjønære landområde kan få negativ verknad for båtutfarten, både når det gjeld naturoppleving, fri ferdsel og tilgang på attraktive landstigningsplassar. Hyttebygging på holmar og øyar, kablar og andre innretningar i sjøen, havbruksanlegg og sjøfuglreservat vil derfor kunne hindre båttrafikken i ein del område. Men båtfolket er òg i ferd med å øydeleggje for kvarandre. Stadig fleire småbåtar gjer det trongt i attraktive område, og hurtiggåande småbåtar med stor fart og støy vil gjere det mindre attraktivt for andre å ferdest på sjøen. Småbåttrafikken har gjennom sin aktivitet på sjø og land ført til stor slitasje på naturen i visse område.

Havbruk og oljeindustri er arealkrevjande og vil fort kome i konflikt med båtutfartsinteressene. Såleis vil ilandføringsterminalar med påfølgjande aktivitet fort kunne leggje beslag på viktige båtutfartsområde.

Ulike former for forureining reduserer naturverdien for båtfriluftslivet. Sjøppel langs strendene, vassforureining, fart og unødig støy frå hurtiggåande småbåtar er dei største utfordringane.

2.2.1.7 Nærområde

I og nær tettstadene er det mange mindre naturområde av stor verdi som turområde for dei som bur der fast. Etter retningslinjer frå Miljøverndepartementet skal nærområda prioriterast i friluftslivsarbeidet. Dette blir gjort for å sikre tilgang på natur for dei svakaste gruppene; dei eldre, funksjonshemma og barn.

Nærområde for friluftsliv er hovudsakleg "grøne lunger" mellom bustadområda, og turvegdrag med ei brei sone naturleg vegetasjon frå buområda og ut til litt større turområde. Molde har gjennom framsynt arealplanlegging greidd å sikre fleire turvegdrag frå sentrum til Molde marka.

Dette er sjølvstekt område som er utsette for eit stort utbyggingspress. I Kristiansund er det planar om å starte utbygging i eit område aust for Kvennberget, det siste naturområdet av litt storleik i kommunen. Skaret er viktigaste skiutfartsområdet for Molde og er utsett for eit stort utbyggingspress. Strandlinja er generelt utsett for ned-

bygging, kanskje særleg i tettbygde delar av Molde, Alesund, Volda og Ørsta.

Desse nærområda krev ofte god tilrettelegging for å tole den store slitasjen gjennom omfattande bruk. Det er derfor viktig at tilretteleggingstiltaka ikkje blir meir omfattande enn nødvendig, og at ein legg stor vekt på å halde den naturlege vegetasjonen intakt utanom opparbeidinga. For å sikre desse områda mot ulike utbyggingsinteresser, er det oftast nødvendig med offentleg innløyning. Sikring av områda er òg eit vilkår for å få økonomisk stønad frå staten til opparbeidingstiltak.

2.2.1.8 Kommunane sitt ansvar

Kommunane er det viktigaste operative nivå i arbeidet for friluftslivet. Der blir dei fleste vedtaka fatta som får bruksmessige følgjer i viktige friluftsområde. Også for gjennomføring av statlege interesser gjennom sikring og opparbeiding av regionalt viktige friluftsområde, skjer dette ofte etter kommunalt initiativ og samarbeid. I tillegg er kommunane pålagde ansvaret for vedlikehald av opparbeidde område. Det arbeidet kommunane gjer på friluftssektoren er derfor heilt avgjerande for dei vilkår ålmenta har til å utøve friluftsliv i alle samanhengar.

Utviklinga i kommunalforvaltninga dei seinare åra har ikkje vore til fordel for friluftslivet. Friluftsnemndene har anten fått heilt perifer plassering i utvalsstrukturen, eller dei er nedlagde. Sekretærfunksjonen for friluftssaker er tilfeldig og ofte lagd til landbrukskontoret eller teknisk etat. Dette er sektorar som skal fremje syn som i mange tilfelle kjem i direkte strid med friluftinteressene.

2.2.1.9 Samarbeid

Møre og Romsdal har arealressursar nok til at dei aller fleste kan drive eit tilfredsstillande friluftsliv. Men det eksisterer i dag mange skrankar på grunn av manglande planlegging og samarbeid. Størstedelen av friluftaktiviteten i fylket går føre seg på privat grunn. Godt samarbeid mellom friluftinteressene og grunneigarar/grunneigarlag er derfor vesentleg. Vi ser i dag tendensar til betre organisering når det gjeld fordeling av jakt- og fiskeressursar. Organiseringa har oftast økonomiske grunnar, og i hovudsak på grunneigarlagsnivå. Interesseorganisasjonar og kommunale organ gjev ofte støtte. Den organisasjonsstrukturen som er under utbygging kan opne for gode vilkår for i ei vidare utvikling av det allmenne friluftslivet.

2.2.1.10 Informasjon

Mange driv lite med friluftsliv fordi dei ikkje kjenner tilboda nær heimstaden. Det er i dag svært lite av opplysningar om kva område som finst og korleis dei bør og kan nyttast. Gjennom letttilgjengeleg informasjon vil fleire kunne ha glede av dei sikrings- og opparbeidingstiltaka som alt er utførte. Dermed vil ein òg kunne avverje unødvendige konflikhtar mellom ulike friluftaktivitetar som brettsegling/bading og camping/strandleikar.

2.2.2 MÅL

Mål 1. Sikre tilstrekkelege areal både m.o.t kvalitet og storleik slik at alle i Møre og Romsdal som ønskjer det skal ha høve til eit variert og stimulerande friluftsliv i rimeleg nærleik av heimstaden. Dette gjeld både store, urørte naturområde og område med viktige funksjonar som t.d. badeplassar og nærturområde. I dette ligg det at ein vil arbeide for at viktige friluftsområde som krev tilrettelegging i form av opparbeiding, - blir sikra ved kjøp. Andre område må sikrast planmessig.

Mål 2. Auke kommunane si interesse til å ta vare på dei lokale friluftinteressene gjennom lokal arealdisponering og andre tiltak med konsekvensar for friluftslivet. Arbeide for å opprette regionale forvaltningsorgan innan friluftsliv og miljøvern med fast tilsette som har fagkompetanse. Ein føresetnad er at utgiftene blir delt mellom staten og kommunane. Arbeids- og ansvarsområdet til dette organet skal vere oppsyn og drift av friluft- og naturvernområde, og i samarbeid med den einskilde kommune gje råd om miljøspørsmål i arealplanlegginga. I tillegg bør friluftsnemnda eller eit tilsvarande organ si stilling i kommunens utvalsstruktur styrkast.

Mål 3. Opparbeide og leggje til rette for ulike friluftaktivitetar i sikra friluftsområde slik at flest mogleg kan bruke dei. Tiltak i nær-område som kjem barn, eldre og funksjonshemma til gode, skal prioriterast. Opparbeiding og vedlikehald må skje i den grad det er naudsynt for friluftinteressene i det aktuelle området. Ved planlegging av opparbeidingstiltak må ein ta omsyn til viktige naturverninteresser. Dei konkrete investeringsprosjekta som skal gjennomførast i planperioden, finn ein i "Handlingsprogram for friluftslivet 1987-96".

Mål 4. Betre samarbeidet med organisasjonar som har vesentleg interesse i utviklinga innan friluftssektoren. Dette gjeld grunneigar- og næringsorganisasjonar, interkommunale friluftsråd, velforeiningar, turistforeiningar, naturvernforeiningar, jeger- og sportsfiskarforeiningar og småbåtforeiningar.

Mål 5. Redusere konflikten mellom friluftsliv og andre arealbruksinteresser i område som er eller kan bli viktige for friluftslivet. I dette ligg det å skaffe oversyn over friluftinteressene i fylket, og at alle berørte organ må få tilgang på denne informasjonen til m.a. arealplanlegging.

Mål 6. Redusere uønskt aktivitet og kvalitetsreduksjon i friluftsområde. Det gjeld forureining, trafikk (snøscooter, hurtiggåande båtar m.m.).

2.2.3 TILTAK

1. Arbeidet med sikring og tilrettelegging av friluftsområde held fram ved at "Handlingsprogram for friluftslivet" blir gjennomført. Handlingsprogrammet er ein tids- og kostnadsfesta plan for investeringar i friluftssektoren. Kostnadsrammene for gjeldande handlingsprogram er i samsvar med tildelte midlar til friluftsmål i Møre og Romsdal dei siste åra. Konkrete kostnadstal er vist i handlingsprogrammet.

2. Vern av dei store naturområda som Statens Naturvernråd si nasjonalparkutgreiing omhandlar, må gjennomførast. Sikring av desse områda er av særleg stor verdi for friluftslivet. Sjå elles under hovudfelt na-

turvern.

3. Arrangere friluftsliv- og naturvernkonferansar for kommunale organ annakvart år. Arealplanleggjarar på kommunenivå er ei viktig målgruppe i den samanheng.

4. Starte arbeidet med å opprette regionale forvaltningsorgan innan friluftsliv og miljøvern. I første omgang skal etablering av slike organ prioriterast i region A - Ytre Sunnmøre, region C - Nordre Sunnmøre, region F - Indre Nordmøre og region H - Smøla.

Framlegg til regioninndeling av administrasjonen av friluftsjaktivitane:

YTRE SUNNMØRE : Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid

SØRE SUNNMØRE : Volda, Ørsta, Stranda, Sykkylven

NORDRE SUNNMØRE OG VESTNES: Giske, Sula, Alesund, Skodje, Ørskog, Stordal, Haram, Vestnes

INDRE ROMSDAL OG NORDDAL : Norddal, Rauma, Nesset

YTRE ROMSDAL : Sandøy, Midsund, Molde, Aukra, Fræna

YTRE NORDMØRE : Eide, Gjemnes, Tingvoll, Averøy, Kristiansund, Frei, Tustna, Aure

INDRE NORDMØRE : Sunndal, Surnadal, Rindal, Halså

SMØLA : Smøla

5. Den kommunevise registreringa av natur- og friluftsområde i Møre og Romsdal frå 1976 blir revidert gjennom EDNA/FRIDA-arbeidet med sikte på å få ei ajourført oversikt. Her er det nødvendig med tilleggsregistreringar av alle relevante data som har kome til sidan 1976. Arbeidet bør gjennomførast i 1987 og 1988, og krev om lag eitt årsverk til saman. Det er ikkje tenleg å skilje mellom naturvern (EDNA) og friluftsliv (FRIDA) når det gjeld rammene for dette arbeidet.

6. Publisere registreringsmaterialet (FRIDA) for alle organ med arealbruksinteresser og sørge for at friluftsjnteressene blir innarbeidde i arealplanane. I plan og bygningslova er miljøvernadelinga pålagt å gjere kommunane kjende med og kartfeste dei statlege interessene som er i kommunen når det gjeld naturvern og friluftsliv. Utarbeiding av det trykte materialet til kommunane kan starte i 1988 dersom FRIDA blir operativ i 1987.

7. Halde fram som sekretariat for fylkesfriluftsjnemnda. På lengre sikt vil ein gå inn for at det blir oppretta eit politisk organ med ansvar for det samla fagfeltet til miljøvernadelinga. Fylkesfriluftsjnemnda sine oppgåver kan da overførast til denne miljøvernemnda.

8. Som vedlegg til handlingsprogrammet skal det på grunnlag av FRIDA utarbeidsast eit oversiktskart over friluftsjnteressene i Møre og Romsdal i målestokk 1 : 300 000.

9. Gje nærare reglar om ålmenta si framferd i viktige friluftsjområde slik at ein avgrensar potensielle konflikhtar både mellom friluftsjnteresser og andre interesser, og mellom ulike friluftsjaktivitetar. Her er det tale om å merkie/skilte sikra friluftsjområde og setje opp opplysningstavler. Skal friluftsjområda med mange brukarar og brukargrupper fungere, er det nødvendig med oppsyn.

10. I samarbeid med turistforeiningane og andre utarbeide stiq- og løypeplan for turområda i Møre og Romsdal. Dette er eit spesielt informasjonsprosjekt som kan gjennomførast med relativt små ressursar. Miljøvernavingdelinga vil arrangere eit felles møte med organisasjonane i 1987 der ein nærare kan drøfte slike samarbeidsprosjekt.

11. Utarbeide sjøturkart for å dirigere småbåttrafikken og få spreidd informasjon om konkurrerande arealbruk som havbruksanlegg, verneområde, installasjonar i sjøen og småbåthamner.

12. Utarbeide anna informasjonsmateriell om friluftslivsområde i form av kart, brosjyrer og skilt til bruk for lokale offentlege friluftsgan.

13. Arbeide for å redusere forureining i form av søppeltøming, kloakk- og landbruksavrenning til strandområde, og støy frå terrengkjørety og hurtiggåande småbåtar. Miljøvernavingdelinga sine tiltak er gjort greie for under fagområde Forurensing. I tillegg vil oppsynspersonell kunne overvake bruk av regionale friluftsområde, jf. tiltak nr. 4.

2.2.4 VERKEMIDDEL

Verkemiddel til å sikre areal er:

- Naturvernlova
- Friluftsløva
- Plan- og bygningslova
- Tilskottsordningar for innløyising
- Rundskriv
- Handlingsprogram for friluftslivet
- Friluftsmeldinga
- Kommunale løyvingar

Verkemiddel til å auke interessa til kommunane osv.

- Plan- og bygningslova
- Vedtekter
- Rundskriv
- Mandat for interkommunale nemnder
- Styrking av kommunal nemndstruktur
- Midlar til fagpersonell

- Handlingsprogram for friluftslivet
- Tilskott til opparbeiding
- Kommunale løyvingar

- Samarbeidsavtalar med grunneigarar
- Møte og konferansar
- Informasjonstiltak
- Samarbeidsavtalar med ulike organisasjonar
- Tilskott til samarbeidstiltak

- Dataregister (FRIDA)
- Rapportar og rundskriv om friluftsområde
- Jamfør òg pkt. 4.

- Informasjonstiltak

- Tilskottsordningar til informasjon
- Forureiningslova
- Hamnelova
- Motorferdsellova

Det er behov for å fastsetje maksimalgrenser for støy frå påhengsmotorar (konesjonsordning). Det same gjeld fartsrestriksjonar.

2.2.5 AKTIVITETAR

Aktivitetane innan hovudfelt friluftsliv går ut på å ta vare på friluftssinteressene gjennom saksbehandling av arealplansaker og saker som har med naturinngrep å gjere. I dette arbeidet blir naturverninteressene og friluftssinteressene behandla under eitt.

Miljøvernavdelinga er ansvarleg for sekretærenestene for fylkesfriluftsnemnda. Dette arbeidet krev over halvparten av den totale innsatsen på hovudfelt friluftsliv. Slik ein sekretærfunksjon for ei politisk nemnd er noko heilt spesielt for hovudfelt friluftsliv, og arbeidet passar ikkje for miljøvernavdelinga med dei organisasjonsmessige tilknytingar den har til fylkesmannen og Miljøverndepartementet. Ordninga skal vere mellombels, og vi ser fram til ei avklaring av spørsmålet. Anten bør alle fagområda avdelinga administrerer ha ei organisatorisk tilknytning til ei politisk nemnd på fylkesnivå, eller så bør sekretærfunksjonen for fylkesfriluftsnemnda overførast til fylkeskommunen.

Nedanfor er ein aktivitetsplan i tabellform. Planen viser kva aktivitetar vi reknar med å utføre med fast tilsett personale, og kva som må gjerast med engasjert hjelp.

AKTIVITETSPLAN

	Vekeverk			
	1987	1988	1989	1990
Aktivitetar utført av fast tilsett personale				
Friluftomsyn i arealplansamanheng. Saker etter plan- og bygningslova, veglova, oppdrettslova, vassdragslova, osb.	16	16	16	16
Sekretærarbeid for fylkesfriluftsnemnda	38	38	38	38
Einskildsaker etter friluftsløva og tilskotts- ordningar i friluftssektoren	14	14	14	14
Organisering og iverksetjing av regionalt samarbeid	4	4	4	4
Informasjon, kurs, fagseminar, ferie, andre former for intern tid	20	20	20	20
Sum	84	84	84	84

Aktivitetar utført av engasjert personale:

Setje i drift registeret over friluftsområde, FRIDA, leggje eksisterande data inn i registeret samt ajourføring av data	10	4	3	2
Oppdatering og rullering av handlingsprogrammet for friluftslivet	2	2	2	12
Samla	12	6	5	14

2.2.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV

Det meste av avdelinga sin eigen innsats på hovudfeltet blir utført av fast tilsett personale og betalt av løyvingar over det ordinære budsjettet til avdelinga på kap 1406.

Ein del ekstra midlar må tilførast for å dekkje iverksetjing og drift av EDB-programmet FRIDA og til å ta toppane i samband med rullering av handlingsprogrammet for friluftslivet.

Ein viktig ressurs når det gjeld å få kommunane til å satse på friluftsliv er dei statlege tilskottsordningane for tiltak i friluftsområda. Slike løyvingar blir gjevne over kap 1427 i statsbudsjettet postane 30, 31.2 og 60. Vi viser til kapittel 4.2.2.

Desse løyvingane er altfor små og kan på ingen måte dekkje det behovet som kjem fram i handlingsprogrammet for friluftslivet. Ein monaleg auke i desse løyvingane ville skape interesse og vilje til sterkare satsing på friluftslivet i kommunane.

2.3 HOVUDFELT VILTFORVALTNING

Med omgrepet vilt forstås ein alle viltlevande artar av landpattedyr og fuglar, amfibiar og krypdyr.

Målsetjinga for viltforvaltninga er nedfelt i § 1 i den nye viltlova av 29. mai 1981.

"Viltet og viltets leveområder skal forvaltes slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares. Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv"

Denne målsetjinga er utdjupa i St.meld. nr. 36 (1978-79) til å omfatte åtte punkt:

1. Å verne eksistensgrunnlaget for viltartane.
2. Å sikre den naturlege artsrikdommen av vilt i landet.
3. Å kome fram til føremålstenlege driftseiningar og høvelege måtar å påverke produksjonen på.
4. Å oppretthalde høveleg bestand og produksjon av dei enkelte artane, ut frå næringsgrunnlaget for kvar enkelt art og for artane samla.
5. Å sørgje for at produksjonen av vilt blir nyttiggjort og at riktige haustingsformer blir tekne i bruk.
6. Å betre tilgangen til jakt og anna naturoppleving i tilknytning til dyrelivet for ålmenta.
7. Å leggje forholda til rette for aktuelle næringsinteresser i tilknytning til vilt.
8. Å arbeide for kontakt mellom verne- og friluftsliv- og næringsinteressene.

Av desse måla skal nr.1 og nr.2 ha prioritet framfor dei andre.

Dei viktigaste verkemidla i viltforvaltninga er

- viltlova med forskrifter
- naturvernlova med forskrifter
- planlova med forskrifter
- tilskottsordningar
- informasjon, rettleiing og retningslinjer
- samarbeid med offentlege etatar og frivillige organisasjonar

2.3.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

I dette avsnittet vil det bli gjeve eit summarisk oversyn over dag tilstand og aktuelle utfordringar på ein del sentrale tema innan viltforvaltninga i fylket. Utgreiinga er avgrensa til emne som vil bli behandla seinare i langtidsplanen.

2.3.1.1 Organisering av viltforvaltninga i Møre og Romsdal

Allereie i dei eldste nedskrivne landsdelslovene frå 11 - 1200-talet finn ein reglar som regulerer utnyttinga av viltet gjennom jakt og fangst. Mange av desse rettsreglane er nok av langt eldre dato, og vart utforma etter sedvane og fornuftige tilpassingar mellom dei ulike interessene som utnytta viltproduksjonen i dei enkelte landsdelane.

Sidan den tid har lovreglane endra seg mykje etter kvart som skiftande tilhøve har gjort det nødvendig med andre eller meir detaljerte føresegner. Forutan eit sentralt lovverk som har vore knytt til ulike departement opp gjennom åra, har det ikkje vore noko fagleg forvaltningsapparat som har teke seg av dette fagfeltet før i inneverande hundreår. Ein viktig milepel som det er grunn til å nemne i denne samanheng er opprettinga av Statens viltundersøkelser i 1936, og der den første leiaren fekk tittelen Statens jakt-konsulent.

Først i 1951 med lov om viltstell, jakt og fangst vart det lokale forvaltningsapparat etablert gjennom viltnemnder på kommuneplanet. Ein kan seie at dette førte til at viktige delar av forvaltninga vart flytta ut frå departementskontora og ned på lokalnivået. Som eit resultat av denne desentraliserte forvaltningsmodellen vart det og oppretta distriktsvise viltkonsulentstillingar som m.a. skulle rettleie viltnemndene i deira arbeid. Møre og Romsdal vart lagt til viltkonsulenten i Midt-Noreg.

I 1965 vart den sentrale viltforvaltninga utskilt i eit eige direktorat for vilt og ferskvassfisk som vart plassert i Trondheim. Etter kvart innsåg ein behovet for å styrkje rettleiings- og forvaltningskapasiteten lokalt, noko som førte til utbygging av fylkesvise viltkonsulentstillingar. I 1981 vart såleis Møre og Romsdal lagt inn under ei nyoppretta konsulentstilling i Sogn og Fjordane.

I samband med omorganiseringa av den statlege miljøvernadministrasjonen på fylkesplanet frå 1. september 1982 vart viltkonsulentstillingane overførte frå direktoratet til miljøvernavingane hos fylkesmannen, og i Møre og Romsdal fekk avdelinga eigen viltkonsulent frå hausten 1983.

Alle kommunane i fylket har viltnemnd. Dette er heilt uvurderlege medspelarar i den lokale viltforvaltninga, særleg i dei 36 kommunane der det blir jakta storvilt. Etter at jegerprøva vart innført frå 1986, har òg nemndene utan storviltforvaltning fått tilført oppgåver som viltnemndene må ta seg av. Som folkevalde nemnder der arbeidet i stor grad må utførast på fritida, har medlemmene løpande behov for rettleiing og skoloring. Det blir årleg arrangert fellesmøte for nemndene der ein tek opp ulike tema. I tillegg blir det arrangert regionale møte med nemndene der ein kan ha høve til å ta opp lokale problemstillingar og gå noko djupare inn i dei forskjellige emna. Desse møta blir vurderte som svært viktige både av viltnemndene og fylkesmannen, men det bør førast ein løpande diskusjon på innhald, form og opplegg for møteverksemda.

I alt 16 av viltnemndene har tilknytta eigen sekretær. Dei aller fleste av desse er tenestemenn i skogbruksetaten. Denne ordninga fungerer godt, og bør byggjast ut inntil ein kan få eit alternativ som kan vere enda betre. Ei optimal løysing ville ha vore å få egne heiltidstilsette i dei viktigaste utmarkskommunane som kunne

ha dekt heile arbeidsfeltet for miljøvernavingdelinga.

I tillegg til den statlege viltforvaltninga blir det òg utført arbeid på denne sektoren frå ulike interesseorganisasjonar og frivillige foreiningar. Grunneigarsida representert ved Norges Bondelag og Norges Skogeigarforbund organiserer mange grunneigar- og utmarkslag med overbygningen Fylkesutmarkslaget i Møre og Romsdal. Arbeidet som blir utført der er svært viktig med tanke på å leggje forholda til rette for ei betre utnytting av viltressursane gjennom jakt.

Mange av jegerane i fylket er organiserte i Norges jeger og fiskerforbund og det er i alt 34 lokalforeiningar rundt om i fylket. Frå fylkeslaget er det ei målsetjing å skipe lokallag i alle kommunar. Dette arbeidet er viktig m.a. med tanke på å auke kunnskapsnivået hos jegermassen, og jegerforeiningane står sentralt i bildet når det gjeld gjennomføring av obligatorisk jegerprøve.

Det er òg grunn til å nemne at Møre og Romsdal står langt framme når det gjeld amatørzoologisk interesse og arbeid. Særleg det lokalornitologiske miljøet står sterkt mange stader, og det er fleire lokallag av Norsk ornitologisk forening. Dette miljøet innhentar mykje verdifull informasjon om dyrelivet som det offentlege forvaltningsapparatet har god nytte av. Det vil vere rett å stimulere dette arbeidet, bl.a gjennom tilføring av offentlege midlar.

2.3.1.2 Viltet sine leveområde

Moderne natur- og viltforvaltning understrekar sterkt at dersom ein skal kunne ta vare på artsvariasjonen i naturen og samtidig sikre produksjonen for dei enkelte artane, er det nødvendig å hindre at biotopane eller leveområda for artane blir øydelagde. Dette er òg slått fast i viltlova som i §§ 7 og 8 inneheld reglar og heimlar som gjer det mogleg å oppnå dette.

På første halvdel av 1970-talet sette viltnemndene i gang arbeidet med å lage kommunevise kartoversikter over viktige viltbiotopar. Desse karta har vist seg å vere av ujamn kvalitet, og både endringar i viltet sin bruk av areal og ny kunnskap om vilttilhøva rundt om i kommunane har gjort det nødvendig å utarbeide eit nytt kartverk. Fylkesmannen fekk løyving til eit viltområdekarleggingsprosjekt i 1984, og arbeidet starta opp i august same året. Prosjektet har vore lagt opp slik at ein og same person har fått i oppdrag å utarbeide kartverket over heile fylket. På den måten har ein fått koordinert kartlegginga over kommunegrensene, og arbeidet er utført etter same standard over heile fylket. Opplysningane som går inn i kartet skriv seg i hovudsak frå informasjon ein får ved å kontakte lokalkjende personar rundt om i kommunane som har god kunnskap om viltforholda. Dessutan tek ein inn data som skriv seg frå ulike typar registreringsarbeid som har vore gjort i annan samanheng. Kartlegginga vil bli avslutta i løpet av 1986.

Opplysningane som er innhenta blir førte på ein måte som gjer det lett å lagre heile materialet på EDB. På det viset vil det vere lett å halde kartverket à jour, og lage utskrifter for ulike formål. Delar av kartverket vil bli distribuert til viltnemndene, planstyresmaktene på kommune- og fylkesnivå, landbruksnæringa og andre som disponerer utmarksområde på ein måte som kan kome i kon-

flikt med viltinteresser.

2.3.1.3 Bestandstilhøve for viktige viltartar

Storvilt

Møre og Romsdal har jaktbare bestandar av alle fire hjorteviltartane. Kommunane Sunndal, Nesset og Rauma har areal innanfor Snøhetta villreinområde. Ulike inngrep i dette fjellområdet har redusert livsvilkåra for villreinen, og dei vestlege delar av dette fjellområdet har svært lita stamme. Elles har tidlegare overbeiting av vinterbiotopane redusert berevna for rein i Snøhettafeltet. Villreinutvalet har vedteke at ein bør halde ei vinterstamme på 2000 dyr, og denne målsetjinga reknar ein med at er nådd no. For å lette arealforvaltninga innan dette området med omsyn til villreininteressene, er det stort beov for å utarbeide eit samla oversyn over reinen sin bruk av desse areala på tvers av fylkesgrensene.

Nord-Ottadalen villreinområde har etter måten lite areal her i fylket, og med relativt sterkt avgrensa fellingskvotar i kommunane Rauma, Norddal og Stranda. For å få reinen til i større grad å ta i bruk vestområda i dette villreinområdet har jaktrettshavarane her i fylket dels fått ta ut kvotane sine på andre sida av fylkesgrensa. Elles representerer dette området eit av dei beste villreinområda i landet med svært gode beite og kraftige og velutvikla dyr.

Hjorten er utan sidestykke den viktigaste storviltarten i fylket. Han finst i jaktbare bestandar i alle kommunar med unntak av Sandøy og Kristiansund. Eit bestandskrakk snøvinteren 1967-68 reduserte stammene kraftig og gav seg utslag i lågare fellingstal ein knapp tiårsperiode. Frå 1975 har vi hatt ein markert auke i bestandane med ein årleg prosentvis tilvekst i underkant av 15 %. Veksten varierer frå kommune til kommune, men har generelt vore større nord og sør i fylket enn i Romsdal og nordre Sunnmøre.

Auken i hjortebestandane har fleire stader ført til stort skadepress på jord- og skogbruk. Dette er i seg sjølv eit problem for viltforvaltninga, men skogskadane er òg eit signal om at mange overvintringsområde har for stort belegg av dyr. Dersom ein ikkje lukkast å få bestandsveksten under kontroll, og i fleire område redusere talet på dyr, er det grunn til å ottast at mange dyr vil bukke under i harde snøvintrar. Dette har ein alt sett eksempel på vinteren 1985-86. Som ei kriseløysing vart det elles i kommunane Tingvoll, Sunndal og gamle Stangvik i Surnadal gjeve samtykke til ein ekstra seinjaktperiode på hjort i desember som eit forsøk på å redusere talet på dyr i nedslitne vinterbeite. Det må likevel vere ei målsetjing å balansere bestanden gjennom ordinær jakt, men der det ikkje lukkast, bør ekstraordinære tiltak kunne takast i bruk.

Det er opna for elgjakt i 9 kommunar på Nordmøre og indre Romsdal. Kommunane Halså, Rindal og Surnadal skil seg klart ut som dei viktigaste elgområda. Det har vore ein jamn auke i fellinga frå 11 dyr i 1977 til 111 i 1985. Norddal er i ferd med å få ein jaktbar bestand, og elles blir det meldt om streifdyr frå dei fleste kommunane i Romsdal og på Nordmøre som enno ikkje har jakt på arten. Store delar av Romsdalshalvøya bør elles vere eit potensielt område for elg, og der ein kan vente nyetablering av jaktbare bestandar.

Møre og Romsdal er òg eit svært brukbart rådyrfylke. Arten har vandra inn frå nord og aust, og har breidd seg i vestleg og sørleg retning. I dag er det jaktbare bestandar i dei fleste kommunane nord for Storfjorden. Stranda har jakt på arten sør for dette fjordsystemet. Sidan midten av 1970-talet har det vore ein kraftig auke i bestandane og i jaktuttaket, og det er heilt klart at ein på langt nær tek ut den årlege produksjonen. Tilhøva bør difor leggjast betre til rette for jakt, slik at det blir jakta og ikkje vintermortalitet som haustar det vesentlege av produksjonen.

Småvilt

Fylket har store ressursar av jaktbare småviltartar. Bestandane varierer år for år slik som dynamikken er for dei fleste av desse artane. Lirype finst utbreidd over heile fylket og med størst bestandar i midtre og indre strøk. Der lirypeareala er små i forhold til jegermassen, er det grunn til å tru at jakt kan verke som ein regulerande faktor på bestanden. Smøla har ein eigen underart av lirype som har pigmentert fjørdrakt vinters tid. Denne varianten representerer ein genetisk ressurs som fortener merksemd i forvaltningssamanheng. Ein har òg sett teikn som tyder på at det finst innblanding av same karakterdrag i rypepopulasjonar andre stader langs kysten. I følgje jaktstatistikk blir det felt rundt 30 000 ryper årleg i fylket.

Bestandane av skogsfugl varierer sterkt lokalt. Jerpe finst berre i svært liten grad i Rindal og Surnadal, medan orrfugl er jamt utbreidd, og der bestandane er etter måten gode mange stader. Storfugl er knytta til område med eldre furuskog, og bestandane i dette tiåret har vore større enn på lenge. Likevel må bestandane dei fleste stader seiast å vere heller svake, og utsiktene for denne arten er ikkje serleg lys sett på bakgrunn av auka avverking av gammal furuskog.

Bestanden av raudrev er mange stader sterkt desimert p.g.a. skabb. Med unnatak av øypopulasjonar på m.a. Tustna, Frei, Averøy og dei ytre områda nord for Storfjorden er skabben utbreidd over det meste av fylket. Dei aller siste par åra har ein likevel inntrykk av at revebestanden fleire stader er i ferd med å ta seg opp att. Det er elles naturleg å setje ein kraftig auke i harebestanden over store delar av fylket i samanheng med reduksjonen i talet på raudrev.

Både raudreven og bestandane av anna pelsvilt som mår, mink og røy-skatt må seiast å vere dårleg utnytta i jakt- og fangstsamanheng.

I samband med viltområdekartlegginga har ein foretatt ei kartlegging av utbreiinga av oter i fylket. Denne viser at det fleire stader er livskraftige bestandar av arten. Ein finn dei største konsentrasjonane langs dei ytre delane av kysten. Innover i fjordane er arten langt meir spreidd.

Dei største utfordringane innan småviltforvaltninga ligg i å ta vare på produksjonsgrunnlaget og legge forholda til rette for at produksjonsoverskotet kan bli hausta på ein riktig måte.

Store rovdyr

Av store rovdyr har fylket bestandar av bjørn, jerv og gaupe. I det nett avslutta rovviltprosjektet blir det konkludert med at den

såkalte Nordmøre-Hølandastamma av bjørn tel minst 7 individ, og med eit sannsynleg minimum på 15 dyr. I 1980 vart det registrert binne med to ungar i Aure, og sterke indikasjonar på forplantning i Sunndal. Elles er det godtatte bjørnemeldingar frå seinare år i Rauma og Sykkylven, og fleire uoppklarte meldingar frå store delar av fylket. Det har vore registrert liten skade av bjørn dei seinare åra.

Jerv finst i levedyktig bestand i Snøhettaområdet med forgreining til Trollheimen. Bestanden her tel minimum 15-18 dyr, og har dels valda store skadar på sau i Nettet og Sunndal. Det finst òg streifdyr av jerv i områda vest for Romsdalsdalføret.

Gaupebestanden verkar svært tynn og spreidd. Det har ikkje vore noka samla registrering av arten, men streifdyr og moglege faste bestandar finst i dei indre dalføra. Det vil vere sterkt ønskjeleg å skaffe betre opplysningar om utbreiing og bestandsutvikling for arten i fylket.

Andre truqa og sårbare artar

Fylket har dels livskraftige bestandar av artar som er truqa eller sårbare her i landet eller internasjonalt, dels sparsame førekomsttar av artar som det er blitt svært få av i Noreg. Blant dei første kan ein nemne begge ørneartane og hubro. Ei oppsummering over bestandsstatus for den siste viser ein totalbestand i fylket på rundt 300 par. Artar som kvitryggspett og gråspett har òg brukbar bestandsstatus her i fylket i følgje ei samanstilling av tilgjengelege data. Av den andre gruppa kan ein trekkje fram vandrefalk som har vist ein svak auke dei seinare åra, medan bestanden av åkerrikse er låg og svært utsett, men likevel truleg blant dei betre i landet. Alle desse artane må følgjast opp med bestandskartleggingar og aktive forvaltningstiltak i åra som kjem.

2.3.1.4 Vilt som ressurs

Offentleg statistikk frå Statistisk Sentralbyrå viser kva som blir hausta av viltressursane i kvart fylke. Når det gjeld storkvilt, er statistikken basert på valdvise oppgåver til viltneimndene, og desse oppgåvene er etter det ein kjenner til nokså pålitelege. Det kan rett nok vere eit unnatak for rådyr der det truleg blir felt ein god del dyr som ikkje blir fanga opp av statistikken.

Småviltstatistikken kjem fram gjennom årlege utvalsundersøkingar blant dei som har betalt jegereravgift. For kvart fylke gjev ikkje denne metodikken sikre oppgåver for det enkelte år. Skal ein få nokolunde sikre fylkestal, må statistikken for fem år slåast saman, og ein får då brukbare tal for dei viktigaste småviltartane. For Møre og Romsdal gjev desse statistikkane følgjande tal:

VERDIEN AV STORVILTJAKTA 1985

	Hjort	Elg	Villrein	Rådyr
Felte dyr	3 394	111	149	1 392
Kg. kjøtt	223 tonn	18 tonn	5 tonn	20 tonn
Førstehandsverdi kr.	6,7 mill	0,5 mill	0,2 mill	0,6 mill

FELT SMAVILT - ÅRLEG GJENNOMSNIITT FOR PERIODEN 1980/81 - 1984/85

Orrfugl	Ryper	Ender	Hare	Rev	Andre	I alt
2 700	38 000	4 700	2 700	1 600	36 200	85 900

2.3.1.5 Vilt som skadefaktor for næring

Dei høge bestandane av hjort dei seinare åra har mange stader ført til auka skadeomfang på jord- og skogbruk. Skogskadane finn ein i overvintringsområda for hjort, og dei har vore mest omfattande i delar av midtre Nordmøre og i Ørsta. Meir spreidde og lokale skadar finn ein elles over det meste av fylket. Skadane oppstår når hjorten tek til å beite toppskot i unge granplantefelt eller gneg bork av eldre bårskog. Det synest å vere ein klar samanheng mellom skadeomfang og overbeiting av det naturlege vinterbeite for hjort p.g.a. for stort dyretal i høve til beitegrunnet. Ein har manglande oversyn over dei økonomiske konsekvensane av desse skadane. Det blir ikkje gjeve erstatning for slike skadar.

Det beste oversyn over beiteskadar i jord- og hagebruk får ein gjennom dei årlege søknadene om erstatning for slike skadar. Desse viser stor variasjon frå år til år, og må oppfattast som klare minimumstal for skadeomfanget sidan mange mindre skadar ikkje blir fremma som erstatningssaker. Utvikling og årleg variasjon går fram av følgjande tabell:

	krav	utbetalt
1981/82	kr. 289.623,-	kr. 167.200,-
1982/83	kr. 83.809,-	kr. 63.900,-
1983/84	kr. 206.333,-	kr. 114.250,-

Rovviltskadar er i første rekkje knytta til stamma av jerv i Snøhettaområdet, og der særleg kommunane Sunndal og Nesset har hatt høge tap av sau. I 1984 vart det i desse kommunane utbetalt erstatning for 16 sauer og 66 lam av eit skadekrav på 23 sauer og 81 lam.

Ser ein fylket under eitt, er det likevel kongeørn som blir oppfatta som den største skadevaldaren blant saueeigarane. Kvart av

dei to siste åra har det vore innsendt erstatningskrav for vel 300 lam og mellom 10 og 20 vaksne sauer. Vel 80 lam er erstatta begge åra. Dei påståtte skadane har vore særleg store i kommunane Halså, Surnadal, Sunndal og Nesset. Det er opplagt at skadekrava for denne arten langt overstig det reelle skadeomfanget, og det er vidare grunn til å tru at fleire av dei tilfella som blir erstatta skuldast andre tapsårsaker.

Av andre rovviltsskadar har det dei siste åra vore mindre tap av yngre storfe i Norddal og Stordal. Her er bjørn einaste sannsynlege skadevaldar.

Av viltsskadar elles kan nemnast beite-, tråkk- og tilgrisingsskadar som skuldast grågås i strøk langs kysten, og tilsvarande skadar av kanadagås der denne arten har fått best fotfeste. Vinteren 1985/86 var det elles omfattande skade av skarv i fleire oppdrettsanlegg.

Utfordringane på dette feltet ligg først og fremst i å kartlegge det reelle omfanget av påståtte skadar og best mogleg finne fram årsakene til at skade oppstår. Dessutan må ein i samarbeid med utsette næringsinteresser kome fram til effektive tiltak for å redusere eller hindre skadane. Eit svært viktig moment i tillegg er sakleg informasjon slik at ein kan hindre at aktuelle artar får eit ufortent skadestempel i opinionen.

2.3.1.6 Jakt som rekreasjon

Jegerregisteret viser at det pr 01.04.85 var 10.137 jegerar registrerte i Møre og Romsdal. Dette utgjør 12,8% av den mannlege befolkninga over 20 år, og er litt over gjennomsnittet for landet. Knappe 1% av jegerane var kvinner.

Når det gjeld jegerane sin tilgang til jakt i fylket og moglege regionale skilnader, veit ein lite sikkert om dette i dag. Ei undersøking som vil bli utført av fylkesmannen i 1986 vil nok kartleggje dette spørsmålet nærare.

Høve til jakt vil i dei aller fleste område vere eit klart avgrensa gode. På denne bakgrunn finn ein det ikkje formålstenleg å gå aktivt ut og oppmode menneske om å ta til med jakt. Det vil derimot vere eit klart siktemål å leggje forholda best mogleg til rette for dei som er interesserte i jakt og fangst, slik at dei kan få tilfredsstillande rekreativt utbytte av hobbyen sin.

2.3.1.7 Jakt som næring

Etter det vi kjenner til er det ingen i fylket som lenger lever av jakt og fangst. Jaktrett har nok ein verdi som ein del av ressursgrunnlaget for mange grunneigarar, både reint økonomisk og som ein trivselsfaktor der eigaren sjølv nyttar eller tek del i jakta på eigen grunn. Det er grunn til å tru at den økonomiske verdi av jaktretten vil vekse etter kvart som etterspurnaden etter jakt aukar, og at dette for fleire bruk kan bli ein ikkje uvesentleg del av det bruket kan kaste av seg. Særleg der jaktrett kan leigast ut i godt terreng saman med hytte vil det vere råd å få godt betalt. Denne utviklinga kan kome i strid med ei målsetjing om at så mange

som råd av dei som ønskjer å jakte skal få høve til det, men situasjonen i dag må seiast å vere i rimeleg balanse mellom dei behov for jakt som ålmenta har og grunneigarane sine ønske om å få mest mogleg att for rettane sine.

Elles vil ein gjennom den undersøkinga som er nemnd under føregåande punkt søkje å klarleggje dei pristilhøva som gjeld i marknaden her i fylket. Som ei oppfølging av denne undersøkinga ligg det ei utfordring i å kartleggje interessa for utleige av jaktrett på storvilt i fylket under ulike føresetnader om prisvilkår, jaktmåtar og utleigeform m.a.

2.3.1.8 Hundar

Bruk av hund under jakt har svært svak tradisjon i Møre og Romsdal. Det kan vere fleire årsaker til dette, men jamt over må det seiast å vere sterk grunneigarmotstand mot å nytte hund under jaktutøving, især til småviltjakt. Frå eit forvaltningsmessig synspunkt er det likevel knytt store fordelar til jakt med hund. Særleg vil bruk av hund under jakt betre den humane sida ved jakta sidan hund ofte er ein føresetnad for å finne att vilt som har vorte skadd under jakt. Dessutan er det mange jegerar som får langt sterkare naturoppleving av å jakte med hund, og den rekreative verdien av jakta vil såleis auke dersom det blir eit betre tilbod av terreng der hund kan nyttast. Undersøkinga om høve til jakt og jaktinteresse som er nemnd tidlegare, tek òg opp ulike sider ved jakt med hund, og resultatata av denne vil m.a. vise korleis tilbodet er i fylket i høve til behovet, og dei fordelar og ulemper som jegerane ser ved bruk av hund under jakt.

I åra som kjem vil det vere ei stor utfordring for viltforvaltninga i fylket å kome fram til betre vilkår for å nytte hund både til stor- og småviltjakt. Alle viltnemnder bør ha oversyn over mange nok hundar innan kommunen som kan nyttast til å leite opp skadd hjortevilt. For å få skikkelege tilhøve for jakthunddressur bør det arbeidast for å leggje ut ei regional dekning med dressurområde etter § 55 i viltlova. Det er naturleg at dette arbeidet i første rekkje skjer i regi av lokale jegerforeiningar. I dag finst eit slikt område i Molde kommune.

Når det gjeld bruk av hund til småviltjakt, fører kommunale reglar vedtekne med heimel i bufelova til vanskar fleire stader. Det vil vere ei utfordring å harmonisere desse reglane til behovet for å nytte hund til jakt, slik det er gjort i mange kommunar.

2.3.2 MÅL

Hovudmåla for viltforvaltninga i fylket vil vere dei same som er lista opp innleiingsvis. Dette er ei svært vid og omfattande målsetjing som krev arbeid og innsats langt ut over denne planperioden, og der fleire av måla vil medføre varige oppgåver. Det vil difor vere nødvendig å konkretisere måla nærare og bryte dei ned i mindre einingar. For at måla skal kunne brukast som ein styringsreiskap for å prioritere oppgåver i planperioden, er det òg behov for å rangere måla etter kva for oppgåver og utfordringar ein meiner det er mest viktig å få løyst i planperioden.

2.3.2.1 Vern av viltet sine leveområde

Den viktigaste målsetjinga i planperioden bør vere arbeid med å sikre eksistensgrunnlaget for viltartane gjennom å ta vare på dei biotopane eller leveområda som artane er avhengige av. Dette målet vil naturlegvis gjelde for truga og sårbare artar, men òg for artar med trygg bestandsstatus, der bestandsstorleiken kan vere viktig for m.a. jaktuttak, opplevingsverdi, eller for samspelet i naturen.

Målsetjinga medfører varige arbeidsoppgåver, og det vil vere uråd å kvantifisere kva det kan vere råd å oppnå i planperioden. Ut frå kva for måte ein kan oppnå å sikre areal med særlege kvalitetar for vilt, kan det vere fruktbart å dele denne målsetjinga i fire delmålsetjingar:

1. Sørgje for at det blir teke viltomsyn i arealplan- og inngrepssaker som viltorgana har uttalerett til etter lovverket. Dette blir ei defensiv arbeidsform på den måten at spørsmålet om å verne viltområda eller skaffe seg innverknad på planprosessen slik at omsynet til viltet blir ivareteke, først kan skje etter at ein har kjennskap til at omdisponering av areal er påtenkt eller planarbeidet er i gang. Likevel må målsetjinga vere offensiv med tanke på å kome så raskt inn i prosessen som råd.
2. Gå aktivt ut for å få inn viltomsyn i skogbruket sine driftsplanar. Tiltak innan skogbruket har stor innverknad på viltbiotopane. Ein tenkjer her både på sluttavverkning, val av treslag, tørrlegging av myr og vassjuk skogmark, rydding eller sprøyting av uønskt vegetasjon, vegbygging o.a.. Dette er tiltak som den enkelte eigar i praksis stort sett kan gjennomføre utan omsyn til kva viltorgana meiner om konsekvensar for viltet. Mange av skadeverknadene oppstår fordi skogeigaren anten ikkje har kjennskap til biotopar av verdi for viltet, eller fordi han ikkje kjenner konsekvensen av tiltaka. For å bøte på dette vil det vere ei høgt prioritert oppgåve å få viltomsyn inn i skogbruket sine driftsplanar slik at ein kan gje rettleiing om behandling og tilrådde omsyn på det enkelte skogbestandsnivå. Målsetjinga vil vere av varig karakter, og kva som blir gjort i planperioden, vil stå på framdrifta av driftsplanarbeidet som blir drive av skogeigarlaget. Arbeidet skal starte i 1987.
3. Viltlova inneheld heimel for å gå ut meir offensivt med spesielle vernetiltak for område av særleg verdi for viltet. Dette kan vere aktuelt i einskildtilfelle, men er ikkje generelt tilrådd nytta anna enn der det er aktuelle inngrep som trugar området. Unntak frå denne regelen gjeld for egg- og dunvær som bør vernast med heimel i viltlova, og det kan og gjelde lokalitetar og førekomstar som kan vere truga av inngrep som kan utførast utan uttale frå viltorgana. Eit alternativ i slike tilfelle vil òg kunne vere vern etter plan- og bygningslova. Arbeidet med vern av egg- og dunvær vil bli oppstarta i 1988, og bør gjennomførast i løpet av planperioden. Samtidig vil det vere aktuelt å starte opp med tilsvarende vern av dei få lokalitetane for stor- og liten salamander som finst i fylket, og der fleire lokalitetar alt er rasert p.g.a. utgrøfting for skogbruksformål.
4. Ved generell informasjon og meir målretta informasjon gjennom ulike kanalar og til forskjellige målgrupper skal ein gje opplysning om korleis ein reint praktisk skal ta omsyn til viltet sine leveområde. Informasjon til landbruksnæringa vil vere mest aktuell.

2.3.2.2 Fagleg styrking av viltnemndene

Viltnemndene har eit stort behov for skolering og eigenutvikling dersom dei skal kunne utføre arbeidet sitt på ein tilfredsstillande måte. Tradisjonelt blir dette gjort gjennom rundskriv, ved at dei får høve til å abonnere på faglitteratur, gjennom årlege fellesmøte for alle nemndene og meir tilfeldige regionale møte. Daglege spørsmål og problem blir oftast avklart over telefon til fylkesmannen eller direktoratet.

Trass i dette dukkar det ofte opp tilfelle der det blir avdekt at nemndene ikkje har god nok innsikt i saksfeltet dei skal ta seg av. Det vil difor vere ei sterk målsetjing å setje viltnemndene betre i stand til å utføre den funksjonen dei er valde til, både når det gjeld fagleg nivå og reint administrative funksjonar. Målsetjinga går ut på å halde fram med fellesmøta, avvikle minst eitt regionalt møte årleg for kvar nemnd, og delta langt meir i den einskilde viltnemnd sine møte enn det som har vore tilfellet fram til no. Etter at det blir valt nye nemnder i 1988, bør ein i løpet av det året få til ein besøksrunde til kvar av nemndene.

For å gjere saksbehandlinga i nemndene meir profesjonell, ønskjer ein at ordninga med sekretariat blir bygd ut. Sekretariatsordninga bør omfatte fleire av avdelinga sine funksjonar i kommunane, og vil vere avhengig av ekstra løyvingar.

2.3.2.3 Målretta storviltforvaltning

Den viktigaste målsetjinga for storviltforvaltninga vil vere å tilpasse bestandane til næringsgrunnet for artane og eit akseptabelt skadepress gjennom vanleg jakt. Innanfor denne ramma vil det vere rett å leggje opp avskytinga og forvaltninga slik at ein er sikra eit mest mogleg stabilt uttak frå år til år, og at uttaket blir maksimert med tanke på dyretal og kilo kjøtt. Det vil vere nødvendig å sjå litt meir spesielt på målsetjinga for dei ulike artane:

Hjort

Her vil hovudmålsetjinga vere å stabilisere bestandane etter at dei har auka kraftig i dei aller fleste kommunane fram t.o.m. 1985. Ei aktuell målsetjing for perioden vil vere eit uttak på rundt 3000 dyr årleg, fordelt på vel 20% kalv og mellom 20-25% eldre hodyr. Dersom dette kan balanserast utan at det kjem til urovekkjande skadepress eller at vinterbeita blir nedbeita, bør bestandane auke ut over dette inn i neste planperiode. Målsetjinga på 3000 dyr er elles noko under det som vart hausta i 1985. Årsaka til dette er den svært harde snøvinteren 1985/86 som gjekk sterkt ut over kalvane i store delar av fylket. Dette vil bli ein svak årsklasse framover som gjev grunnlag for noko lågare produksjon.

Elles vil det vere ei målsetjing å betre valdstrukturen i kommunar med mange små driftseiningar. Eit realistisk mål her bør vere at ingen kommune skal tildele fleire enn rundt 15% av dyra til 1 og 2

dyrsvald.

For å få til høgare felling av hjort og samtidig skaffe dei som er interessert i slik jakt eit brukbart tilbod, bør det arbeidast for større omsetning av hjortejakt der grunneigarane sjølv ikkje tek ut heile kvoten. Målsetjinga på dette punktet må først vere å kartleggje etterspørselen etter slik jakt og det tilbodet som måtte liggje i marknaden under ulike førsetnader om pris og utleigeforhold. Dette vil bli gjort i løpet av eit par år. Dersom konklusjonen blir at det er noko å hente her, vil ein deretter ha som målsetjing i samarbeid med grunneigarsida å etablere kontakt mellom tilbodet og etterspørselen.

Elg

Bestanden av elg bør aukast vesentleg i alle kommunar med slik jakt med unnatak for Halså og Rindal der det vil vere rett å sikte seg inn på ei stabilisering i komande periode. Alle viltnemnder bør tildele minst 50% kalv, og den valfrie del av kvoten bør ikkje overstige 10%. Uttaket av produktive kyr bør ikkje gå over 15%, og i kommunar eller delområde med ei svak elgstamme, bør produktive kyr heilt sparast for jakt ein periode.

Ei viktig målsetjing vil elles vere å skaffe meir kunnskap om struktur og produksjonstilhøve i elgbestandane i fylket, særleg gjennom innhenting av data frå jegerane.

Rådyr

Den viktigaste målsetjinga vil vere å auke uttaket gjennom jakt slik at ein får teke ut produksjonen i bestandane. I område der dette lukkast bør ein kunne vurdere tiltak med sikte på å auke produksjonen, f.eks. ved vinterfôring. Elles vil det vere ei prioritert målsetjing å auke tilbodet av rådyrjakt til interesserte jegerar som i dag ikkje får tilfredsstilt sitt behov, jfr. det som er nemnt under hjort. Det vil òg bli vurdert kolonisering av rådyrfrie område på Sunnmøre. Hareidlandet er her særleg aktuelt.

2.3.2.4 Betre ålmenta sitt jakttilgjenge

Ei høgt prioritert oppgåve i komande fireårsperiode blir å kartleggje ålmenta sitt jakttilgjenge og arbeide for å betre dette i fylket. Målsetjinga vil vere at alle interesserte skal få dekt mest mogleg av sitt jaktbehov på aktuelle artar innan akseptabel reiseavstand. Det vil bli satsa mest på å tilretteleggje for småviltjakt. Tilbodet bør kunngjerast betre enn i dag, og det bør gjerast ein del for å få til eit betre samarbeid mellom utmarkslag som utgjer naturlege arronderingsmessige einingar med tanke på dagsturar for jakt. Jaktreglane for utmarkslaga bør tilpassast betre jegerane sine ønske om ulike jaktmåtar.

2.3.2.5 Reduksjon av konflikt mellom vilt og næring

Behandlinga av erstatning for hjorteviltskadar er foreslått delegert til fylkesmannen. Dette vil bli sett i samanheng med dei øvrige verkemidla innan hjorteviltforvaltninga, og målsetjinga bør

vere å gjere utbetalingane så små som råd ved å satse på ei målretta felling og setje ressursar inn på avbøtande tiltak.

Eit særleg problem som har meldt seg dei seinare åra, er skadebeiting av hjort i barskog. Her vil ein søkje å kartleggje omfang og peike på moglege årsaker som kan nyttast til å finne tiltak som bøter på dette. Ei viktig målsetjing vil vere å gå inn i ein dialog med skogbruksnæringa der ein kjem fram til eit felles syn på korleis særleg viktige overvintringsområde skal behandlast av næringa for å unngå skadar, og slik at ein samtidig kan ha ei stor hjortestamme.

Avbøtande tiltak vil òg bli prioriterte der andre viltartar gjer skade på næring. Særleg aktuelt her i fylket er skadar av grågås på innmark og ulike skader på aquakultur. Parallelt med å kartleggje reelt omfang og konsekvens av skadane, vil ein prioritere undersøkingar som tek sikte på å hindre eller dempe skadane utan å måtte gå til bestandsreduksjon av skadegjerande viltartar.

Når det gjeld skadar av store rovdyr, viser ein til neste punkt.

2.3.2.6 Styrking av lokal kompetanse i rovviltsspørsmål

Det vil vere ei prioritert målsetjing å følgje utviklinga i bestandane av store rovdyr i fylket. Særleg prioritet vil bli lagt på å utgreie situasjonen for gaupe, sidan det er denne arten ein veit minst om og som har lågast vernestatus i dag.

Ein vil òg utvikle og byggje opp lokal kompetanse når det gjeld dokumentasjon av skade valda av rovvilt. Elles er forvaltninga av store rovdyr oppe til utgreiing sentralt, og spørsmålet om kva for oppgåver som det vil vere aktuelt å utføre lokalt, vil i stor grad avhenge av kva vedtak som blir fatta i overordna organ.

2.3.2.7 Betre jegeropplæring

Målsetjinga innan dette temaet vil vere å setje viltneemdene i stand til å administrere jegerprøva lokalt og avvike teorieksamen. Dette ser ut til å gå stort sett greitt i dei kommunar der opplegget er prøvd. Dessutan vil det vere ei målsetjing i samråd med fylkeslaget av NJFF å utdanne instruktørar i dei kommunar som enno manglar slike, og halde instruktørkorpset ved like reint fagleg. For at jegeropplæringa skal bli så profesjonell som råd og samtidig vere eit rimeleg tilbod til ungdom, vil det bli prioritert å auke tilbodet om jegerprøva som valfag i skoleverket.

2.3.2.8 Betring av jaktmoralen

Dersom jaktutøving ikkje skal møte for sterk motstand i samfunnet elles, vil det vere nødvendig å prioritere arbeid for meir human jaktutøving. Sentrale oppgåver her vil m.a. vere å styrkje tilgangen til og interessa for jakt med hund og motarbeide tendensane til storviltjakt om kvelden etter at det tek til å bli mørkt.

2.3.2.9 Styrking av kunnskapen om småviltbestandane

Ved sida av å betre tilgangen til småviltjakt for ålmenta som er omtala tidlegare, vil det vere ei prioritert målsetjing å iverksetje eit opplegg for å følgje betre med i svingingane for dei tradisjonelle småviltartane. Dette er viktig både for argumentasjon overfor utmarkslag om jaktreglar, jaktpress og lokale fredningstiltak, planlegging, utprøving og evaluering av lokale vilttiltak og som eit ledd i nødvendig kunnskaps- og kompetanseoppbygging.

2.3.2.10 Planmessig opplegg for praktiske vilttiltak

Målsetjinga her vil i første omgang vere å utvikle samarbeid med utmarkslag og jegerforeiningar om kva for tiltak ein i første rekkje bør satse på i fylket. I samråd med dei same målgruppene vil ein kome fram til område der ein kan teste ulike tiltak i praksis. Ein vil prioritere tiltak der verknadene kan evaluerast framfor meir tilfeldige forsøk utan gode opplegg for kontroll og oppfølging.

2.3.2.11 Betre bestandsstatus for sårbare- og truga artar

Det vil bli prioritert innsats for å kartleggje bestandssituasjon og utviklingstendensar for truga og sårbare artar i fylket.

2.3.2.12 Plan for støtte til jakttskytebanar

I samband med førstegongs jegeropplæring, øvingsskyting og oppskyting for storviltprøve, er det behov for eit nett av skytebaneanlegg. Dette behovet bør i første rekkje dekkjast av skyttarlag, jegerforeiningar og andre interesserte lag. Ein har registrert håp om støtte frå viltfondet til slike anlegg, og av den grunn bør det utformast tankar om og i kva grad ein skal støtte slike prosjekt reint økonomisk. Eventuelt tilskot skal avgrensast til berre å gjelde leirdueanlegg og viltmålbanar. Det må vidare vere ein føresetnad at anlegga skal tene så store område som råd, og det vil f.eks. ikkje vere rom for å gje tilskot til anlegg i alle kommunar. Banane må difor tene regionale funksjonar. Målsetjinga vil vere at ein i samråd med fylkeslaget av NJFF kartlegg situasjonen slik han er i dag når det gjeld eksisterande anlegg, og kjem fram til ein plan for utbygging av anlegg som kan tene regionale funksjonar. Desse prosjekta kan rekne med ei viss delfinansiering frå viltfondet av det som blir att etter at høgare prioriterte prosjekt har fått støtte, medan anlegg som ikkje er med i planen automatisk fell utanfor tilskotsvurdering. Planen vil bli utarbeidd i løpet av 1987.

2.3.3 TILTAK

Ut frå dei mål som er skissert, vil det vere nødvendig å iverksette ei rekkje tiltak i komande planperiode. Tiltaka som er nemnde i det etterfølgjande er grovt sett opp i prioritert rekkefølge. Fleire av tiltaka er nok relativt omfattande, og kan ved ei meir detaljert planlegging brytast ned til mindre einingar. Ein slik prosess ville naturleg ha medført ei noko omstokka prioritering.

2.3.3.1 Vern av viltet sine leveområde

Den viktigaste arbeidsreiskapen på denne sektoren vil vere viltområdekartverket som skal bli ferdig i løpet av første halvår 1987. Heile materialet vil bli lagt inn på EDB slik at at ein lett kan ajourføre kartverket og lage utskrifter for ulike formål. Ajourhaldet vil skje fortløpande etter kvart som ein får inn nye opplysningar, utan at denne prosessen blir formalisert med tanke på aktiv innhenting av nye data i første omgang.

Kartet vil bli distribuert til viltnemndene og teknisk etat i kommunane som vil vere dei viktigaste brukargruppene. Dessutan bør landbrukskontora få tilgang til karta. Stadfesting av sårbare punktlokalitetar må kamouflerast vekk innanfor større viltområde for å hindre at opplysningane kan bli misbrukte.

Saksbehandling:

Arbeidsfeltet krev mykje løpande oppfølging gjennom å ivareta viltinteresser i ulike plan-, utbyggings- og konsesjonssaker. Kommunane vil bli instruerte til å leggje slike saker fram for viltnemndene og likeins dra nemndene aktivt med under utarbeiding av kommuneplanar. Dette krev òg informasjon og skolering av viltnemndene, men vil lette behandlinga av sakene når fylkesmannen får dei.

Prosjekt:

Det vil bli sett i gang eit prosjekt med sikte på å få viltomsyn inn i skogbruket sine driftsplanar. Dette vil bli lagt opp som eit samarbeid mellom fylkesmannen og skogeigarlaget med tiltenkt start i 1987. Dette vil vere eit svært langsiktig arbeid som er avhengig av framdrifta i driftsplanarbeidet, og det er i alle høve berre eit fåtal av skogeigedomar som blir dekte. For å gå meir målretta inn på viktige biotopvernoppgåver vil ein difor setje i gang eit særleg prosjekt for å ta vare på viktige vinterområde for hjort. Mange stader er desse truga av hogst og treslagsskifte. Det har vist seg at produksjon av gran i slike område kan vere vanskeleg p.g.a. hjortebeiting. I staden for å redusere hjortebestanden for å få opp ny skog, ser ein ikkje bort frå at det totalt sett kan vere lønsamt å heller satse på hjort enn ein usikker fiberproduksjon. Dette er eit prosjekt som kan ha fleire innfallsvinklar, men ein vil først prioritere å få fram oversyn over dei viktigaste vinterlokalitetane i fylket og sjå dette i samanheng med kommunale skogreisingsplanar. Gjennom informasjon og opplysning til skogeigarar, skogeigarlag og skoetat, bør ein bevisstgjere problematikken slik at omsyn kan bli teke på frivillig grunnlag. Samtidig bør ein starte undersøkingar med tanke på nytte-kostnadsvurderingar ved ulike behandlingsformer, og vurdering av høvelege skjøtselsopplegg for slike område. Prosjektet bør startast i 1988 og vil vere eit langsiktig arbeid.

I 1988 vil ein òg starte arbeidet med vern av egg- og dunvær etter viltlova. Samtidig vil ein prøve å få til liknande vern av salamanderlokalitetar i fylket. Arbeidet bør kunne avsluttast i løpet av planperioden.

Det skal utarbeidast regionvise beredskapsplanar for viltvern ved oljeutslipp i løpet av planperioden.

2.3.3.2 Aktivisering av viltnemndene

Tradisjonelt blir det halde årlege fellesmøte for viltnemndene. Arrangementa blir avvikla i løpet av ein dag som har vist seg å vere ønskjeleg med tanke på at flest mogleg skal få høve til å møte. Vidare har ein fått røynsle for at møtet bør haldast i Molde som den mest sentrale staden i fylket. Dette opplegget vil bli vidareført, med det unntak at ein frå tid til anna bør halde møtet over to dagar. Særleg i 1988 bør ein utvide møtet sidan ein då vil ha nyvalde nemnder.

Som eit supplement til fellesmøtet vil det årleg bli avvikla rundt tre regionale viltnemndsamlingar slik at kvar nemnd får tilbod om eitt slikt møte i året. Dessutan vil viltkonsulenten prioritere meir deltaking i vanlege viltnemndmøte slik at kvar nemnd får minst eit par besøk i løpet av valperioden. For å setje dei nye nemndene inn i arbeidsoppgåvene, bør alle nemndene få ei slik vitjing i løpet av 1988.

2.3.3.3 Målretta storviltforvaltning

Det meste av arbeidet med storviltforvaltninga blir utført av viltnemndene, og fylkesmannen si hovudoppgåve blir å setje nemndene i stand til denne oppgåva gjennom råd og rettleiing. Dei viktigaste tiltaka for dei einskilte artane vil vere følgjande:

Hjort

I 1987 vil det bli utarbeidd ein brosjyre om forvaltning av hjort som skal distribuerast til alle valda gjennom viltnemndene.

Dersom ein skal kunne nå målsetjinga om eit stabilt uttak på rundt 3000 dyr utan urovekkjande skade, vil det vere nødvendig med ei sterkt differensiert tildeling slik at ein kan spreie jakttrykket så mykje som råd og hauste mykje der bestanden er god, og samtidig spare produksjonsdyr i område der ein ønskjer å styrkje den lokale stamma. Sjølv om fordelinga av uttaket på ulike kjønns- og aldersgrupper er god som eit gjennomsnitt for fylket, vil det bli arbeidd med forbetring i fleire enkeltkommunar. For betre å følgje med utviklinga i bestandane, bør fleirtalet av viltnemndene gjennomføre årlege takseringar av hjort om våren når dyra går frampå dyrkamark.

Med tanke på å effektivisere jakta bør det arbeidast vidare med betre organisering av hjortevald. Skal målsetjinga bli nådd, bør ein i første rekkje setje inn innsats i dei kommunane der det er flest småe vald. Dette gjeld kommunane Nesset, Norddal, Skodje, Smøla, Stordal, Sula, Sykkylven og Vanylven.

I 1987 tek ein sikte på å kome i gang med eit prosjekt som kan analysere nærare korleis storviltjakta er organisert rundt om i fylket. Siktemålet med undersøkinga vil vere å finne fram til dei organiseringsmåtane som fungerer best under våre forhold når det gjeld utsikter til å få til samarbeid om storviltjakta ut over nabo-grensene, og kva for forhold som verkar sterkast inn på fellingsresultatet. Prosjektet bør kunne gjennomførast i løpet av eit år og kan truleg best leggjast opp som ei skriftleg intervjuundersøking av valda i eit utval av kommunar.

Seinast i 1990 bør det utførast eit prosjekt som analyserer korleis hjortejakta blir driven i ulike delar av fylket, og finne ut om det har skjedd store endringar over tid. Dette vil ha verdi reint kulturhistorisk, men kan òg gje nyttig informasjon om korleis jakta kan effektiviserast ved at ein ut frå det som kjem fram spreier informasjon om dei mest effektive jaktformene under ulike forhold. Ved å presentere forskjellige måtar å drive jakt på, kan ein òg tilføre jaktutøvinga større verdi reint opplevingsmessig.

Elg

Det vil bli arbeidd med informasjon til viltnemndene i kommunar med elgjakt for å få til ei avskyting i tråd med målsetjinga. I 1978 vil det bli laga ein informasjonsbrosjyre om elgforvaltning. I samråd med viltforskinga bør det setjast i gang innsamling av prøver frå felte dyr med sikte på å kartleggje struktur og produksjonsevne i bestandane. Elles vil det bli samla inn jegerobservasjonar gjennom "Sett elg" skjema.

Rådyr

Gjennom informasjonstiltak vil det bli oppfordra til sterkare utnytting av rådyrstammene gjennom jakt. Ein tek sikte på å utarbeide ein brosjyre om rådyrforvaltning i 1989.

Rådyret er elles ein art som reagerer lett på skjøtselstiltak, og i område der bestanden er godt jaktleg utnytta, vil ein støtte biotopframjande tiltak som t.d. vinterføring. Ein vil òg støtte og tilrå utsetjing av rådyr der arten manglar, og der det er lokal interesse for å etablere arten.

2.3.3.4 Betring av ålmenta sin jakttilgang

I samarbeid med fylkesutmarkslaget vil det bli utarbeidd eit oversyn over situasjonen i fylket når det gjeld jaktinteresse og høve til jakt. Undersøkinga tek både for seg korleis den einskilde jeger vurderer sitt behov og utsiktene til å få desse tilfredsstillt, og korleis situasjonen er når det gjeld organiserte tilbod gjennom eksisterande utmarkslag. Prosjektet vil bli ferdig i 1987.

Med utgangspunkt i ovannemnde undersøking vil ein arbeide for å betre ålmenta sine jakttilbod i dei område der behova er størst. Dette kan gå både på geografiske område, og på utval av artar og jaktmåtar. Konkrete arbeidsoppgåver vil m.a. vere å prøve å få skipa nye utmarkslag i område med dårleg organisering, få til samarbeid mellom nabolag som dannar naturlege arronderingsmessige einingar og prøve å få endra jaktreglane for laga slik at dei blir

meir i samsvar med dei ønske som brukarane har. Det vil vere lite fruktbart å prøve å vurdere omfanget av eit slikt prosjekt før resultatene av den nemnde undersøkinga ligg føre, men alt talar for at eit eventuelt prosjekt bør skje i eit samarbeid med fylkesutmarkslaget.

I samarbeid med fylkesutmarkslaget vil det bli utarbeidd eit hefte som viser eksisterande jakttilbod i fylket med ein presentasjon av dei ulike utmarkslaga. Heftet bør lagast slik at det kan ajourførast med årlege endringar, og trykkeutgiftene bør kunne finansierast ved reklameinntekter.

2.3.3.5 Kartlegging og reduksjon av viltskadar

Ein vil prøve å setje i gang eit prosjekt som skal kartleggje omfanget av skadebeiting av hjort i skog. Prosjektet skal leggjast opp slik at ein så godt som mogleg skal kunne identifisere årsakene til skadane.

Fylkesmannen vil truleg få arbeidet med erstatning av hjorteviltskadar. Det vil vere naturleg i samråd med viltneemdene å leggje hovudinnsatsen på ulike tiltak for å hindre eller førebyggje slik skade.

Elles vil ein sjå nærare på omfanget av skadebeiting som skuldast grågås og utprøve ulike metodar for avbøtande tiltak. Omfang og årsaker til skade på fiskeoppdrett vil bli kartlagde, og forskjellige førebyggjande tiltak utprøvde.

2.3.3.6 Rovviltforvaltning

Ein vil samle og få dokumentert meldingar om store rovdyr. Særleg vil ein leggje innsats i å kaste lys over situasjonen for gaupe i fylket. Undersøking av rovviltskadar på husdyr vil bli utført av fylkesmannen.

2.3.3.7 Jegeropplæring

I samråd med fylkeslaget av NJFF vil ein byggje ut ei god dekking av autoriserte instruktørar rundt om i fylket. I alt 8 kommunar manglar enno instruktør, og i andre kommunar finst berre ein. Supplering bør kome seinast i 1988. Same året bør ein òg vurdere å samle dei instruktørane som har halde praktiske kurs, for å dele røynsler, samordne opplegget og informere om aktuelle nyhendingar innan viltforvaltninga, særleg på regelsida.

Det vil elles bli arbeidd med å få jegerprøva inn som valfag i ungdomsskolen. Truleg tener det føremålet best at viltneemdene tek kontakt med aktuelle skolar i kommunane sine.

2.3.3.8 Humanisering av jakta

I løpet av 1987 vil det bli teke initiativ overfor viltneemndene med sikte på å få alle til å ha sporhundar til disposisjon for å leite opp skadd hjortevilt. Det må òg arbeidast meir for at jegerane skal følgje pålegget i hjorteviltforskriftene om å melde frå til viltneemnda når eige ettersøk etter skadeskote storvilt har vore resultatlaus. Auka informasjon saman med sterke reaksjonar på regelbrot vil vere aktuelle tiltak.

For å kome utglidinga med storviltjakt om kvelden til livs, må det òg arbeidast med informasjon. Ein vil vurdere nærare eit utspel som er teke tidlegare overfor direktoratet om ei regelendring med sikte på å kunne forby jakt etter eit visst klokkeslett.

2.3.3.9 Småviltforvaltning

Bestandsnivået av mus og lemen er ein viktig indikator for svingingane hos tradisjonelle småviltartar. For betre å kunne følgje med i desse, vil ein setje i gang eit langsiktig prosjekt med smånagarfangst på 3-4 lokalitetar i fylket. Dette bør kunne supplerast med småvilttakseringar i område der det vert drive praktisk retta viltstelltiltak.

Fleire utmarkslag krev tilbakemelding om felt vilt etter at jaktseongen er slutt. Det vil bli teke initiativ for å samle desse opplysningane hos fylkesmannen for innlegging på data slik at ein får betre kunnskap både om jakttrykk og bestandssvingingar. For å kartleggje årleg produksjon hos rypeartane, vil ein setje i gang innsamling av vengeprøver frå rypejakta.

2.3.3.10 Praktiske vilttiltak

Ein vil nedsetje ei kontaktgruppe med representasjon frå fylkesutmarkslaget, fylkeslaget av NJFF og fylkesmannen med mandat å fastsetje premissane for viltfondsstøtte til praktiske viltstelltiltak. Siktemålet vil vere ut frå eksisterande kunnskap å kome fram til kva type tiltak det vil vere rett å prioritere, og kartleggje aktuelle studieområde der ein både kan få grunneigarsamtykke til å utprøve tiltaka og, samtidig kan ha frivillig arbeidskraft til å drive prosjekta med forundersøkingar, gjennomføre praktiske tiltak og stå for etterundersøkingar.

2.3.3.11 Sårbare og truqa artar

Tiltak vil bli prioritert og sett i verk i samråd med naturvernseksjonen.

2.3.3.12 Plan for støtte til jaktskytebanar

I samråd med fylkeslaget av NJFF vil det i løpet av 1987 bli utarbeidd ein plan for ei regional utbygging av leirdueanlegg og vilt-

målbanar som kan vere aktuelle for delfinansiering med viltfondsmidlar.

2.3.4 VERKEMIDDEL

Verkemidla innan viltforvaltninga består av viltlova med forskrifter og retningslinjer. Andre lovverk som kan ha verknad for viltforvaltninga eller jaktutøving, er lov om naturvern, friluftsløva, bufelova, dyrevernlova, lov om skytevåpen og ammunisjon, fjellova og lov om skogbruk og skogvern.

Innanfor dei rammene som lovverket set, og som røynsler viser at det er vanskeleg å endre, i alle høve på kort sikt, er tilgangen på økonomiske ressursar det viktigaste verkemiddel innan viltforvaltninga. Hovudtyngda av prosjekt utanom pålagde oppgåver og dagleg saksbehandling er det urealistisk å få gjennomført utan tilgang på tilført arbeidskraft. Her står løyvingane frå viltfondet svært sentralt. Frå og med neste år vil det bli ei omlegging av tilskottsrutinane når det gjeld tildeling til lokale vilttiltak over post 71.4 slik at alle fylka får ei rammeløyving som dei sjølve kan nytte etter eiga prioritering, sjølv sagt innan hovudområde som er prioritert av overliggjande viltorgan. Dette gjer det lettare å planleggje på lang sikt i og med at ein blir meir viss på kva ein kan vente av årlege løyvingar. Dessutan slepp ein å nytte tid til å utforme søknader om midlar som ein i alle høve ville ha fått. Løyvingane til lokale vilttiltak vil i hovudsak bli nytta til å finansiere prosjekt i regi av fylkesmannen som er nemnt i planen. Fleire av prosjekta vil bli utførte i samråd eller i samarbeid med jeger- og grunneigarorganisasjonane, og ein del ressursar vil òg bli stilt til disposisjon for tiltak som blir utførte av desse organisasjonane.

Det er òg gjeve signal om at løyvinga til viltnemndene skal tildelast fylka etter ein spesifisert nøkkel. Dette vil òg ha klare fordelar, men like viktig er det at det blir arbeidd med å tilføre viltnemndene større løyvingar slik at dei blir sett i stand til å utføre oppgåvene sine betre. Særleg er det behov for midlar til sekretariatsfunksjonen. Elles bør det arbeidast for at løyvingane til administrasjon av nemndene blir tekne ut av viltfondet, sidan svært mykje av det viltnemndene skal ta seg av etter lovverket ikkje er spesielt avgrensa til jegerinteressene, men må seiast å vere klare samfunnsmessige naturforvaltningsoppgåver.

2.3.5 AKTIVITETAR

For å illustrere arbeidsomfanget for dei ulike tiltaka vil det vere mest oversiktleg å lage ein enkel tabell over stipulert arbeidsbehov for dei åra som planen omfattar. Tabellen er delt opp slik at han viser kva som skal gjerast av fast tilsett personell, og kva som må utførast av engasjert hjelp som ein reknar med å få finansiert gjennom viltfondet.

AKTIVITETSPLAN

Aktivitet utført av viltkonsulent	Vekeverk			
	1987	1988	1989	1990
Arealplansaker, saksbehandling, møte og synfaringar	5	5	5	5
Hjorteviltforvaltning, saksbehandling, rettleiing m.m.	5	5	5	5
Rovviltforvaltning, registreringar og kadaverundersøkingar	2	2	2	2
Økonomiforvaltning	2	2	2	2
Oppfølging av samla plan	1	1	1	1
Utarbeiding av informasjonsmateriell	2	2	2	2
Prosjektadministrasjon	2	2	2	2
Fellesmøte og regionale viltnemndsmøte inkl. for- og etterarbeid	2	2	2	2
Sekretariat for arbeidsutvalet for viltnemndene	1	1	1	1
Deltaking i viltnemndmøte	1	3	1	1
Informasjonsmøte inkl. forarbeid	2	2	2	2
Småviltforvaltning	2	2	2	2
Jegerprøva	1	1	1	1
Arsmelding og årsplanar	1	1	1	1
Faglege konferansar og eigenutvikling	2	2	2	2
Diverse uspesifisert saksbehandling	4	4	4	4
Prosjekt etter langtidsplanen				
-Viltomsyn i skogbruket sine driftsplanar	1			
-Vern og skjøtsel av vinterområde for hjort		2		
-Vern av egg og dunvær og salamanderlokalitetar		1		
-Almenta sin jakttilgang, forbetringstiltak		2		
-Praktiske vilttiltak, utarbeiding av strategiplan	1			
Uspesifisert til disposisjon	11	6	13	13
Ferie	4	4	4	4
Sum:	52	52	52	52

Aktivitatar utført av engasjert hjelp

Viltområdekartverket	8			
Jakttilgang og jaktinteresse i Møre og Romsdal	4			
Viltfondsfinansiering av leirdue- og viltmålbanar	4			
Praktiske vilttiltak, utarbeiding av strategiplan	10			
Viltomsyn i skogbruket sine driftsplanar	10	2		
Kartlegging av hjorteskadar i skog	10	10		
Vern og skjøtsel av vinterområde for hjort		10	7	12
Vern av egg-og dunvær og salamanderlokalitetar		10	10	
Viltomsyn i oljevernberedskapsplanar			10	
Organiseringsmodellar for storviltvald, kartlegging av noverande situasjon	4	10		
Almenta sin jakttilgang, forbetringstiltak	2	10	20	10
Kartlegging av jaktmåtar på hjort				20
Kartlegging av interessa for utleige av storviltjakt			5	10
Sum:	52	52	52	52

2.3.6 RESSURSBROK OG -BEHOV

Aktivitetssomfanget og tempoplanen for gjennomføring av ulike prosjekt er lagt opp med ein venta årleg ressurstilgang på rundt eitt årsverk i tillegg til den faste stillinga innan hovudfeltet. Dette finn ein det realistisk å rekne med ut frå dei røynsler ein har med tilbakeføring av viltfondsmidlar og dei signal ein meiner å ha fått om framtidig stabilitet i desse løyvingane.

Fleire av tiltaka og prosjekta har fått nokså knappe tidsrammer, og det er ikkje urealistisk å rekne med at nokre av tiltaka vil krevje meir arbeid, og følgjeleg større ressursar enn det ein hadde rekna med for å gjennomføre dei etter oppsettet i planen. På den andre sida vil auka ressurstilgang føre til at prosjekta kan forserast i høve til det som er nemnt i planen, slik at måla kan oppfyllast raskare. Dette vil sjølvsagt vere sterkt ønskjeleg.

Samanlikna med fleire andre fylke står Møre og Romsdal i ein ugunstig situasjon når det gjeld sjansane til å engasjere kvalifisert personell for kortvarige prosjekt. Tilgangen på slik arbeidskraft i lokalmiljøet er svak, og det er gjerne både kostbart og arbeidskrevjande å rekruttere medarbeidarar frå andre kantar av landet for å løyse avgrensa prosjekt. Ofte er det òg ei stor ulempe at vedkomande manglar kjennskap til fylket. Det er difor ein stor fordel å kunne leggje opp framdrifta av prosjekta slik at ein sikrar kontinuitet i medarbeidarstaben. Dette er òg ein viktig grunn til at planen er utforma slik at det blir lagt opp til eitt ekstra årsverk i tillegg til den faste stillinga.

Ved sida av midlar til engasjement vil hovudfeltet ha behov for investeringar på EDB. Ein disponerer i dag ein skjermterminal som er i jamn bruk. Engasjert personell nyttar òg i stor grad EDB, og fleire av prosjekta som er sett opp i planen, føreset høve til å bruke skjermterminal. Dette behovet vil berre vekse etter kvart som ein lærer å utnytte det potensiale som ligg i denne reiskapen. For raskt å kunne nytte den gevinst som ligg i slikt utstyr, vil det difor vere akutt behov for midlar til innkjøp av ein ekstra terminal til viltsektoren.

Når det gjeld spørsmålet om utvikling av programvare for hovudfeltet, vurderer ein det slik at dette er eit felt som bør finansierast og løysast sentralt. Behovet kan rett nok variere noko frå fylke til fylke, men stort sett vil dei fleste programtypane kunne nyttast i mange eller alle fylka.

2.4 HOVUDFELT FERSSVASSFISKFORVALTNING

Målsetjinga for arbeidet med ferskvassfisk er gjeven i St.meld. nr 36 (1978-79) der det heiter:

1. A verne eksistensgrunlaget til ferskvassfiskeartane våre.
2. A sikre den naturlege artsrikdomen av ferskvassfisk i landet.
3. A kome fram til høvelege driftseiningar og høvelege former for å betre produksjonstilhøva.
4. A oppretthalde ein passende bestand og produksjon av dei einskilde artane, ut frå næringsgrunlaget for kvar einskild art og for artane samla.
5. A sørge for at produksjonen av ferskvassfisk kjem til nytte, og at dei riktige formene for hausting blir tekne i bruk.
6. A betre ålmenta sitt tilgjenge til lakse- og innlandsfiske og naturoppleving.
7. A leggje tilhøva til rette for dei næringsinteressene som har med ferskvassfiske å gjere.
8. A arbeide for kontakt og samarbeid mellom verne-, friluft- og næringsinteressene.

Av dei måla som står ovanfor skal nr 1 og 2 ha prioritet framfor dei andre.

Verkemiddel i arbeidet er:

- lov om laksefiske og innlandsfiske med forskrifter, samt andre lover som lov om fiskeoppdrett, lov om fiskesjukdomar, planlova m.m.
- økonomiske tilskottsordningar
- informasjon, rettleiing, retningslinjer
- samarbeid med offentlege etater og ideelle organisasjonar

Reguleringar i laksefisket blir sett i verk av sentrale styresmakter på grunnlag av meldingar som blir mottekne frå m.a. fylkesmennene.

2.4.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Forvaltninga av ferskvassfiskressursane våre har lange tradisjoner. Alt i 1848 fekk vi ei eiga lov for laksefiske, og i 1853 blei den første faglege etat sett i gang. Frå 1855 har vi hatt inspektørar for ferskvassfisket som heilt fram til i 1965 høyrde inn under Landbruksdepartementet.

Den 6. mars 1964 vedtok Stortinget ei ny lov for lakse- og innlandsfisket. Det vart vidare veteke at det skulle vere ein eigen administrasjon for jakt og fiske, og eit direktorat for vilt og ferskvassfisk. Dette direktoratet fekk sete i Trondheim. Direktoratet er under-

ordna Miljøverndepartementet. Frå 1. september 1982 vart direktoratet si distriktsteneste (fiskerikonsulentane) omorganisert, og er no ein del av fylkesmennene si miljøvernaving.

I siste halvdel av det førre hundreåret og fram til ca 1920 vart det gjennomført eit omfattande registreringsarbeid i ei rekkje av våre vassdrag. Hovudvekta av dette arbeidet var fokusert på laks og sjøaure. Målet med denne registreringa var å framskaffe ei oversikt over den ressursen ein rådde over og på det grunnlaget gjere forsøk på å auke produksjon og avkastning ved ymse fiskestelltiltak som t.d. bygging av fisketrappar og klekking og utsetjing av fiskeyngel. Ei rekkje laks- og sjøaureførande elvar i Møre og Romsdal vart på denne måten skildra, og dette inneheld framleis sær verdfulle opplysningar, samstundes som det er interessant og nyttig som kjeldemateriale.

I Møre og Romsdal har det heilt frå hundreårsskiftet vore gjort tiltak for å utvide utbreiingsområda for laks og sjøaure i einskilde vassdrag, i tillegg til at det har vore gjennomført ein utstrakt kultiveringsinnsats i form av klekking og utsetjing av fiskeungar.

Vår statistikk over fangst av laks og sjøaure kom i gang i 1880 og har sidan blitt forbetra og utvida ei rekkje gonger.

Offentleg statistikk syner at vi i dag har registrert om lag 60 vassdrag som fører laks og sjøaure. Etter det ein veit inneheld denne statistikken ei rekkje manglar, og ein reknar med at talet på laks og sjøaureførande elver, med smått og stort, minst er det doble.

I fylket er det registrert 22131 vatn på 2,5 da. og over som til saman har eit ferskvassareal på 508 km².

2.4.1.1 Innlandsfiske

Den vanlegaste fiskearten i innlandsvatn her i fylket er aure. Ser ein vekk frå høgfjellsvatna, høyrer han naturleg heim der. I ei rekkje vatn som frå før var fisketomme, har ein gjennom tidene sett ut aure. I svært mange vatn i lavlandet finst òg røye som naturleg utbreidd art. Også røye har gjennom tidene blitt spreidd til mange vatn der ho frå før ikkje fanst.

Det gjennomgåande trekket når det gjeld innlandsfiskebestandane våre er at det er for mykje fisk, han er småvaksen og det blir oppfiska for lite. I ei rekkje vatn går fisket føre seg på ein uheldig måte dersom ein tenkjer på at kultivering av vatnet skal betre fiskebestanden i mengd og kvalitet.

Ei rekkje større og mindre vatn i fylket er påverka i samband med vasskraftutbygging. I dei fleste tilfelle har denne miljøpåverknaden ført til ei forverring sett på bakgrunn av vatnet sin fiskebestand (avkastning og kvalitet). Berre i eit fåtal vatn er det gjort tiltak for å kompensere for dei skadane desse vatna er påførte. Berre få vatn har blitt granska etter utbygginga med omsyn til ferskvassfiskebestandane. Store ressursar ligg her brakk og uutnytta. Dette potensialet er diverre ikkje kartlagt.

Det er ikkje registrert næringsfiske etter innlandsfisk i Møre og Romsdal.

Almenta har rikt tilgjenge til fiske etter innlandsfisk i fylket. I nesten alle vatn der det finst fisk kan ein få løyve til fiske med stong eller handreiskap og da oftast mot å løyse fiskekort (for ein billeg penge). Det er berre i få vatn det er lovleg å fiske med bunden reiskap for ikkje-grunneigarar.

Ei ulempe for ålmenta sitt tilgjenge til fiske etter innlandsfisk er at det er vanskeleg å skaffe greie på kvar ein får kjøpt fiskekort. Ofte må ein reise relativt langt og avsides for å få kjøpt fiskekort til vatn som er interessante og ligg lagleg til. Likeins er det vanskeleg å få ei god nok oversikt over kva for vatn eller i kva for parti av dei einskilde vatna det einskilde fiskekortet er gyldig. Eit gjennomgåande trekk er at fiskekorta berre gjeld for små område, og det skil ofte mykje mellom dei lokale reglane for utøvinga av fisket. Dette er lite tilfredsstillande for brukarane.

2.4.1.2 Fiske etter laks og sjøaure

Fangststatistikken over laks og sjøaure er usikker, men den økonomiske verdien av ferskvassfisket er i alle fall monaleg. Gjennomsnittsverdien pr. år på oppgjeven fangst 1977 - 81 ligg på over 6 mill. kr, og fangstmengda fordeler seg med mellom 50 000 og 60 000 kg i elv og rundt 140 000 kg i sjø. Granskingar av einskilde vassdrag tyder på at faktisk fangst kan vere opp mot det doble av det som blir oppgjeve. I tillegg kjem inntekter frå sal av fiskekort, omsetning elles i samband med sportsfiske, omsetning av fangst og ymse ringverknader.

Dei siste 10 åra har fangst av laks i sjø og elv synt ein urovekkjande tendens. Dette kjem klårt til uttrykk i figuren på neste side.

Denne negative utviklingstendensen for laksefisket i Møre og Romsdal var grunnlaget for at det for åra 1984 og 1985 vart innført særlege reguleringar av laksefisket både i sjø og elv. Ein rekna med at dei ulike fiskestammene var for mykje utnytta og at det av den grunn vart for liten bestand att til reproduksjon. Berre fangststatistikken for åra som kjem vil syne om desse særlege reguleringstiltaka gav monaleg effekt.


Andre årsaker til denne negative utviklinga kan vere faktorar som:

- senking og kanalisering av elvar
- effektar av kraftutbygging i ei rekkje vassdrag
- forureining
- sjukdom

Sportsfiske i vassdrag etter laks og sjøaure er eit av dei viktigaste rekreasjonstilboda i fylket. I turistsamanheng er lakseelva som Surna, Driva, Rauma, Bondalselva og Ørstaelva her sentrale.

Over halvparten av den ferskvassfisken som blir fanga i elv blir teken på Sunnmøre, medan om lag like stor del av fangst-kvantumet frå sjøfiske blir fiska på Nordmøre. Om lag 20% av fangstkvantumet går til Romsdal, og dette gjeld både sjø og elvefiske.

MØRE OG ROMSDAL



Fangst av laks i Møre og Romsdal 1972-85 for elv, faststående reiskap, drivgarn og samla for sjø- og elvefiske.

I 1984 blei det oppfiska 27 300 kg laks og 12 600 kg sjøaure i elvane i Møre og Romsdal. Det er ikkje tidlegare registrert så lite laks i elvane i fylket når ein samanliknar fangstane i 1984 med dei årlege fangstar sidan starten av 1970-åra. Mengda elvefanga laks i 1984 er redusert med ca. 20% samanlikna med fangstane i 1983. Derimot er andelen elvefanga laks av den samla laksefangsten i fylket igjen på høgde med det han var i perioden 1973-76. Andelen laks fanga i elvane i fylket i 1984 var 33%, medan han var 20% i 1983. Dette går fram av figuren på neste side. Årsaka til denne endringa i fangstbiletet frå 1883 til 1984 kan ha si årsak i dei spesielle reguleringane som vart innførte i 1984.


Som med innlandsfiske er det lett for folk å få høve til å fiske etter laks og sjøaure i elvane fylket. Berre i einsskilde høve er fiskeretten leigd bort til personar/lag for lengre periodar. Fiskekortprisane er for det meste låge, men det er oftast ei dårleg marknadsføring av sportsfisket i vassdraga. For dei einsskilde elvane er det i mange høve ulike reglar for fiske, og fisketidene er i einsskilde høve forskjellige frå nærliggjande elvar utan at det er eit biologisk grunnlag for dette. Slike tilhøve er med og gjer sportsfisket mindre attraktivt.

Ein har diverre mangelfull oversikt over dei einsskilde vassdraga sitt produksjonspotensiale på dei elveavsnitta som i dag er tilgjengelege for laks og sjøaure, og ein har likeins liten kunnskap om kva for potensiale dei einsskilde vassdraga har dersom ein gjennomfører biotopbetrande tiltak og t.d. byggjer fisketrapper. At fylket har store uutnytta ressursar i denne samanhengen er nok kjent. Til no er det t.d. bygd 31 fisketrapper, og det er behov for langt fleire.


Dei vanlegaste fastståande reiskapar for fangst av laks og sjøaure i sjøen i Møre og Romsdal er krokarn og kilenot. I tillegg finst det nokre få lakseverper. Ei fangstdagbok-gransking i 1985 synte at det dette året var i bruk 66 enkle og 56 doble kilenøter og 119 enkle og 128 doble krokarn. Utbreiinga av dei ulike reiskapstypene syner store variasjoner innen fylket. Årsaka til at det i dag finst mest krokarn i ytre strøk, medan kilenota er vanlegast i dei indre strøk av fylket kan forklarast både ut frå kor lette dei einsskilde reiskapane er å handtere, ut ifrå fangsteffektivitet i forhold til kva for type laks ein helst får og ut ifrå ymse faktorar som har med økonomi, næringsgrunnlag og tradisjonar å gjere. Laksefiske med fastståande reiskap var tidligare eit reint næringsfiske, men i dag er det truleg slik at ein stor del av fiskarane som deltek i dette fisket har det heilt eller delvis som hobby. Kartet på side 91 viser utbreiinga til dei ymse reiskapane i fylket.

Samla rapportert fangst av laks og sjøaure på fastståande reiskap i fylket var etter fangstdagbokgranskinga 29 400 kg i 1984 og 25 400 kg i 1985. Fangst på krokarn utgjorde 56% og 59% for dei respektive åra.

Drivgarnfisket etter laks er regulert slik at berre innehavarar av konsesjon har høve til ta del i dette fisket. Drivgarnfiske er eit reint næringsfiske. I Møre og Romsdal er det i alt tildelt 75 konsesjonar. Ikkje alle nyttar seg av konsesjonen sin. I 1985 vart det til saman teke 46019 kg laks på drivgarn.



Andel (%) laks fanga i elv, faststående reiskap og drivgarn av total fangst i Møre og Romsdal 1972-85.



Fangstandelen (%) av laks fanga i elv, faststående reiskap og drivgarn av total fangst for perioden 1972 - 84 er framstilt på figuren på side 63.

Dorgefiske i sjøen etter laks og sjøaure har i mange år vore kjent som ei populær rekreasjonsform. Det har til no ikkje offisielt vore nokon dokumentasjon på kva for fangstutbytte ein kan få ved slikt fiske. På denne bakgrunn har det i åra 1984 og 1985 blitt gjennomført ei gransking av dette fisket, i form av ei frivillig fangstdagbokgransking. For 1985 vart det dokumentert (blant spesielt kontakta personer) 460 dorgeturar med ei gjennomsnittleg dorgetid på 6,2 timar pr. tur. Samla dorgetid var 2868 timar. Fisket gjekk føre seg med motorisert farty med krokreiskap på slep. På desse 460 turane vart det til saman fanga 1018 kg laksefisk fordelt på 341 kg laks (33%) og 678 kg sjøaure (67%).

Etter det ein kjenner til har slikt dorgefiske i fjordane etter kvart fått eit stort omfang, og ein reknar med at det ved dette fisket i Møre og Romsdal i 1985 vart fiska mellom 10 000 og 30 000 kg laks og mellom 4000 og 13 000 kg sjøaure.

2.4.1.3 Lakseparasitten Gyrodactylus salaris

I 1975 vart ein klar over ein ny og til da ukjend parasitt på laks i våre vassdrag, nemleg parasitten Gyrodactylus salaris. Denne parasitten er ein monogen som angrip lakseungane, og det har synt seg at slike angrep tek livet av så godt som alle lakseungane i det infiserte vassdraget. Etter at ein vart klar over kor stort problem G. salaris eigentleg er, vart det sett i gang eit stort arbeid for å framskaffe opplysningar om kor stor utbreiing parasitten hadde her i landet. I tillegg vart det starta med ymse forskingsaktivitetar for å klargjere taxonomiske og tiltaksretta spørsmål.

Til no er det til saman granska om lag 300 laksevassdrag i Noreg, og av desse er 27 funne å vere infiserte av denne parasitten. Berre i Møre og Romsdal er heile 18 lokaliteter til no infiserte, og for dei vassdraga som er råka, kan situasjonen karakteriserast som katastrofal. Til no er 85 vassdrag/lokaliteter i Møre og Romsdal granska med omsyn til lakseparasitten G. salaris. Ein reknar med at det for fangståret 1984 gjekk tapt om lag 100 000 kg laks frå fangstane på grunn av denne parasitten. Møre og Romsdal er det fylket som klart er råka hardest med tanke på G. salaris. Store og namngjetne vassdrag som Driva, Rauma og Valldalselva er no så godt som øydelagde som laksevassdrag. I tillegg til desse er det i dag kjent at følgjande lokaliteter her i fylket er infiserte: Usma (Sunndal kommune), Batnfjordelva (Gjemnes kommune), Bruhagen vidaregåande skule (Averøy kommune), Istra -Isa - Glutra- Skorgeelva og Måna (Rauma kommune), Tafjordelva - Norddalselva og Stordalselva (Norddal kommune), Korsbrekkeelva (Stranda kommune) og Aureelva og Vikelva (Sykkylven kommune). Til saman finn ein parasitten i 8 ulike område i fylket. Desse er viste på kartet på neste side.

Gyrodactylus salaris er etter det ein i dag veit ein introdusert art i vår fauna. Vi kan fastslå at det med få unntak synest å vere nøye samanheng mellom *G. salaris*' utbreiing i norske vassdrag og utsettingar av fisk frå infiserte anlegg. Dei veldige parasittangrepa som karakteriserer utviklinga i norske vassdrag synest å stadfeste dette.

2.4.2 MÅL

Målsetjinga for forvaltninga av våre ferskvassfiskressursar er generelt skildra i målsetjinga som er gjeven i St. meld. nr 36, 1978 - 79. For Møre og Romsdal er desse måla særskilte viktige:

Fiskebestandar i ei rekkje vatn og vassdrag i Møre og Romsdal er truga av ulike faktorar:

- senking av elvar og vatn
- forbygging og kanalisering av elvar
- regulering av elvar og vatn til kraftformål, vassverk, industri, settefiskproduksjon osv.
- forureining
- sjukdom

Ein reduksjon av desse problema må i åra som kjem vere av dei viktigaste oppgåvene.

Ein kan nok ikkje seie at artsrikdommen i ferskvassfaunaen i dag beint fram er truga av dei ymse negative påverknadsfaktorane. Derimot har ein i dei seinare åra blitt klar over at når det gjeld ferskvassfisk, er det tale om ulike stammer. Etter det ein no veit har dei ulike elvane kvar sine spesielle fiskestammer (innlandsaure, røye, sjøaure og laks). Desse stammene er framkomne gjennom ein lang seleksjonsperiode, og fisken er tilpassa dei spesielle tilhøva ein finn i dei ulike vassdraga. Faktorar som i dag er spesielt viktige er:

- parasittangrep (t.d. *G. salaris*)
- introduksjon av framande fiskeslag (ved t.d. utsettingar i samband med kultivering, rømming av fisk frå oppdrettsanlegg)

Ei viktig målsetjing blir difor å treffe ymse tiltak for å redusere desse skadelege/uønskte faktorane.

Andre viktige mål er å auke produksjonen av ferskvassfisk og gjere det enklare for folk å drive ferskvassfiske.

På grunnlag av ei prioritering ut frå den generelle målsetjinga for fagfeltet finn ein å kunne setje opp nokre Hovudmål for arbeidet fram til og med 1990. Ein del av desse måla vil skildre meir faste mål i ein dynamisk og langsiktig prosess. Ymse tiltak, verkemiddel og aktivitetar for å nå desse måla, og da særleg ein-skilde delmål, vil endre seg over tid etter som dei ulike faktorar som spelar inn endrar karakter.

Den følgjande presentasjonen av hovudmål og delmål har ein prøvd å setje opp i prioritert rekkjefølgje:

2.4.2.1 Komme à jour med administrativ saksbehandling

Dette er oppgaver som vi enten er pålagde ut frå vårt forvaltningssansvar, eller finn det nødvendig/nyttig å ta initiativ til. Ei tilfredsstillande saksbehandling inneber m.a. ei stetting av dei krav som lov om offentleg forvaltning set.

Administrative oppgaver. Komme à jour i saksbehandlinga av dei administrative oppgåvene som t.d.:

- Fylkeskommunale planar
- Kommunale planar (generalplanar, regionale og lokale planar)
- Sektorplanar (t.d. planar om område kor ein ikkje ønskjer oppdrett av fisk)
- Samla Plan
- Søknader om konsesjon for kraftutbygging
- Søknader om konsesjon for etablering av settefiskanlegg
- Søknader om løyve til ymse inngrep i vassdrag (t.d. grusgraving, utfyllingar, senking, kanalisering, uttak av vatn osv.)
- Rådgeving i dei mange og ulike spørsmål om riktig forvaltning av våre ferskvassfiskressursar
- Delta på ulike typar møte (ofte med førebudd innlegg / foredrag)
- Oppfølging av arbeidet med langtidsplanlegging (LTP)

Fagleg oppfølging.

- Delta på ymse faglege kurs og konferansar
- Studere faglege publikasjonar

2.4.2.2 Stoppe nedgangen i ferskvassfiskpopulasjonane i Møre og Romsdal

Iverksetje tiltak for å stoppe den negative utviklinga i mengda og kvaliteten til dei ulike populasjonane av laks, sjøaure og innlandsfisk i Møre og Romsdal. Dette hovudmålet kan delast opp i desse delmåla:

- Kartleggje den noverande situasjonen for ein betre analyse av tilhøva slik at ein gjennom dette kan finne fram til ymse tiltak
- Redusere utbreiinga til lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Iverksetje ymse tiltak for å hindre vidare utbreiing.
- Vere til hjelp i arbeidet med å klarleggje ulike biologiske/økologiske aspekt kring lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*.
- Opparbeide teoretisk og praktisk kompetanse når det gjeld ymse tiltak for utrydding av lakseparasitten *G. salaris*.

- Iverksetje ulike tiltak som hindrar for stor fangst av dei ulike populasjonar av laks og sjøaure.
- Påvise miljøendringar/miljøforverrande element og om mogleg så snart som råd iverksetje relevante mottiltak.
- Vere til hjelp i arbeidet med å hindre geneforureining av dei ulike populasjonar vi har av laks og sjøaure i fylket.

Passe på at sjukdom ikkje spreier seg frå anlegg for kultivering av laksefisk og til ville populasjonar i sjø og vassdrag.
- Redusere den negative effekten vi har registrert som ei følgje av ei rekkje utbyggingsprosjekt (inngrep) av større og mindre karakter i vatn og vassdrag i fylket.

2.4.2.3 Betre produksjonen av laks og sjøaure

Når dette målet blir presentert, er det på bakgrunn av at ein etter faglege vurderingar er komen til at på ei rekkje punkt kan ein gjere ulike tiltak som kan føre til at den naturlege produksjonen og dermed utbyttet ved fiske av laks og sjøaure kan aukast monaleg. Det er ei kjensgjerning at ikkje alle naturgjevne tilhøve i vatn og vassdrag er optimale for fiskeproduksjon. I einstilte høve kan ein oppnå store positive endringar i tilhøva for produksjon av laks og sjøaure, og i tilhøva for å drive sportsfiske/kommersielt fiske ved relativt små tiltak. Dette hovudmålet kan delast opp i følgjande delmål:

- Gjennomføre ei ressurskartlegging av våre laks- og sjøaureførande vassdrag slik at ein får oversikt over dei ressursar ein skal forvalte. Ressurskartlegginga bør basere seg på bruk av vassdragsregisteret 'Regine'. Dette vil vere ein rasjonaliseringsvinst reint praktisk, men det vil samstundes gjere dette arbeidet meir anvendeleg ikkje berre for miljøvernadvelinga isolert sett, men òg for andre brukarinteresser av slike data.
- På grunnlag av ressurskartlegging å finne fram til kva for tiltak ein ut frå økonomiske vurderingar finn å iverksetje for å auke produksjonen og å gjere haustinga meir utbytterik sett frå dei ulike interessene vi har i samfunnet. Berre innlysande og heilt nødvendige tiltak bør gjennomførast i arbeidet med å nå hovudmål 3 før denne kartlegginga ligg føre.
- Betre forvaltning av fiskeressursane i sjø, vatn og vassdrag.
- Større fleksibilitet og betre tilgjenge til friluftsliv/hausting av fiskeressursane ved betre organisering og meir tilpassa og enklare regelverk.
- Kultivering av fiskeressursane i vatn og vassdrag ved ymse tiltak som utfisking eller utsetting av fiskeungar. Ved utsetting av fisk bør ein i størst mogleg grad satse på stadbundne stammer.

2.4.3 TILTAK

Ei tilfredsstillande oppfølging av saksbehandlingen er særskild viktig for å kunne nå langsiktige mål. Dersom dei ulike omsyn vi skal ta i forvaltningen kjem inn i planane i god tid, vil mykje arbeid av ymse karakter bli spart seinare. I tillegg vil dette hjelpe til med på ein betre måte å skape haldningar hos einskildpersonar og ulike forvaltningsorgan som i framtida vil kunne gjere vårt forvaltningsarbeid lettare og meir utbytterikt.

Med den nye organiseringa vi fekk i forvaltninga av ferskvassfiskressursane vart meir ansvar og mynde lagt til fylkesmannen. Fylkesmannen er såleis òg pålagt ei rekkje arbeidsoppgåver gjennom eksisterande lover og regelverk. Døme på slike oppgåver er saksbehandling og å utferde ulike dispensasjonar etter lov om laksefiske og innlandsfiske. Det kan vere stamfiskeløyve, løyve til prøvafiske og utfisking i vatn/vassdrag. Dette har synt seg å innebere ein kraftig auke i arbeidsmengda.

Dersom berre dei administrative oppgåvene innan ferskvassfiskforvaltninga i Møre og Romsdal skulle ivaretakast på tilfredsstillande vis, ville dette årleg krevje meir enn eit årsverk av ein fagperson. Når ein person i tillegg til desse oppgåvene også må prøve på å imøtekomme kravet til innsats innan dei andre prioriterte oppgåvene som ligg til dette fagfeltet, så seier det seg sjølv at innsatsen blir både spreidd og prega av 'kriseinnsats'. Når arbeidsoppgåvene er så store og manggearta og dei skal gjennomførast av berre ein person, vil dette måtte bli ei forvaltning som er utilfredsstillande for alle partar.

Det er diverre få tiltak ein kan iverksetje for å betre denne situasjonen utover det å få ei styrking av arbeidskapasiteten. Slik situasjonen er i Møre og Romsdal vil forvaltninga av ferskvassfiskressursane i fleire år framover minst krevje tre fagfolk i tillegg til minst ein person til arbeid med meir feltmessige oppgåver.

Det einaste tiltaket som ein i dag kan iverksetje for å betre situasjonen er å argumentere overfor dei rette instansar om at arbeidskapasiteten innan dette feltet må bli styrkt monaleg.

Ein har til no prøvd å gjennomføre dei administrative oppgåvene så effektivt som mogleg både med å dele på oppgåvene innan avdelinga og ved å effektivisere dei ulike kontorrutinane. Ein kan diverre ikkje sjå at det er noko særleg meir å hente i slike rasjonaliseringstiltak, men ein vil sjølvsagt gjere tiltak i denne retning når det kan vere aktuelt.

Til no har den faglege oppdateringa måtte vike i stor grad på grunn av andre prioriterte gjeremål. Dette er uheldig da det å halde seg fagleg å jour aukar trivselen i arbeidet og aukar kvaliteten på det arbeidet vi utfører. Det bør setjast av minst 1/2 arbeidsdag pr veke til faglege litteraturstudiar. Kvart år blir det i regi av Direktoratet for naturforvaltning arrangert minst ein fagkonferanse. Denne brukar vanlegvis å gå over tre dagar. Vidare blir det kvart år arrangert eit møte for fiskerikonsulentane og forvaltninga i Direktoratet for naturforvaltning. Desse blir haldne i ulike delar av landet, og i 1987 skal dette møtet haldast i Møre og Romsdal, noko som vil krevje ein ekstra arbeidsinnsats til ymse former for førebuing. Sjølv fagmøtet vil vare i tre dagar. I tillegg til desse to årlege fagmøta blir det nesten kvart år arrangert fagmøte eller symposium der det er viktig at ein tek del. Desse blir arrangerte av t.d. universitet, større etater som

andre departement og direktorat eller t.d. Vassdragsregulantenenes forening. Eit rimeleg overslag for årleg deltaking på denne sistnemnde kategori av møte er ei arbeidsveke.

2.4.3.1 Tiltak for å stoppe nedgangen i ferskvassfiskpopulasjonane:

- Arbeide for ein meir utfyllande og meir påliteleg statistikk over fangst av laks, sjøaure og innlandsfisk.
- Gjennomføre fiskebiologiske registreringar av elvar og vassdrag og utarbeide planar for biotopforbetrande tiltak og skjøtsel.
- Gjennomføre årlege overvåkingsgranskningar av ei rekkje vassdrag for å kartleggje lakseparasitten si utbreiing/spreiing.
- Gjennomføre nærare granskningar i vassdrag som er meint å vere særst utsette for faren for infeksjon av lakseparasitten.
- Gjennomføre årlege granskningar i infiserte vassdrag for å dokumentere utviklinga i fiskebestanden.
- Gjennomføre granskningar i infiserte vassdrag for planlegging av ymse utryddingsmetodar som t.d. bruk av rotenon.
- Gjennomføre nærare granskningar i infiserte vassdrag for å finne høvelege stader for å etablere vandringsbarrierar for oppvandrande fisk.
- Prøve på å utrydde lakseparasitten, fullstendig eller partielt, ved bruk av rotenon.
- Ta del i ulike granskningar før og etter bruken av rotenon i vassdrag for ved dette å betre kunne klarleggje konsekvensane av denne form for mottiltak.
- Kontrollere gjennom året effekten av allereie etablerte tiltak for ein reduksjon av lakseparasitten G. salaris sitt utbreiingsområde.
- Stå for den faglege leiinga av anlegg som er bygd for kultivering av laks i vassdrag som er ramma av lakseparasitten (Åfarnes, Hellesylt), og ta initiativ til og ta del i arbeid for etablering av nye slike anlegg.

Ei oversikt over dei ulike tiltak ein har planar om å gjennomføre i dei vassdraga som er ramma av infeksjon av lakseparasitten G. salaris er vist i tabell på neste side. Denne tabellen er i grove trekk i samsvar med Direktoratet for naturforvaltning sin langtidsplan for ei utrydding av denne parasitten.

- Gje informasjon om granskingsresultat innan fagfeltet og søkje å ta konsekvensen av ny kunnskap gjennom fagleg arbeid.
- Gjennom informasjon søkje å få eit meir biologisk riktig syn på forvaltning av ferskvassfiskressursane slik dei avspeglar seg i lokale fiskeføresegner.
- Hjelp til med å hindre vidare spreiding av lakseparasitten ved t.d. å innføre høvelege fiskereglar, reglar for utsetjing av fisk og å gje generell informasjon av ulik karakter kring problemet på ulike

måtar og i ulike media.

Samla oversikt over tiltak i vassdrag i Møre og Romsdal som er infiserte av lakseparasitten G. Salaris.

Elv/Lokalitet	Status	Planar 1986 - 1995									
		1986	-87	-88	-89	-90	-91	-92	-93	-94	-95
Bøvra	GR	GR?	G	GK	GK	GK	G	G	G	G	
Driva	G	GK	GK	GK	GK	GK	GK	GK	GK	GK	
Litldalselva	G	G	G	G	G	G	G	G	G	G	
Usma	GT(84)	GS	GR	G	G	GK	GK	GK	G	G	
Batnfiordselva	F	F	F	F	G	G	GR	G	GK	GK	
Averøya (Bruhagen)	G	G	G	G	G	G					
Isa	GKT(85)	GKS	GK	GK	GK	GR	GK	GK	GK	GK	
Glutra	GK	GK	GK	GK	GK	GR	GK	GK	GK	GK	
Skorqa	G	G	G	G	G	GKR	G	G	G	G	
Rauma og Istra	GK	GK	GK	GK	GK	GKR	GK	GK	GK	GK	
Måna	GK	GK	GK	GK	GK	GKR	GK	GK	GK	GK	
Valldalselva	GT(84)	G	GR	G	GK	GK	GK	GK	GK	GK	
Norddalselva	G	G	GR	G	GK	GK	GK	GK	GK	GK	
Eidsdalselva	G	G	GR	G	GK	GK	GK	GK	GK	GK	
Tafjordelva	GR	GR	G	GK	GK	GK	GK	GK	GK	GK	
Aure-elva	GS(85)	GR	G	GR	G	GK	GK	GK	GK	GK	
Vik-elva	G	GR	G	GR?	G	GK	GK	GK	GK	GK	
Korsbrekke-elva	GRT(85)	GR?	G	GK	GK	GK	GK	G	G	G	

Symbolforklaring:

G = Standardisert rutinemessig gransking
 R = Rotenonbehandling (partiell eller full)
 K = Ymse former for kultiveringstiltak av laks og sjøaure i vassdraget
 T = Stenging av fisketrapp, (årstal)
 S = Bygging av stengsel for fiskeoppgang (årstal)

- Av alle vassdrag som er infiserte av lakseparasitten *G. salaris* er det så langt ein til no har registrert berre Batnfjordselva som har synt eit klart avvikande sjukdomsbilete. Av ein eller annan grunn verkar ikkje parasitten så totalt dødeleg i denne elva som han gjer i alle dei andre elvane. Dette har medført at denne elva er ein viktig lokalitet for gransking. Gjennom heile 1986 har det blitt teke regelmessige prøver av fiskebestanden, og desse prøvene er sende til Universitetet i Oslo for nærare gransking. Dette arbeidet er det planar om å halde fram med og intensivere monaleg. Det kan m.a. bli tale om å etablere ein stasjon for gransking omkring lakseparasitten i Batnfjordselva. Utarbeidinga av opplegget for denne granskinga vil bli gjort av granskarar ved Universitetet i Oslo og ved fiskegranskinga ved Direktoratet for naturforvaltning, men det vil òg bli aktuelt for fylkesmannen å ta del i dette arbeidet. Vidare ligg det i planskissene for denne granskinga at det vil vere ønskjeleg og mest praktisk at ein frå vår side tek seg av den meir rutinemessige oppfølginga/prøvetakinga ved denne stasjonen for feltobservasjonar/gransking. Dette vil krevje ein stor innsats frå vår side. På grunn av at planane enno ikkje er ferdig utarbeidde, er det ikkje mogleg å gje noka sikker oversikt over kva for ressursar dette vil krevje. Det er likevel ikke urealistisk å rekne med at når denne granskinga er i full gang, vil det krevje eit lokalt engasjement som tilsvarer om lag 1/2 årsverk.
- Det er til no fire fylke som er ramma nemneverdig av denne parasitten, og det er naturleg at forvaltningsorgana for ferskvassfiskressursane i desse fylka held seg grundig orientert om tilhøva hos kvarandre, og i den grad det er mogleg tek del i praktisk og teoretisk arbeid innan dette problemkomplekset. Ein slik praksis er det òg til no lagt opp til frå Direktoratet for naturforvaltning.
- Systematiske prøver frå einskildlokalitetar må takast for å kontrollere om uheldige miljøelement finst eller har kome til. Det er nemleg ofte episodar av uheldige miljøpåverknader som skader t.d. fiskebestandane. Ein kontroll med einskilte fiskebestandar som vi meiner kan vere truga, vil gje òss betre og sikrere informasjon enn t.d. stikkprøver av vasskvaliteten. Døme på slike rutinekontrollar er ymse former for prøvetaking av fisk på einskilte strekningar i vassdrag der påverknad frå industri, jordbruk eller annan busetnad er faretrugande. Ein kan m.a. ta prøver av kor tett fisken står i straumen like ovanfor eller nedanfor utslepp av vatn frå kraftverk for å kunne påvise eventuelle episodar av gassovermetta avløpsvatn. I Møre og Romsdal har vi til no registrert tre kraftverk som under visse tilhøve kan produsere gassovermetta avløpsvatn. Miljøpåverknadene av slike utslepp kan vere svært omfattande.
- Radioaktivt nedfall har synt seg å gje slike konsekvensar at det for nokre lokaliteter må etablerast spesielle tiltak med omsyn til mengda av ferskvassfisk den einskilte person konsumerer. Til no har det berre blitt teke prøver frå eit fåtal vatn, og røynslene tilseier at prøvetakingsnett i einskilte delar av fylket bør leggjast monaleg tettare. Til no har dette arbeidet blitt organisert frå Direktoratet for naturforvaltning, men mykje tyder på at ansvaret i framtida med organisering og oppfølging av resultatata vil bli delegert til fylkesmannen. Dette tiltaket vil etter alt å døme gå ut over denne perioden for planlegging.
- Sur nedbør har, etter det vi kjenner til, til no ikkje skapt nemnande miljøproblem i vårt fylke. Tilførselen av sur nedbør til Møre

og Romsdal er etter ein-skilde målingar liten, og vi kjenner ikkje til at sur nedbør har ført til fiskedød. Det er likevel kjent at fiskeproduksjonen i ein-skilde vatn i fjellområda i sør og aust har vist ein nedgang. Årsakene til dette er ikkje kjende, men mykje tyder på at ein bør iverksetje og forsterke overvakinga av fiskevatn i delar av fylket. På grunn av at problema med sur nedbør ser ut til sakte å breie seg ut frå dei kjende kjerneområda, bør ein med tanke på ei meir langsiktig oversikt over ulike former for miljøendringar velje ut ein-skilde lokalitetar for regelmessig prøvetaking. Dette må mellom anna gjerast for å sikre eit referansemateriale for framtida.

- Gjennomføre granskingar av fisk i vassdrag som ein meiner er meir utsette for genforureining enn andre. Dersom det viser seg at det etter kvart blir eit faretrugande stort innslag av framand fisk i ei stamme av villfisk, bør det vurderast å iverksetje restriksjonar på eksisterande kultiveringsanlegg for laksefisk, og då i første omgang dei som ligg i nærleiken av dei aktuelle vassdraga.
- Arbeide for ei etablering av soner i fjordar/fjordavsnitt der akvakultur, og da særleg kultivering av laksefisk, er forbode i nærleiken av dei viktigaste laks- og sjøaurevassdraga i fylket.
- Kartleggje situasjonen i den ein-skilde lokalitet for å kunne klargjere kva for eventuelle kompensasjonstiltak som er realistiske og økonomiske. Døme på eit slikt behov er dei mange elvar og vatn i fylket som er senka, kanaliserte og forbygde for sikring av private og almenne interesser som veg, bustadområde, dyrka eller dyrkbart areal.
- Iverksetje ettergranskingar etter ei rekkje kraftutbyggingar for å utgreie kva for eventuelle pålegg den ein-skilde regulanten skal bli pålagd. Dette er i stor grad eit arbeid som den ein-skilde regulanten kan bli pålagd å dekkje heile kostnaden med med heimel i vilkår sette i konsesjonen for utbygginga. I Møre og Romsdal ligg vi langt etter i oppfølginga av konsekvensane ved kraftutbygging. Ei lang rekkje elvar og vatn bør granskast, og på grunnlag av utarbeidde rapportar bør ulike tiltak for å bøte på eventuelle skadar veljast. I nokre tilfelle kan det òg tenkjast at det kjem fram kunnskap som gjer at pågåande tiltak for kompensasjon av sannsynlege skadar viser seg ikkje nødvendige.
- Iverksetje tiltak for å kompensere for skadar fiskeproduksjonen i vatn og vassdrag er blitt påført som ei følgje av bygging av vegar, bruer, kulvertar o.l.
- Iverksetje tiltak for å bøte på dei skadane masseuttak (grusgraving) i vassdrag fører med seg. Ein vil prøve å få betre kontroll med dette enn det som er tilfelle i dag. Slik verksemd er i gang på ei rekkje lokalitetar i fylket, og mykje tyder på at det medfører til dels store negative konsekvensar for fiskeproduksjon og sportsfiske i vassdraga. Det bør i første omgang gjennomførast ei gransking i ein-skilde lokalitetar med tanke på å fastslå omfanget av dette problemet. Vidare bør det arbeidast for å få fastlagt klare regler for masseuttak i vassdrag.

Ei forsvarleg oppfølging av dei ulike tiltaka som er nødvendige for å kunne stoppe nedgangen i ferskvassfiskpopulasjonane i fylket, vil minst krevje ein innsats tilsvarande ein fagutdanna person kvart år i førebels tre år framover.

2.4.3.2 Tiltak for betring av produksjon av laks og sjøaure:

I einsskilde vassdrag her i fylket er det sær sars gode røymsler med kultivering av fiskestammer. Dei tiltak som har blitt gjennomførte for å få til dette har berre i få av tilfella hatt sitt utgangspunkt i faglege vurderingar. Det er difor diverre også ei kjensgjerning at mykje innsats i arbeidet med å kultivere fiskestammer har vore til fånytt. Siktemålet med deltiltaka under dette hovudmålet er såleis å gje instruksjon og idéar om korleis ein kan få størst moglege utbytte av den innsatsen ein set inn. I dei tilfella der det blir brukt offentlege midlar til slikt arbeid, er det viktig at ein har ei prioritering av oppgåvene ut ifrå den målsetjinga at dei skal vere så samfunnsmessig økonomiske som mogleg.

- Vassdragsregisteret 'Regine' kan bli eit nyttig hjelpemiddel. Da det så vidt vi veit ikkje enno er nokon som har teke i bruk dette dataregisteret til ei slik ressurskartlegging, er det viktig at vi er med og tek initiativ til, og påverkar innhaldet i, eit opplegg for føremålstenleg registrering. Det er viktig at ein tek i bruk ein registreringsmetode og ei form for presentasjon av resultatata som er mest mogleg lik for heile landet. På dette grunnlaget vil ein nemleg kunne utarbeide ymse ressursoversikter for heile landet presenterte i t.d. kartform.
- Utarbeide skjema for registrering av dei ulike parametra som er interessante i denne samanhengen.
- Utarbeide eit system for presentasjon og ei prioritering av dei ulike faktorar som er interessante i samheng med siktemålet.
- Det er no sær viktig at ein gjennomfører ei slik ressurskartlegging før ein går i gang med ulike konkrete tiltak i vatn og vassdrag. Denne oppgåva vil krevje ein stor innsats både i form av feltarbeid/registreringar, strukturering og systematisering av innsamla data og presentasjon av dei resultatata dette arbeidet vil gje. Denne presentasjonen skal så i sin tur vekke initiativ hos einsskildpersonar, foreiningar og lag slik at ein i størst mogleg grad kan gjennomføre dei ymse nødvendige prosjekt basert på lokalt initiativ.
- Det er vanskeleg å fastslå kor mykje arbeid dette tiltaket vil krevje, men ein bør minst rekne med at det vil gå med om lag tre årsverk pluss utgifter til utstyr og feltarbeid.
- Gjennomføre tiltak som kan verne fiskeressursane som t.d. oppretting av grense elv/sjø der dette har synt seg å vere nødvendig for å unngå ein for stor fangst av laks og sjøaure.
- Innføre soner utanfor einsskilde elvemunningar der alt fiske etter laks og aure er forbode med alle typar reiskap unnateke stong og handsnøre.
- Innføre soner ved alle fisketrappene i fylket der alt fiske etter laks og sjøaure er er forbode.
- Ta del i arbeidet med innføring av konsesjon for alt fiske etter laks, sjøaure og sjørøye med fastståande reiskap i sjøen.

- Hjelpe til med det sentrale, regionale og lokale fiskeoppsynet med råd og rettleiing slik at effekten ved oppsynet blir best mogleg.
- Innføre særlege fiskereglar der dette er nødvendig ut ifrå ei biologisk vurdering. Dette kan fylkesmannen alt etter mynde anten sjølv gjennomføre, eller hjelpe det sentrale forvaltningsapparatet med.
- Dei opplysningar ein etter kvart vil få ved kartlegging av ressursane bør nyttast til å innføre enklare og meir biologisk riktige fiskeføresegner lokalt og regionalt. For Møre og Romsdal finst det i dag ei stor mengd fiskeføresegner, og det har synt seg at det er vanskeleg for den einskilde til ei kvar tid å halde oversikta og vite kva for reglar som gjeld. Det er eit nødvendig mål å gjere desse tilhøva enklare og meir brukarvenlege.

For å kunne gjennomføre dei ulike elementa som her er nemnde vil eit særst viktig tiltak bli ymse former for informasjon.

- Mange av fiskevatna våre har for mykje fisk i forhold til tilgangen på næring for fisken. Dette resulterer i småfallen fisk av dårleg kvalitet, og ofte er fisken infisert av ulike former for parasittar. I slike lokalitetar bør det gjennomførast ymse tiltak for reduksjon av fiskebestanden. Døme på slike tiltak er fangst med småmaska garn eller andre former for lettvent fangst av fisk (nøter - ruser) eller partiell bruk av rotenon. I andre lokalitetar, derimot, kan ein få ein stor vinst i form av meir og større fisk ved å setje ut fisk av riktig art og stamme. Der det let seg gjere bør ein om mogleg hente settefisk frå ein lokalitet i nærleiken der det er for mykje fisk. Dette vil da kunne tene både givar- og mottakarlocalitet. Når det blir snakk om kultiveringsanlegg, bør ein av omsyn til faren for spreing av ulike former for fiskesjukdomar basere ei slik form for innsats i kultiveringa på lokale klekkeri/settefiskanlegg. Særleg har dette synt seg viktig i kultiveringa av laks og sjøaure. I arbeidet med å betre fiskepopulasjonane bør ein gjennomføre tiltak for å skaffe seg eit mål for effekten av det arbeidet som blir gjennomført. Desse røynslene vil sjølvstundt vere viktige i arbeidet framover.

2.4.4 VERKEMIDDEL

Det er ei rekkje verkemiddel som kan takast i bruk for å kunne gjennomføre dei ulike tiltak som er skisserte for planperioden. Oftast må eller kan ein bruke fleire verkemiddel for kvart tiltak for å nå hovudmål og delmål. Det vil i dei fleste høve bli snakk om eit samspel mellom verkemidla, og desse vil gjerne stort sett vere dei same for dei fleste tiltak. Difor vil ein her berre gje ei kort oversikt over dei fleste verkemidla som står til rådvelde:

- Lover med tilhøyrande forskrifter:
 - Lov om laksefisket og innlandsfisket
 - Lov om vassdraga
 - Lov om vassdragsreguleringar
 - Lov om forureining
 - Lov om sjukdom hos ferskvassfisk
 - Lov om oppdrett av fisk og skaldyr

Det er fleire forvaltningsorgan som til saman rår over desse lovene. Fylkesmannen har meir eller mindre høve til sjølv å bruke desse lovverka, men der fylkesmannen sjølv ikkje har direkte mynde, finst det likevel oftast fleire høve til å påverke at desse lovene og forskriftene kan bli nytta.

Direktoratet for naturforvaltning vil i 1987 leggje fram eit forslag til ny lov for laksefisket og innlandsfisket. Ei forenkling og presisering av dette lovverket vil vere eit viktig verkemiddel for å kunne sikre fiskeressursane og tilgjenget til å kunne fiske.

- Ymse former for rundskriv, retningslinjer og fortolkingar av lover og forskrifter.
- Økonomiske tilskottsordningar frå kommunar, fylkeskommune, direktorat og departement.
- Oppfølging av ymse pålegg gjevne i samband med t.d. konsesjonar til vassdragsregulantar og industriverksemdar.
- Gje informasjon og inspirasjon til dei ulike målgruppene for vårt arbeid gjennom massemedia, møteverksemd og kurs.
- Innhente ymse former for statistikk, analysere denne og om mogleg la resultatane innverke på det vidare arbeid. For at fangststatistikkar for laks, sjøaure og innlandsfisk skal bli best mogleg, bør innhentinga av statistikken gjerast uavhengig av alle former for skattlegging av den einskilde si inntekt.
- Ta i bruk eksisterande dataprogram for betre forvaltning av ressursane.
- Påverke ymse forvaltningsorgan som t.d. Direktoratet for naturforvaltning, Vassdragsdirektorat, Vegdirektorat, Fiskeridirektorat, veterinære forvaltningsorgan, laksestyre, innlandsfiskeremnder, fjellstyre, Statens skogar, fylkeskommunen gjennom m.a. fylkesplan, kommunar, utval, ymse lag og organisasjonar.

2.4.5 AKTIVITETAR

Aktivitetane i planperioden er presenterte i ein aktivitetsplan som er vist i tabellform. Tabellen viser kva aktivitetar som kan utførast av fast tilsett personale og kva som må utførast med engasjert personale eller av konsulentar.

AKTIVITETSPLAN

	Vekesverk			
	1987	1988	1989	1990
Aktivitetar utført av fiskerikonsulenten				
Administrative oppgåver, pålagt saksbehandling, fagsamlingar og kurs	24	24	24	24
Administrasjon, rettleiing og informasjon i samband med kampen mot Gyrodactylus salaris	20	18	18	16
Vernetiltak for truga fiskestammer		2	2	2
Oppdrettsfrie soner	4	2	1	1
Betre tilgangen til sportsfiske		2	3	3
Biotopforbetrande tiltak i vassdrag				2
Ferie	4	4	4	4
Sum	52	52	52	52

Aktivitetar som må utførast med engasjert hjelp

Generell avlastning av fiskerikonsulenten på ymse forvaltningsoppgåver som biotopforbetrande tiltak, fiskekultivering, prøvefiske osv.	7	5	5	3
Prosjektarbeid i samband med kampen mot Gyrodactylus salaris:				
- Overvaking av angripne og truga elvar, analyse av innsamla materiale	40	36	36	36
- Overvaking og prøvetaking i Batnfjordselva	8	12	12	12
Assistent for feltarbeid i samband med Gyrodactylus salaris	16	16	16	16
Samla engasjert innsats i kampen mot G. salaris	64	64	64	64
Andre høgt prioriterte oppgåver				
Fiskebiotopisk kartlegging av vatn og vassdrag (innlegging av relevante data i Regine)		52	52	52
Ettergransking, planlegging og iverksetjing av kompensasjonstiltak etter kraftutbygging		52	52	52

2.4.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV

Da fiskerikonsulenten kom i arbeid i 1983, viste det seg at behovet for administrativ og forvaltningsorientert innsats var mykje større enn venta, og langt større enn eit årsverk i året (som fiskerikonsulenten sin eigen arbeidsinnsats representerer).

Problema i kampen mot Gyrodactylus salaris har vore, og vil bli, arbeidskrevjande. I Møre og Romsdal bør det no satsast på å betre fiskeproduksjonen og få i stand ei biologisk og økonomisk forsvarleg forvaltning av fiskeressursane. Men ei slik framtidsretta og offensiv satsing vil ikkje vere mogleg utan at fiskerisektoren får auka løyvingar.

Som det går fram av tabellen ovanfor vil tida til fiskerikonsulenten gå med til administrative gjeremål og til å administrere kampen mot G. salaris. Dette inkluderer òg ein større innsats på det nasjonale plan med rådgjevingsverksemd og deltaking i arbeidsutval osv. Men det inkluderer ikkje nokon større innsats i feltarbeid og granskningar i elvane her i fylket. Dette må gjerast av engasjert personale.

Sjølve kampen mot G. salaris vil krevje ein innsats på frå 67 til 69 vekesverk i året i planperioden.

Fylket har sannsynlegvis mellom 100 og 150 laks- og sjøaureførande vassdrag og fleire tusen vatn som kan gje grunnlag for sportsfiske. Det er eit stort behov for å registrere fiskepotensiale i desse elvane og vatna slik at skikkelege planar og program for forvaltninga av ferskvassfisket kan lagast. Men til dette treng ein engasjert hjelp. Vi har ført opp eitt årsverk i 1988, i 1989 og i 1990 til dette arbeidet. Tre årsverk skulle vere nok til å registrere alle elvane og dei viktigaste vatna.

Møre og Romsdal har mange vassdrag som er utbygde til kraftføremål. Dei fleste av desse kraftkonsesjonane set krav til kompensasjonstiltak for å bøte på skadane utbyggingane har påført fisken. Oppfølginga av slike krav og pålegg er heller dårleg, ofte på grunn av manglande registrering av konsekvensane og fordi gode, begrunna kompensasjonstiltak ikkje er lagde fram.

Miljøvernavingdelinga ønskjer å gå gjennom alle gjeldande kraftkonsesjonar i fylket for å sjå kva krav og pålegg som måtte finnast og korleis desse er følgt opp. Til dette arbeidet, samt til å planleggje og iverksetje slike tiltak (kompensasjonstiltak), treng avdelinga ekstra hjelp. Vi har ført opp eitt årsverk pr år i 1988, 1989 og 1990. Tre årsverk vil langt på veg ta inn etterslepet av arbeid.

Løn og utgifter til fiskerikonsulenten blir betalt over det ordinære budsjettet til avdelinga. Men all innsats av engasjert personale må betalast av ekstraløyvingar. Som grunnlag for budsjettet reknar vi kr 6.000,- pr veke for engasjert personale. Dette inkluderer løn, reiser og andre utgifter.

Behov for ekstra løyvingar i planperioden i samsvar med arbeidsinnsatsen vist i arbeidsplanen ovanfor og ein samla kostnad på kr 6.000,- pr vekeverk:

	Beløp i kr 1000			
	1987	1988	1989	1990
Generell assistanse til fiskerikonsulenten	42	30	30	15
Kamp mot <i>Gyrodactylus salaris</i>	360	384	384	384
Fiskebiotopisk kartlegging	-	312	312	312
Planlegging og iverksetjing av fiskeribiologiske kompensasjonstiltak etter kraftutbygging	-	312	312	312

Fiskeribiologisk kartlegging av elvar og vatn og dei biotopforbetrande tiltaka som må følgje etter er nødvendig for å betre sportsfisketilhøva i fylket. Mange undersøkingar (m.a. Gerhardsenrapporten) har vist at sportsfisket er ei samfunnsnyttig rekreasjonsform. Kartlegging og utvikling av fisketilhøva vil vere svært lønsamt for samfunnet. Kartleggingsarbeid av denne typen bør bli finansiert av fisketrygdavgiftene.

Når det gjeld kompensasjonstiltak etter kraftverkutbygging så er dette kraftselskapa sitt ansvar, og mesteparten av kostnadene bør kunne krevjast betalt av desse i samsvar med konsesjonsvilkår. Men ekstra-løyvingar må til for å gå gjennom konsesjonsvilkåra og utarbeide planar og kostnadsoverslag som kraftselskapa kan ta stilling til.

2.5 HOVUDFELT VASSFORUREINING

Det generelle målet for arbeidet med forureiningssaker er drege opp i m.a. St.meld. nr 44 (1975-76) om tiltak mot forureiningar, jf St.meld. nr 51 (1984-85) om tiltak mot vatn- og luftforureiningar og om kommunalt avfall.

Ressurspanolitisk er målet å verne om naturen si evne til produksjon og sjølvfornying. Kjemiske og biologiske prosessar i naturen må ikkje forstyrrest i vesentleg grad, og eit variasjonsrikt dyre- og planteliv må oppretthaldast.

Velferdspanolitisk er målet å sikre at forureiningar ikkje skader helsa til folk eller går ut over trivselen.

For å oppfylle dei generelle måla må arbeidet med forureiningssaker konsentrerast om å finne meir lokalt tilpassa mål på fylkesnivå. Arbeidet med forureiningssaker må også på fylkesnivå byggje på ei rekkje prinsipp, der dei viktigaste er følgjande:

- Førebyggjande arbeid skal prioriterast.

Dei viktigaste førebyggjande tiltaka er å avgrense forureininga ved kjelda, attvinning av avfallsstoff og planmessig arealdisponering. Gunstig (riktig) plassering av fiskeoppdrettsanlegg er eksempel på førebyggjande tiltak. Det er viktig at miljøvernavingdelinga sitt arbeid med forureiningsproblema blir integrert i andre sektoretatar på dei ulike område, som t.d. landbruksetat, vegetat, næringsavdeling osv. Forureiningsproblema har nær samanheng med arealbruken og ein del av det førebyggjande arbeidet består i at dette omsynet blir innarbeidd i alle typar av arealplanar.

- Reinsetiltak skal i størst mogleg grad tilpassast den lokale forureiningssituasjonen.

I staden for landsomfattande generelle program for tiltak mot forureiningar bør det leggjast opp til lokale program for å redusere forureininga i einskilde vassdrag, fjordområde o.l. eller for einskilde typar av forureiningar som t.d. landbruksforureining, fiskeavfall osv. Dette inneber at innsatsen blir konsentrert om dei mest forureina områda eller stoff som skaper spesielle lokale eller regionale problem. Ei slik lokal tilpassing stiller større krav til kunnskap, planleggingsmetodikk og verkemiddelbruk i miljøvernavingdelingane. Viktige stikkord i samband med dette er:

- * Eit godt utbygd overvakingssystem.
- * Godt samarbeid med andre sektoretatar.
- * Betre innpass i fysisk planlegging, medrekna bruk av eigne sektorplanar som verkemiddel, t.d. vassbruksplanar, resipientplanar og forskjellige typar tiltaksplanar som slamplanar, planar for attvinning av avfall.

Felles verkemiddel i arbeidet med forureiningssaker

- Forureiningslova (med forskrifter).
- Planlegging etter planlova.
- Faglege retningslinjer.

- Tilskotts- og låneordningar.
- Informasjon og rettleiing.
- Samarbeid med kommunar og sektorstyresmakter.

Med vassforureining forstår ein forureining av alle naturlege vassystem, sjø, fjordar innsjøar, elvar, bekker og grunnvatn.

Ideelle overordna mål

Det generelle og langsiktige målet er at utslepp av stoff som kan føre til forureining av vatn skal kome ned på eit nivå der det ikkje fører til skade eller ulemper lokalt eller regionalt.

Følgjande mål kan setjast opp for dei einskilde typane av forureining:

- | | |
|--------------------------------|--|
| Forsurande komponentar: | I alle vassdrag skal ein naturleg fiskebestand kunne formeire seg og ha normal vekst, forutan at annan naturleg biologisk aktivitet skal vere til stades. Dette vil seie at pH i dei fleste vassdrag bør vere høgare enn 6-6,5. |
| Næringssalt: | Vatnet sin naturlege trofigrad skal ikkje endrast. |
| Organisk stoff: | Utslepp av lett nedbrytbart organisk stoff skal ikkje føre til vesentlege endringar av fastsittjande organismar. Nedbrytinga av organisk materiale skal ikkje føre til så lågt oksygeninnhald at naturleg biologisk aktivitet blir hemma. Dette betyr normalt at oksygeninnhaldet i vatnet ikkje bør komme under 5 mg O ₂ /l. |
| Mikrobiologisk forureining: | For drikkevasskjelder må SIFF sine krav til drikkevattn vere tilfredsstilte.

Konsentrasjonane av bakteriar/virus skal ikkje vere så høge at krav til badevatn blir overskride. |
| Miljøgifter: | Innhaldet miljøgifter som finst naturleg skal reduserast til naturlege bakgrunnsverdiar, og kunstige miljøgifter skal ikkje finnast. |
| Olje: | Avgrense dei kontinuerlege utsleppa offshore slik at det verken på kort eller lang sikt fører til negative konsekvensar for produksjonen av utnyttbare ressursar.

Unngå konsentrasjonar av hydrokarbonar på meir enn 0,05 ppm olje i resipientvatn rundt produksjonsanlegg, oljeraffineri o.l. |
| Partiklar og suspendert stoff: | Naturleg biologisk aktivitet skal ikkje hindrast på grunn av slam.

Watnet sin naturlege produksjon skal ikkje bli hemma, og andre aktivitetar skal ikkje bli vanskeleggjort pga. partiklar. |

Sterke syrer og basar:	Vatnet sin naturlege pH skal ikkje endrast så mykje at det oppstår skade på det naturlege plante- og dyrelivet. Det vil seie at vatnet sin naturlege pH ikkje bør endrast meir enn 0,5 pH-einingar.
Temperatur-påverknad:	Temperaturendringar må gjerast så små at den naturlege biologiske aktiviteten ikkje blir påverka.
Radioaktiv forureining:	Konsentrasjonane må haldast under faregrensa for helse og miljø.
Fargestoff:	Utslepp av fargestoff skal ikkje skade vatnet sin produksjon eller føre med seg estetiske ulemper i rekreasjonsområde.
Andre kjemikaliar:	Det skal ikkje finnast giftige konsentrasjonar i resipienten.
Forureining ved vasskraftutbygging eller anna regulering:	Reguleringar må ikkje forsterke forureiningar slik at naturleg biologisk aktivitet blir endra.

2.5.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Fjordar og vassdrag representerer markerte innslag i landskapsbiletet i Møre og Romsdal. Ei rekkje større fjordar går til dels langt inn i landet, slike som t.d. Voldsfjorden, Storfjorden, Romsdalsfjorden og Tingvoll-/Sunndalsfjorden. Dei store fjordane er oftast djupe, frå 300 til 700m, og kan ha mindre markerte tersklar ved utløpet. Dei mindre fjordane er ofte meir prega av tersklar og innsnevringar. Dei kan i tillegg vere forlengingar av dei store fjordane, slik at mekanismane med vassutskifting kan vere nokså kompliserte. Tersklar fører generelt til at djupvatn innanfor desse blir liggjande i ro i lengre periodar. Avhengig av tilførsel av forureining og botntopografi m.m. kan ein her få kortare eller lengre periodar med oksygensvikt og evt. spesielle eutrofieringsproblem (groing).

Kunnskapen om forureiningssituasjonen i sjøområda i fylket er nokså avgrensa. Frå tidlegare ligg det føre resultat frå berre 3 meir omfattande granskingar i fjordar:

- Borgundfjord-systemet
- Ørstafjorden
- Området mellom Leinøya/Gurskøya/Hareidlandet

I tillegg til meir omfattande granskingar er det også oppnådd kunnskap om forureiningssituasjonen i ei rekkje fjordar ut frå enkel overvaking, dvs. granskingar som er meint å gje visse indikasjonar på t.d. dårlege utskiftingstilhøve. Dette gjeld til no 32 fjordområde i fylket, der m.a. fylkesmannen, Havforskningsinstituttet, kommunar og andre har delteke. Gjennom desse granskingane er det blitt registrert ei rekkje område med periodisk eller permanent svært låge oksygenverdiar/oksygenmangel.

Når det gjeld spesielt dei fjordane som har djupe tersklar, reknar ein vanlegvis med at desse er lite prega av stagnerande djupvatn og spesi-

elle forureiningsverknader. Dei mekanismane som rår i slike område er likevel blitt lite påakta. Det er difor uvisst i kva grad miljøet i dei store fjordane våre er vesentleg påverka av dei djupe tersklane dvs. av reint naturgjevne tilhøve, eller er påverka av forureinings-tilhøve, t.d. mikroforureiningar.

På same måte som i fjordane vil det òg i vassdraga til ei kvar tid vere visse relasjonar mellom tilførslene av forureining og fortynning (vassføring), samt biologisk og anna omsetning av forureininga. Ved låge tilførsler av forureining og stor vassføring vil det generelt vere liten fare for spesielle forureiningseffektar i vassdraget, medan det ved stor tilførsel og låg vassføring vil vere tilsvarande større fare for at slike effektar kan oppstå. Såleis er dei fleste større vassdraga i fylket med visse unntak lite prega av forureining, medan dei mindre vassdraga ofte er periodisk tilgrodde med algar evt. sopp/bakteriar som følgje av t.d. landbruksforureining og evt. kloakkut-slepp. I mange område er det stor ulempe/konflikt på grunn av slik forureining.

Til no ligg det berre føre to meir omfattande granskingar av forurei-ning/vasskvalitet i vassdrag i fylket:

- Surna
- Rauma

Ut over dette ligg det berre føre nokre få enkle granskingar i andre vassdrag i løpet av dei siste 10 åra. Ut frå omfanget av eksisterande og evt. potensielle konflikhtar (m.a. på grunn av planlagd kraftut-bygging) synest det difor å vere ein klar mangel på dokumentasjon av forureiningssituasjonen også i vassdraga i fylket.

I mange fjordar og vassdrag vil det kunne vere lokale forureinings-verknader på grunn av utslepp av (ofte) ureinsa kloakk og i form av punktutslepp frå landbruket. Omfanget av desse verknadene vil nok variere frå stad til stad og evt. med årstida. Influensområdet for eit kloakkutslepp i sjøen vil t.d. vere ein funksjon av djupføring av ut-sleppet, av sjikt-danning i vatnet (lagdeling), av innhald av parti-klar i utsleppsvatnet (avhengig av reinsing) osv. Tilsvarande vil om-fanget av forureiningsverknader i vassdrag vere avhengig av reinsing, vassføringa i vassdraget og av m.a. temperaturen.

I kva grad forureiningsverknader kjem til uttrykk i dei einiskilde re-sipientane, er som nemnt ovanfor avhengig av ei rekkje fysiske, kje-miske og biologiske tilhøve. I kva grad desse verknadene fører til spesielle problem er nok avhengig av dei interessene som til kvar tid er knytte til desse resipientane. Spesielt der interesser er i klar konflikt med kvarandre, kan det lett oppstå problem. Som døme kan nemnast kloakkutslepp og akvakultur.

Interesser vil vanlegvis vere klart identifiserbare og evt. kvantifi-serbare. Det vil likevel vere relevant å reise spørsmålet om i kva grad dårlege oksygentilhøve i fjordar, generell auke av groinga i vassdrag osv. vil ha konsekvensar for økosystema i desse områda på lengre sikt. Spesielt for terskelfjordane vil dette vere eit felt der det er behov for meir innsats i form av granskingar og drøfting.

Etter kapittel 2.5.2 Mål er det gjeve ei skjematisk framstilling av forureiningssituasjonen (status) i sjøområde og vassdrag i fylket. Det er i tillegg gjeve ei framstilling av måla for arbeidet med forurei-ningssaker i dei einiskilde fjordar og vassdrag, jfr. elles kapitlet om

mål. Framstillinga er gjeven i form av vurdering av grad av eutrofi, saprobi (i vassdrag) og oksygensvikt (i fjordar), av hygieniske tilhøve, av miljøgifter og av eventuelle andre (spesielle) tilhøve.

2.5.1.1 Kommunale utslepp

Ein reknar grovt sett med at ca 80% av dei busette i fylket i framtida vil kunne knytast til offentleg kloakkanlegg. I dag er ca 65% knytt til offentleg fellesanlegg.

Dette inneber at ca 20% av dei busette vil måtte basere seg på separate avløpsanlegg.

Kommunane i Møre og Romsdal har generelt sett tilgang på gode sjøresipientar. Berre Rindal kommune er utan grense mot sjøen. Her er det for sentrumsbusetnaden bygd biologisk/kjemisk reinseanlegg med utslepp til elva Surna.

I tillegg til anlegget i Rindal er det i fylket 3 mindre biologiske reinseanlegg i drift. Til dei fleste sjøresipientane er slamavskiljing/siling det mest aktuelle behandlingstiltaket.

For dei fleste kommunane er den beste kloakkløysinga totalt sett å samle avløpet til utslepp i sjøen, der er resipienttilhøva betre og behovet for reinsetiltak mindre enn til vassdrag. Det vil likevel vere mindre tettstader, særleg i dei lengste dalføra, der avløpsproblema må løysast anten ved infiltrasjon eller med utslepp til vassdrag etter høggradig reinsing.

Det er etablert reinseanlegg eller bygd overføringsanlegg til sjøen for alle større tettstader som tidlegare hadde utslepp til vassdrag. Det står likevel att ein del oppgåver før at alle område har fått bygd ut kloakknett, reinseanlegg eller overføringsanlegg.

For kloakkutslepp til sjøen er det fram til i dag vesentleg blitt satsa på opprusting av transportsystemet, med avskjering og samling av avløpsvatnet til få kontrollerte utslepp på djupt vatn (minst 20 m).

Satsinga på leidningssystemet har ført til at bygging av slamavskiljar/silanlegg er skuva noko fram i tid. Dette gjeld spesielt saneringsprosjekt. Der etablering av ny busetnad har ført til nye, permanente utslepp, er krav om samtidig bygging av slamavskiljar/silanlegg blitt stilt.

Trass i relativt gode resipienttilhøve har særleg dei større ureinsa kloakkutsleppa frå tettstadene ført til lokal forureining. I nokon grad fører også utsleppa til nedsette hygieniske tilhøve i utsleppsområdet. Dette skaper konflikhtar i høve til andre brukarinteresser.

I dei fleste kommunane finst busetnad med separate avløpsløysingar som ikkje samsvarar med dei tekniske krav ein i dag stiller til slike anlegg. Utslepp frå desse anlegga fører ikkje sjeldan til konflikhtar med omsyn til forureining og hygiene. Bygging av fellesanlegg er oftast den einaste brukbare avløpsløysinga i slike område.

Oversiktsplanar er nødvendige reiskapar når utbyggingsoppgåvene skal prioriterast, både i økonomisk, teknisk og forureiningsmessig samanheng. Arbeidet med å få fram avløpsrammeplanar har etter måten gått tungt. Det same kan seiast om ajourføring av eksisterande rammeplanar.

Sjølv om grunnlagsmaterialet for slike planar finst i dei fleste kommunane, er det arbeidet med å sy det heile saman til ein oversiktleg plan som har stranda.

Manglande avløpsrammeplanar/oppdaterte planar fører til dårleg grunnlag for langtidsbudsjettering i kommunane, og dermed liten kontinuitet i avløpsutbygginga.

Mangel på avløpsrammeplan fører òg til kostbar og arbeidskrevjande konsesjonsbehandling av einskildutslepp, der samla utsleppsløyve for heile kommunen kunne arbeidast ut med rammeplanen som grunnlag.

Tabellen nedanfor viser status med omsyn til oversiktsplanar og konsesjon for kommunane i fylket.

KOMMUNE	RAMMEPLANSTATUS	KONSESJONSSTATUS
Herøy	Rammeplan manglar	Einskildkonsesjonar
Vanylven	" under utarbeiding	"
Volda	" manglar	"
Ørsta	" "	"
Sande	" "	"
Ulstein	" under utarbeiding	"
Hareid	" manglar	"
Alesund	" godkjend	Samla konsesjon
Sula	" "	" "
Skodje	" "	" "
Ørskog	" manglar	Einskildkonsesjonar
Stordal	" under behandling	"
Norddal	" manglar	"
Vestnes	" godkjend	Samla konsesjon
Stranda	" manglar	" "
Sykkylven	" under behandling	" "
Giske	" " "	" "
Haram	" godkjend	" "
Sandøy	" manglar	Einskildkonsesjonar
Rauma	" "	"
Molde	" godkjend	Samla konsesjon
Midsund	" manglar	Einskildkonsesjonar
Fræna	" godkjend	Samla konsesjon
Eide	" manglar	Einskildkonsesjonar
Gjemnes	" "	"
Averøy	" "	"
Aukra	" "	"
Neset	" "	"
Sunndal	" "	"
Tingvoll	" "	"
Kristiansund	" under utarbeiding	"
Frei	" manglar	"
Smøla	" "	"
Surnadal	" "	"
Halsa	" "	"
Rindal	" "	"
Aure	" "	Samla konsesjon
Tustna	" "	Einskildkonsesjonar

2.5.1.2 Industriutsløpp

Med industriutsløpp blir her meint avløp frå produksjonen, ved reingjering av anlegg, frå lagerplassar m.m. Sanitæravløpsvatn er ikkje med.

Statens forureiningstilsyn har konsesjonsbehandla dei fleste bedriftene i Møre og Romsdal som har større industriutsløpp. Desse bedriftene har fått krav om diverse tiltak som i alt vesentleg er gjennomførte. Einskilde bransjar er enno ikkje tekne opp til behandling (vaskeri og reinseri) eller berre delvis tekne opp til behandling (fiskeforedlingsanlegg, fiskeoppdrett).

Det har skjedd vesentlege strukturendringar innanfor einiskilde industribransjar. T.d. er det no att berre 3 siloljefabrikkar, mot 10 i 1970. Talet på fiskeforedlingsanlegg har gått sterkt ned. Fiskeoppdrett, som også i nokon grad kan omfatte slakting og fiskeforedling, har auka sterkt.

Utslepp frå industrien er samansett. I enkelte bransjar er det stort sett utslepp av produksjonsrestar og vaskemiddel slik at organisk belastning og næringssalt er mest interessante. I andre bransjar er det evt. utslepp av kjemikaliar, løysingsmiddel og evt. tungmetall som representerer størst fare for forureining.

Utsleppet frå Sunndal Verk synest i dag å vere i ei særstilling, både pga. mengd, innhald og verknader i fjorden. Verknaden av utslepp av PAH (Polysykliske aromatiske hydrokarbonar) og fluor blir for tida granska som ein del av eit nasjonalt program som SFT gjennomfører.

Oversikt over større industriutslepp i Møre og Romsdal

Stad	Resipient-namn	Resipient	Tilkn kom.n	Reinsing	Forureining
------	----------------	-----------	-------------	----------	-------------

Elektrokjemisk industri

Sunnalsøra	Sunnalsfjorden	God		-	Sterk
------------	----------------	-----	--	---	-------

Næringsmiddelindustri

Meieri

Syvdsbotnen	Syvdsfjorden	Dårleg	Nei	-	Markert
Ørsta	Ørstafjorden	Dårleg	Nei	Slamavsk.	Markert
Hellesylt	Synnylvsfjorden	God	Nei	-	Moderat
Ålesund	Aspevågen	Dårleg	Nei	-	Markert
Tresfjord	Tresfjorden	God	Nei	-	Moderat
Åndalsnes	Romsdalfjorden	God		-	Moderat
Molde	Moldefjorden	God	Ja	-	Moderat
Elnesvågen	Frænfjorden	God	Nei	-	Moderat
Høgset planl	Kvernesfjorden	God	Ja	-	Lita
Sunnal	Sunnalsfjorden	God	Ja	-	Moderat
Kristiansund	Hamnebassenget	God	Nei	-	Moderat
Surnadal	Surnadalsfjorden	God	Ja	-	Moderat
Rindal	Surna	Dårleg	Ja	Biol.kjem	Lita
Aure	Aursundet	God	Nei	-	Moderat

Slakteri

Syvdsbotnen	Syvdsfjorden	Dårleg	Nei	-	Markert
Hellesylt	Vanylvsfjorden	God	Nei	-	Moderat
Ålesund	Borgundfjorden	Dårleg	Nei	-	Markert
Molde	Moldefjorden	God	Ja	-	Markert
Farstad	Farstadelva	Dårleg	Ja	Biologisk	Moderat
Sunnal	Sunnalsfjorden	God	Ja	-	Moderat
Kristiansund	Dunkarsundet	God	Ja	-	Moderat
Surnadal	Surnadalsfjorden	God	Ja	-	Moderat

Sildoliefabrikkar

Moltustranda	Herøyfjorden	God	Nei	-	Markert
Vedde	Borgundfjorden	Dårleg	Nei	-	Sterk
Harøysundet	Julsundet	God	Nei	-	Markert

Talet på fiskeforedlingsbedrifter er for stort til at anlegga kan listast opp og fordelast på resipientar. Utsleppa frå dei fleste fiskeforedlingsbedriftene er også relativt små og fører til mindre ulemper. Det er spesielt bedrifter med mottak av rund fisk, og særleg mottak av feit fisk (sild, makrell) som har ført til lokale forureiningsproblem. Likeins har bedrifter med rekepillling ført til ulemper på grunn av evt. utslepp av rekeskal. Svært mange fiskeforedlingsbedrifter er ikkje konsesjonsbehandla, og har ikkje gjennomført interne anleggs- og driftstiltak for å redusere utslepp. Fylkesmannen har ansvaret for kontroll av forureining (frå 1985).

Det er fleire førkjøken og ensileringsanlegg i fylket. Drift av og utslepp frå mindre pelsdyrforkjøken er regulert i egne forskrifter av 1. juni 1977. Nye anlegg måtte ha utsleppsløyve frå fylkesmannen. Eldre anlegg skulle innan 30. juni 1979 sende melding til fylkesmannen om at anlegget er bygd i samsvar med retningslinjene. Ved pelsdyrforkjøken der det er bygd anlegg m.m. i samsvar med utsleppsløyve/retningslinjene reknar ein ikkje med at det blir spesiell forureining/ulempe.

Bedrifter som foredlar og konserverer vegetabiliar har egne forskrifter m.o.t. forureining. Forskriftene er av 1. september 1977. Nye utslepp treng utsleppsløyve frå fylkesmannen. Eldre anlegg skulle innan 1. januar 1980 sende melding om at anlegga er bygde i samsvar med retningslinjene.

Bedrifter som driv med kjemisk overflatebehandling av metall (galvanisering m.m.) er konsesjonsbehandla av SFT. Desse er pålagde å nøytralisere bad og deponere slam m.m. til godkjent deponi (Trondheim). Det skal såleis ikkje vere spesielt utslepp frå desse bedriftene.

Tang- og taremtak er ikkje konsesjonsbehandla av SFT. Det er påvist endringar i tangvegetasjon rundt dei to mottaksanlegga i fylket. Dette kan skuldast utslepp av organisk stoff og/eller utslepp av formalin.

2.5.1.3 Utslepp frå spreidd busetnad

Tradisjonelt sett har ein vesentleg del av busetnaden i fylket vore såkalla spreidd busetnad. Etter kvart som denne busetnaden fekk innlagt vatn og vassklosett, blei det ordna med nødvendige kloakk-løysingar. I spreiddbygde strøk er vanlegvis dette separate avløpsløysingar for kvart einskilt hus.

Dei fleste kommunane legg opp til i sine oversiktsplanar at ein ikkje liten del av vidare bustadbygging framleis skal gå føre seg som spreidd busetnad.

Avløpsløysingar for den spreidde busetnaden har vore ordna ulikt frå kommune til kommune. Utslepp til sjøen har vanlegvis vore ureinsa, eller gjennom ein svært liten septiktank. Utslepp til vassdrag/grunnen har vanlegvis vore ordna via ein mindre 2-kamra slamavskiljar/septiktank og ulike former for spreiegrøfter eller infiltrasjonsanlegg.

Når forskrifter etter lov om vern mot vassforureining frå kloakkut-slepp for spreidd busetnad blei gjort gjeldande i 1972, blei krav til nye utslepp til vassdrag og til grunnen standardiserte i samsvar med dei nye reglane: Slamavskiljar og infiltrasjon - slam-avskiljar og sandfiltergrøfter. Desse nye løysingane representerte ei vesentleg betring av avløpsforholda for ein del av den spreidde busetnaden.

Utslepp til sjøen var det ingen (nye) reglar for. Der var det framleis ulik praksis frå kommune til kommune.

I 1985 blei det fastsett nye, reviderte forskrifter som òg gjaldt utslepp til sjø. Dette gav kommunen ein klar heimel til også å krevje reinsing for kloakkutslepp til sjø/fjøre.

I dag er det enno ein stor del spreidd busetnad med mangelfulle løysingar i samsvar med retningslinjer i tilknytning til gjeldande forskrifter. Kommunen kan krevje at det blir søkt om utsleppsløyve for eksisterande busetnad som enno ikkje er blitt behandla. Slike krav er vanlegvis ikkje stilte. Gammal busetnad har med få unntak fått nye, skjerpa krav til avløpsløyving i samband med påbygging, ombygging, innlegging av vatn eller vassklosett.

Slamavskiljar/sandfiltergrøft har på grunn av dårleg reinseeffekt m.o.t. fosfor og lita reinsing m.o.t. hygiene vore rekna som ei mindre god løysing når utslepp skjer til vassdrag med svært lita vassføring eller med eutrofieringstendens.

Kontrollar rundt ikring i landet har òg vist at dette ofte har vore dårleg eller mangelfullt utført. Dei nye forskriftene legg såleis vekt på anleggskontroll og opplæring av ansvarlege for arbeidet.

Det er berre føreteke ein kontroll av anlegg og forureining frå desse her i fylket, frå Surnadal og Rindal i 1979. Røynsla frå dette synte at der grunnforholda var gode, var det små utslepp eller ulemper, nokså uavhengig av standarden på dei aktuelle av-løpsanlegga. Ved dårlege grunnforhold var det lett å påvise ut-slepp/ulemper.

Septiktankar og slamavskiljarar har vanlegvis vorte tømde ved behov, ofte òg i eigen regi. Etter kvart er det blitt meir og meir vanleg at private renovatørar står for slamtømminga. Enno har likevel dette for lite omfang, og skjer ikkje ofte nok. Mange in-filtrasjons- og sandfilteranlegg har gått/vil gå tett som følgje av for sjeldan tømning av slam.

2.5.1.4 Forureining frå Landbruket

Landbruket er mellom dei viktigaste kjeldene for utslepp av orga-nisk stoff og næringssalt til vassdrag og sjøområde.

Organisk stoff blir tilført gjennom silopressaft, husdyrgjødsel, mjølkeromsavløp og hushaldningskloakk.

Næringssaltavrenning kjem frå husdyrgjødsel, kunstgjødsel, ned-broten pressaft og kloakk. Ein del kjem også frå landbruksareala gjennom erosjon, overflateavrenning og utfrysing av næringssalt frå

plantedekket.

I tillegg kan landbruket føre til forureining med stoff av spesialavfallskarakter som spillolje og plantevernmiddel.

Landbruket er ei av hovudnæringane i fylket. Pr. 01.01.86 søkte 6.812 husdyrbrukarar om produksjonstillegg. Det vart oppgjeve følgjande dyretal:

102.000 storfe
83.000 vinterføra sau og geit
2.400 avlssvin og 14.000 slaktegris
163.000 verpehøner

Denne husdyrfordelinga tilseier at mesteparten av jordbruksarealet i fylket er eng, og det aller meste av grasen blir ensilert. Arealet av fulldyrka eng var 01.08.1985 ca. 436.000 da.

Kraftfôrbasert husdyrhald er særleg konsentrert til Vanylven, Ørsta, Rauma, Sunndal, Surnadal og Rindal. Dette fører lokalt til store gjødselmengder i høve til spreingsareala.

Pressaft

Silopressaftutslepp har til no utgjort den viktigaste kjelda for vassdragsforureining med organisk stoff. I tillegg vil ein også få skadeverknader ved utslepp til sjøområde med dårleg vassutskifting.

Resultatet av slike utslepp er saprobieeringseffektar i resipienten med oksygenmangel og heterotrof groing. Ein kan risikere at fisk og andre vasslevande organismar dør. Dei største skadane oppstår i dei minste vassdraga, men ein har hatt fiskedød i så store elvar som Farstadelva og Moaelva i Fræna. Effekten av slike utslepp blir særleg skadeleg då dei kjem på ei tid det vanlegvis er lita vassføring og høg temperatur i vatnet.

Utsleppa kjem til dels av at den tekniske standarden på siloar og gjødsellager er for dårleg, dels av at driftsrutinane ikkje er gode nok. Fylkesmannen kontrollerer årleg 4-600 bruk, og dei siste åra har ein funne at følgjande del av bruka har feil:

1983:	65 % (kontrollert 424 bruk)
1984:	64 % (kontrollert 449 bruk)
1985:	63 % (kontrollert 356 bruk)
1986:	62 % (kontrollert 617 bruk)

Ein har merka ei viss betring, og dei store utsleppa blir stadig færre. Kontrollen er med på å heve standarden på anlegga i dei områda som blir kontrollerte. Standarden blir også betre på dei anlegga som ikkje blir kontrollerte. Dette kan ein sjå ved å samanlikne tidlegare kontrollerte område med område der det ikkje har vore kontroll. Vi finn som regel dei grovaste tilfella i nye område.

Frå og med 1986 har ein klassifisert utslepp og forureiningsgrad for alle kontrollerte bruk. Om lag 16 % har utslepp som fører til det vi klassifiserer som stor forureining av vassdrag.

Utslepp av pressaft til sjøområde med dårleg vassutskifting vil vere med på å redusere vasskvaliteten i botnvatnet (oksygenreduk-

sjon og -svikt, H_2S -utvikling).

Ein kan frykte at utsleppa av pressaft vil auke framover dersom ein ikkje følgjer opp, jf. elles den påviste effekten av kontrollane.

Husdyrgjødsel

Avrenning av plantenæringssalt frå husdyrgjødsel kan føre til eutrofiering av vassdrag. Dette kan særleg skje i vassdrag med innsjøar som verkar som fosforfeller.

Standarden på gjødsellagra i fylket er jamt over for dårleg. Ved silokontrollane har ein funne at over 20 % av gjødsellagra har manglar. Ein har ikkje føreteke særskilde kontrollar av gjødsellager i fylket, men dei som har fått merknader i samband med silokontrollen blir pålagde utbetringstiltak. Dei har også fått tilbod om finansieringsordninga for gjødsellager i prioriterte vassdrag.

Følgjande vassdrag er prioriterte:

- Batnfjordselva
- Bondalselva
- Eidsdalselva
- Farstadvassdraget
- Hustadvassdraget
- Nosvassdraget
- Surnavassdraget
- Valldøla
- Velledalselva
- Ørstavassdraget

Den vanlegaste feilen er lekkasjar i gjødselportar. Mange har også for liten lagringskapasitet, og ein har tidvis svært mykje spreiding på snødekt mark. Fylkesmannen har ikkje føreteke noka systematisk registrering av omfanget av dette, men haustane 1983 og -85 vart det spreidd svært mykje husdyrgjødsel på snødekt mark pga. av vanskelege spreidingsforhold gjennom heile hausten før snøen kom.

Om lag 150 bruk står på venteliste for planleggingshjelp til gjødsellagerutbetring i fylket. Det står enno mykje att i viktige område som Rindal og Surnadal.

Ein kan etter kvart risikere å få eutrofieringsproblem høgare oppe i vassdraga pga. oppstarting av mange beitelag i fjellet. Det er om lag 100 slike lag i fylket. Sporadiske kontrollar har vist at gjødsellagra og gjødselhandteringsrutinane på ein del slike anlegg kan vere mangelfulle.

Ein vil også få stor avrenning frå husdyrgjødsel som er spreidd før snø og frost har kome, pga. av store nedbørmengder om hausten.

Pelsdyr kan vere ei viktig kjelde til næringssaltavrenning. Kontrollar har synt at mange anlegg er dårleg plasserte i høve til vassdrag, og det skjer ei stor avrenning av plantenæringssalt. Denne avrenninga skjer særleg om våren under snøsmeltinga. Berre nokre få anlegg har ei kontrollert oppsamling av gjødsla.

Ein del stader blir det tømt husdyrgjødsel direkte i vassdrag. Dette fører til eutrofiering, men i tillegg kan ein ha ein akutt giftverknad pga. ammoniakkfrigjeving. Vi har påvist slike utslepp i

Vartdalselva, men ein har ikkje funne noka kjelde.

Gjødselutslepp direkte til sjø vil også føre til fare for eutrofiering. Dessutan vil dette auke faren for oksygenmangel i botnvatnet. Vi har påvist slike utslepp frå svinehald i Vanylven, og det finst også ein del andre stader i fylket.

Dersom ein ikkje arbeider med husdyrgjødselproblemet, kan ein vente at næringssaltavrenninga held seg på same nivå som no, evt. at ein får ei svak betring. Utslepp direkte til sjø og vassdrag vil halde fram i same omfang som no. Nye pelsdyrfarmar kan bli feilplasserte i høve til vassresipientane, og standarden på gjødselhandteringa vil ikkje betre seg.

Arealavrenning

Avrenning av plantenæringssalt frå dyrka mark er ei viktig kjelde til eutrofiering av vassdrag og sjøområde. Ein har ei nitrogenutvasking gjennom jordsmonnet. Denne kan gje auka planteproduksjon i sjøområda, og kan påverke vasskvaliteten i resipientar med dårleg utskifting.

Fosforavrenning påverkar ferskvassresipientar. Det meste av fosforet renn av på overflata, då fosfor til vanleg blir fast bunde i dei fleste jordsmonntypar. Kjeldene er særleg husdyrgjødsel og utfrysing av plantemateriale om hausten.

Generelt blir det gjødsla for mykje i forhold til det kravet plantene har.

Erosjon i open åker gjev også tilførsel av fosfor.

Anna forureining

Mjølkeromsavløp går svært vanleg til vassdrag, og ein kan vente ein ekstra fosfortilførsel på 0,15 - 0,40 kg P/ku i vaskemiddel.

Våtlutingsanlegg for halm kan gje tilførsel av organisk stoff og basar. Vi kjenner ikkje til slike i fylket.

2.5.1.5 Forureining frå fiskeoppdrett

Møre og Romsdal er eitt av dei viktigaste havbruksfylka i landet. Vi har om lag 100 matfiskanlegg og 50 setjefiskanlegg for laksefisk i produksjon i dag. Det blir no gjeve konsesjon til 40-50 nye setjefiskanlegg.

Elles er det ei markert interesse for etablering av matfiskanlegg med produksjon av andre artar enn laksefisk. Denne produksjonen er ikkje kvoteregulert.

Det er gjeve konsesjon til om lag 300 skjelanlegg pr. november 1986.

Ved fiskeoppdrett blir resipientane tilførte store mengder fosfor, nitrogen og organisk stoff. Om lag 20 % av oppteke får kjem att i ekskrementa. Den største forureiningskjelda er førspill. Det er vanleg at det går med 1,5 - 2,0 kg førtørrstoff for å produsere 1

kg fisk (våtvekt). Teoretisk skal ein kunne produsere 1 kg fisk med 0,8-0,9 kg førtørrstoff. Resten blir da tap.

Ein reknar med at produksjon av 1 tonn fisk tilfører resipienten om lag:

15 - 20 kg P	(tilsvarar 20 - 26 p.e.)
75 - 100 kg N	" 17 - 23 "
Organisk stoff tilsvarande	100 " --

Mykje av dette er i partikkelform, og kan såleis bli sedimentert på sjøbotnen. Ein får såleis ikkje same effekten som av tilsvarande utslepp av kommunal kloakk.

Ein del av dei eldste anlegga i fylket er plasserte på område med redusert vassutskifting, og målingar av O_2 -innhaldet i vatnet på desse områda har synt reduserte verdiar². Ein del anlegg har vorte plaga med sjukdom, og har såleis måtta flytte lokalitet. Det er grunn til å rekne med at dårleg vasskvalitet verkar stressande på fisken, og gjer han lettare mottakeleg for sjukdom.

Ein del av anlegga har pålegg om å drive undersøkingar av miljøpåverknaden av anlegget, men fylkesmannen har til no ikkje hatt kapasitet til å følgje opp dette ved å lage særskilde overvakingsprogram.

Ein kan også få auka algeproduksjon i sjøresipientar ved auka utslepp av nitrogensambindingar. Dette vil gje større mengder organisk stoff som sediment på sjøbotnen.

Nedbrytinga av det organiske stoffet vil krevje store oksygenmengder, og i resipientar med dårleg vassutskifting kan ein få oksygenmangel i dei djupaste vasslaga, og fare for H_2S -utvikling.

Ein kan også få utvikla H_2S i sedimentlaga under anlegga, og frigjeving av gass kan føre til auka sjukdomsfrekvens og bruk av antibiotika og kjemoterapeutika.

Det blir brukt til dels store mengder medisin til oppdrettsfisk, og det meste av dette blir gjeve gjennom føret eller som bading av fisken. Det er uklårt kor vidt dette vil føre til skadar på økosystemet i resipienten.

Ein kan få lokale problem kring matfiskanlegg og grunne utslepp frå setjefiskanlegg gjennom eutrofiering og algevekst. Bruk av våtfôr med dårleg konsistens kan gje feittlag i vassoverflata som fører til ulemper for badeplassar og båthamner.

Tørking av nøter kan gje luktulempar.

Ein har også registrert sjenerande støy frå fôrautomatar på fiskeoppdrettsanlegg.

Vassuttak til setjefiskproduksjon kan auke forureiningseffekten av utslepp frå andre kjelder. Ein kan få auka trofigrad og saprobieringseffektar. Desse vil særleg gjere seg gjeldande på sein sommartid.

Skjelanlegg vil gje sedimentering av ekskrement og døde skjel. Det

er ikkje vanleg med gjødsling av desse anlegga, men ein kan vente ønske om dette for spesielle yngelproduksjonspollar. Ein kan rekne med oksygenmangel og eutrofieringstendensar dersom dette skjer i dårlege resipientar.

Vi har til no ikkje gjort undersøkingar av dette i fylket.

2.5.1.6 Forureining i samband med vassdragsregulering

Vassdragsreguleringar kan m.a. føre til følgjande forureiningar/verknader:

- Forureining i samband med anleggsdrifta
- Auka utvasking av næringsstoff i samband med regulering/neddemming
- Redusert vassføring i vassdrag pga. vassuttak (minstevassføring, normalvassføring, flaummar)
- "Renneeffekt" i regulert vassdrag med jamn vassføring store delar av året.
- Endringar av biologisk respons/beiting pga. endra temperatur
- Endring av estuarin sirkulasjon i pollar/terskelfjordar ved redusert ferskvasstilførsel
- Nitrogenovermetting av vatn (ferskvatn/saltvatn) pga. uheldig utforming av elveinntak.

Vanlegvis er det redusert vassføring eller tørtlegging av vassdrag som har størst interesse. Mindre fortynning av utslepp/avrenning vil føre til eutrofiering og sprobiering i område med utslepp. Spesielt har dette gjort seg gjeldande ved store overføringsanlegg, takrenneprosjekt og langs tørrlagt del av elvar mellom magasin og kraftverk. Forureiningsproblem i Surna mellom Rindal sentrum og Trollheim kraftverk skuldast delvis redusert vassførin Tilsvarande problem kan òg gjelde ved store vassforsyningsprosjekt, herunder forsyning av setjefiskanlegg. T.d. blei Kristiansund kommune pålagd å byggje avskjerande kloakk frå Beiteråsen til Kanestraum i Tingvoll kommune i samband med utbygging av vassforsyninga frå Storvatnet.

Dei store tilgroingsproblema som visse år har oppstått nedanfor Trollheim kraftverk, skuldast dels næringsrikt vatn frå Rindal/Surnadal, dels "renneeffekt" som følgje av at det er svært stabil vassføring og vekstvilkår. I tillegg vil låg og jamn temperatur føre til lang veksttid og lite nedbeiting av tilgroinga.

Eit anna problem som har fått eit betydeleg omfang er nitrogenovermetting pga. uheldig utforming av elveinntak. Luft (medrekna nitrogen) blir rive med og blanda inn i vatnet i trykksjakta. Når trykket blir normalt etter turbinen, blir det overmetting. Det er registrert slik nitrogenovermetting ved 3 kraftverk i fylket: Driva kraftverk, Tafjord kraftverk (Tafjord IV) og Riksheim kraftverk.

Forholda er ikkje fullgodt kartlagde, men sannsynleg innverknad i Driva er nokre hundre meter nedover frå kraftstasjonen. I Tafjorden er det registrert nitrogenovermetting i overflatelaget langt utover fjorden. Her har det ført til fiskedød i oppdrettsanlegg. Verknader på det biologiske systemet i fjorden er ikkje kartlagde. I Riksemelva er det påvist nitrogenovermetting slik at tidlegare fiskekultiveringsarbeid er innstilt.

2.5.2 MÅL

Ut frå den generelle ressurs- og forureiningspolitikken her i landet kan ein formulere mål for dette saksområdet også i vårt fylke. I det vidare arbeidet med forureiningssaker i Møre og Romsdal bør det etter dette bli teke sikte på:

- å oppretthalde evt. oppnå ein tilfredsstillande kvalitet på vassressursane i fylket slik at naturleg biologisk aktivitet blir oppretthalden eller reetablert og som tilfredsstiller dei einskilde aktuelle brukarinteressene, ut frå omsynet til helse, rekreasjon, vassforsyning og næringsmessig utnytting av ressursane.

Ved realiseringa av desse måla vil det til kvar tid vere nødvendig å vurdere kostnadsnivået for aktuelle tiltak i høve til dei interessene som er knytte til dei einskilde vassressursane.

Meir konkret og operasjonelt kan dette bli uttrykt ved at ein gjennom forureiningsforvaltninga i Møre og Romsdal tek sikte på (mål i prioritert rekkjefølgje):

- (M1) - å redusere utslepp frå punktkjelder til akseptabelt nivå slik at ein unngår saprobiering i vassdrag (hovudløp og evt. sideløp), oksygenvikt i djupvatnet i fjordar og innsjøar (gjeld område der dei sivilisatoriske kjeldene til forureining er hovudårsaka til oksygenvikten) samt hygieniske ulemper i vassdrag og overflatevatn i fjordane
- (M2) - å styrkje kunnskapen om forureiningssituasjonen og dei naturgjevne tilhøva i dei einskilde fjordane og vassdraga som grunnlag for framtidig forvaltning
- (M3) - å redusere evt. eliminere tilførselen av miljøgifter til dei fjordane der dette i dag representerer eit problem når det gjeld skadeverknader på dyreliv (inkl fisk), fare for forgiftning av skjel, fisk o.a. som næringsmiddel
- (M4) - å redusere tilførslane av plantenæringsstoff til dei resipientane som er eutrofe i dag, til akseptabelt nivå. Dette vil for vassdraga sin del representere ein oligotrof evt. mesotrof tilstand. For sjøområde vil det vere noko vanskelegare å fastsetje kva som vil vere akseptabelt nivå for eutrofi
- (M5) - å redusere evt. eliminere ulemper og skadar som i fjordar og vassdrag skuldast andre tilhøve enn dei som er nemnde ovanfor

Desse måla er i det følgjande søkt konkretiserte for dei einskilde typene av forureiningskjelder (kommunale utslepp, utslepp frå landbruket, frå fiskeoppdrett m.m). Vidare er det gjennom ei rekkje skjema for fjordar og vassdrag i fylket gjeve ei framstilling av status og langsiktige mål for arbeidet med forureiningssaker i desse vassressursane.

2.5.2.1 Kommunale utslepp

Operasjonelle mål:

- A. Få utarbeidd samla oversiktsplan for avløpsdisponeringa i den enkelte kommune i fylket, som grunnlag for samla kommunal prioritering og forsvarleg forureiningsmessig forvaltning.
- B. Redusere eksisterande avløpsbelastning til Surna, Velledalsvassdraget m.m., Ørstafjorden, Borgundfjorden, Asefjorden, Mauseidvågen, Aspevågen, Malmefjorden og hamneområdet i Kristiansund.
- C. Redusere dei lokale forureiningsmessige og hygieniske ulemmene i samband med hovudutsleppa frå dei største tettstadene.
- D. Hindre auka forureining av vassdrag og sjøområde.

2.5.2.2 Industriutslepp

Operasjonelle mål:

- A. Ved nye industriverksemder skal det ikkje oppstå forureiningsvernader som fører til vesentleg ulempe for andre brukarinteresser eller for det biologiske systemet.
- B. Eksisterande industriverksemder må om mogleg gjennomføre tiltak for å redusere eksisterande utslepp dersom desse fører til vesentleg ulempe for andre brukarinteresser eller det biologiske systemet. Spesielt vil dette gjelde industribedrifter som tidlegare ikkje har fått vilkår i eit utsleppsløyve etter forureiningslova (t.d. fiskeforedling, fiskeoppdrett). Slike tiltak vil òg vere aktuelle ved bedrifter som allereie er blitt konsesjonsbehandla, men der det er behov for å redusere forureiningstilførslar til resipienten.

2.5.2.3 Kloakkutslepp frå spreidd busetnad

Operasjonelle mål:

- A. Ny spreidd busetnad skal ikkje føre til forureining av mindre vassdrag slik at det blir vesentleg tilgroing, luktproblem og hygieniske ulemper.
- B. Ny spreidd busetnad skal ikkje føre til forureining av vassdrag med eutrofieringsproblem.
- C. Eksisterande kloakkløysingar for spreidd busetnad må drivast og vedlikehaldast slik at reinseeffekten og funksjonen blir oppretthalden.
- D. Eksisterande kloakkløysingar for spreidd busetnad som ikkje er behandla etter gjeldande forskrifter må opprustast. Dette arbeidet må i første omgang gjennomførast i område med vesentlege lokale ulemper eller der det er eutrofieringsproblem.

2.5.2.4 Forureining frå landbruk

Operasjonelle mål:

- A. Pressafttilførselen til vassdrag skal vere redusert med 30 % i høve til no.
- B. Næringssaltavrenning til vassdrag pga. utette og for små gjødsella-ger skal vere eliminert for følgjande prioriterte vassdrag:
 - Batnfjordselva
 - Eidsdalselva
 - Farstadelva
 - Hustadelva
 - Nosvassdraget

For Surna skal dette bli redusert med 50 % i perioden.

Avrenning av næringssalt til vassdrag pga. vinterspreiing av husdyrgjødsel skal bli redusert med 25 % i perioden.

Næringssaltavrenning til vassdrag frå mjølkeromsavløp skal reduserast i størst mogleg grad.

- C. Alle direkteutslepp av gjødsel til sjø og vassdrag som fylkesmannen kjenner til i dag, skal vere stoppa.
- D. Alle pelsdyrfarmer der gjødsel fell i eller rett ved vassdrag skal vere sikra forsvarleg gjødseldisponering. Ingen pelsdyrfarmer skal etablerast der det er opplagt fare for vassforureining.
- E. Redusert arealavrenning pga. overgjødsling.

2.5.2.5 Forureining frå fiskeoppdrett

Operasjonelle mål:

- A. Det skal ikkje til noka tid oppstå kritiske oksygenforhold ($< 3 \text{ mg O}_2 / \text{l}$) i sjøresipientar på grunn av utslepp frå fiskeoppdrettsanlegg i planperioden. Ingen sjøresipientar der det er lokalisert fiskeoppdrettsanlegg skal ha mindre enn 5 mg i mektige botnlag gjennom lengre tid.

Det skal ikkje oppstå eutrofieringsproblem i sjøresipientar på grunn av utslepp frå fiskeoppdrettsanlegg. Lokale ulemper som groing og feittlag rett ved anlegga skal avgrensast i størst mogleg grad.

Utslepp til ferskvassresipientar skal til vanleg ikkje finne stad.

- B. Vassuttak til setjefiskproduksjon skal ikkje føre til eutrofierings- eller saprobieringsproblem i vassdrag.
- C. Det skal ikkje oppstå skadeleg forureining av vassdrag eller sjøområde på grunn av avrenning frå slamdeponi frå fiskeoppdrettsanlegg.

- D. Bruk av medisin, reingjerings-, desinfeksjons- eller antigroemiddel skal ikkje føre til skadeverknader på økosystemet i resipienten.
- E. Støy og lukt frå oppdrettsanlegg skal reduserast til eit nivå som ikkje medfører ulemper for folk som bur ved anlegga.

2.5.2.6 Forureining i samband med vassdragsregulering

Operasjonelle mål:

- A. Ved ny vassdragsregulering (kraftutbygging, setjefiskanlegg, vassforsyning) skal det ikkje oppstå forureiningsverknader som fører til vesentleg ulempe for andre brukarinteresser medrekna det biologiske system. Det skal i nødvendig utstrekning gjennomførast avbøtande tiltak eller fastsetjast vilkår som hindrar alvorlege konsekvensar.
- B. Ved eksisterande anlegg der det i dag er stor ulempe for andre brukarinteresser bør det gjennomførast relevante tiltak for å redusere/avhjelpe problemet. Dette gjeld m.a. nitrogenovermetting ved Driva Kraftverk, ved Tafjord Kraftverk og ved Riksheim Kraftverk.

||

På dei neste sidene er det gjeve skjema for status og langsiktige mål for forureiningssituasjonen i ei rekkje fjordar og vassdrag i fylket. Skjemaet er ikkje utfyllande når det gjeld situasjonen i alle fjordar og vassdrag, og det vil ofte vere slik at lokale forureiningsproblem i mindre resipientar ofte representerer store problem for interessene i desse områda. Å gje eit detaljert oversyn over slike lokale problem ligg utanfor ramma av denne planen.

Framstillinga er gjeven ved grad av følgjande eigenskapar:

- E evt.e - eutrofi, synleg algevekst m.m.
- S evt.s - saprobi, heterotrof groing i vassdrag
oksygensvikt evt. sulfid i djuplaget i fjordar
- H evt.h - hygiene, verknad av fersk kloakk (tarmbakteriar...)
- M evt.m - miljøgifter, stort sett i samband med industri
- A evt.a - andre tilhøve(eks. nitrogenovermetting kraftverk)

For kvar av desse eigenskapane er det gjeve ein skalaverdi som følger:

- 4 - stor forureiningsgrad
- 3 - markert forureiningsgrad
- 2 - moderat forureiningsgrad
- 1 - liten forureiningsgrad

Samanhengen mellom status og mål i skjema er gjeven ved at skalaverdien for kvar eigenskap som gjeven i skjema uttrykt ved store bokstavar gjev målet for den aktuelle eigenskapen i vedkomande fjord/vassdrag, medan summen av store og små bokstavar gjev status for den same eigenskapen i vedkomande resipient. Dette kan bli illustrert ved eit eksempel:

4	
3	e
2	e h
1	E S H M A

SØRFJORDEN

Ka: avst.ters.

Utsl: kl, matf

A: -

Konfl:**

Her er status for denne fjorden at han er relativt høgt eutrof (dvs. skalaverdi 3) medan målet for tiltaka i denne fjorden i planperioden er å redusere graden av eutrofi til eit minimum (dvs. til skalaverdi 1).

Tilsvarande er status for fjorden at han er middels påverka m.o.t. hygiene (tilsv. skalaverdi 2), medan det gjennom tiltak er målet å redusere dei hygieniske ulempene i fjorden til eit lågt nivå (til skalaverdi 1).

Ka= Karakteristikk av fjorden,

er gjeven ved: - kyst = kystområde
- open fj. = open fjord
- ters. = terskelfjord
- avst.ters. = avstengd terskelfjord
- poll = brakkvasspoll

Utsl= karakteristikk av tilførsel av forureining til fjorden, gjeven ved:

- kl = omfattande tilførsel av kloakk (frå by, tettstad)
- landbr = punktutslepp landbruk
- ind = industriutslepp
- matf, settef = matfiskanlegg, setjefiskanlegg

A = andre tilhøve er spesifisert nærare ved:


- nitro = nitrogenovermetting kraftverk
- part = høgt partikkelinnhald i vatnet

Konfl= konfliktgrad på grunn av forureiningssituasjonen, gjeven ved:


**** = stor/påvist konflikt
*** = markert/påvist konflikt
** = moderat/potensiell konflikt
* = liten/ingen konflikt

For vassdraga er det nytta ein enklare tilsvarande karakteristikk: Under "Utsl." er det sett "kl" evt. "landbr" dersom vassdraget er vesentleg påverka av kloakk evt. landbruksverksemd (punktutslepp eller i form av diffus tilrenning).


Status og mål for forureiningssituasjonen i fjordar




KJØDEPOLLEN
Ka: avst. ters.
Utsl: settef
matfl.
Konflikt: *




SYLTEFJORDEN
Ka: avst. ters.
Konflikt: **




VANYLVSFJORDEN
Ka: open fj.
Utsl: landbr
Konflikt: **




SYVDSFJORDEN
Ka: ters.
Utsl: landbr, ind
Konflikt: **




ROVDEFJORDEN/
VARTDALSFJORDEN
Ka: kyst
Konflikt: *




HOLMEFJORDEN
Ka: ters.
Utsl: kl, ind
Konflikt: *




OMR. GURSKØYA/
HAREIDLANDET
Ka: avst. ters.
Konflikt: *




DALSFJORDEN
Ka: open fj.
Utsl: settef
Konflikt: *




VOLDSFJORDEN
Ka: open fj.
Utsl: kl, matf
settef
Konflikt: *




KILSPOLLEN
Ka: poll
Konflikt: **




AUSTEFJORDEN
Ka: avst. ters.
Konflikt: **




ØRSTAFJORDEN
Ka: avst. ters.
Utsl: kl, ind
Konflikt: **




BJØRKEVIKA
Ka: avst. ters.
Konflikt: **



NORANGSFJORDEN
Ka: avst. ters.
Konflikt: **



SYKKYLVSFJORDEN
Ka: open fj.
Utsl: kl, ind
Konflikt: **




STORFJ./
HJØRUNDFJ.
Ka: open fj.
Konflikt: *

E - eutrofiering S - oksygensvikt i djupvatnet
H - hygiene, fersk kloakk M - miljøgifter, industriutslepp
A - andre tilhøve (jf. nærare spesifikasjon)


Status og mål for forureiningssituasjonen i fjordar framhald




TAFJORDEN
Ka:open fj.
A:nitro
Konflikt:**




HEISSAFJORDEN
Ka:open fj.
Utsl:kl,ind
Konflikt:*




BORGUNDFJ.
Ka:ters.
Utsl:kl,ind
Konflikt:**




ASEFJORDEN/
MAUSEIDVÅGEN
Ka:avst.ters.
Utsl:kl,ind
Konflikt:**




ASPEVÅGEN
Ka:avst.ters.
Utsl:kl,ind
Konflikt:**




ELLINGSØYFJ.
Ka:ters.
Utsl:kl,ind
A:skipsopplag
Konflikt:*




GRYTAFJORDEN
Ka:open fj.
Konflikt:*




SKODJEVIKA
Ka:avst.ters.
Konflikt:**




BRATTVÅG/SAMFJ.
Ka:åpen fj.
Utsl:kl
Konflikt:*




VATNEFJORDEN
Ka:avst.ters.
Utsl:kl
Konflikt:**




MIDSUNDET
Ka:ters.
Utsl:kl,ind,
div.matf
A:part
Konflikt:**




FLATEVÅGEN
Ka:poll
Konflikt:**




TOMREFJORDEN/
TRESFJORDEN
Ka:ters.
Konflikt:*



ROMSDALSFJ./
LANGFJORDEN
Ka:open fj.
A:gjeld gif-
tige blåskjel
Konflikt:*



RØDVENFJORDEN
Ka:ters.
Konflikt:*



HAMREVÅGEN
Ka:poll
Konflikt:*


E - eutrofiering S - oksygenSVIKT i djupvatnet
H - hygiene, fersk kloakk M - miljøgifter, industriutslipp
A - andre tilhøve (jf. nærare spesifikasjon)

Status og mål for forureinings situasjonen i fjordar framhald


<p>MOLDEFJORDEN/ FANNEFJORDEN Ka: ters. Utsl: kl, ind, matf Konflikt: **</p>	<p>FRØNEFJORDEN Ka: ters. Utsl: kl, ind Konflikt: *</p>	<p>SYLTEFJORDEN/ MALMEFJORDEN Ka: avst. ters. Konflikt: **d</p>	<p>EKILSØYVIKA/ HENDVIKA M.V. Ka: avst. ters. Utsl: kl, ind, div. matf Konflikt: **</p>
<p>KORNSTADFJ./ KVERNESFJ./ Ka: kyst Konflikt: *</p>	<p>BATNEFJORDEN Ka: open fj. Konflikt: *</p>	<p>MØSTVÅGEN Ka: open fj. a: part Konflikt: **</p>	<p>BREMSNES/FREI/ TINGVOLLFJ. Ka: kyst Konflikt: *</p>
<p>KR. SUND HAMNEOMR. Ka: ters. Utsl: kl, ind</p>	<p>KARIHAVET Ka: avst. ters. Utsl: 2 matf Konflikt: *</p>	<p>SUNNDALSFJ. Ka: open fj. Utsl: kl, ind Konflikt: **</p>	<p>HALSAFJ./ TODALSFJ. Ka: open fj. Konfl: *</p>
<p>SURNADALSFJ. Ka: åpen fj. Utsl: kl, ind Konfl: *</p>	<p>STRAUMSVÅGEN Ka: poll Konfl: **</p>	<p>BØFJORDEN Ka: avst. ters. Konflikt: **</p>	<p>HAMNESFJORDEN Ka: avst. ters. Konflikt: **</p>

E - eutrofiering S - oksygenvikt i djupvatnet
H - hygiene, fersk kloakk M - miljøgifter, industriutslepp
A - andre tilhøve (jf. nærare spesifikasjon)


Status og mål for forureiningssituasjonen i fjordar framhald




SKÅLVIKFJ.
Ka: avst. ters.
Utsl: 2 matf
Konflikt: **




VALSØYFJORDEN
Ka: avst. ters.
Utsl: 2 matf
1 settef
Konflikt: ***




FOLDFJORDEN
Ka: avst. ters.
Utsl: 1 matf
Konflikt: **





MJOSUNDET
Ka: avst. ters.
Konflikt: **



AURSUNDET
Ka: ters.
Utsl: kl, ind
Konflikt: *



ARVÅGFJORDEN
Ka: avst. ters
Konflikt: *



E - eutrofiering S - oksygensvikt i djupvatnet
H - hygiene, fersk kloakk M - miljøgifter, industriutslepp
A - andre tilhøve (jf. nærare spesifikasjon)


Status og mål for forureinings situasjonen i vassdrag

<p>AHEIMSELVA SYLTEELVA FISKAELVA NORDDALSELVA SØRDALSELVA Utsl: landbr Konfl: **</p>	<p>ULVESTADELVA TUNGEELVA FOLKESTADELVA BJØRKEDALSELVA HØYDALSELVA Utsl: landbr Konfl: *</p>	<p>AUSTEFJORD- VASSDRAGET Utsl: landbr, settef Konfl: *</p>	<p>ØRSTAEELVA AMDALSELVA FOLLESTADDALS- ELVA Utsl: kl, landbr Konfl: **</p>
<p>HAREIDS- VASSDRAGET Utsl: landbr konfl: **</p>	<p>S. VARTDALSELVA NORANGSELVA Utsl: landbr Konfl: **</p>	<p>N. VARTDALSELVA BARSTADELVA VIKELVA (Bjørke) Konfl: *</p>	<p>BONDALSELVA Utsl: kl, landbr Konfl: **</p>
<p>RIKSEMSELVA A: nitro Konfl: **</p>	<p>VELLEDELSELVA AUREELVA Utsl: kl, landbr Konfl: **</p>	<p>VIKELVA Utsl: kl, landbr A: avfall i elva Konfl: **</p>	<p>STORELVA LANGEDALSELVA BYGDAELVA Utsl: kl Konfl: *</p>
<p>TAFJORDELVA Konfl: *</p>	<p>VALLDØLA Utsl: landbr Konfl: *</p>	<p>STORDALSELVA VAGSVIKELVA ØRSKOGELVA Utsl: landbr Konfl: **</p>	<p>SOLNØRELVA Konfl: *</p>


E - eutrofiering S - saprobiering
H - hygiene, fersk kloakk M - miljøgifter, industriutslepp
A - andre tilhøve (jf. nærare spesifikasjon)




HILDREELVA
VATNEELVA
Utssl:landbr
Konfl:*




SKORGEELVA
(Vestnes k.)
Utssl:landbr
Konfl:*




TRESSA
Utssl:kl,landbr
Konfl:**




MÅNA
INNEJORDELVA
ISTRA
Utssl:landbr
Konfl:**




RAUMA
Utssl:kl,landbr
Konflikt:**




ISA
GLUTRA
VISA
Utssl:kl,landbr
Konfl:**




EIRA
Utssl:landbr
Konfl:**




OPDØLSELVA
OSELVA
(Molde/Nesset)
Utssl:landbr
Konfl:**




SYLTEELVA
TORNESELVA
STAVIKELVA
S. HUSTADELVA
Utssl:landbr
Konfl:***




N. HUSTADELVA
Utssl:Landbr
Konfl:**




FARSTADELVA/
HOSTADVATNET
Utssl:landbr
Konfl:***




NOSVASSDRAGET
LYNGSTADELVA
Utssl:kl,landbr
Konfl:**




BATNFJORDELVA
Utssl:kl,landbr
Konfl:**



USMA
Utssl:landbr
Konfl:**




LITLDALSELVA
A:nitro
Konfl:**




DRIVA
Utssl:kl,landbr
A:nitro
Konfl:**


E - eutrofiering, S - saprobiering, H - hygiene, fersk kloakk,
M - miljøgifter, industriutslipp, A - andre tilhøve




VASSDR.
 STORVATNET-
 STRAUMSVAGEN
 (Tingvoll k.)
 Utsl:landbr
 Konfl:**




ULVÅA
 TODALSELVA
 SØYA
 Utsl:kl,landbr
 Konfl:**




SURNA
 Utsl:kl,landbr
 Konfl:***




BØVRA
 SETTEMSELVA
 AUREELVA
 (Aure k.)
 Utsl:landbr
 Konfl:**



ASSKARDELVA
 Utsl:landbr
 Konfl:**



HOPENELVA
 SÆTRANELVA
 (Smøla k.)
 Utsl:kl,landbr
 Konfl:**



E - eutrofiering, S - saprobiering, H - hygiene, fersk kloakk,
 M - miljøgifter, industriutslepp, A - andre tilhøve

2.5.3 TILTAK

Tiltak mot at ny vassforureining oppstår og at eksisterande vassforureining gradvis blir redusert til eit akseptabelt nivå må gjennomførast innanfor alle område. Når det gjeld opprydding i eksisterande forhold, vil det vere riktig å prioritere tiltak på lokalitetar som er hardest råka av forureining.

2.5.3.1 Kommunale utslepp

- A. For å kunne prioritere rett trengst samla opplysningar om m.a. forureiningssituasjonen, aktuelle, permanente tekniske avløpsløyser for den eksisterande og planlagde busetnaden i kommunen, og kostnadene knytte til dei tekniske løysingane.

Dette er opplysningar som skal gå fram av kommunen sin avløpsrammeplan. Dei kommunane som ikkje har kloakkrammeplan eller har plan som er forelda, skal arbeide ut/oppdatere slik plan.

- B. Redusere forureininga til resipientane nemnde under kapittel 2.5.2.1, B ved å:

- Planleggje og byggje kjemisk reinseanlegg for 16700 pe (RA4) på Ase
- Planleggje og byggje silanlegg for hovudutsleppet i Ørsta og (RA3) Larsgården
- Byggje avskjerande leidningar med overføring til permanente utslepp i samsvar med godkjende tidsplanar.
- Avgrense forureininga frå ny busetnad i same områda ved å styre bustadbygginga til dei områda som avløpsmessig kan knytast til bygde permanente utslepp.

- C. Byggje silanlegg på hovudutsleppa frå følgjande byar/tettstader:

- Surnadal/Skei
- Sunndalsøra
- Andalsnes
- Volda
- Molde (Nøisomhed)
- Kristiansund (Torvhaugen)

2.5.3.2 Industriutslepp

- A. Utslepp frå industrien kan reviderast ved val av prosessar som fører til lita forureining, ved interne reinsetiltak, og/eller ved utslepp via kommunale reinseanlegg.

- B. Ny industri bør lokaliserast slik at behovet for reinsetiltak blir minst mogleg. Dette vil vere teknisk/økonomisk interessant for verksemda, samtidig som at konsekvensane av utsleppet vil bli minst

mogleg. Dette vil òg gjelde i periodar når evt reinseanlegg ikkje fungerer optimalt.

2.5.3.3 Utslepp frå spreidd busetnad

- A. Felles kloakkanlegg vil vere eit aktuelt tiltak for mykje av det som kallast spreidd busetnad, sjå pkt 2.5.3.1.
- B. For ny busetnad vil løysingar i samsvar med forskrifter/tekniske retningslinjer vere obligatoriske løysingar. Desse løysingane vil òg liggje til grunn ved opprusting av gamle/eksisterande anlegg.
- C. I område med eutrofieringsproblem vil det vere aktuelt å redusere fosforbelastninga ved bruk av vaskemiddel med lågt fosforinnhald eller utan fosforinnhald.
- D. Opplæring av entreprenørar m.m. og tilsette i kommunen vil vere viktig for val av løysing, utføring og kontroll av at anlegga blir bygde og vil kunne verke som føresetnaden var.
- E. Regelmessig tømning av slamavskiljarar er heilt nødvendig for at separate anlegg skal fungere som etter planen. Viss ikkje, vil ikkje slamavskiljaren fungere lenger, og evt. filteranlegg vil gå tett.

2.5.3.4 Forureining frå landbruket

A: Pressaftavrenning kan hindrast ved å:

- Tette av siloar og andre anleggsdelar.
- Betre driftsrutinane.
- Sikre seg mot uhell ved å velje enklare løysingar, t.d. unngå sårbare pumpeløysingar. Dobbeltsikring ved å byggje oppsamlingsanlegg for drengvatn, og leie dette til ein inspeksjonskum. Ved lekkasjar i hovudsystemet er det lett å hindre pressaftforureining gjennom å pumpe drengvatn til gjødselkjellar eller spreie dette på eng.
- Slutte med infiltrasjon av pressaft i grunnen for alle siloar.
- Byggje oppsamlingsanlegg for pressafta på utesiloar.
- Overgang til føring med pressaft. Dette vil motivere til å byggje tette oppsamlingsanlegg, og dermed vil ein redusere lekkasjane. Ein unngår vidare forureining pga. av driftsfeil som overrenning av tankvogner m.m., og faren for pressaftavrenning etter spreing på eng blir eliminert.
- Redusere pumping av pressaft til gjødsellager. Spreing av pressafta i lag med gjødsel om hausten gjev langt større fare for forureining enn ved spreing i veksttida. Vidare kan ein risikere auka gjødsel- forureining ved at gjødsellagra blir overfylte.

B: Avrenning av plantenærings salt frå husdyrgjødsel og mjølkeromsavløp til vassdrag kan hindrast ved å:

- Betre lagerkapasiteten slik at vinter- og sein haustspreiing blir unngått.
- Tette gjødsellagra, særleg portane.
- Pløye ned husdyrgjødsel, auke åkerarealet.
- Betre forholdet mellom dyretal og spreieareal.
- Overføre gjødsel frå husdyrbrukarar til bruk med planteproduksjon i område der dette går an.
- Gå over til anna gjødselhandtering (lufting/våtkompostering, gylle).
- Betre grunnarbeidet og lokaliseringa ved bygging av pelsdyrfarmer.
- Ruste opp eller sanere dårlege pelsdyranlegg. Oppsamling og tømning av gjødsel.
- Leie mjølkeromsavløp til gjødselkjellar der det er plass.
- Infiltrere mjølkeromsavløp i grunnen.
- Bruke vaskemiddelkombinasjonar som gjev mindre fosforutslepp.

C: Tiltak for å hindre direkte utslepp av gjødsel til fjordar og vassdrag:

- Overføring av gjødsel til bruk som har ledig spreieareal.
- Leggje ned slike bruk.
- (sjå elles tiltaka under B).

D: Tiltak for å hindre anna arealavrenning:

- Gjødsle etter planar.
- Avgrense haustpløying der det er fare for erosjon.
- Hindre erosjon og avrenning ved å etablere eller ta vare på vegetasjonskantar mot vassdrag og hellingar.

2.5.3.5 Forureining frå fiskeoppdrett

A: For å hindre eutrofiering og oksygensvinn i sårbare resipientar, må ein hindre nyetablering av anlegg med utslepp til slike stader.

Etablerte anlegg som fører til skadeleg forureining må anten flyttast eller sanerast (matfiskanlegg), eller ein fører avløpsvatnet til betre resipientar og på djupare vatn, evt. installerer reinseanlegg (setjefiskanlegg og andre landbaserte anlegg).

Ein kan redusere forureininga frå mæranlegg ved å samle opp slammet i posar under mærene.

Generelt kan ein redusere forureiningsproblema ved å hindre fôrta-
pet. Dette kan skje ved å:

- Sikte tørrfôr.
- Bättre konsistens på, evt. ikkje bruke våtfôr.
- Overgang til fôr som er tilgjengeleg for fisken i lengre tid (ekstrudert fôr).
- Bättre fôrøkonomien ved å føre berre etter behov, unngå overfôring.

Lokale ulemper frå landbaserte anlegg kan også hindrast ved å føre avløpsvatnet ut på djupt vatn.

Feittulemper kan ein unngå ved ikkje å bruke våtfôr med dårleg konsistens, og føre avløp frå fôrkjøken gjennom feittavskiljar før utslepp i resipienten.

B: Uønskt groing i vassdrag etter uttak av vatn til setjefiskproduksjon kan hindrast ved å:

- Fastsetje minstevassføringar.
- Redusere utsleppa frå andre kjelder.

C: Skådeleg forureining av vassdrag og sjøområde etter avrenning frå fiskeoppdrettslamdeponi kan hindrast ved å:

- Plassere desse der det ikkje oppstår fare for avrenning til dårlege resipientar.
- Føre dette slammet inn på reinseanlegg.
- Sleppe dette ut i gode resipientar gjennom djupvassutslepp eller spreie det over større område.
- Fellesløyser for større område.

D: Skadar på økosystemet etter bruk av ulike kjemiske middel kan hindrast ved å:

- Førebyggje sjukdom ved å ha eit godt miljø i anlegga (god lokalisering, mindre fisketettleik)
- Førebyggje sjukdom ved vaksinerings-, smittereduserande tiltak.
- Bättre kontroll over stoffa ved å tilføre dei til kvar einskild fisk i staden for å spreie dei i heile miljøet (gjennom føret).
- Oppsamling av desinfeksjons- og antigroebad.

E: Luktulemper kan hindrast ved å tørke nøter på stader der dette ikkje medfører ulemper.

Støyulemper kan hindrast ved å innføre meir støysvake fôringsautomatar.

Generelt kan ein unngå desse problema ved å plassere oppdrettsanlegga i god avstand frå busetnad. Anlegga bør vere plassert i regulererte område eller område avsette til dette i arealdelen av kommunepleanane.

2.5.3.6 Forureining i samband med vassdragsregulering

- A. Krav til minstevassføring i vassdrag vil hjelpe til med å oppretthalde rimeleg fortynningskrav av evt utslepp.
- B. Ekstraordinære tiltak eller reinseanlegg vil redusere utslepp, og dermed vere med på å redusere konsekvensar av ei regulering.
- C. Krav om periodiske flaumar vil vere med på å vaske ut tilgroing m.m.
- D. Inntaksarrangement vil verke mykje inn på forureininga. Inntaksdjup i magasinet vil ha noko å seie for temperaturen i vatnet. Inntaksarrangementet vil òg bestemme kor vidt det skal oppstå gassovermetting.

2.5.4 VERKEMIDDEL

2.5.4.1 Kommunale utslepp

Administrative verkemiddel

- Forureiningslova med forskrifter gjevne i medhald av denne
- Plan- og bygningslova
- Lov om vass- og kloakkavgifter
- Faglege retningslinjer

Økonomiske verkemiddel

- Lån (Noregs Kommunalbank)
- Tilskott (Miljøverndepartementet, Kommunaldepartementet)
- Kommunale løyvingar
- Kommunale forskrifter om kloakkavgifter

Samarbeid med kommunar og/eller andre
Informasjon og rettleiing

Det er i dag mange nok verkemiddel. Dei økonomiske verkemidla er likevel så avgrensa at det vil ta svært lang tid før det er rydda i eksisterande forhold.

2.5.4.2 Industriutslepp

Administrative verkemiddel

- Forureiningslova med forskrifter gjevne i medhald av denne
- Plan- og bygningslova
- Lov om vass- og kloakkavgifter
- Faglege retningslinjer

Økonomiske verkemiddel

- Kommunale forskrifter om kloakkavgifter
- Samarbeid med kommunar og/eller andre
Informasjon og rettleiing

Det er i dag mange nok verkemiddel.

2.5.4.3 Utslepp frå spreidd busetnad

Administrative verkemiddel

- Forureiningslova med forskrifter gjevne i medhald av denne
- Plan- og bygningslova
- Lov om vass- og kloakkavgifter
- Faglege retningslinjer

Økonomiske verkemiddel

- Kommunale forskrifter om kloakkavgifter

Samarbeid med kommunar og/eller andre

Informasjon og rettleiing

Det er i dag mange nok verkemiddel.

2.5.4.4 Forureining frå landbruket

Administrative verkemiddel

- Forureiningslova med forskrifter gjevne i medhald av denne
- Plan- og bygningslova
- Faglege retningslinjer

Økonomiske verkemiddel

- Lån (Statens landbruksbank)
- Tilskott (Landbrukets Utbyggingsfond)
- Skattefrie fondsavsetjingar

Samarbeid med kommunar (landbruksetaten) og/eller andre
(Fylkeslandbrukskontor, forsøksringar, kraftlag)

Informasjon og rettleiing

I dag manglar vi verkemiddel til å redusere arealavrenning. Aktuelle verkemiddel er reviderte forskrifter om lagring og spreing av husdyrgjødsel med nærare reglar om gjødselspreiing (spreiemåte, spreietidsrom) og avgift på kunstgjødsel.

Det er òg behov for å auke tilskottsramma til Møre og Romsdal til utbetring m.m. av gjødsellager.

2.5.4.5 Forureining frå fiskeoppdrett

Administrative verkemiddel

- Forureiningslova med forskrifter gjevne i medhald av denne
- Plan- og bygningslova
- Vassdragslova
- Faglege retningslinjer

Økonomiske verkemiddel

Samarbeid med kommunar og/eller andre (fiskerisjef, oppdrettsforeining)

Informasjon og rettleiing

Med mange individuelle løyve vil det vere ønskjeleg å ha nasjonale forskrifter for drift av fiskeoppdrettsanlegg, med tilhøyrande retningslinjer. Slike forskrifter vil forenkle utskriving og åjorføring av utsleppsløyve, og gjere at det ikkje blir nødvendig å enkeltbehandle mange av eksisterande anlegg utan utsleppsløyve (dei som det berre er aktuelt å fastsetje standardiserte krav for drift for).

2.5.4.6 Forureining i samband med vassdragsregulering

Administrative verkemiddel

- Forureiningslova med forskrifter gjevne i medhald av denne
- Plan- og bygningslova
- Vassdragslova
- Vassdragsreguleringslova
- Faglege retningslinjer

Økonomiske verkemiddel

Samarbeid med kommunar og/eller andre (NVE, kraftverk, setjefiskallegg, veterinærtenesta, helsestyresmakta)

Informasjon og rettleiing

2.5.5 AKTIVITETAR

2.5.5.1 Kommunale utslepp

Dei langsiktige nasjonale måla innan avløpssektoren kan best løysast ved ein planstyrt utbyggingspolitikk.

Som styringsgrunnlag er det særst viktig for kommunane å ha samla oversikt over situasjonen når det gjeld forureining i kommunen og dei tiltaka som må setjast inn for å halde denne under kontroll.

Vi må difor sjå det som vår viktigaste forvaltningsoppgåve i planperioden å arbeide for at kommunane har oversiktsplan for sektoren som mest mogleg er å jour med utviklinga i kommunen.

Fylkesmannen treng òg dette grunnlaget for ei samla kommunevis konsesjonsbehandling, der vilkår og fristar er avstemde til forureiningssituasjonen, prioritert arealdisponering og dei økonomiske rammevilkåra som rår.

I LTP-planperioden skal såleis fylkesmannen:

- a. Ved bruk av informasjon, økonomiske verkemiddel og lovverk, arbeide for at det blir arbeidd ut avløpsrammeplanar i dei kommunane som ikkje har slik plan i dag, samt at eksisterande avløpsrammeplan blir haldne å jour.
- b. Med grunnlag i avløpsrammeplanane arbeide ut kommunevis samla utsleppsløyve.
Utsleppsløyva skal gjevast for 4 år, tilpassa langtidsbudsjettperioden i kommunen.
- c. Ved prioritering av økonomiske verkemiddel, fastsetjing, evt. oppfølging av konsesjonsvilkår arbeide for at tiltaka nemnde som delmål 2 og 3 kan gjennomførast i LTP-perioden.
- d. Ved oppfølging og kontroll ettersjå at gjeldande konsesjonsvilkår/fristar blir etterlevde og at tilrettelegging for ny busetnad skjer i tråd med evt. godkjend rammeplan.

- e. Motivere kommunane til i rimeleg grad å nytte det høvet dei har til å dekkje sine kostnader til avløpsutbygging gjennom kloakk-avgiftene, og i samband med godkjenning av avgiftsvedtak/ budsjett sjå til at avgiftsmidlane blir nytta etter føresetnadene.
- f. Arbeide for, evt. i samarbeid med andre miljøvernavingar, at dei kommunane som har høggradig reinseanlegg kan få tilbod om driftsassistanse.
- g. Behandle søknader om einskildutslepp i tettbygd strøk.

2.5.5.2 Industriutslepp

Fylkesmannen sitt mynde når det gjeld industriutslepp er i samsvar med delegasjonen avgrensa til å gjelde fiskeforedlingsbedrifter. For andre industriypar er fylkesmannen ein uttalepart i samband med at Statens forureiningstilsyn behandlar søknad om utsleppsløyve. I andre saker (spesielt plansaker) kan fylkesmannen vere ein meir uformell innspelar når det gjeld lokalisering.

Aktiviteten for planperioden sett opp i prioritert rekkjefølgje, spesifisert på kva mål ein vil søkje å oppnå.

ARTIVITET	MÅL NR.
Krevje søknadsbehandling og behandle søknader for nye fiskeforedlingsbedrifter, ved utviding av eksisterande fiskeforedlingsanlegg og etter klage eller resipientplan.	A, B
Kontrollere at utsleppsvilkår blir oppfølgde ved fiskeforedlingsbedrifter, medrekna oppfølging av klager.	A, B
Uttale seg til søknader som er til behandling hos SFT.	A, B
Vurdere lokalisering av ny industri i samband med planar etter bygningslova.	B

2.5.5.3 Utslepp frå spreidd busetnad

Aktiviteten for planperioden sett opp i prioritert rekkjefølgje, spesifisert på kva mål ein vil søkje å oppnå.

ARTIVITET	MÅL NR.
Rettleie kommunane om forskrifter om separate kloakkutslepp.	A, B

Behandle klager på kommunale vedtak etter forskrifter om separate kloakkutslepp. A, B

2.5.5.4 Forureining frå landbruket

Aktivitetar for planperioden sett opp i prioritert rekkefølge, spesifisert på kva mål ein vil søkje å oppnå. Arbeidsforbruk i veserker pr. år er skissert.

AKTIVITET	MÅL NR.
Kontrollere siloar om sommaren, administrere og dirigere kontrollørane, skrive påleggsvrev, klagebehandling.	A
Følgje opp klager frå publikum	A - D
Effektivisering av arbeidet ved å få forbetra LANDSYS.	
Frigje skattefrie fondsavsetjingar, informasjon og saksbehandling.	A - D
Informere om landbruksforureining, kontakte gardbrukarar, skolar, publikum, organisasjonar, media. Arbeide med handlingsplanen mot landbruksforureining. Stimulere til oppretting av demonstrasjonsfelt der praktikarar kan sjå konkrete tiltak som reduserer forureininga.	A - E
Fastsetje fristar for utbetring av gjødsellager.	B,C
Kontrollere gjødsellager, og skrive påleggsvrev, klagebehandling.	B,C
Kontrollere gjødselutslepp i sjø og vassdrag.	C
Halde kontakt med landbruksetaten og påverke til betre tekniske løysingar. Dette gjeld sikrare og enklare pressaftoppssamlingssystem, anna husdyrgjødselhandtering, betre gjødslingsrutinar, utvikling av gjødseloppssamlingssystem for pelsdyrfarmar.	A - E
Stimulere gardbrukarar til å nytte seg av gunstige finansieringsordningar, få Møre og Romsdal fylke sin kvote av tilskott til bygging av gjødsellager opp på eit nivå som står i høve til fylke ein kan samanlikne oss med.	A - D
Kontrollere pelsdyrfarmar.	D
Kontrollere ulovleg spreining av husdyrgjødsel, saksbehandling i samband med dette.	B
Kontakte kraftlaga i fylket for å hindre straumutkoplingar på kritiske tidspunkt.	A

Samarbeide med andre etatar som t.d. helseråd.	A - D
Organisere og støtte bekkelag og andre som vil overvake vassdrag.	A - E
Samarbeide med kommunane for å sanere skadelege mjølkeromsavløp.	B

2.5.5.5 Forureining frå fiskeoppdrett

Aktivitetar for planperioden sett opp i prioritert rekkefølge, spesifisert på kva mål ein vil søkje å oppnå. Arbeidsforbruk i vevesverk pr. år er skissert.

AKTIVITET	MÅL NR.
Vurdere søknader om etablering, flytting og utviding av anlegg, gje vilkår i utsleppsløyve, klagebehandl. Synfare lokalitetar.	A, B, E
Arbeid i havbruksutvalet i M. & R. og rådgj.gr. for havbruk under MD.	A - E
Kontrollere at vilkåra i utsleppsløyva blir haldne. Minst ei synfaring pr. anlegg pr. år.	A - E
Overvaking av vasskvaliteten ved problemanlegg, lage prøvetakingsprogram, vurdere resultat og tiltak.	A, B
Lage EDB-register for oppdrettsanlegga i fylket. Samle og legge inn data.	A, D
Oppdatere kunnskap.	A - E
Finne gode løysingar for slamhandtering.	A, C
Innhente oppl. om fôrforbruk og prod. mengd fisk for anlegga i fylket. Rekne utsleppsmengder.	A
Halde kontakt med veterinærar og konsulentar.	D
Kartleggje forureiningspotensiale frå skjelanlegg	A

2.5.5.6 Forureining i samband med vassdragsregulering

Dei aktivitetane som er refererte ovanfor er prioriterte i etterfølgjande aktivitetsplan. Aktivitetsplanen inneheld ei prioritering av innsatsen innanfor dei einskilte arbeidsoppgåver dei ulike åra. Innsatsen er oppført i vekeverk. Det er skilt mellom arbeid utført av fast tilsette i VAR-gruppa, og arbeid utført av engasjert personale/konsulentar.

AKTIVITETSPLAN VASSFORUREINING:

	Vekesverk			
	1987	1988	1989	1990
Arbeid utført av fast tilsette i VAR-gruppa:				
Administrative oppgaver i samband med arealplaner, kommuneplanar og fylkesplan	16	16	16	16
Administrative oppgaver i samband med utsleppsaker (kommunale/separate/fiskeforedling)	32	32	32	32
Administrative oppgaver i samband med fiskeoppdrett, havbruk m.m.	20	20	20	20
Administrative oppgaver i samband med landbruksforureining.	30	30	30	30
Administrative oppgaver i samband med overvaking av fjordar og vassdrag	10	10	10	10
Tilsyn med eksisterande fiskeoppdrett og setjefiskanlegg	10	10	10	10
Behandling av låne- og tilskottssøknader, kommunale avgifter m.m.	8	8	8	8
Ymse, medrekna uventa saker	12	12	12	12
Ferie, interne møte, informasjonsarbeid, kurs og fagseminar	30	30	30	30
Sum fast tilsette	166	166	166	166

Arbeid som må utførast av engasjert personale:

Kontroll med landbruksforureining, spesielt silokontroll	20	20	20	20
Administrative oppgaver i samband med fiskeoppdrett, havbruk m.m.	52	42	32	32
Tilsyn med eksisterande fiskeoppdrettsanlegg i drift.		10	20	20
Utarbeide EDB-register for lagring m.m. av overvakingsdata	12			
Overvaking av vassdrag og fjordar, medrekna EDB-registrering, rapportering m.m.	5	10	10	15
Sum engasjert hjelp	89	82	82	87

2.5.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV

Det meste av arbeidsinnsatsen i VAR-gruppa går i dag til bundne oppgaver. Ei medverkande årsak til dette er at fylket har 38 kommunar og at det er vanskelege/tidkrevjande kommunikasjonar, at det er relativt mykje landbruk, mykje fiskeoppdrett og mange fiskeforedlingsanlegg. Det er likevel ein del oppgaver som bør kunne nedprioriterast eller endrast. Slik nedprioritering av oppgaver eller endring av rutinar kan berre med visse unntak skjje ved prioritering innanfor miljøvernavinga.

I den situasjonen som ein har vore i siste året, har det blitt sett fram tvil om det er rett å behandle t.d. ein ekspropriasjonsøknad om uttak av vatn til eit setjefiskanlegg det er gjeve konsesjon for, når det må liggje mange ubehandla søknader for prosjekt som ikkje representerer konflikhtar i forhold til eigarinteresser eller ålmenne interesser.

Andre oppgaver kan rasjonaliserast. Behandling av kommunale avgifter tek ofte lang tid. Røynsla etter kvart er likevel at mest alle kommunar fattar nye vedtak kvart år. I sum vil godkjenning av slike vedtak til slutt bety ei vesentleg arbeidsbelastning - særleg i eit fylke med så mange kommunar som Møre og Romsdal. Det hadde vore betre at avgiftene blei godkjende t.d. kvart 4. år basert på faste avgiftssatsar for perioden eller på ein vedteken avgiftsstige. Dette ville òg ha ført til mindre arbeid i kommunane.

I langtidsplanen er det ikkje rekna med slike endringar. Det blir lagt opp til å løyse dei oppgaver som ein har i dag, eller som ein ventar seg etter dagens regelverk.

Dei oppgaver som etter forskrifter og regelverk kan delegerast til kommunen, er i dag delegerte.

Mesteparten av dei administrative oppgåvene vil bli dekte av dei fast tilsette. Silokontroll (0,4 årsverk) vil som tidlegare bli utført ved engasjert personale, og dekt over miljøvernavinga sitt eige budsjett.

Talet på søknader om etablering av fiskeoppdrettsanlegg har auka dramatisk. Etablering av fiskeoppdrettsanlegg har store konsekvensar både når det gjeld vassforureining og andre fagfelt innanfor miljøvernavinga sitt arbeidsområde. Behandling av slike saker er det foreslått delvis skal gjerast ved engasjert personale for å unngå restansar eller uakseptabel lang behandlingstid på søknadene (eller på andre saker). I planen er det oppført 1 årsverk i 1987. Fram til 1990 er behovet for ekstrahjelp vurdert til å bli redusert til 0,6 årsverk, samtidig som oppgaver med tilsyn aukar til 0,4 årsverk - til saman 1 årsverk.

Det er behov for eit betra EDB-verkty for lagring m.m. av overvakingsdata. Miljøvernavinga har sagt seg interessert /villig til å stå for dette arbeidet. Det er sett opp 8 vekerverk i 1987. Det er rekna med at dette må finansierast av SFTs budsjett til overvaking (kap 1441, post 61).

Møre og Romsdal er prøvefylke for overvaking av vasskvalitet. Arbeid med dette har teke ein del tid. Frå og med 1987 er det rekna med engasjert ekstrahjelp til rapportering og registrering av data. Dette vil frigjere fast engasjert personale til meir prosjektadministrasjon.

I tillegg kjem behovet for midlar til tilskott til prosjekt som blir gjennomførte i samarbeid med kommunar m.m. Ordninga med prøvefylke for overvaking av vasskvalitet er mellombels (til og med 1988). Ut frå røynslene med ordninga så langt er det ønskjeleg at ordninga blir permanent og at det på bakgrunn av eit sterkt aukande dokumentasjonsbehov i samband med fiskeoppdrett og vurdering av avansert reinsing, skjer ein vesentleg auke av rammene i forhold til situasjonen i dag. Det er ikkje ført opp nokon innsats i tabellen - men ein vil her peike på eit reellt behov på kr 150.000 (1987) - kr 200.000 (1988) - kr 250.000 (1989) - kr 300.000 (1990).

2.6 HOVUDFELT AVFALL

Det er fleire offentlege etatar som har eit forvaltningsmessig ansvar når det gjeld forureininga som kjem frå avfall og slam. Det er derfor viktig at desse har samanfallande mål og prioriteringar. Når det gjeld deponering, er det naturleg at både kommunane, miljøvernadvelinga hos fylkesmannen og SFT arbeider for å nå det same målet når det gjeld dei regionale problema.

Det målet ein arbeider mot når det gjeld handtering av avfall og slam, er å eliminere moglege skadar på helse og naturmiljø. I tillegg vil det for avfallspolitikken vere ressurspolitiske og hygienemessige mål som andre etatar har ansvaret for å utforme.

Nedanfor er SFTs delmål for arbeidet med forureiningsproblema knytt til handtering av avfall og slam vist i prioritert rekkjefølgje. Delmåla og prioriteringa er sett opp på grunnlag av skjønn. Mål som ikkje ligg direkte under fylkesmannen sitt ansvarsområde er òg teke med.

- A1) Utslepp til luft frå avfallsforbrenningsanlegg skal til kvar tid ikkje påføre befolkninga i nærområda helseskadar og heller ikkje gje vegetasjonsskadar. Dei skal heller ikkje auke risikoen for moglege helsemessige langtidsverknader, f.eks. kreft.
- A2) Bidraget frå avfallsforbrenning til forsuringa skal alltid vere minimal. Konkretisert vil dette innebære at utslepp av HCL (salthetsyre) og SO_2 (svoveldioksyd) i 1993 samla ikkje skal utgjere meir enn 8% av måltalet for SO_2 . (Måltalet for SO_2 i 1993 er ca 100000 tonn). Grunngeving for dette er m.a. den plikt Noreg har etter internasjonale avtalar.
- A3) Bidraga frå avfall og slam til forureining av grunnvatn og til akkumulering i jordsmonn og næringskjeder av tungmetalla Cd (kadmium) og Hg (kvikksølv) skal ikkje auke. Dette bidraget er i dag ikkje kjent. Ei konkretisering av delmålet er derfor vanskeleg. Som ein indikasjon for målet blir det sett opp måltal, nemleg at Cd- og Hg-innhaldet i avfall skal reduserast med minst 30%, og at utsleppa til luft frå avfallsforbrenninga skal utgjere maksimalt 30% og 40% av dei samla utslepp til luft frå desse komponentane. Grunngeving for dette er at ein må søkje å redusere tilførslane av desse metalla mest mogleg for å unngå uønskt opphoping og auka risiko for skadeverknader.
- A4) Innan 1990 skal talet på menneske som er plaga av synlege utslepp frå forbrenning av avfall vere redusert med minst 50%.
- A5) I år 2000 skal det ikkje vere noko vesentleg forureining som kjem frå deponering av avfall og slam til store vassdrag. Problema som er knytt til vassforureining, til skadedyr og til lukt ved deponering skal innan 1990 vere redusert med minst 50%.
- A6) Innan 1990 skal problema som er knytt til den generelle forsøpninga vere redusert, slik at talet på menneske som er plaga, blir redusert med minst 50%.
- A7) Korrosjon som følgje av avfallsforbrenning skal til kvar tid vere minimal (under 3 mill kr (1985-kroner)).

- A8) Innan 1990 skal all avfallskompost nyttast.
- A9) Vassforureiningsproblema som er knytt til deponering av septikslam skal ikkje auke. Ein kjenner ikkje til omfanget av desse problema i dag, men veit at mengda på slam som skal deponerast vil auke. Ei konkretisering av dette delmålet er derfor vanskeleg å gje, men som måltal blir det sett opp at minst 75% av septikslammet skal deponerast forsvarleg.

2.6.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Avfall er eit samansett omgrep. Forureiningslova definerer 3 kategoriar avfall: Forbruksavfall, produksjonsavfall og spesialavfall. Desse definisjonane er refererte nedanfor under omtale av kvar avfallstype. Manglande eller mangelfulle løysingar for oppsamling/mottak og behandling/deponering av avfall fører til ulike konsekvensar avhengig av avfallstype. Slike konsekvensar kan vere forsøpling, lukt, insekt/skadedyr/fuglar, vassforureining, luftforureining, hygieniske ulemper, giftverknad (akutt/kronisk).

2.6.1.1 Forbruksavfall

Forbruksavfall er vanleg avfall, også større gjenstandar som inventar o.l. frå hushald, mindre butikkar o.l. og kontor. Det same gjeld avfall av tilsvarande art og mengd frå anna verksemd. Forbruksavfall blir ofte kalla kommunalt avfall.

Samansetning og mengd av hushaldsavfall er relativt godt kjent. Avfallsmengda pr innbyggjar er i gjennomsnitt ca 180 kg/år. Om lag 1/3 er papp/papir, 1/3 vegetabiliske og animalske produkt og 1/3 anna, d.v.s. plast, gummi, lær, tekstil, metall, glas m.m. Den totale mengda med forbruksavfall (som også gjeld liknande avfall frå kontor og forretningar) vil variere frå kommune til kommune, og vil vere avhengig av kor mange innbyggjarar det er i kommunen, og verksemd elles i kommunen. Pr innbyggjar vil såleis total mengd forbruksavfall vere størst i byar og område med mange ekstra avfallsprodusentar.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har eit visst tilbod for mottak og behandling av forbruksavfall. I dei fleste kommunane er det eit godt utbygd tilbod med tvungen renovasjon i heile kommunen. Nokre kommunar har berre tvungen renovasjon i dei sentrale delane av kommunen. Ein kommune har frivillig renovasjonsordning for delar av kommunen. Ein kommune har enno ikkje ordna med noko innsamling av forbruksavfallet, og sørgjer berre med behandling (brenning) av avfallet folk leverer frivillig. I 1980 var 73% av befolkninga med på renovasjonsordning (SSB 84/4). Etter denne dato er renovasjonsområda utvida i mange kommunar.

I mange kommunar blir det praktisert "vegkanthenting". Dette inneber at abonnenten sjølv må få sekken fram til veg. Dette fører til mindre kostnader ved innsamlinga. Det er registrert ulemper ved ei slik løysing. Avfallsekken kan bli opna av fuglar og dyr, som spreier avfallet utover. Fylkeslegen meiner at vegkanthenting er lite tilfredstillande hygienisk sett.

Behandling av avfall skjer idag i fyllingar og forbrenningsanlegg.

Forbrenningsanlegg krev også fylling i tillegg for deponering av ikkje-brennbart avfall og slag. Svært mange av avfallsanlegga i fylket er mindre gode og bør snarast bli erstatta med nye løysingar. Dei fleste behandlingsanlegga (12) tek i dag imot avfall frå berre ein kommune. Einskilde anlegg tek imot avfall frå fleire kommunar. Eit slikt samarbeid er dels etter avtale mellom kommunane (3 anlegg), eller som ledd i eit meir formalisert interkommunalt samarbeid (3 anlegg).

Teiknforklaring tabellar:

- + Akseptabel løysing
- 0 Ikkje vurdert
- små ulemper/manglar
- store ulemper/manglar

Oversikt over omfang av innsamling og behandling av forbruks-
avfall i Møre og Romsdal - og miljøkonsekvensar

Kommune	Om- fang	Inn- sam- ling	Be- handling	Anlegg	Eigar	Vass- foru- rein.	Luft- foru- rein.	For- søp- ling	Hy- gi- Lukt	ene
Vanylven	--	--	Små omnar	5 stk	Kommunen	0	--	-	--	--
Volda	-	-	Forbr.anl	Alida	Ørsta/Volda	-	-	--	-	-
Ørsta	-	-	Forbr.anl	"	Reinholdss.					
Sande	-	-	Fylling	Larsnes	Kommunen	+	0	+	+	+
Herøy	+	-	Forbr.anl	Saunes-	Søre Sunn-	0	-	+	+	+
Ulstein	+	-	Forbr.anl	marka	møre Rein-					
Hareid	+	-	Forbr.anl	"	holdssverk					
Alesund	+	+	Fylling	Bingsa	Alesund	+	0	-	-	-
Sula	+	-	Fylling	"	kommune					
Skodje	+	+	Fylling	"	"					
Ørskog	+	-	Fylling	"	"					
Stordal	+	-	Fylling	"	"					
Norddal	+	-	Fylling	"	"					
Vestnes	+	-	Fylling	"	"					
Stranda	+	-	Fylling	"	"					
Sykkylven	+	-	Forbr.anl	Vikedalen	Kommunen	0	-	-	-	-
Giske	+	-	Fylling	Vigra	Kommunen	--	0	-	0	-
Haram	+	-	Forbr.anl	Nøsa	Kommunen	0	-	-	0	-
Sandøy	-	-	Fylling	Steinshamn	Kommunen	-	0	--	--	--
Rauma	+	-	Fylling	Isfjorden	Kommunen	--	0	-	-	-
Molde	+	-	Fylling	Arødalen	Romsdals-	+	0	-	-	-
Midsund	+	-	Fylling	"	halvøy					
Fræna	+	-	Fylling	"	Interkomm.					
Eide	+	-	Fylling	"	Renovasjons-					
Gjemnes	+	-	Fylling	"	selskap					
Averøy	+	-	Fylling	"	(RIR)					
Aukra	+	-	Fylling	Sæter	Kommunen	-	-	-	-	-
Nesset	+	-	Fylling	Toven	Kommunen	--	0	-	-	-
Sunndal	+	-	Fylling	Håsøran	Kommunen	--	-	-	-	-
Tingvoll	-	-	Fylling	Bergsli	Privat	-	-	0	0	-
Kr.sund	+	+	Fylling	Hagelin	Kr. sund	-	0	--	--	--
Frei	+	-	Fylling	"	kommune					
Smøla	+	-	Fylling	"	"					
Surnadal	+	-	Fylling	Surnadals-	Surnadal	-	0	-	-	-
Halsa	+	-	Fylling	øra	kommune					
Rindal	+	-	Fylling	"	"					
Aure	-	-	Fylling	Aure	Kommunen	--	0	-	-	-
Tustna	--	-	Fylling	Brandsvik	Kommunen	--	0	-	-	-

Kommune	Anlegg	Konse- sjon	Tids- rom	Planer	Ny løysing
Vanylven	5 stk	Nei	Kort	Ja	Mange alternativ
Volda Ørsta	Alida "	Nei	Kort	Ja	Mange alternativ
Sande	Larsnes	Ja	Kort	Nei	-
Herøy Ulstein Hareid	Saunes- marka "	Ja	Perma- nent	-	-
Alesund Sula Skodje Ørskog Stordal Norrdal Vestnes Stranda	Bingsa " " " " " "	Ja	Kort	Ja	Forbrenningsanlegg (Tafjord Kraftselskap) " " " " Eigen fyllplass (Øverås) Forbrenningsanlegg (Tafjord kraftselskap)
Sykkylven	Vikedalen	Nei	Kort	Ja	"
Giske	Vigra	Nei	Kort	Ja	"
Haram	Nøsa	Nei	Kort	Ja	"
Sandøy	Steinshamn	Nei	Kort	Ja	"
Rauma	Isfjorden	Ja	Perma- nent	-	-
Molde Midsund Fræna Eide Gjemnes Averøy	Arødalen " " " "	Ja	Perma- nent	-	-
Aukra	Sæter	Nei	Mellom- bels	Nei	-
Neset	Toven	Nei	Mellom- bels	Nei	-
Sunndal	Håsøran	Nei	Kort	Ja	Ny fyllplass (Vikaberget)
Tingvoll	Bergsli	Ja	Mellom- bels	Nei	-
Kristiansund Frei Smøla	Hagelin " "	Ja	Mellom- bels	Nei	-
Surnadal Halsa Rindal	Surnadals- øra "	Nei	Mellom- bels	Nei	-
Aure	Aure	Nei	Kort	Ja	Ny fyllplass (Vingsternes)
Tustna	Brandsvik	Nei	Kort	Ja	"

2.6.1.2 Produksjonsavfall

Produksjonsavfall er avfall frå næringsverksemd og tenesteyting som i art og mengd skil seg frå forbruksavfall.

Produksjonsavfall blir vanlegvis behandla/deponert på kommunal fyllplass. Ein del produksjonsavfall blir nytta som råstoff til annan produksjon. Somme avfallstypar har etter kvart fått stort omfang. Visse andre avfallstypar er det lite av.

Oversikt over behandling av produksjonsavfall i Møre og Romsdal.

Avfallstype	Mengd	Endring	Behandling	Omfang	Vurdering
Slakteavfall	Stor	Auke	Destruksjonsanlegg	Mykje	+
Fiskeavfall	Stor	Auke	Ensilering	Delvis	+
			Dyrefor	Delvis	+
			Sildoljefabrikk	Delvis	+
			Fyllplass m.v.	Delvis	-
			Dumping i sjø	Delvis	--
Matavfall (storkjøkken)	Moderat	Auke	Sterilisering	Ikkje	+
			Fyllplass m.v.	Alt	-
Flis m.v.	Moderat	Auke	Forbrenning	Delvis	+
			Fyllplass m.v.	Delvis	-
Bygnings-/rivingsavfall	Stor	Auke	Forbrenning	Lite	+
			Fyllplass m.v.	Mykje	+
Metall	Moderat	Reduksjon	Attvinning	Mykje	+
			Dumping	Lite	-
Papp, kartong (emballasje)	Stor	Auke	Attvinning	Lite	+
			Fyllplass m.v.	Mykje	-
Plast (emballasje)	Stor	Auke	Attvinning	Ikkje	+
			Fyllplass m.v.	Mykje	-

2.6.1.3 Spesialavfall

Spesialavfall er avfall som det ikkje er føremålstenleg å behandle saman med forbruksavfall på grunn av storleik eller at det kan føre til alvorleg forureining eller fare for menneske og dyr.

Spesialavfall blir i dag berre delvis teke hand om og behandla på ein tilfredsstillande måte. Det er Statens forureiningstilsyn som har avgjerande makt når det gjeld spesialavfall. I samband med etablering av eit apparat for mottak av spesialavfall er Noreg delt

inn i regionar (7) med ein regionansvarleg som skal ha eit ansvar for korleis systemet fungerer praktisk. Trondheim kommune (Trondheim Renholdsverk) er regionansvarleg for Møre og Romsdal og dei to Trøndelags-fylka.

Alesund kommune har opparbeidd ein oppsamlingsplass (med container-løysing) som er klar til å takast i bruk. To firma har søkt om godkjenning som operatørar (mottakarar/transportørar av spesialavfall. Dette er: Brødrene Haugen, Langevåg og Miljørens A/S (S.A. Hoel), Emblem.

Oversikt over behandling av spesialavfall i Møre og Romsdal

Avfallstype	Mengd	Operatør	Behandling	Vurdering
Spillolje og oljeavfall m.v	Mykje	Oljeselskap Operatørar	Fyllplass Forbrenning Behandling/ attvinning	Dårleg oversikt Moderat dekning Stor ulempe Stor konflikt
Kloakkslam	Mykje	Privat/ kommunal	Avvatning/ deponering Dumping	Manglar oversikt Dårleg dekning Stor ulempe Stor konflikt
Fiskeavfall (sjuk fisk)	Moderat	Privat	Fyllplass Behandling/ attvinning	God oversikt Dårleg dekning (usikker løysing) Stor ulempe (risiko) Stor konflikt (risiko)
Matavfall frå utanlandske skip	Lite	Privat/ kommunal	Fyllplass utan avsig Forbrenning	Dårleg oversikt Dårleg dekning Stor ulempe (risiko) Stor konflikt (risiko)
Avfall med tungmetall- innhald	Lite	Privat Kommunal Operatør	Behandling/ attvinning	Dårleg oversikt Dårleg dekning Stor ulempe Stor konflikt
Løyse- middel	Lite	Privat Operatør	Behandling/ attvinning	Dårleg oversikt Dårleg dekning Moderat ulempe Moderat konflikt
Plantevern- middel	Lite	Privat Operatør	Fyllplass Behandling	Dårleg oversikt Dårleg dekning Moderat ulempe Moderat konflikt
Medisin m.v.	Lite	Privat Kommunal Operatør	Fyllplass Behandling	Dårleg oversikt Dårleg dekning Moderat ulempe Moderat konflikt
Bilvrak m.v.	Mykje	Privat	Behandling/ attvinning	God oversikt God dekning Lita ulempe Liten konflikt

Bad/ slam	Moderat Privat	Avvatning	God oversikt
frå galvanoteknisk verksemd		Avgiftning	God dekning
		Deponering	Lita ulempe
		Attvinning	Liten konflikt

Bilvrak og metallavfall

Som ledd i eit nasjonalt system for innsamling av bilvrak og anna metallskrap, er det i dag etablert 5 oppsamlingsplassar for bilvrak i fylket. Desse er:

Namn	Adresse	Dekningsområde (kommune)
Eiksund Gjenvinning A/S	6170 Vartdal	Giske, Sula, Vanylven Volda, Ørsta og Alesund
G Eilertsen A/S	6090 Hareid	Hareid, Herøy, Sande og Ulstein
Simonsen A/S	Postboks 1013 6401 Molde	Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Midsund og Molde
American Car Club Sunndalsøra	Postboks 210 6601 Sunndalsøra	Sunndal
Jema A/S	Postboks 372 6501 Kristiansund	Averøy, Frei, Smøla, Kristiansund og Tustna

Alle desse plassane er godkjende etter forureiningslova. Plassane til G. Eilertsen A/S i Hareid og American Car Club på Sunndalsøra reknar ein med blir flytta til ein annan plass i kommunen i løpet av få år/kort tid.

Dessutan er det mange firma som driv med opphogging av bilvrak. Desse har delvis vanlege bilverkstad-lokalitetar, delvis meir ukontrollert og usystematisk drift i det fri. Dette kan enkelte stader føre til fare for både forsøpling og forureining.

Inndeling av ansvarsområde er ikkje fullført for heile fylket. Ein del perifere kommunar blir av den grunn heller dårleg dekt i dag.

Skipsavfall

Det er fastsett forskrifter om etablering av mottaksordningar for avfall frå skip. Forskriftene set som vilkår at det (frå 1. mai 1982) skal vere mottaksordning ved alle hamner. Denne mottaksordninga er stort sett gjennomført ved dei mest trafikkerte hamnene i fylket.

Veterinærstyresmaktene er opptekne av at matavfall frå utanlandske skip ikkje skal føre til fare for spreiding av smittefarlege sjukdommar, t.d. munn og klauv- sjuke.

Forskriftene krev vidare at det (frå 1. desember 1982) skal vere mottaksordning for oljehaldig avfall. Denne mottaksordninga skal dekkje hamner der det kan bli oljehaldig avfall, og dessutan skips-

reparasjonsverkstader.

Det kjem inn enkelte klager på oljeutslepp frå skipsreparasjonsverkstader. Det har ikkje vorte sett i gang nokon inspeksjon av anlegg for å kontrollere at opplegget i forskriftene blir følgt opp.

Attvinning

Det er etablert ordningar for attvinning av ein del tradisjonelle avfallstypar i Møre og Romsdal.

Metallavfall, dreiespon, kabelavfall m.v. blir vanlegvis oppsamla, behandla og selt som råstoff for vidare produksjon. Det er fleire skraphandlarfirma som driv med dette, herunder også transportfirma som tar delar av avfallet.

Attvinning av isolert kabelavfall har vanlegvis skjedd ved avbrenning av isolasjonen. Slik avbrenning har skjedd delvis på skraphandlartomta, delvis på plassar langt frå folk. Open avbrenning utviklar røyk og skadelge gassar og er ei ulempe for arbeidsmiljø og nabolaget. Eitt firma driv med mekanisk utskiljing av metallet frå isolasjonen.

Sølv i røntgenbilde og framkallingsbad blir attvunne av eitt firma. Firmaet dekkjer store delar av landet.

Omtrent alt slakteavfall i fylket blir levert destruksjonsanlegg. Her blir avfallet sterilisert og bearbeidd/inndampa slik at feitt og protein blir sluttresultat.

Fiskeavfall blir i dag stort sett attvunne. Avfallet blir anten ensilert, levert sildoljefabrikk eller levert til fôrkjøken m.m. ferskt eller frose.

Papp, papir og kartong blir berre delvis attvunne. Nokre firma har mottak for slikt avfall. Mesteparten av papiravfallet m.m. hamnar likevel i dag på kommunal fyllplass eller forbrenningsanlegg.

Matavfall blir i dag ikkje attvunne i Møre og Romsdal. Det er spesielt matavfall frå storhushald som vil vere aktuelt å attvinne. I 1985 blei det lagt fram planar om innsamling av matavfall frå sjukehuskjøken, hotellkjøken m.m. i området Alesund - Molde - Andalsnes. Dette vil omfatte ca 400 tonn matavfall (ca 150 000 fôreiningar - eller nok til til å føre opp 2000 gris pr år).

2.6.2 MÅL

Langsiktige mål er

- å unngå at det oppstår nye avfallsproblem
- å redusere eksisterende avfallsproblem
- å få til attvinning av avfall der dette synest riktig ut frå omsynet til miljø, ressurar og økonomi.

Konkret kan måla beskrivast slik for planperioden:

Forbruksavfall

- A1. Alle kommunar skal ha innført innsamlingsordning for forbruksavfall etter § 30 i forureiningslova. Innan 1990 bør 90 % av befolkninga vere tilslutta innsamlingsordning. Det bør vere tilfredstillande ordningar for hyttérenovasjon.
- A2. Innsamlingsordninga må vere slik at det ikkje oppstår forsøpling eller smittefare/hygieniske ulemper. Innan 1990 skal omfanget av "vegkanthenting" (i ubeskytta sekker) reduserast med 50 %.
- A3. Innan 1990 skal 70 % av innsamla forbruksavfall bli behandla på avfallsplassar og forbrenningsanlegg som ikkje fører til vesentleg vassforureining, luftforureining, lukt eller anna ulempe.

Produksjonsavfall

- A4. Det er mangelfull oversikt over mengder av produksjonsavfall og korleis slikt avfall blir behandla i dag. Innan 1990 bør det vere innhenta opplysningar som klargjer problem og evt eksisterande løysingar.
- A5. Innan 1990 skal 95 % av fiskeavfallet takast hand om slik at det ikkje oppstår forureining, forsøpling eller andre ulemper. Fiskeavfall skal ikkje lenger dumpast i sjøen, og unntaksvis deponerast i fylling. Dette vil seie at mest alt fiskeavfall blir attvunne/nytta som fôr.
- A6. Matavfall bør om mogleg nyttast som dyrefôr. Innan 1990 bør det vere utarbeidd planar for å nytte matavfall frå storkjøken i fylket til dyrefôr.
- A7. Papp, papir og kartong bør attvinnast. Innan 1990 bør det vere etablert innsamlingsordningar for papir, papp og kartong som dekkjer storforbrukarar i fylket.

Spesialavfall

- A8. Det er mangelfull oversikt over mengder av spesialavfall og korleis slikt avfall blir behandla i dag. Innan 1990 bør det vere innhenta opplysningar som klargjer problem og løysingar.
- A9. Mengd av spesialavfall bør reduserast til eit minimum. Evt produkt /varer som i produksjon, bruk eller ved kassering kan skape spesialavfall bør om mogleg erstattast med andre produkt med mindre krav til behandling.

- A10. Det må etablerast ei tilfredstillande ordning for mottak/behandling av spesialavfall. Innan 1990 bør det vere etablert tilbod om mottak/levering av spesialavfall ved oppsamlingsplassar i/ved dei 3 byane i fylket. Noko måltal for innsamling er vanskeleg å kvantifisere.
- A11. Kloakkslam må innsamlast, behandlast og deponerast slik at det ikkje oppstår ulemper når det gjeld forureining, forsøpling eller hygiene. Innan 1990 bør alle kommunar ha etablert innsamlings- og behandlings- ordning for kloakkslam. Vassforureiningsproblema som er knytt til deponering av slam skal minke. Ei konkretisering av dette delmålet er vanskeleg å gje, men som måltal kan nyttast at 75 % av slammet skal deponerast i godkjend ordning. Berre 25 % av slammet skal deponerast i djupvassutslepp (som naudløysing).
- A12. Fiskeavfall frå oppdrettsanlegg, herunder frå slakteri, må behandlast på ein slik måte at det ikkje blir fare for forureining eller smitte. Innan 1990 bør det vere etablert ei ordning for oppsamling, transport og behandling av fiskeavfall, sjuk fisk m.m. frå fiskeoppdrettsanlegg som forureiningsmessig, helsemessig og veterinærmessig er akseptabel.
- A13. Smittefarleg avfall frå skip bør behandlast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for spreiding av sjukdom (for dyr). Innan 1990 bør det vere etablert ordningar for mottak av matavfall frå utanlandske skip (turistskip) som kan godkjennast av veterinærstyresmaktene.
- A14. Bilvrak bør bli vraka og innsamla ved det system med oppsamlingsplassar som er etablert. Innan 1990 bør 95 % av dei vraka bilvraka bli tekne hand om av dei godkjende oppsamlingsplassane.
- A15. Innan 1990 skal mottaksordning for avfall frå skip dekkje alle hamner der det er behov for slik ordning.
- A16. Innan 1990 skal mottaksordning for oljehaldig avfall dekkje alle hamner og aktuelle skipsreparasjonsverkstader.
- A17. Forskjellige former for oppsamling og behandling av metall, bilvrak m.v. skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje oppstår vassforureining eller ulempe i nabolag.

2.6.3 TILTAK

Tiltak for å nå mål A1:

Alle kommunane må vedta forskrifter etter § 30 i forureiningslova, som definerer og avgrensar innsamlingsordninga i kommunen. Kommunen står fritt til å avgrense ordninga unntatt innanfor tettbygd strøk. Der skal det vere tvungen renovasjon.

Kommunane må få stor nok kapasitet på inntransport og behandling av avfall slik at dette ikkje avgrensar ordninga.

Tiltak for å nå mål A2:

Innsamling av avfall må organiserast slik at avfallsekken e.l. blir henta i søppelstativ på vanleg plass, i stativ som er trilla fram til vegkant eller i eit ekstra stativ ved vegkant.

Tiltak for å nå mål A3:

Mange av dei eksisterande avfallsplassane må avløysast med nye (forbrenningsanlegg eller fyllplassar). Dette vil i hovudsak vere Tafjord Kraftselskap sitt forbrenningsanlegg i Alesund, Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap sin fyllplass i Molde, evt lokale/regionale løysingar. Alle plassar som er oppført med kort tidsrom i tabell må ein vurdere å leggje ned som deponeringsplass for forbruksavfall innan 1990.

Når det gjeld eksisterande anlegg som ein reknar med skal vere i drift ut over 1990, må det vurderast anleggs- og/eller driftsmessige tiltak for følgjande plassar:

Anlegg

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk	Saunesmarka	Reduksjon av støvutslepp
Rauma	Isfjorden	Oppsamling av sigevatn, sjøføring.
Tingvoll	Bergsli	Slutt på open brenning
Surnadal	Sylteøran	Slutt på open brenning

Tiltak for å nå mål A4:

Som grunnlag for vidare arbeid med produksjonsavfall må det innhentast opplysningar som klargjer problem og evt eksisterande løysingar.

Tiltak for å nå mål A5:

Det må etablerast behandlingsanlegg eller mottaksanlegg for fiskeavfall over heile fylket.

Tiltak for å nå mål A6:

Som grunnlag for vidare arbeid med matavfall frå storkjøken må det utarbeidast plan for moglege løysingar.

Tiltak for å nå mål A7:

Innsamling og evt sortering/behandling av papp, papir og kartong må skje i privat regi, evt i samarbeid med kommunar og renovasjonsselskap.

Tiltak for å nå mål A8:

Som grunnlag for vidare arbeid med spesialavfall må det innhentast opplysningar som klargjer problem og evt eksisterande løysingar.

Tiltak for å nå mål A9:

Det må etablerast forbod mot bruk av produkt/varer som i produksjon, bruk eller ved kassering kan skape spesialavfall, og der desse produkta kan bli erstatta med andre produkt/stoff med mindre

risiko for miljøulemper.

Produkt og varer som etter bruk eller ved kassering representerer mogleg spesialavfall bør inngå i panteordningar som er så effektive at ukontrollert deponering m.v. ikkje representerer vesentleg omfang/ulempe.

Tiltak for å nå mål A10:

Det mest aktuelle tiltaket for etablering av ei tilfredsstillande ordning for mottak/behandling av spesialavfall i fylket er i første omgang enkle oppsamlingsplassar basert på containersystemet, lokalisert og drivne av avfallsselskap eller kommune ved dei tre byane.

Tiltak for å nå mål A11:

På kort sikt vil det vere aktuelt å oppretthalde fleire av dei eksisterande djupvassutsleppa av kloakkslam, spesielt i område der det ikkje har vore reaksjon/protestar og spesielt store ulemper for andre interesser.

Elles vil det òg unntaksvis vere aktuelt å etablere nokre få nye djupvassutslepp av kloakkslam.

Vanlegvis vil det likevel vere mest aktuelt å deponere slammet mellom i slamlaguner, for avvatning og delvis kompostering. Det kan òg vere aktuelt å etablere mekanisk avvatning av slammet.

Tiltak for å nå mål A12:

I første omgang vil det vere aktuelt å planleggje ei løysing som er driftsmessig trygg, og som forureiningsmessig, helsemessig og veterinærmessig er akseptabel. Aktuelle løysingar er enno ikkje avklåra. Det er nødvendig at sjuk fisk og evt slakteavfall blir behandla og evt oppbevart slik at faren for spreiding av sjukdom blir minimal. Om mogleg bør fisken og avfallet nyttast som før.

Tiltak for å nå mål A13:

Avfall frå utanlandske skip må anten behandlast om bord (forbrenning) eller mottakast på land, transporterast og behandlast slik at det ikkje oppstår fare for spreiding av smittsame dyresjukdommar. Nedgraving i område med god infiltrasjon/lang opphaldstid og forbrenning kan akseptast.

Tiltak for å nå mål A14:

Det er truleg ikkje behov for eller plass for fleire biloppsamlingsplassar. Behov for ein ny plass i området Rauma, Vestnes, Ørskog må likevel vurderast nærare.

2.6.4 VERKEMIDDEL

Det mest sentrale verkemidlet når det gjeld avfallsbehandling er Lov om vern mot forureining og om avfall (Forureiningslova). Dels er det kommunen som har ansvar etter lovverket, dels fylkesmannen, dels Statens forureiningstilsyn.

Lov om produktkontroll (Produktkontrollova) vil òg kunne nyttast for å regulere produkt m.v. slik at dei blir mindre problematiske som avfall, evt at avfallsstraumen blir regulert/styrt ved hjelp av panteordningar eller avgifter. Statens forureiningstilsyn har ansvar etter dette lovverket. Lovheimelen i produktkontrollova blir i dag ikkje utnytta på ein god nok måte. Svært mange produkt som representerer spesielle ulemper som avfall (spesielt spesialavfall) burde blitt forbodne eller omfatta av panteordningar.

Statlege låne- og tilskottsordningar er heilt sentrale verkemiddel når det gjeld planlegging og utbygging av løysingar for avfallsbehandling. I dag er tilgjengelege ressursar svært knappe og det vil ta svært lang tid før alle nødvendige anlegg kan finansierast/gjennomførast.

Kommunale løyvingar er heilt nødvendige for å etablere og drive løysingar/delløysingar som kommunen har ansvar for.

Informasjon vil vere heilt nødvendig overfor alle partar/deltakarar, organisasjonar, verksemdar og einskildpersonar slik at alle er motiverert og informert om gjeldande ordningar og tilbod.

For folk som arbeider med å løyse avfallsproblema på ulike nivå, er det i tillegg behov for skolering/kurstilbod.

2.6.5 AKTIVITETAR

Dei aktivitetane som er referert ovanfor er prioriterte i etterfølgjande aktivitetsplan. Aktivitetsplanen inneheld ei prioritering av innsatsen innanfor dei enkelte arbeidsoppgåver dei ulike åra. Innsatsen er oppført i vekeverk. Det er skilt mellom arbeid utført av fast tilsette i VAR-gruppa og arbeid utført av engasjert personale/konsulentar.

AKTIVITETSPLAN AVFALL

	Vekeverk			
	1987	1988	1989	1990
Arbeid utført av fast tilsette i VAR-gruppa				
Administrative oppgaver i samband med forbruksavfall (deltaking i planlegging, konsesjonsbehandling m.v.)	6	6	6	6
Behandling av låne- og tilskottssøknader, kommunale avgifter m.v.	4	4	4	4
Administrative oppgaver i samband med produksjonsavfall	2	2	4	4
Administrative oppgaver i samband med spesialavfall	2	3	3	4
Utgreiing og planlegging av løysing(ar) for mottak og behandling av sjuk fisk	4	2		
Initiering og deltaking/gjennomføring av plan for attvinning av matavfall frå storkjøken		2	4	
Ymse, medrekna saker som kjem brått på	3	3	3	3
Ferie, interne møte, informasjonsarbeid, kurs og fagseminar	8	8	8	8
Sum fast tilsette	29	30	32	29

Arbeid som må utførast av engasjert personale:

Utgreiing og planlegging av løysing(ar) for mottak og behandling av sjuk fisk	20			
Registrering av eksisterande forhold (problem og løysingar) når det gjeld innsamling og behandling av kloakkslam. Dette er eit grunnlag for vidare arbeid i kommunane.	20	-	-	-
Registrering av eksisterande forhold (problem og løysingar) når det gjeld spesialavfall. Dette er eit grunnlag for vidare arbeid med spesialavfall (medrekna informasjon).		20	-	-
Utarbeiding av avfallsplan for Møre og Romsdal			20	
Utarbeiding av plan for attvinning av avfall				20
Sum engasjert hjelp	40	20	20	20

2.6.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV

Som tidlegare nemnt går det meste av arbeidsinnsatsen i VAR-gruppa til bundne oppgåver.

Alle administrative oppgåver vil bli dekt av dei fast tilsette. I planen er det rekna med ein konstant innsats på om lag 0,6 årsverk.

Ved etablering av fleire interkommunale løysingar/selskap vil ein etter kvart kunne rette innsatsen meir bort frå "førstehjelp" til innsats for å få til stadig betre løysingar. Dette vil også omfatte område som ein ikkje tidlegare har engasjert seg særleg i. Men ein vil vere avhengig av å etablere prosjekt med ekstern finansiering for å få gjennomført viktige oppgåver.

I 1987 (og delvis 1988) er det avsett tid til utgreiing av løysingar for mottak og behandling av sjuk/død oppdrettsfisk. Møre og Romsdal er mellom dei største oppdrettsfylka i landet og behovet for løysingar er prekær. Det er allereie etablert styringsgruppe til prosjektet i samarbeid med fiskeoppdrettarar, industri, fylkesveterinær. Vi har enno ikkje fått midlar til sjølve utgreiingsarbeidet. Søknad er sendt Miljøverndepartementet (Ressursavdelinga). Ressursbehovet til denne planlegginga er sett opp under engasjert personell -20 vekeverk.

I 1987 er det ført opp eit prosjekt som gjeld registrering av eksisterande slambehandlingsløysingar, planar m.m. Dette prosjektet vil vere eit reint konsulentoppdrag. Det er søkt om finansiering av Miljøverndepartementes budsjett, Kap 1448, post 63. Søknadssummen er kr 240.000 - oppført i skjema 20 vekeverk.

I 1988 og 1989 er det og avsett tid til initiering og planlegging av løysingar for attvinning av matavfall frå storkjøken. Her er førebels ikkje sett opp noko ekstra behov. Det har tidlegare vorte gjort visse sonderingar av mengder matavfall og transportopplegg. Dersom det her må gjennomførast noko større prosjekt, vil ein evt måtte ta opp spørsmål om finansiering.

I 1988 er det oppført eit prosjekt som går ut på å registrere eksisterande mengder og løysingar for spesialavfall. Prosjektet bør ta sikte på å kartleggje situasjonen i fylket slik at ein kan vurdere i kva grad oppsamlingssystemet for spesialavfall fungerer og kva behov det er for betre løysingar, lokal informasjon m.v. Prosjektet må gjennomførast i samarbeid med SFT, Trondheim Renholdsverk (Regionansvarleg), industri og kommunar/avfallsselskap. Det er ført opp 20 vekeverk.

I 1989 er det ført opp eit prosjekt som gjeld utarbeiding av ei avfallsplan for Møre og Romsdal. Ved utarbeiding av handlingsplanen blei ein stadig konfrontert med problemet at det ikkje ligg føre noko systematiserte data for avfallsmengder og løysingar. Arbeidet med avfallsplan bør organiserast som eit konsulentoppdrag, med representantar frå fylkeskommunen, industri og kommunar/avfallsselskap i styringsgruppa.

2.7 HOVUDFELT STØY

2.7.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Fylkesmannen har kontrollansvar for støy i samband med planar etter plan- og bygningslova og veglova. Fylkesmannen sitt ansvar omfattar vegtrafikkstøy, flystøy, jernbanestøy, skytebanestøy, industristøy og støy frå andre kjelder som inngår i arealplanar.

2.7.1.1 Vegtrafikkstøy

Utanom øyane er den spreidde busetnaden i fylket for det meste å finne på strandflatene langs fjordane og i dalbotnane. Her er òg hovudvegnettet ført fram.

Dei fleste riksvegane i fylket har ein årsdøgntrafikk som fører til støybelastning utover dei generelle grenseverdiane i rundskriv T-8/79, for den mest utsette randbusetnaden.

Det er ikkje utført ei tilfredsstillande kartlegging av vegtrafikkstøy i fylket. Ei registrering som er gjennomført i samband med Norsk Vegplan 1986-1989 viser at det i 1980 var meir enn 4000 bustader langs riksvegnettet som hadde meir enn 60 dB(A) støynivå utandørs. Støyulempene kan òg ha eit vesentleg omfang langs mange fylkesvegar og einskilte kommunevegar utan at det ligg føre data for det.

Når det gjeld arealplanar har ein fram til det siste teke lite omsyn til støyulempene frå vegtrafikken. Busetnad som er følsam for støy, finn ein diverre ofte i støyutsette område, der støydempingstiltak i ettertid er vanskeleg å byggje eller dei gjev for liten skjermingseffekt.

Det er i nemnande grad ikkje utført støyvurderingar i samband med oversiktsplanar, og til no er vurderingar/utrekningar med omsyn til vegtrafikkstøy blitt gjort i samband med utarbeiding av regulerings-/vegplanar. Dette er for seint i planleggingsprosessen, då arealdisponeringa på reguleringsplanstadiet i realiteten er fastsett.

Mangel på høvelege byggjeareal gjer at ein òg i framtida må rekne med vesentlege støykonfliktar i fylket. Det er difor spesielt viktig at det på oversiktsplanstadiet blir gjort gode støyvurderingar slik at byggjeformålet best mogleg kan tilpassast støysituasjonen, og ulempene kan avgrensast ved at støydempingstiltak kan planleggjast og byggjast med optimal effekt.

2.7.1.2 Flystøy

Innan fylket er det i dag 3 stamflyplassar, 1 kortbaneflyplass og 2 kortbaneflyplassar under planlegging.

Desse er:

1. Stamflyplassar:

Kristiansund lufthamn,	Kvernberget
Molde lufthamn,	Arø
Alesund lufthamn,	Vigra

2. Kortbaneflyplassar;

Ørsta/Volda lufthamn,	Hovden
Surnadal lufthamn,	Surnadalsøra (under planlegging)
Sunnal lufthamn,	Sunnadalsøra (på skissestadiet)

Alle seks flyplassane er på slike stader at flystøyen i nokon grad kjem i konflikt med og vil verke regulerande på arealbruken for eksisterande og planlagd busetnad.

Det er utarbeidd eit felles støysonekart for småflyplassane. For stamflyplassane ligg det føre støysonekart etter CNR-metoden. Arbeidet med å arbeide ut støysonekart etter EFN-metoden er i gang.

2.7.1.3 Jernbanestøy

I Møre og Romsdal er det berre Rauma kommune som har jernbane.

Strekninga er om lag 55 km.

Samla toglangde er vurdert til 1000 - 1500 m/døgn.

Jernbanen går langs ytre del av Andalsnes tettstad. Elles går linja rett gjennom Verma. Utanom dette er det ein del randbusetnad mellom Andalsnes og Sogge bru. På resten av strekninga er det stort sett berre gardsbruk og enkelthus i tilknytning til desse.

Vi vurderer jernbanestøy åleine til å utgjere ei lita ulempe, men da jernbanelinja går parallelt med E 69 det meste av strekninga, kan summen av støyen nå eit ekvivalentnivå over dei gjeldande rett-leiingane.

Vi har til no berre registrert eitt tilfelle der jernbanestøy i lag med vegstøy gav for høgt ekvivalentnivå.

2.7.1.4 Skytebanestøy, industristøy og annan støy

Det ligg ikkje føre retningslinjer for desse støyslaga.

I samband med planar etter plan- og bygningslova bør fylkesmannen ta opp med kommunen plansituasjonar som verkar dårlege ut frå støyomsyn. Fylkesmannen kan kome med innvendingar til planane dersom støyomsynet til eksisterande og planlagd busetnad ikkje er sikra i rimeleg grad.

2.7.2 VERKEMIDDEL

2.7.2.1 Vegtrafikkstøy

Det er utarbeidd retningslinjer for vegtrafikkstøy (T-8/79). I rundskriv T-1/86 frå Miljøverndepartementet er fylkesmannen gjeven ansvaret for at det blir teke rimeleg omsyn til retningslinjene i planar som blir fremma etter plan- og bygningslova.

I samband med reguleringsplanar har fylkesmannen protestrett dersom ikkje nødvendige støyomsyn er tekne.

2.7.2.2 Flystøy

Det er utarbeidd retningslinjer for flystøy (rundskriv T-22/84).

I rundskriv T-1/86 frå Miljøverndepartementet har fylkesmannen fått ansvar for å sjå til at det blir teke rimeleg omsyn til retningslinjene for flystøy i planar som blir fremma etter plan- og bygnings lova, m.a. ved at flystøysonene er teikna inn på generalplankart og reguleringsplanar, og ved at arealbruken ikkje kjem i strid med retningslinjene i uakseptabel grad.

Fylkesmannen kan kome med innvendingar til planane dersom nødvendige støyomsyn ikkje er tekne.

2.7.2.3 Jernbanestøy

Det manglar retningslinjer for jernbanestøy. Fylkesmannen er i rundskriv T-1/86 frå Miljøverndepartementet tilrådd å ta opp forhold ved jernbanestøy som vedkjem kommune- og reguleringsplanar.

Vi har såleis høve til å ta opp uheldige plansituasjonar med kommunen, og vi kan kome med innvendingar mot planar som vil gje uheldige støyforhold i høve til busetnad.

Ein kan samarbeide med NSB for å kome fram til tiltak med skjener og togmateriell som gjev eit lågare støynivå. Dette bør koordinerast og drivast fram av sentrale styresmakter.

2.7.3 AKTIVITETAR

2.7.3.1 Vegtrafikkstøy

For alle reguleringsplanar som blir fremma, må fylkesmannen kontrollere at vegtrafikkstøyen er vurdert og teken omsyn til.

Likeins må fylkesmannen gjennom fråsegner til oversiktsplanar etter plan- og bygningslova medverke til at vegtrafikkstøy blir vurdert.

2.7.3.2 Flystøy

For alle oversikts- og reguleringsplanar etter plan- og bygningslova skal fylkesmannen kontrollere at flystøysonene er viste, og at arealbruken i uakseptabel grad ikkje avvik frå flystøyretningslinjene.

2.7.3.3 Jernbanestøy

I planperioden vil vi vurdere reguleringsplanar i Rauma med omsyn til jernbanestøy. Vi vil sjå på avstanden mellom bustader/institusjonar og jernbanelinja med utgangspunkt i KILDE-rapport 151.

2.7.3.4 Skytebanestøy, industristøy og annan støy

Ein reknar med liten aktivitet frå fylkesmannen for desse støyslagane.

Dersom fylkesmannen etter forureiningslova får ansvaret for nokon av desse støyslagane, må aktiviteten aukast i ukjend grad.

2.7.3.5 Aktivitetsplan

Dei aktivitetane som er referert ovanfor er prioriterte i etterfølgjande aktivitetsplan. Aktivitetsplanen inneheld ei prioritering av innsatsen innanfor dei einskilte arbeidsoppgåver dei ulike åra. Innsatsen er oppført i vekesverk.

AKTIVITETSPLAN

Arbeid utført av fast tilsette i VAR-gruppa:	Vekesverk			
	1987	1988	1989	1990
Vegtrafikkstøy plansaker	2	3	3	4
Flystøy - " -	1	1	1	1
Jernbanestøy - " -	-	-	-	-
Annan støy - " -	1	1	1	1
Sum	4	5	5	6

2.7.4 RESSURSBRUK OG -BEHOV

Ressursbruken er delvis styrt av dei plansakene som til kvar tid er til behandling.

Arbeidet innan hovudfeltet støy reknar ein blir gjort av dei fast tilsette i VAR-seksjonen.

Dersom konsesjonsmynde i t.d. skytebanesaker blir overført fylkesmannen, vil ressursbruken på dette hovudfeltet måtte aukast i ukjend grad. Dette vil i så fall trekkje på kapasiteten til dei fast tilsette i avdelinga.

2.8 HOVUDFELT VASSFORSYNING

Dei overordna nasjonale måla for vassforsyninga er gjevne i Stortingsmelding nr 55 (1984-85), om vassforsyning:

"1. Målet for vannforsyningspolitikken er å skaffe tilstrekkelig vann av hygienisk betryggende kvalitet med høy leveringssikkerhet.

2. I Norge har vi generelt sett god tilgang på vann, men også i vårt land finnes det områder der etterspørselen etter vann til tider kan være større enn tilgangen.

Når vi stiller opp som en målsetting å "skaffe tilstrekkelig vann" kan imidlertid dette ikke tolkes slik at alle skal ta ut alt det vann de ønsker til enhver tid. Vi kan ikke se bort fra at det på enkelte steder i tørre perioder kan være både riktig og nødvendig med en eller annen form for rasjonering. Eksempel på dette ser vi i dag i form av restriksjoner på hagevanning.

Det kan være et problem å prioritere mellom de forskjellige vannforsyningsinteresser: jordvanning/industrivannforsyning/vann til husholdning/vann til gårdsdrift. Vassdragsloven har visse prioriteringsregler. Ved knapphet prioriteres husholdningen først - deretter vann til gårdsdrift. Men det er vanskelig å sette helt kategoriske regler. Alle interessene er viktige og oppgaven må være å sikre at alle blir dekket best mulig. Rasjonering bør bare skje der det ikke fører til nevneverdige ulemper, og bare når kostnadene for å unngå rasjonering er store.

3. Drikkevannet skal være hygienisk betryggende og fritt for usmak, lukt og farge. Drikkevann må holde en høy standard. Det er viktig at folk kan drikke vannet uten å føle fare for å bli syk. Kravet til vannkvalitet må sees i sammenheng med bruken. Ikke alle typer bruk trenger drikkevannskvalitet.

4. Med leveringssikkerhet menes her sikkerhet for at leveransen ikke skal bli brutt. Behovet for sikkerhet i vannforsyningen kan variere fra sektor til sektor (privat, industri, jordbruk osv.). Det er ikke alltid økonomisk forsvarlig å opprettholde full reserveforsyning til alle.

Abonnenter som er avhengig av en spesielt stor grad av sikkerhet, bør imidlertid ha egen reservedekning. Dette er noe som også er kjent fra andre sektorer. Det er f.eks. vanlig at sykehus har et eget reserveaggregat i tilfelle strømbrudd.

5. Beredskapsmessige hensyn må ivaretas slik at samfunnet får vann også i krise- og krigssituasjoner. Slike vurderinger bør inkluderes i den generelle vannforsyningsplanleggingen og gjennom særskilte beredskapsplaner. Beredskapsplanleggingen og forslag til tiltak er nå til vurdering i et særskilt utvalg for vannverkens beredskap."

2.8.1 STATUS OG UTFORDRINGER

Busetnaden i fylket finn ei for det meste langs kysten og ved fjordane som skjer seg langt innover i landet. Tilgang på vatn varierer mykje og kan generelt seiast å vere dårleg ute på øyane og betre inne i landet. Det er òg andre trekk i det totale biletet ved at det kan vere knytt ei rekkje brukarinteresser til vassdrag og innsjøar, til dels i konflikt med vassforsyningsinteressene. Endring i buset-

nadsmønster og forbruks- og fritidsvanane til folk gjer at behovet for drikkevatt aukar og at nye vasskjelder må takast i bruk.

Vatnet i Møre og Romsdal er som regel blautt (lågt innhald av kalsium og magnesium), surt (låg pH-verdi) og med ein viss farge. Spesielt i dei vassverka der ein har inntak i bekk og elv, vil ein ofte ha farge på vatnet etter regnskurar og i periodar med mykje nedbør. Når det gjeld den hygieniske kvaliteten på vatnet, kan denne vere påverka frå husdyr (beiting), ville dyr (hjort o.a.), fugl (sjøfugl), kloakkutslipp og ymse tilfeldig forureining i samband med turisme og friluftsliv.

Statens Institutt for Folkehelse (SIF) gjennomførte tidleg på 1970-talet ei registrering av vassverk i Møre og Romsdal. Konklusjonen var den gongen at tilhøva ikkje var gode nok med omsyn til godkjenning frå helsestyresmaktene. Det vart òg peika på at vassbehandling og sikring ikkje var tilfredsstillande.

Dersom ein både vurderer vasskjelder som er i bruk og vasskjelder som kan bli tekne i bruk i framtida, får ein augo på ei rekkje problemstillingar som vasskvalitet, potensielle kjelder til forureining, beredskaps- og driftstilhøve m.m.

Nokre av desse er det knytt meir eller mindre eksakte krav til frå helsestyresmaktene, medan andre ikkje blir vurderte i det heile.

Ideelt sett bør ei totalvurdering av vassverk innehalde alle moglege problemstillingar som har eller kan ha verknad på kvaliteten av vatnet eller kapasiteten vis å vis den einskilde forbrukar.

Dei vanlegaste feil og manglar ved den eksisterande vassforsyninga er:

1. Dårleg hygienisk standard fordi:

- Eit fåtal av nedbørsområda er juridisk sikra mot aktivitetar som kan gjere vatnet forureina.
- Vassverk med elveinntak har sterkt nedbørspåverka vasskvalitet. Kvalitetsvariasjonar vanskeleggjer reinsing av vatnet. Det er eit fåtal vassverk i fylket med reinsetiltak som stettar krava til helsestyresmaktene.

2. Hovudleidningar og distribusjonsnett er jamt over dårleg med mange og store lekkasjar.

3. Kjeldekapasiteten ser ved første augekast bra ut, men ein skal vere merksam på at dei tal som er komne fram på bakgrunn av ei teoretisk utrekning knapt vil gje det korrekte biletet av kapasitetssituasjonen til ei kvar tid. Ei rekkje vassverk vil oppleve vassmangel etter lengre tørke- og kuldeperiodar.

4. Få vassverk har organisert tilstrekkeleg drift- og beredskapsordning. Drifta varierer med organisasjonsforma og økonomien til det einskilde vassverk. Innføring av lov om kommunale vass- og kloakkavgifter har ført til ein meir ordna økonomi på vassverksektoren. Kommunale vassverk står betre rusta både når det gjeld drift/vedlikehald og beredskap enn private vassverk.

Vidare slår meldinga fast at kommunane sitt ansvar for vassforsyninga skal styrkjast. I røynda får kommunane det fulle ansvaret for si eiga

vassforsyning, det er berre nokre støttefunksjonar som er tillagt fylkeskommune, fylkesmannen og sentrale styresmakter.

Ansvar og arbeidsdelinga er summert opp slik (sitat):

"Kommunene, som har det daglige ansvaret for vannforsyningen, vil ha ansvaret for følgende oppgaver:

- Planlegging av utbygging av vannforsyningen.
- Daglig drift og kontroll.
- Fastsette vannavgifter.
- Godkjenne vannverk.
- Beredskap.

Fylkeskommunen har ansvaret for utarbeiding av fylkesplanen og skal:

- Ivareta veiledningsoppgavene i planleggingsarbeidet.
- Gjennom fylkesplanarbeidet og i samråd med fylkesmannen initiere til interkommunalt samarbeid.
- Gi innstilling om fordeling av distriktsutbyggingsmidler til Kommunal- og arbeidsdepartementet.

Fylkesmannen får ansvaret for følgende oppgaver:

- Behandling av hovedplaner.
- Godkjenne vannverk som berører flere kommuner.
- Ta avgjørelser etter vassdragslovens bestemmelser om vannforsyning.
- Føre legalitetskontroll med kommunenes vedtak om utbygging av vannforsyningsanlegg.
- Godkjenne kommunale vann- og kloakkavgifter.
- Vurdering av kommunenes budsjett og låneopptak.

Sentrale myndigheter vil være klageinstans for avgjørelser tatt av fylkesmannen og dessuten ha ansvaret for:

- Overordnede målsettinger, herunder koordinering og samordning av statens virksomhet.
- Normer for vannkvalitet.
- Lover og forskrifter.
- Retningslinjer og veiledninger for planlegging, godkjenning og utbygging av vannverk.
- Retningslinjer for drift og kontroll.
- Finansieringsopplegg.

Med bakgrunn i de målsettinger som er trukket opp i meldingen vil følgende arbeidsoppgaver bli prioritert:

- Gjennomgang av regelverket for vannavgiftene med tanke på høyere finansieringsandel, forenklinger og tilpasning til kommunenes plan- og budsjett rutiner.
- Arbeid rettet mot forbedring av lovverket.
- Arbeid med veiledning og informasjon bl.a. spesielt med sikte på å bedre drift og vedlikehold av vannverk og vannforsyning.
- Arbeid med et målrettet forskningsprogram for vannforsyning.
- Program for kartlegging av vannressursene med særlig vekt på grunnvann.

- Overvåking av vannressursene.
- Utviklingshjelp innen vannforsyning."

2.8.2 MÅL

Fylkeskommunen er ansvarleg for rettleiingsoppgåvene og planlegginga på fylkesnivå. I 1983 la fylkeskommunen fram ein samla plan for drikkevassforsyninga i fylket. I den samanheng har fylkeskommunen definnert desse måla som miljøvernavingdelinga sluttar seg til:

1. Sikre vassressursane for framtidig vassforsyning slik at område kan ha tilstrekkelege mengder med drikkevatt med tilfredsstillande kvalitet.
2. Sikre vasskjeldene mot nedbygging og forureining.
3. Leggje vekt på utbygging av vassverk.
4. Utbygging i kommunal regi. Behov for økonomisering m.a. ved utbetring av lekkasje.
5. Styrkje arbeidet med overvåking av vassressursane gjennom supplementing av det nasjonale overvåkingsnettet med eit regionalt nett.
6. Utarbeide plan for vassressursane og bruken av dei innan kvar enkelt kommune, eventuelt ved interkommunalt samarbeid i tilknytning til større vassdrag og innsjøar.
7. Styrkje arbeidet med kartlegging av grunnvassførekomstar.

2.8.3 TILTAK

Hovudansvaret for vassforsyninga ligg i kommunane. Fylkesmannen bør saman med fylkeskommunen arbeide for å få kommunane til å prioritere høgt ei god og sikker vassforsyning.

For sin eigen del må miljøvernavingdelinga syte for ei rask og grundig saksbehandling av dei vassforsyningssakene som kjem inn.

2.8.4 VERKEMIDDEL

Verkemiddel som er aktuelle for å betre vassforsyninga er:

- Vassdragslov
Ekspropriasjon og klausulering
- Bygningslov
Ivaretaking av vassforsyningsspørsmål i general- og reguleringsplanar.
- Informasjon.
- Samarbeid med kommunar og fylkeskommunen.

2.8.5 AKTIVITETAR

I planperioden vil miljøvernavingdelinga sitt arbeid med vassforsyning avgrense seg til saksbehandling av saker som kjem inn og som skal bli behandla med heimel i lov- og regelverket.

Avdelinga vil hjelpe fylkeskommunen i arbeidet med å få kommunane til å prioritere opp arbeidet med å skaffe betre vassforsyning. Dette arbeidet vil stort sett vere å delta i å arrangere av kurs, møte og andre former for informasjonsverksemd, og å vere med på å leggje grunnen for interkommunalt samarbeid om vassforsyning.

2.8.6 RESSURSBRUK OG -BEHOV

Røynslene viser at det er få vassforsyningssaker som blir behandla i miljøvernavdelinga. Det kan i året dreie seg om ein til tre ekspropriasjonssaker og eit liknande tal med saker som har med godkjenning av vassverk å gjere.

Mest tid tek arbeidet med godkjenning av vassavgift, vurdering av kommunane sitt budsjett og låneoptak for vassforsyning.

Totalt brukar miljøvernavdelinga om lag 0,2 årsverk på dette arbeidet. Arbeidsoppgåvene er delte mellom VAR-gruppa og vassdragsforvaltaren. Denne innsatsen ventar ein skal vere konstant gjennom planperioden.

2.9 HOVUDFELT VASSDRAGSFORVALTNING

Miljøverndepartementet har det overordna ansvaret for samordning av vassressursforvaltninga. På regionalt nivå vil miljøvernavingdelinga ha eit tilsvarande ansvar for samordning og koordinering av ulike aktivitetar. Hovudmålet for vassressursforvaltninga vil vere:

- A sikre ei langsiktig og samfunnsøkonomisk god utnytting av vassressursane.
- A sikre betre og breiare innhald i avgjerdsgrunnlaget og breiare deltaking i avgjerder omkring bruken av vassressursane.
- A sikre ei tilstrekkeleg, sikker og hygienisk god nok vassforsyning for alle.

Hovudoppgåvene innanfor vassressursforvaltninga er knytte til følgjande forhold:

- Innan hundreårsskiftet vil det aller meste av vasskraftpotensialet vere bygd ut.
- Sur nedbør og anna langtransportert forureining har negativ verknad på livet i vassdraga og på bruken menneska har av vassressursane.
- Industriutslepp og avrenning frå landbruk kan vere årsak til miljøforgifting i vassressursane.
- Fleire ferskvatn, fjordar og sjøområde er framleis inne i ei eutrofieringsutvikling der avrenning frå landbruket er ei viktig kjelde.
- Akvakulturverksemda kan føre til forureining i vassdrag og sjøområde og leggje beslag på store areal langs kysten.
- Auka økonomisk velstand og meir fritid vil setje større krav til tilrettelagt bruk av vassressursane til fritidsføremål, spesielt i nærområda til byar og større tettstader.
- Fleire vasstilknytte sektorar må etter kvart bruke ein større del av sine budsjett til drift, ombygging og vedlikehald. Dette skjer samstundes med at offentlege budsjett ikkje blir auka. Det blir difor viktig å nytte tilgjengelege ressursar på ein effektiv måte.

2.9.1 STATUS OG UTFORDRINGAR

Det er vanskeleg å setje klåre grenser for kva som bør vere innhaldet i hovudfeltet vassdragsforvaltning. Ei arbeidsgruppe som er nedsett av Miljøverndepartementet har nyleg gjeve innstilling om vassdragsforvaltarane sine arbeidsoppgåver og funksjon i miljøvernavingdelingane. I innstillinga er det skilt mellom "bør" og "kan" aktivitetar. Tek ein utgangspunkt i "bør" aktivitetane, kan ein setje opp følgjande arbeidsoppgåver for miljøvernavingdelinga innanfor hovudfeltet vassdragsforvaltning:

- Samla plan og konsesjonsbehandling etter vassdragsreguleringslova
- Saksbehandling etter vassdragslova, elektrisitetslova og veglova (når vegane vedrører vassdrag og sjøområde)
- Vassbruksplanlegging
- Vassdragsregisteret
- Drift av vassdrag

Dei førstnemnde arbeidsoppgåvene vil i stor utstrekning vere knytte til saksbehandling som er pålagt miljøvernavingdelingane etter gjeldande lovverk. Dei andre arbeidsoppgåvene inkluderer arbeidet med vidareføringa av Samla plan og vil vere meir utgreiingsorientert og føreset

eit nært samarbeid med etatar utanfor miljøvernavingdelinga.

2.9.2 MÅL

Med utgangspunkt i hovudmålet om at vassressursane bør disponerast til befolkninga sitt beste, er desse måla sette opp som rettleiing for arbeidet til vassdragsforvaltaren i planperioden:

- Betre oversikta og kunnskapen om vassdraga og bruksinteressene i fylket.
- Fokuserer meir på vassdraga sin verdi som naturressurs og bruksressurs.
- Auke innsatsen innan saksfeltet kraftproduksjon, distribusjon og organisering.

2.9.3 TILTAK

Aktuelle tiltak for å nå dei respektive måla kan vere:

Samla plan/konsesjonsbehandling

Hjelpe til med utforming av utbyggingsprosjekt i kategori 1 i Samla Plan som minimaliserer konfliktane med andre brukarinteresser og som gjev minst mogleg kostnad pr innvunnen krafteining.

Saksbehandling etter sektorlover

- Hjelpe til med utforming av prosjekt som det er søkt om etter vassdragslova, veg lova og elektrisitetslova og som minimaliserer konfliktane med andre brukarinteresser.

Vassbruksplanlegging

- Betre avgjerdsgrunnlaget for fleirbruksplanlegging og ta del i gjennomføringa av vassbruksplanprosjekt i utvalde vassdrag på kommune- og fylkesnivå.
- Gjere politikarane og befolkninga medvetne om verdien og kva vassressursane har å seie for samfunnet.
- Leggje til rette for auka deltaking i planlegging.

Drift av vassdrag

- Utvikle kunnskapsgrunnlaget når det gjeld vassdragsdrift.

Vassdragsregisteret

- Utvikle og ajourføre vassdragsregisteret som eit regionalt referansearkiv for vassdata.

2.9.4 VERKEMIDDEL

Dei viktigaste verkemidla i vassdragsforvaltninga er:

- Vassdragslova av 15.3.1940 nr 3
- Vassdragsreguleringslova av 14.12.1917 nr 17
- Ervervslova av 14.12.1917 nr 16
- Elektrisitetslova av 19.6.1969 nr 65 - VII

- Plan- og bygningslova av 14.6.1985 nr 77
Vurdering av vassdraga i kommune- og fylkesplanar
- Informasjonsutveksling og samarbeid mellom etatar og forvaltningsnivå
- Aktiv og målretta saksbehandling
- Utvikling av planmetodar, kart og databruk

Det er behov for å få revidert og modernisert vassdragslova slik at ho kan bli ein meir tenleg reiskap i forvaltninga av vassdrag.

2.9.5 AKTIVITETAR

Samla plan/konsesjonsbehandling

- Utvikle og gjennomføre effektive saksbehandlingsrutinar for kategori 1-prosjekt i Samla plan.
- Gjennom informasjon og annan verkemiddelbruk overfor utbyggjarar og opinionen å sikre at kategori 1-prosjekt blir konsesjonssøkte.
- Vidareføre Samla plan for vassdrag som ei ordinær forvaltningsoppgåve etter stortingsmeldinga i 1987.

Saksbehandling etter sektorlover

- Gjennomføre ei effektiv saksbehandling på utbyggingsprosjekt i samsvar med vassdragslova, vassdragsreguleringslova, veglova og elektrisitetslova.

Vassbruksplanlegging

- Delta i arbeidsgruppe for utvalde vassbruksplanprosjekt
- Informasjon og rettleiing overfor kommunar og fylke når det gjeld vassbruksplanlegging.

Vassdragsregisteret

- Utvikle og ajourføre vassdragsregisteret som eit regionalt referansearkiv for vassdata.

Drift av vassdrag

Skaffe fram nødvendig grunnlagsmateriale:

- Oversikt over konsesjonar, manøvreringsreglement m.m.
- Oversikt over hydrologiske data
- Oversikt over vasskvalitetsdata
- Oversikt over bruksformer i vassdraga

2.9.6 RESSURSBRUK OG BEHOV

Mesteparten av planperioden vil vassdragsforvaltaren vere åleine med arbeidet. Ein god del registreringsarbeid er nødvendig før ei grunn- gjeven behovsoversikt kan leggjast fram. I 1987 er det nødvendig med nokre månaders ekstrahjelp til å få REGINE på lufta. Dette vil krevje tilført ca kr 25.000,- i tillegg til ca kr 25.000,- til nødvendig da- tautstyr.

Vassdragsforvaltaren kan vanskeleg ekskludere/prioritere pålagde for- valtningsoppgåver, slik at det først og fremst er omfanget og kvalite-

ten av arbeidet det eventuelt må gå ut over, samt at initiativ, utgreiingsarbeid/prosjektarbeid må tilpassast dei personmessige og økonomiske ressursane.

2.10 INNSATSOMRÅDE SOM RØRER VED FLEIRE HOVUDFELT

Mange av arbeidsoppgåvene til miljøvernavingdelinga rører ved fleire hovudfelt. Ja, einsskilde arbeidsoppgåver rører jamvel ved alle hovudfelta. Eit døme på dette er korleis avdelinga behandlar kommuneplanar.

Generelt er det oppgåver som har med naturforvaltning og arealbruk som rører ved fleire hovudområde. Det er saksbehandlarane som er ansvarleg for at alle relevante faginteresser i avdelinga er med på behandlinga av slike saker. Samarbeidet finn stad ved direkte kontakt mellom saksbehandlarane. Om kapasitets- eller prioritetsproblem oppstår, skal problemet leggjast fram for leiaren.

Vi finn det ikkje føremålstenleg å skilje ut einsskilde arbeidsoppgåver og å behandle desse spesielt som samarbeidsoppgåver. Den same oppgåva kan såleis gå igjen som del av fleire hovudfelt.

Det går fram av teksten kva hovudfelt saksbehandlingsansvaret ligg under.

3. HOVUDLINJENE I FYLKESKARTKONTORETS LTP

Førstegongskartlegginga for økonomisk kartverk er fullført. Utviding av kartleggingsarealet blir utført saman med ajourføringa.

- I samband med ajourføringa vil ein gje eigedomsgrenser høgste prioritet. Samarbeidet med dei etatene som produserer grenser må betrast.
- Ortofoto er ikkje noka løysing på ajourføringsproblema for ØK.
- Høgdedatabase produsert på grunnlag av høgdekurver frå ØK er tidkrevjande på grunn av topografien. Høgdedatabase blir produsert berre ved nykartlegging.
- Eigedomskartverk/eigedomsdatabase krev organisert datafangst mellom dei grenseproduserande etatane.
- GAB-data konvertert over til SOSI format for ajourføring av kart manglar program.
- Kommunane må sjølve kunne oppdatere data i GAB.
- Flest mogleg av kommunane og tinglysingskontora må knyte seg til GAB on-line.
- For å betre GAB-registra må meldingsrutinane gå inn som eit naturleg ledd i saksbehandlinga.
- Temakart blir produserte på grunnlag av brukarbehov.
- Fastpunktregister må etablerast.
- Grusregisteret er ferdig registrert.
- Omløpsfotograferinga held fram etter ei plan med 10 års omløpstid.
- Biletarkivet må bli betre.
- Arbeidet med å restaurere grunnlagsnettet held fram slik som planlagt av NGO. NGO bør koste signalbygginga.
- Det må haldast kurs/seminar i tilknytning til delingslova kvart år.
- Nye avleide kart blir utarbeide etter behov frå brukarane.
- Konsulentoppgåver er tidkrevjande og vanskeleg å ta.
- Permanente signal bør setjast opp.
- Emne som EDB, organisasjon, arkivering, delingslov, register må takast opp for personale ved oppmålingsetatane kvart år.
- ND 100 anlegget må byggjast ut.
- Nye og betre program må skaffast.


- Alle tilsette må ha eigen skjerm.
- Kartkopiering/kartsal må endrast. Her må ein ha nye rutinar.
- Vi treng kompetanse innanfor fagområda grafisk framstilling, ris-
sing, teikning, marknadsføring, tematisk kartlegging og arkiv.
- Alle arkiv på EDB-media.
- Alle saksbehandlarar skriv sine brev/utgreiingar på terminal.
- Intern generell opplæring i Notis-wp, Notis-calc og Fics.

4. ADMINISTRASJON OG RESSURSAR

Denne delen av planen omhandlar dei administrative og økonomiske tilhøva for avdelinga. Avdelinga sine evner til å nå dei faglege måla er ikkje berre avhengige av lover, heimlar og regelverk, men òg av personale, løyvingar og generelle arbeidsforhold.

4.1 ORGANISASJON

Organisatorisk er miljøvernavingdelinga ei fagavdeling i fylkesmanns-embetet på linje med beredskapsavdelinga, sosial- og familieavdelinga og kommunal- og administrasjonsavdelinga.



Fylkeskartkontoret ligg administrativt under miljøvernavingdelinga, men har eige budsjett og arbeider fagleg sjølvstendig med sine oppgåver.

Fylkeskartkontoret og miljøvernavingdelinga bruker same EDB-anlegget, og det faglege samarbeid dreiar seg for ein stor del om utvikling og drift av ymse EDB-register med tilhøyrande stadfesting og presentasjon på kart.

Miljøvernavingdelinga er ikkje formelt delt opp i underavdelingar eller seksjonar. Men arbeidsoppgåvene er slik at det er naturleg å dele dei opp i følgjande faggrupper:

- Naturvern og friluftsliv (N-F)
- Ferskvassfiske
- Vilt
- Forureining (VAR)
- Vassdragsforvaltning

Alle saksbehandlarane i avdelinga tilhøyrer ei av desse faggruppene. Det er nært samarbeid mellom gruppene.

Dei fleste sakene har ein slik karakter at dei høyrer heime i ei faggruppe. Men ein del saker fell i grenseområda mellom faggruppene eller er av interesse for fleire eller alle gruppene. Desse blir fordelte på

saksbehandlarane etter arbeidsbelastning og andre praktiske omsyn.

Miljøvernavingdelinga er på einskilde område fagleg underordna Direktoratet for naturforvaltning (DN) i Trondheim. Dette gjeld fagområda fisk, vilt, naturvern og friluftsliv. På forureiningssida er det ei brei kontaktflate mellom miljøvernavingdelinga og Statens forureiningstilsyn (SFT), men miljøvernavingdelinga er ikkje fagleg underordna SFT.

Fylkeskartkontoret er fagleg underlagt Statens kartverk, som er ein nyoppretta organisasjon. Sjøkartverket og Norges Geografiske Oppmåling inngår no i Statens kartverk.

4.1.1 Personale

Pr. 01.01.87 hadde miljøvernavingdelinga desse tilsette:

Miljøvernleiar	Odd Høgset
Fylkesingeniør	Kolbjørn Megård
Overingeniør	Per Fredrik Brun
Avd. ing.	Ivar Mork-Grevsnes
Avd. ing.	Ola Betten
Naturverninspektør	Harald Ørsahl
Naturvernkonsulent	Alv Ottar Folkestad
Naturvernkonsulent	Kjell Lyse
Viltkonsulent	Asbjørn Børset
Fiskerikonsulent	Trond Haukebø
Vassdragsforvaltar	Oddvar Moen

Førstesekretær Aase Hegnes arbeider òg full tid i avdelinga. Hennar løn er betalt av Møre og Romsdal fylkeskommune som er hennar formelle arbeidsgjevar. Fylkeskommunen får løna refundert av Miljøverndepartementet.

Kontorpersonalet til avdelinga er:

Førstesekretær	Oddveig Windstad
Førstekontorfullmektig	Aslaug Magerøy Grimstad

I 1985 hadde avdelinga i alt 57,5 månadsverk (4,8 årsverk) med ekstrahjelp.

Totalt var det i miljøvernavingdelinga lagt ned 17,8 årsverk i 1985.

Sidan avdelinga vart oppretta i 1982 har ho fått stadig nye oppgåver utan ei tilsvarande aukeing av personalet. Auka ressursar kjem stort sett som øyremerkte løyvingar som blir overførte ved posteringsfullmakter. Desse løyvingane kan mellom anna brukast til engasjement av personale eller til kjøp av konsulenttenester. I 1985 hadde avdelinga 4,8 årsverk med ekstrahjelp.

Mange av fagtenestene avdelinga har bruk for, kan ikkje kjøpast på den lokale konsulentmarknaden. Det er heller ikkje lett å få kompetente fagfolk til å ta korte engasjement. Eit stort problem i den samanheng er at regelverket ikkje tillet lengre engasjement enn 9 månadsverk. I det heile er administrasjonen av engasjert personale og kjøp av konsulenttenester svært vanskeleg. Mykje ville vere vunne om engasjementa kunne bli bytta ut med fast eller langtidsengasjert personale.

Avdelinga vil arbeide for å få nye stillingsheimplar for:

1. Ein person til å arbeide med oppdrettssaker. Avdelinga har fått nye oppgåver på denne sektoren som krev om lag 1,5 årsverk i året. Utan styrking av bemanninga kan saksbehandlingskapasiteten bli ein flaskehals for utviklinga av oppdrettsnæringa i fylket.
2. Ein person som assistent til fiskerikonsulenten. Ferskvassfiskforvaltninga krev mykje feltarbeid ved sida av saksbehandling og kontorarbeid. Det permanente arbeidsvolumet på fagsektoren her i fylket overstig no 2 årsverk i året og vil auke i tida framover.
3. Ein person som assistent til viltkonsulenten. Grunngevinga er den same som for fiskerikonsulenten. Det er spesielt behov for større innsats i planlegging og administrasjon av viltstelltiltak.
4. To personar til å arbeide med naturvern og friluftsliv. Som det går fram av tabellen ovanfor trengst det frå 3,4 til 5,8 årsverk med innleigd arbeidskraft på desse områda. Det ville vere billegare og meir effektivt å la ein del av dette arbeidet bli gjort av fast tilsett personale.
5. Ein person på halv tid til å styrkje kontorsektoren.

Om det blir oppretta nye faste stillingar i planperioden, vil det føre til ein tilsvarende reduksjon av engasjement og bruk av konsulentte-
nester.

4.1.2 Kontor og utstyr

Avdelinga har kontorlokale i Fylkeshusa i Molde. Heile fylkesmannsembetet er lokalisert på same golvet. Lokala er delte opp i cellekontor, slik at kvar medarbeidar har sitt eige kontor. Dette gjev gode arbeidstilhøve, men er lite fleksibelt. Avdelinga har berre kontorplass til dei som er fast tilsette på hovudkontoret.

Da miljøvernavingdelinga vart oppretta i 1982, heldt ho den første tida til i ei brakke som vart sett opp i nærleiken av Fylkeshusa. Brakka var innkjøpt av Miljøverndepartementet. Etter at avdelinga flytta inn i Fylkeshusa har brakka vorte brukt til kontorlokale for ekstrahjelp og sesongtilsette. Brakka står på mellombels løyve, og miljøvernavingdelinga arbeider med å leige ein meir permanent "filial" som kan gje kontorplass for engasjert personale.

4.1.3 Databehandling

Miljøvernavingdelinga har lagt stor vekt på å nytte EDB for å rasjonalisere arbeidet og til å skaffe oversikt over det store tilfanget av naturdata som avdelinga sit inne med.

Avdelinga har saman med fylkeskartkontoret eit ND-100 anlegg som er utbygd til full kapasitet.

Målet er at i 1987 skal alle faste medarbeidarar ha sin eigen skjerm og bruke EDB aktivt i si saksbehandling. Kva EDB-register som er i drift og under utvikling går fram av dei ymse fagfelte ovanfor. All skriving ved avdelinga skjer ved hjelp av tekstbehandling (NOTIS). Så

langt har avdelinga hatt stor nytte av EDB, men det er framleis lang veg å gå før ein har fått tak i det ein treng av programvarer og maskinutstyr. Vidare utbygging av EDB er høgt prioritert i miljøvern-avdelinga.

4.2 LØYVINGAR

Miljøvern-avdelinga får sine pengar gjennom ymse kanalar. Dei vanlegaste er lista opp nedanfor, og det er kort gjort greie for kva dei skal brukast til.

4.2.1 Kap 1406, miljøvern-avdelingane i fylka

Dette er eit kapittel i Miljøvern-departementet sitt budsjett som blir fordelt på fylka.

Kap. 1406 er det sentrale driftsbudsjettet for miljøvern-avdelinga. Ein del av dei underpostane som vanlegvis høyrer heime på eit slikt driftsbudsjett, er overførte til Justis-departementet sitt budsjett-kapittel 404. Dette budsjettet dekkjer utgifter miljøvern-avdelinga har felles med resten av fylkesmanns-embetet. Kap. 1406 har dei postane, underpostane og under-underpostane som er vanlege i statsbudsjettet. Under-underpostane er ikkje medtekne her.

Post 01, LØN OG GODTGJERSLER

Underpost 01.1, Organiserte stillingar
Underpost 01.2, Ekstrahjelp

Desse underpostane dekkjer løn til fagpersonalet i avdelinga. Løn til kontorpersonalet er betalt av fylkesmannen sitt kap. 404.

Post 11, VARER OG TENESTER

Underpost 11.1 Maskiner, inventar og utstyr

Underposten dekkjer fagutstyr inklusive EDB. Kontorutstyr blir betalt av fylkesmannen sitt kap. 404.

Underpost 11.2, Forbruksmateriale

Underposten dekkjer fagleg forbruksmaterieil. Kontormateriale blir betalt av fylkesmannen sitt kap. 404.

Underpost 11.3, Reiser

Underposten dekkjer all vanleg reiseverksemd til fagpersonalet i avdelinga. Kostnader av kurs, kongressar o.l. blir òg dekte av denne underposten.

Reiser og kurs til kontorpersonalet blir betalt av fylkesmannen sitt kap. 404.

Underpost 11.4, Kontortenester

Underposten dekkjer alle vanlege kontorutlegg som telefon, porto, kopiering, trykking, service av kontormaskiner, tidsskrift. Heile denne

underposten blir betalt av fylkesmannen sitt kap. 404.

Underpost 11.5, Analyseutlegg

Underposten blir stort sett brukt til å dekkje utlegg for analysar av vassprøver som blir tekne i samband med overvaking av fjordar og vassdrag.

Underpost 11.6, Konsulenthjelp

Underposten dekkjer kjøp av ymse konsulenttenester. Han må sjåast i samanheng med Underpost 01.2, da dei same tenestene kan bli oppnådde anten ved å engasjere kompetent ekstrahjelp eller ved å engasjere konsulentar.

Underpost 11.7, Vedlikehald og drift av maskiner

Underposten blir brukt til vedlikehald og reparasjon av det tekniske utstyret avdelinga har.

Underpost 11.9, Drift av bygningar, leige av lokale

Underposten dekkjer husleige, reinhald av kontorlokale, mindre ominnreiingar, lys, oppvarming og andre utlegg som har med kontorlokala å gjere. Alle desse kostnadene blir betalte av fylkesmannen sitt kap. 404.

4.2.2 Kap 1427, Direktoratet for naturforvaltning

Ein del postar og underpostar i dette kapitlet blir vidareførte til miljøvernavdelingane for faste arbeidsoppgåver. Dette gjeld spesielt pengar til merking, oppsyn, skjøtsel og vedlikehald av verna område.

Nedanfor er dei postane og underpostane som fylkesmannen tilviser lista opp.

Post 01, LØN OG GODTGJERSLE

Underpost 01.9, Oppsynspersonale

Underposten dekkjer lønskostnadene for personale til oppsyn, grensemerking og andre tiltak i dei verna områda.

Post 11, VARER OG TENESTER

Underpost 11.5, Oppsyn og grensemerking

Underposten dekkjer materiale og reiskapar som trengst for at personalet løna under Underpost 01.9 skal kunne utføre sine oppgåver.

Post 21, SPESIELLE DRIFTSUTLEGG

Posten dekkjer kostnadene til desse forvaltnings- og granskingsoppgåver:

Lakseoppsyn, kalkingstiltak, reguleringsundersøkingar, obligatorisk jegerprøve, forenkling av fiskeforskrifter, verne- og skjøtselplanar m.m., gyrodactylus, kulturbetinga fiske, skog, elg, sjøfugl, rovvilt, sur nedbør, truga artar.

Ein del av desse oppgåvene er lagde til miljøvernavingane som får overført pengar til dette. Slike overføringar skjer anten ved vanlege budsjettoverføringar som kan tilvisast direkte eller ved posteringsfullmakter.

Ved vanlege budsjettoverføringar blir det oppretta eit ark i tilvisingsprotokollen for kvar oppgåve. Om det skal betalast løn i samband med gjennomføringa av oppgåva, blir det oppretta underpostar for løn og for varer og tenester. Dette blir gjort fordi det skal leggjast til 16,8% arbeidsgjevaravgift på lønskostnadene.

Post 31, TILTAK I NATURVERN- OG FRILUFTSOMRÅDE

Denne posten dekkjer statens utlegg til ymnse tiltak i naturvern- og friluftsområde når utlegga fullt ut blir betalte av staten. Posten er delt i 2 underpostar.

Underpost 31.1, Tiltak i naturvernområde

Underposten dekkjer skjøtsel i verneområde. Skjøtselstiltaka varierer frå område til område og har som mål å halde ved like dei naturverdiene som gjer området verneverdig.

Underposten blir delt opp i under-underpostane 31.1.1 som dekkjer løn i samband med skjøtselstiltak og 31.1.2 som dekkjer nødvendige varer og tenester som trengst for å gjennomføre skjøtselstiltaka.

Underpost 31.2, Tiltak i friluftsområde

Underposten dekkjer tiltak som utbetring av tilkomst og parkering, informasjonstavlar, gangbruer over elvar osv.

Tiltaka blir stort sett utførte av entreprenørar, eller ved andre former for kjøpte tenester.

Om det er aktuelt å betale løn over denne underposten, blir han delt opp i under-underpostar for løn og varer og tenester på same måte som Underpost 31.1.

Sidan staten betaler alle kostnadene, blir underposten brukt på regionale anlegg som vedkjem fleire kommunar.

Post 60, TILSKOTT TIL FRILUFTSOMRÅDE

Denne posten dekkjer staten sin del av kostnadene til kommunele friluftsområde, som òg kjem andre enn kommunen sine egne innbyggjarar tilgode. Han kan brukast til å stimulere kommunar, fylkeskommunen og interkommunale friluftsråd til å engasjere seg i sikring, planlegging og opparbeiding av friluftsområde. Inntil halvparten av utgiftene kan dekkjast av denne posten.

Pengane blir stort sett utbetalte som tilskott til kommunar som står for den praktiske gjennomføringa av arbeidet.

4.2.3 Kap. 1422. Naturvern og friluftsmål

Dette kapitlet er driftskapitlet til avdelinga for naturvern og friluftsliv i Miljøverndepartementet.

Ein del pengar kan bli overførte frå dette kapitlet til miljøvern-avdelingane. Slike overføringar skjer vanlegvis som vanlege budsjett-overføringar der fylkesmannen tilviser direkte på kapitlet.

4.2.4 Posteringsfullmakter og belastningsfullmakter

Ein stor del av miljøvern-avdelinga sin budsjettmedel blir overført ved hjelp av slike fullmakter. Skilnaden på fullmaktene er at posteringsfullmaktene kan brukast både til løn og til varer og tenester medan belastningsfullmaktene berre kan brukast til varer og tenester. Det er òg ulik rekneskapsføring av dei to typene av fullmakter.

Posteringsfullmakter er mest nytta, og miljøvern-avdelinga får til vanleg slike overføringar til ymse formål og prosjekt innanfor alle fagområda.

4.2.5 Budsjett-tilhøva i LTP-samanheng

Miljøvern-avdelinga har svært lite å halde seg til når det gjeld budsjettmidlar i framtida.

Storleiken på hovudkapitlet kap. 1406 er i store trekk kjend seint på hausten det føregåande året, medan dei eksakte tala blir kjende først i januar sjølve budsjettåret.

Dei ymse postane på kap. 1427 kjem til ulike tider på ettervinteren, og først i mars/april er dei eksakte tala kjende. Det same er tilfelle for eventuelle tildelingar over kap. 1422.

Posteringsfullmaktene kjem òg stort sett første halvåret, men tildeling ved slike fullmakter kan skje heile året.

Alle tildelte pengar, både dei ordinære budsjetta og fullmaktene skal brukast same året som dei er tildelte.

Somme år kan pengar som blir tilførte miljøvern-avdelinga ved fullmakter langt overstige det som kjem gjennom det ordinære budsjettet. Miljøvern-avdelinga er difor ikkje i stand til å kople sin langtidsplan til eit tilsvarande påliteleg langtidsbudsjett.

Dette fører til at ein i langtidsplanen må byggje inn mange atterhald og stor fleksibilitet som gjer planlegginga upresis og lite bindande. Usikre budsjett-tilhøve gjer det t.d. umogleg å planleggje behovet for å engasjere personale til prosjektarbeid.

4.3 SAMARBEIDSORGAN

I samband med behandlinga av enkeltsaker og som ein del av informasjonsarbeidet og arbeidet med å fremme miljøverninteressene, samarbeider miljøvern-avdelinga med ei rekkje kommunale og fylkeskommunale organ og med andre statsorgan på fylkesnivå.

4.3.1 Fylkeskommunale organ

Fylkeskommunen har ein sentral plass i planlegginga av areal og naturressursar i fylket. Det er difor naturleg at miljøvernavingdelinga har eit nært samarbeid med dei organa i fylkeskommunen som er med på å planleggje bruk av areal og natur i framtida. Slikt samarbeid er lovfesta i den nye plan- og bygningslova.

4.3.1.1 Planavdelinga

Planavdelinga arbeider med fylkesplanen og er rådgjevar til primærkommunane i planspørsmål.

Samarbeidet mellom planavdelinga og miljøvernavingdelinga tek mange former. Det er eit naturleg samarbeid mellom saksbehandlarane om enkeltsaker. Vanlege saker er kommuneplanar, reguleringsplanar, verneplanar og andre planar som har med arealbruk og naturinngrep å gjere. Felles synfaring er vanleg i mange slike saker.

Planarbeid som vedkjem fleire kommunar blir ofte administrert av ei styringsgruppe der planavdelinga er sekretariat. Det er vanleg at miljøvernavingdelinga er med i slike grupper. Det er òg samarbeid mellom planavdelinga og miljøvernavingdelinga når det gjeld forvaltning av naturressursar. Her står vassressursane sentralt. Begge avdelingane er engasjerte på ymse måtar i Samla plan, planlegging av drikkevassforsyning og kystzoneplanlegging.

4.3.1.2 Andre fylkeskommunale organ

Fylkeskommunen set ned mange styrings- og arbeidsgrupper som arbeider med næringspolitiske spørsmål, spørsmål om lokalisering av større industrianlegg, spørsmål som har med utnytting av naturressursar osb. Ikkje sjeldan blir miljøvernavingdelinga spurt om å vere med i slike grupper.

Vidare behandlar ulike politiske organ i fylkeskommunen store og viktige saker som har mykje å seie for miljøvernarbeidet i fylket.

Dei viktigaste organa i så måte er plan- og miljøutvalet, fylkesutvalet og fylkestinget. Fylkeskommunen har invitert miljøvernavingdelinga til å vere til stades på møte i desse organa når saker som har å gjere med avdelinga sine saksområde blir behandla.

Dette er ei nyttig ordning for miljøvernavingdelinga som kan halde seg à jour med den politiske haldninga til dei aktuelle miljøspørsmåla. På denne måten har òg representantane frå miljøvernavingdelinga høve til å svare på spørsmål og rette på feil og mistydingar.

4.3.2 Fylkesfriluftsnemnda

Friluftsløva fastset at det skal vere ei fylkesfriluftsnemnd i kvart fylke. Fylkestinget utnemner medlemene til nemnda og fylkeskommunen dekkjer kostnadene ved drifta av nemnda.

Sidan 1982 har miljøvernavingdelinga vore sekretariat for nemnda og har teke hand om førebuingar til møta og arrangert synfaringar.

Fylkesfriluftsnemnda uttaler seg om plansaker der natur- og friluftssinteresser er berørte, og vurderer alle dispensasjonssøknadene frå byggjeforbodet i hundremetersona langs strendene. Nemnda har rett til å klage på avgjerder ho er usamd i.

4.3.3 Statsorgan på fylkesnivå

Miljøvernavingdelinga har ulike former for kontakt og samarbeid med fleire statsorgan på fylkesnivå.

Havbruksnæringa har ført med seg eit behov for samarbeid med fiskerisjefen om spørsmål i samband med lokalisering og utslepp frå oppdrettsanlegg og setjefiskanlegg.

Fylkeslandbrukskontoret og miljøvernavingdelinga samarbeider om saker der jord- og skogbruksinteresser rører ved ferskvassfisk, vilt, naturvern og friluftssinteresser. Slikt samarbeid finn som oftast stad ved direkte kontakt mellom saksbehandlarane eller ved formelle eller uformelle drøftingsmøte.

På same måte er det samarbeid ved vegkontoret der miljøvernavingdelinga sine fagområde rører ved planlegging, bygging og drift av vegnettet i fylket.

Miljøvernavingdelinga samarbeider med fylkeslegen i forureiningssaker der helsetilhøve kan vere berørte.

4.3.4 Primærkommunar

Samarbeidet mellom primærkommunane og miljøvernavingdelinga dreiar seg for ein stor del om arealplanlegging. Ein stor del av samarbeidet har form av formelle høyringsrundar der t.d. miljøvernavingdelinga uttaler seg til kommunale planar og kommunane uttaler seg til dømes til miljøvernavingdelinga sine verneplanar.

Den nye plan- og bygningslova går langt i å påleggje dei berørte partane samarbeidsplikt når det gjeld å finne løysingar på arealbruk der fleire sektorinteresser er innblanda.

Når den nye lova er blitt så innkøyrd at desse påboda får full verknad, er det grunn til å tru at samarbeidet mellom primærkommunane og miljøvernavingdelinga vil auke.

Miljøvernavingdelinga har òg samarbeid med fleire kommunale nemnder og utval. Spesielt kan nemnast det nære samarbeidet mellom dei kommunale viltnemndene og avdelinga sin viltkonsulent, og dei kommunale innlandsfiskerinemndene og fiskerikonsulenten.

4.3.5 Lag og organisasjonar

Mange lag og organisasjonar arbeider med saksområde som formelt blir forvalta av miljøvernavingdelinga. Det er ymse former for samarbeid mellom avdelinga og slike organisasjonar. Ofte får organisasjonane

fagleg hjelp og økonomisk støtte frå avdelinga.

Av slike organisasjonar kan nemnast dei lokale avdelingane av Norsk Ornitologisk Forening, dei lokale laga av Norges Naturvernforbund og turistforeiningane i fylket. På fisk- og viltsida er det kontakt med elveeigarlag, utmarkslag og grunneigarlag.


4.4 INFORMASJON

"Informasjon kan bare løse problemer som skyldes mangel på informasjon."

"Ideelt sett er informasjonsbehovet avstanden mellom hva folk burde vite og det de faktisk vet."

Desse to gullkorna kan ein ha som ballast i arbeidet med informasjon generelt og ein informasjonsplan spesielt.

Miljøvernavingdelingane sin plass i eit meir velutvikla system for informasjonsverksemd går fram av skissa under:



Miljøverndepartementet følgjer det prinsippet at når fagoppgåver blir delegerte til fylkesnivå, blir også informasjonsansvaret delegert. Det vil seie at miljøvernavingdelinga har eit informasjonsansvar for det totale fagområdet til avdelinga.

Miljøverninformasjon som blir presentert i massemedia er som oftast ei følgje av passiv kontakt - det er massemedia som kontaktar miljøvernavingdelinga. Det blir noko tilfeldig kva for saker som blir presenterte, og høve til å gi informasjon blir difor ofte tilfeldig og lite førebudd. Førespurnader frå media kjem som regel utan nærare varsel på førehand, og "rette vedkomande" er ikkje alltid budd eller til stades når det er behov for opplysningar eller kommentarar frå miljøvernavingdelinga.

Avdelinga har til no ikkje hatt nokon felles strategi eller plan for informasjonsarbeidet. Informasjonsoppgåvene har den einskilde medarbeidar eller faggruppe teke seg av, og oppgåvene er blitt løyste noko tilfeldig.

Mannskap og økonomi set grenser for informasjonsverksemda ved avdelinga. Fagpersonalet peiker på at informasjon er eit fag. Sjølve manglar dei både tid og kvalifikasjonar til å løyse informasjonsoppgåvene godt nok.

Miljøvernavingdelingane sin kapasitet til å organisere utovervende informasjonstiltak i form av kampanjar, møte og konferansar er nokså avgrensa. Samtidig er det nødvendig å vedgå at dette er eit viktig felt som byr på mange høve til å få miljøvernarbeidet meir fram i lyset.

Omorganiseringa av fylkesadministrasjonen i 1976 førte til at fylkesmannen og fylkeskommunen skilde lag. Men framleis er det uklårt for mange kven som er kven, og kven som har ansvar for kva av fylkeskommunen og fylkesmannen.

4.4.1 Mål

Miljøvernavingdelinga har ei vid målsetjing og ei brei målgruppe for sin informasjon. Svært ofte gjeld det å påverke publikum/målgruppa sine haldningar til spørsmål om korleis miljø og naturressursar skal forvaltast. Eit overordna mål er å skape forståing og interesse hos politikarar og ålmenta i Møre og Romsdal fylke for kva for verdiar som ligg i natur og miljø.

Gjennom informasjon bør miljøvernavingdelinga:

- førebu "grunnen" for avgjerder om bruk og vern av naturressursane slik at politikarar, brukarar, media og ålmenta før vedtak blir fatta i størst mogleg grad aksepterer at slike reguleringar er nødvendige.
- sørge for at brukarar, media og ålmenta er kjende med dei reglar og føresegner som gjeld for bruk og vern av naturgrunnlaget.
- betre kontakten mellom miljøvernstyresmaktene og lokalsamfunnet.

4.4.2 Tiltak

For å kunne iverksetje dei nødvendige informasjonsaktivitetane må det informasjonsfaglege nivået i miljøvernavingdelinga styrkast. På dette området vil siktemålet m.a. vere å setje dei som arbeider i forromet i best mogleg stand til å gje informasjon til dei som vender seg til avdelinga.

Avdélinga vil arbeide med å definere målgrupper for dei ymse informasjonsiltaka. Viktige grupper er:

- Statlege organ sentralt og lokalt
- Politikarar, politiske styringsorgan og administrasjon i fylkeskommune og kommunar
- Skoleverket
- Massemedia
- Ålmenta
- Frivillige organisasjonar
- Næringslivet

Fleire av målgruppene for avdelinga sin informasjon kan òg vere samarbeidspartnarar/informasjonsberarar eller -kanalar. Av og til er dei reine målgrupper - andre gonger kan det verke forvirrande at dei er både målgruppe, samarbeidspartner og/eller informasjonsberar/-kanal.

Ein informasjonsberar hjelper oss med å frakte informasjon fram til dei som gjer seg nytte av han, informasjonsbrukarane. Informasjonsberarane må difor informerast først.

Formålet med kampanjar, møte og konferansar i miljøvernsamanheng vil som regel vere å skape opinion og spreie informasjon.

4.4.2.1 Utovervend informasjon og kontaktverksemd

Miljøvernavingdelinga skal gjennomdrøfte dei informasjonsoppgåvene som er knytte til kontakten med presse, radio og møteverksemd i ulike organisasjonar.

Overfor radio og presse bør miljøvernavingdelinga etter kvart ta sikte på meir aktive utspel gjennom:

- Synfaringar m.m. der radio og presse blir inviterte til å vere med
- Pressemeldingar og pressekonferansar
- Informasjonstiltak av regelmessig/tilbakevendande karakter

For å kunne imøtekome spørsmål om foredrag bør miljøvernavingdelinga få utarbeidd ein serie manuskript til foredrag, og i tillegg lysbileteseriar, som gjer det mogleg å stille opp utan for store førebuingar. I tillegg bør ein del av fylket sine ressurspersonar kunne nyttast til å halde foredrag i staden for våre eigne folk etter eit nærare avtalt opplegg.

Vidareføringa av arbeidet på dette feltet bør skje på grunnlag av nærare drøftingar i miljøvernavingdelinga.

4.4.2.2 Tiltak til styrking av informasjonsfagleg nivå

Sjølv om dei fleste som arbeider ved miljøvernavingdelingane har røynsle med utovervend informasjonsverksemd, er det peika på at saksområdet ikkje er statisk, men heile tida i relativt rask forandring.

Dette set krav til etterutdanning og forbedring av dei kanalane som tilfører miljøvernavingdelinga intern informasjon.

4.4.2.3 Tiltak til betring av miljøvernavingdelinga som informasjonssentral

I hovudsak vil dette gjelde:

- Opplegg av eit praktisk og enkelt system som gjer det lett å formidle trykt informasjonsmateriale til dei som ber om slikt.
- Setje forromet best mogleg i stand til å svare på munnlege spørsmål som gjeld arbeidet ved miljøvernavingdelinga.

To andre viktige oppgåver på dette området gjeld:

- Produksjon av informasjonsmateriale.
- Distribusjon av informasjonsmateriale, generelt.

4.4.2.4 Hovudpunkt i eit meir systematisk distribusjonsopplegg

Frå sentralt hald til miljøvernavingdelinga:

1. Regelmessig informasjon til miljøvernavingdelingane om brosjyremateriale som finst og om nytt trykt materiale som er ferdigprodusert.

Internt i miljøvernavingdelingane:

2. Etablering av eit mindre brosjyrelager ved miljøvernavingdelinga.
3. Utarbeiding av årlege brosjyreoversikter.
4. Utarbeiding av lister over organ i fylket som bør motta brosjyreoversiktene.

Ut frå miljøvernavingdelingane:

5. Regelmessig utsending av brosjyreoversikter.
6. Utsending av nye brosjyrrar til organ m.m. i fylket som ein reknar med har spesiell interesse for trykksaka.
7. Utsending av nye brosjyrrar av ålmenn interesse saman med presseomtale til lokalpressa.

I samband med eit meir systematisk informasjonsopplegg som det her blir lagt opp til, vil det òg vere ei oppgåve å drøfte ein meir målbevisst innsats på dette feltet, korleis dette arbeidet i så fall bør leggjast opp og kva innsats det vil krevje.

4.4.3 Verkemiddel

Avdelinga må bli meir bevisst på å gjere informasjon til ein del av all fagverksemd.

Informasjonen i og ved verneområda må leggjast slik til rette at dei som besøker eit naturvernområde ikkje berre får "forbodsinformasjon", men òg høve til å forstå kvifor naturvernområdet er oppretta, og kva som er spesielt med naturen, plante- og dyrelivet der.

Kort sagt: Tiltak for å fremme interesseskapande informasjon.

Enkle trykksaker kan produserast med opplysningar som supplerer informasjonstiltaka i/ved verneområda. Slik informasjon bør utformast med sikte på den meir naturinteresserte delen av ålmenta, skolar o.l.

Det kan leggjast til rette for ekskursjonar for naturinteresserte grupper i område og til årstider der dette kan sameinast med verneformåla.

Kommunale reinseanlegg, laksetrappar, klekkeri o.l. kan òg nyttast som synfarings- og informasjonsobjekt.

For bruk i verneområde kan desse verkemidla vere høvelege å operere med i informasjons- og opplysningssamanheng:

- Informerende oppslag
- Brosjyrar
- Naturstigar
- Ekskursjonar
- Informasjonsentra

Med informerende oppslag meiner ein faste oppslag som gjev informasjon og fakta ut over det som går fram av dei standardiserte fredingsskilta som blir sette opp langs yttergrensene av oppretta verneområde. Slik informasjon må i utgangspunktet vere interessevekkjande både m.o.t. innhald og utforming. Generelt er det to typar av slike informerende oppslag:

- Generelle, informerende oppslag om ein spesiell naturtype (reservattype) som kan nyttast ved fleire av dei verneområda som er oppretta.
- Spesielle, informerende oppslag om særdrag og spesielle naturtilhøve i eit einskilt verneområde.

Når det gjeld brosjyremateriale i tilknytning til naturen i Møre og Romsdal, oppretta verneområde (og også andre tiltak som miljøvernavinga set i verk) vil det òg vere snakk om utforming av materiale av generell og meir spesiell art.

Generelt brosjyremateriale for presentasjon av utvalde naturtypar/naturmiljø i Møre og Romsdal, og kva miljøvernstyresmaktene har gjort for å ta vare på dei.

Standard format for slike brosjyrar bør vere A-5.

Spesielt brosjyremateriale for presentasjon av einskilde verneområde (om mogleg òg friluftsområde) som har spesiell interesse for den naturinteresserte ålmenta og i undervisningssamheng.

Standard format for slike brosjyrar bør vere A-6.

Når det gjeld produksjon av eventuelle nye brosjyrar, så har reiselivssjefen for Møre og Romsdal vore i kontakt med naturverninspektøren. Her bør vi drøfte sjansane for å opprette eit samarbeid som kan vere nyttig for baa partar.

4.4.3.1 Kampanjar, møte og konferansar

Miljøvernavinga bør medverke i landsomfattande kampanjar som Miljøverndepartementet tek initiativet til. Miljøvernavinga bør delta i førebuingane av slike kampanjar.

Vi bør òg vurdere å delta med stands på lokale messer rundt ikring i fylket.

Verdas miljøverndag

Ein bør vurdere å markere Verdas miljøverndag med eit årleg arrangement den 5. juni kvart år med representantar frå media og lærarar i Møre og Romsdal som målgruppe.

Fylkeskonferanse

Ein bør vurdere å organisere ein fylkeskonferanse om miljøvern kvar haust med representantar frå kommunane og media i Møre og Romsdal som målgruppe.

Eigne publikasjonar

Dette kan vere fagrapportar, popularisering av fagrapportar, temahefte, brosjyrar.

Dei einskilte sektorane gjev ut fagrapportar. Dei inneheld stoff av interesse for ålmenta og/eller spesielle grupper. Det er behov for og ønske om at ein del av dette stoffet får eit folkeleg språk og ei meir attraktiv utforming så det kan bli lese og forstått av så mange som råd. Ein del av dette materialet vil skolane òg ta imot med glede, om språk og form blir tilpassa deira behov og nivå.

Internasjonalt serienummer

Miljøvernavingdelinga kan få publikasjonsseriar registrert med internasjonalt serienummer, ISBN. Registreringa er knytt til nasjonalbibliotekfunksjonen ved Universitetsbiblioteket i Oslo. Seriane blir registrerte i ein felles internasjonal database i Paris og er grunnlagsmateriale for utarbeiding av samkatalogar, t.d. katalogar over nordiske seriar.

Motto og emblem

Avdelinga vil vurdere nytta av å finne fram til eit samlande motto og eit emblem.

Arbeidet med å skape eit emblem og motto kan eventuelt skje gjennom ein konkurranse som i seg sjølv vil vere med på å skape publisitet ikring miljøvernet i Møre og Romsdal. Eit slikt emblem/motto bør i så fall nyttast på miljøvernavingdelinga sine brosjyrar (eventuelle plakatar), permanente oppslag og gjerne òg i form av eit klistremerke (som ofte fungerer som ei "sjølvdistriberande" miljøvernreklame).

Avleveringsplikt

Universitetsbiblioteket i Oslo skal ha eit eksemplar av alt som blir trykt i Noreg. Denne pliktavleveringa er heimla i lov om avleveringsplikt. Trykkeria kjenner lova og &nder automatisk eitt eksemplar av alt dei trykkjer. Lova gjeld uavkorta, og publikasjonar som blir trykte i hustrykkeri etc skal òg sendast til Norske avdeling ved Universitetsbiblioteket i Oslo. Materiale som blir motteke på denne måten dannar grunnlaget for utarbeiding av den norske nasjonalbibliografien, Norsk bokfortegnelse.

4.4.4 Aktivitetar

4.4.4.1 Distribusjon av skrive informasjon

Miljøvernavingdelinga får tilsend informasjonsmateriale frå sentralt hald i form av brev, rundskriv, forskrifter, brosjyrar o.l. Dette bør spreiest vidare til aktuelle målgrupper i fylket.

Vedtak som blir fatta av oss bør spreiest ut i form av gjenpartar/kopiar til berørte partar/aktuelle målgrupper.

I løpet av eitt år produserer miljøvernavingdelinga i Møre og Romsdal 7-8 fagrapportar utanom årsrapporten.

Ved å omarbeide desse rapportane - "popularisering" - kan dei få interesse for langt fleire målgrupper enn det som var utgangspunktet. Dette er ei oppgåve som krev ekstra innsats både i bruk av tid og språkbruk. Omarbeiding og distribusjon av slike rapportar er ei høgt prioritert informasjonsoppgåve.

Innsamling/bearbeiding av data til utforming av brosjyrar både av generell og spesiell art er ei anna tidkrevjande oppgåve. Det vil gå med mykje tid til studiar, reising osv. På sikt vil det òg bli aktuelt å oppdatere gamle brosjyrar.

4.4.4.2 Organisering av kampanjar, møte og konferansar

For å kunne drive aktiv miljøverninformasjon, må vi ut til folket. Ved å organisere møte og konferansar i miljøvernavingdelinga sin regi der aktuelle målgrupper er inviterte til å delta, kan vi spreie informasjon og vekke interesse for miljøvernarbeidet.

Kampanjar av landsomfattande og/eller lokal karakter vil vere av meir generell art, og ha ei breiare målgruppe. Alt dette vil krevje stor innsats på førehand, det må vere godt førebudd.

Møte og konferansar vil nok krevje om lag 2 månadsverk.

Kurs

Noko anna som òg er aktuelt, vil vere å arrangere så vel som å delta på kurs. Dette har mellom anna samanheng med behov for etterutdanning.

Totalt vil det nok gå med minst 1 månadsverk til kurs.

4.4.5 Ressursbruk og -behov

Ei rimeleg satsing på dei informasjonstiltaka som er presenterte ovanfor vil krevje ein årleg innsats på over eitt årsverk. Utan ekstra løyvingar til informasjon er det nok ikkje mogleg å nå langt i retning av å realisere planen.

Avdelinga vil likevel ta sikte på å betre informasjonsverksemda ved å gjere seg nytte av dei utvegane som krev lite ressursar. Dette vil først og fremst gå ut på å sende skriftleg informasjon til utvalde målgrupper og å nytte høvet til å vere til stades og formidle informasjon når viktige målgrupper er samla.

Viktige målgrupper er politiske organ som fylkeskommunale utval, fylkesutval og fylkesting, men òg faglege samlingar av ymse art.

Formidling av skriftleg informasjon vil bli utført av kontorpersonalet, medan kontakt med dei faglege miljøa i fylket blir ansvaret til dei ulike faggruppene i avdelinga.

Avdelinga rekner med å bruke 3 til 4 månadsverk på planlagd informasjonsverksemd.

Vi bør sjå nærare på kva for behov det er for etterutdanning, løpande informasjon og personalutvikling med sikte på forbetra og opptrappa informasjonsverksemd. Eit viktig spørsmål i denne samanhengen vil etter kvart òg bli ei vurdering av korleis Miljøverndepartementets informasjonsbudsjett i framtida skal delast mellom sentrale organ og miljøvernavingane.

